



Sett og samla

Smått og stort frå romsdalsk kulturhistorie

Bjørn Austigard



Sett og samla

Smått og stort frå romsdalsk kulturhistorie

Sett og samla

Smått og stort frå romsdalsk kulturhistorie

Bjørn Austigard

*Til Dagrun,
trufast støttespelar i alle år*

Utgjeve av Romsdal sogelag
Molde 2020

Omslagsbildet viser forfatteren under ein demonstrasjon han hadde på Hammervoll-løa på Romsdalsmuseet. Hausten 2017 kjøpte han 'ein treve kornband' (24 stk.) frå Martinus Leirvoll i Eresfjorden for å vise korleis dei gamle trøskereiskapane vart bruka før mekaniseringa tok over arbeidet. Den 28. februar 2018 inviterte Romsdalsmuseet ein klasse frå Kvam skole i Molde for å vere 'publikum'. Fleire bilde frå denne demonstrasjonen er vist på sidene 207-213.
(Foto Johnny Bratseth)

Redaksjon: Randi Ingunn Selnes og Dag Skarstein

Forfatteren har motteke støtte frå Det faglitterære fond.
Det er vidare motteke økonomisk støtte frå Margit og Morten Parelius' minnefond og private tilskot.
Romsdalsmuseet har fotografert og levert store mengder bilde til boka, og dette er gjort vederlagsfritt.

Layout og produksjon: EKH Grafisk, 2020
Opplag: 900

ISBN: 978-82-93345-16-9

Innhald

Forord	6	Meir ordgeografi.....	177
Kultur og natur.....	7	‘Rare ord’ slik som mølgard og restkaure.....	180
Om ‘eikesdalsnæt’ og julenøtter	8	Dialektminne frå barndommen	183
Sankt-Olavssegner i Romsdal.....	19	‘Ho hi ho he’	185
Vår og håbolle	26	Om økser, fotball og butikkspråk.....	187
Busteinar og busteinvatn.....	30	Å brenne rusk, tran og heimbrent	189
Gris i nætaskogen i Eikesdalen.....	33	Om jul og ‘juleord’	191
Tjørebrenning til eige bruk.....	40	Ord for slektsgranskarar.....	194
Museale emne	41	Omkring rettskriving og den tjukke l-en.....	197
Rosemåling frå Lesja i Romsdal	42	Mange slags hus.....	199
Veøykyrkja og målarmeister Peder O. Samseth med familie	53	Gamle gåter.....	202
Århelle, komfyr og komfyr	59	Rim og regler.....	205
Lås og slå.....	65	Ord frå åker og trøskarlåve.....	207
Navaren – ein eldgammal reiskap.....	70	Løging og lystring.....	214
Ord og utstyr i folkemedisinen	73	Setrer og seterdrift i Eikesdalen.....	215
Den raude topphua	76	Setrer og seterdrift i Eikesdalen. Minne frå ei gløymt tid.....	216
Tre og planter.....	79	Frå arkiv.....	241
Valnøtt-trea i Eresfjorden.....	80	Sett og samla frå arkiv.....	242
Ask og eik som tuntre og i allear	85	Jonas Jacob Schanke: «Kort beskrivelse over vinterværet på Grytten 1750-1774»	243
Selja – brukande til mangt.....	93	Jonas Jacob Schanke: «Fortegnelse paa Korn- og Høe-Avling paa Gryttens Præstegaard i de Aar fra 1744 til 1774»	253
Stavklokke – ei sjeldan plante	99	Joachim Andreas Bredal: Om Nettet prestegjeld 1774	255
Toll, furu, gadd, sa bjørnen.....	102	Kronologisk bibliografi for Bjørn Austigard 1972-2020	259
Torne, sureple og asal.....	106	Register	275
Digerura og den 2500 år gamle toll-skogen i Eikesdalen	117		
Namn og nemningar	133		
Folk ved sjøen.....	134		
Eid, Eide og Eidet	139		
Reit, gjerde og hafelle	143		
Sloke – eit gammalt naturnamn.....	146		
Krøp, krøp og kråp.....	150		
Stadnamn i skrift og tale.....	153		
Nokre uvanlege stadnamn.....	155		
Kvardagsnamn på gard og folk.....	158		
Å knote – ulik uttale på bygda og i byen	160		
Pe, Iva, Gunna og andre gamle namneformer.....	163		
Ku og kunamn	165		
Hest og merr	168		
Ord og uttrykk / dialekt og språk	171		
Gamle mengdeord.....	172		
Litt ordgeografi.....	175		

Forord

Denne boka er ei litt uvanleg lokalhistoriebok både innhaldsmessig og temamessig. Her tek eg med mykje 'etter-rakster' etter nesten 50 år med samlararbeid, og då blir det litt av kvart.

Eg vart tilsett på Romsdalsmuseet som museumslektor 1. juli 1975. Alt då hadde eg drive med innsamling av mange slag, og eg hadde skrive lokalhistoriske artiklar i 3-4 år. I dei 45 åra som har gått sidan det, har eg fått spalteplass for artiklane mine i Romsdalsmuseets årbok, Romsdal sogelags årsskrift, Jul i Romsdal, Romsdals Budstikke, Driva og fleire årbøker og aviser. Med smått og stort er det fleire hundre bidrag. (Sjå bibliografien s. 259-274)

Eg har hatt fleire lokalhistoriske seriar gåande i avisene. Slike korte artiklar med ulike tema fører til engasjement, og det kjem ofte inn nye opplysningar. I 2015 gav Romsdal sogelag ut boka mi *Røter. Kulturhistoriske glimt i Romsdals Budstikke og Driva i åra 2011 til 2014*, og der er nesten 120 artiklar med. Boka vart godt motteken, og det enda opp med to opplag på til saman 1300 eksemplar.

I 2016 vart eg oppfordra av Jan Inge Tomren i Romsdals Budstikke til å vere éin av fire bidragsytarar i ei nystarta språkspalte i avisa. Eg takka ja sjølv om eg ikkje hadde formell bakgrunn for oppgåva, for heime hadde ho Dagrún – den trufaste støttespelaren min – hovudfag i norsk. Eg leverte mine bidrag frå mai 2016 til desember 2018. Eg valde emna mine sjølv, og dei fleste artiklane låg i grenselandet mellom dialekt, namn og lokal kulturhistorie. Dette fall i god jord hos lesarane, og eg fekk fleire positive tilbakemeldingar.

Denne boka er delt inn i sju hovudkapittel, og i dei fem første finn du tema som var framme i språkspalta, men dei fleste artiklane som er trykt her, er sterkt utvida, for eg hadde samla så mykje som det ikkje var plass til i språkspalta.

Flest sider i boka er likevel fylt med artiklar som er nyskrivne. Artikkelen «'Eikesdalsnæt' og julenøtter» står først fordi dette er eit tema som eg har fått spørsmål om i 'alle år', men det innsamla materialet er så overveldande at eg ikkje har komme i gang før no. Slik er det også med seterartikkelen (side 215), om rosemålinga frå Lesja (side 42), toll-skogen i Digerura i Eikesdalen (side 117) og mange fleire.

Språkføringa i denne boka er litt meir gammaldags enn den eg brukar i årboksartiklar til vanleg. Dette kjem i stor grad av påverknad frå artiklane eg skreiv i språkspalta. Eg har m.a. valt å skrive mange stadnamn opp mot den gamle uttalen som eldre folk brukar/brukte på bygdene. Det er der mange av informantane mine er/ var å finne, og det er deira kultur eg vil prøve å formidle.

Boka har uvanleg mange illustrasjonar i høve til andre lokalhistoriske bøker. I 30 år hadde eg ansvaret for Romsdalsmuseets fotoarkiv, og bilda vart arkiverte der for at dei skulle brukast. Heldigvis har dei som tok over etter meg, det same synet. Når det ikkje er opplyst kven som har teke bilda, kjem dei som regel frå Romsdalsmuseets fotoarkiv, og eg vil her og no takke fotograf Johnny Bratseth ved Romsdalsmuseet for den sørvisen han har ytt meg i samband med denne boka.

Språkkonsulent har vore cand. philol. Kåre Magne Holsbøvåg. Han har komme med gode råd og nyttige korrektiv både innhaldsmessig og ortografisk. Dei årsmøtevalde redaktørane i Romsdal sogelag, Randi Ingunn Selnes og Dag Skarstein har saman med meg redigert boka, og dei har lese korrektur. Styret i Romsdal sogelag sa einstemmig ja til å gje ut boka, og det takkar eg for. Til sist stor takk til den daglege konsulenten min, ho Dagrún, som gjennom eit heilt liv har gjeve gode og velmeinte råd i samband med skrivearbeidet mitt.

Molde, september 2020
Bjørn Austigard

KULTUR OG NATUR



Om «eikesdalsnæt» og julenøtter

Nemningsbruk og arbeidspraksis



Nedre delen av Eikesdalen sett frå Sandgrovs karet. På bortsida av elva er det næringsrik skredjord, og her er/var det samanhengande hatleskog. Dette er også «solsida» i bygda. Etter krigen har ikkje hatleskogen vore stelt slik som før, og annan skog veks over hatlekjerrane og kastar skugge.

Å plukke nøtter/net/næt om hausten var eit viktig arbeid før i tida i Eikesdalen. Dei prata om nætaonn på line med potetonn og skurdonn. For den som hadde høveleg hatleskog, var det også pengar å tene. No er det nesten ingen som bryr seg. Det er for mykje arbeid. I fleire tiår har det vore importert nøtter frå m.a. Italia og Tyrkia, men også dét er det visst nærast slutt på. Moderne folk orkar snart ikkje knekkje nøtter heller. Dei vil ha dei ferdig knekt og kjernane levert i pose.

Næt

Då eg voks opp, sa me «ei næt – fleire næte» i Eikesdalen. I dei gamle ordlistene stod skrivemåten «nòt» i klammeform, og «net» og «næt» har

ikkje stått oppført i det heile, men den siste uttalen forstår alle romsdalingar (som vil forstå). Eg skriv derfor *næt* vidare i denne artikkelen, for det er det einaste naturlege i ei «minnebok» som denne. Næt eller eikesdalsnæt er ei merkevare som det no er vanskeleg å få tak i, fordi det er så få som plukkar. Snart er både dyrkingsmåte, nemningsbruk og arbeidspraksis borte.

Tre artiklar om hatl og næt

Forklaringa på at det har vore mykje næt i Eikesdalen, er kombinasjonen av fleire ting: varmt og tørt klima, næringsrik rasmark (skredjord) i line, griseflokkar som har ete næt og rota i jorda, og sist, men ikkje minst, fleire hundre år med stell av

hatleskogen. For å ta det siste først: Kvart einaste år fram til 1940-åra vart det hogge hatlerenningar til tynneband, og når dei gjorde det, stelte dei også hatlekjerrane med tanke på at det skulle bli gode vilkår for næt. Offentlege oppgaver frå rundt 1900 viser at det kvart år vart produsert rundt 3000 bandbuntar i Eresfjord og Vistdal herad, og når ein veit at det gjekk med 20 stakar (40 band) til ein bunt, betyr det at det vart hogge 60000 stakar. Dette representerte ei årleg fornying av skogen. Når det gjeld bandsmiing og tynnebandproduksjon, så gjorde eg eit større innsamlingsarbeid om dette emnet i 1978, og artikkelen «Bandsmiing i Romsdal» er trykt i Romsdalsmu-seets årbok 1978. Året etter vart det



T.v. Henry Finnset høgg bandstake til tynneband. Tynnebandproduksjonen var med på å halde nætaskogen i hevd. (Foto Arthur Sand 1979)

Bandbunt med 40 band. Bandsmiinga gav inntekter alle år, medan næta var avhengig av ein god sommar, kanskje to. (Foto Arthur Sand 1979)

laga ein film med tittelen «Hatleband». I denne omgangen kjem eg derfor berre sporadisk inn på dette emnet, og eg viser spesielt interesserte til årboksartikkelen.

Også det som har med næt å gjere, er temmeleg omfattande, og for å gjere emnet lettare og meir oversiktleg, har eg valt å dele stoffet opp i to artiklar som kjem etter kvarandre i denne boka. Den første delen handlar om namn og nemningar knytt til plukking, behandling og sal av næt, og dette stoffet byggjer på munnleg tradisjon. Den andre artikkelen har tittelen «Grisen og nætaskogen i Eikesdalen» og kjem rett etter den første. Ettersom denne forma for grishald tok slutt før 1860, byggjer artikkelen hovudsakleg på skriftleg materiale, og ein god del av dette har til no har vore lite kjent. Men altså først om næt som godteri, folkemat og leiker.

Loppe og skjør

Så seint som på 50-talet levde det enno ein frodig namnetradisjon knytt til dette emnet. Ikkje alle år var like gode nætår. Eg kan ikkje minnst at dei studerte hatlekjerrane utpå seinvinteren/våren for å sjå om det var mykje blomster, men når det lei litt utpå seinsommaren, såg dei derimot etter korleis året beina seg til. Den grøne næta fekk tidleg



Grøn næt med loppe og skjør. Når kjernen fyller skalet, er næta «fullmata», sa dei.

Huskjerring, brokskit og firmenning. Brokskit-hamsen minner om ein unge som har gjort i broka. Han blir då gjerne litt «brei-spora».

den rette størrelsen og forma, men det var ingen kjerne der, berre «loppe» og «skjør» (sjå bilde over). Etter kvart som hausten nærma seg, voks loppa seg stor og vart til rett kjerne (kjenne). Når skalet var fullt, tala dei om at næta var «fullmata». Det gjekk enno dagar og veker før næta var moden og sleppte hamsen. Det var i andre halvdelen av september.

Huskjerring og brokskit

Ein hams kan ha frå éi til kanskje 15 næter i seg, og dei minste hamsane hadde namn. Det var «huskjerring», «brokskit» (sjå bilde), «tremenning», «firmenning», og større enn det var





Arne Vike og Iver Gjelstenli med nætakrok og store tømingar laga av halve postsekker. (Foto Iver Gjelstenli 2013)



Ein skikkeleg hams med fin nêt. Retteleg store hamsar gav ofte små nêt.

alt hams. Dette var på mange måtar praktisk. Var det to som plukka på same kjerren, såg dei forskjellig, og då kunne den eine seie til den andre: «Det heng att ein broskit og ein fir-menning på den største greina.» Då visste den andre kva han/ho skulle sjå etter.

Dei starta som regel med å plukke hams, og det gjorde dei i dei teigane der det var ulendt terreng. Når hamsane var store, gjekk det fort med plukkinga, men det var ikkje berre fordelar med det. Retteleg store hamsar hadde gjerne små nêt, og den var mindre høveleg som salsvare. Størrelsen på nêta varierte også ein



Kristian Austigard plukkar hams med nætakrok, tøming (på magen) og ein strisekk til å tømme hamsen i.

del frå kjerr til kjerr, og dette visste dei som åtte skogen.

Nætakrok og tømning

«Nêta-onna» (for det var det det var) kan grovt delast i to: Som før sagt plukka dei først hams, og for å nå tak i den, bøygde dei ned greinene med «nætakrok». Dette var ein 2–3 m lang stav med ein hake i enden. Med nætakrok i eine handa plukka dei hams med den andre. Hamsen samla dei i ein liten sekk eller pose som var knytt rundt halsen og magen på ein eigen måte. «Tømning» kalla dei denne posen, og som namnet fortel, tømte dei innhaldet i tøm-

mingen over i ein strisekk/jutesekk eller tynnesekk. Ordet «tømning» har komme med i Norsk Ordbok, men det er registrert berre i Nettet, Eresfjord og Vistdal herad. Nêtasekkene, som gjerne var rundt 100 liter, vart samla opp på stader der det var framkommeleg med hest. «Dei dyktigaste greidde å ta (plukke) tynnsekk på dagen», skriv Hans P. Øverås. Når heile familiar var med på plukkinga, vart det gjerne fleire sekker for dagen i gode nêtaår.

Store kjerrar kunne vere vanskeleg å bøye ned, og då var det vanleg at dei klatra i kjerrane med tømningen rundt livet. Olav Finnset (f. 1894)



Med tommelfingeren mot spissen på ei næt kjenner ein om næta slepper hamsen.



Næt som har røst ut av hamsen og ned på jorda, kallast «tening». Det var helst tening dei leitte etter, dei som «plukka på löt».

meinte at det berre var karane/gutane som klatra i hatlekjerrane etter hams, men det vart blankt avvist frå kona Marit (f. 1899): «Me klatra no me au.» Sjølv om ingen sette livet på spel for ei huskjerring eller ein brok-skit, så var det dei som datt ned. Erik Jonsen Sæter datt ned og skadde hovudet i fallet. Dette var i 1857, står det i bygdeboka, og han måtte ein tur til dokter i Kristiania. Han overlevde og døydde i 1875.

Å plukke tening

Når næta slepper hamsen, seier me at ho «teninga». «Tening» (altså lausnæt) er eit litt spesielt ord, men det har vore brukt fleire stader i landet. Dei kontrollerte om næta sleppte hamsen ved å halde heile hamsen inni neven og så legge press på spissen av ei næt med tommelfingeren. Lausna næta då, sa me at ho teninga. Norsk Ordbok viser at ordet er kjent fleire stader i fylket vårt og elles vidare sørover Vestlandet. Forstår eg Norsk Ordbok rett, har uttrykket «å tine sild» (ta sild ut av eit garn) same språklege opphav som å teninge næt.


Når det lir utpå hausten, sit næta så laust at ho «røs utu hamsa» og dett ned på marka. På dialekt bøyer me verbet slik: røse, røs, røste, røst, medan det på normalisert språk heiter rysje, rys, ruste, rust. Etter det som står i Nynorskordboka, har verbet sa-

manheng med det norrøne «hrjóta», som betyr å falle ut.

Å plukke ei og ei næt frå marka kallast «å plukke tening». Der det var jamn og fin (gras)mark, var dette ein både snar og effektiv måte å gjere det på. Dei som hadde fleire nætaskogar, plukka først hams der det var ulendt og steinut mark, og så plukka dei tening der tilhøva låg til rette for det. Nætaonna kunne derfor somme år vare meir enn ein månad. I haustar med fint vēr kunne dei plukke næt også i november. Då hadde både lauvet og næta falle ned, og kom den tørre auståvinden, «kosta» han lauvet bort frå kjerrane, og då låg næta att på marka klar til å bli plukka.

Rettar og «konkurrentar»

Det er egne rettar eller reglar for næt og nætaplucking. Den som eig skogen, eig også næta. Det er altså ikkje slik som med villbær som tytebær, blåbær og bringebær. I utmarka kan kven som helst plukke bær utan å spørje om lov. Nætaplucking høyrer under eit anna lovverk og er særskilt omtala i § 400 i straffelova. Eg kan minnast frå oppveksten at «alle» visste kven som åtte teigane, og dei passa seg vel for å komme over bytet til grannen. Dette kjem til uttrykk i gamle kårkontraktar der det står t.d. at «Kårfolket har rett til å ha ett voksent menneske sammen med gårdens



Georg Meringdal plukka mykje næt som gutunge på Hoem i mellomkrigstida.

folk til å sanke nøtter», altså ikkje *to*, og heller ikkje å plukke næt *åleine* i skogteigen. Det ligg ein restriksjon eller kontroll i dette.

Det er noko av det same som er tilfelle for dei som plukka næt «på löt» eller «på lötan». Den som plukka på löt (på lott), åtte ikkje næta, men han/ho fekk halvparten av næta som var plukka, som betaling for arbeidet.

Georg Meringdal (f. 1921) voks opp på Hoem den tida nætaplucking var viktig, og i 1988 skreiv han ned nokre minne frå oppvekståra. Han sat då i Ytteren ved Mo i Rana og

mintest gamle dagar, og det er så livaktig skildra at vi trykker heile artikkelen, der delar blir som ein fin repetisjon.

Litt om mus og «næt-plukking» i Eikesdalen

Plukking av nøtter var enkelte år en åttåtnæring for folket i Eikesdalen og langs med vatnet. Det vart høstet både hams og modne nøtter som ga noen kroner til innkjøp av varer for vinteren. Og til jul vart det som kjent vel så mye nytta nøtter før, som nå, og mang en nøtt fra Eikesdal er knekt gjennom tidene i bygdene her omkring. Det kom faren-de nøtteplukkere for en dag eller to som plukket mot lott, slik at de hadde noe å tygge på utover vinteren. Og da plukka de den på bakken etter at den hadde falt ut av hamsen. Det var da som regel fin kvalitet. Når en plukka hamsen, måtte den legges i hauger på et varmt sted og modnes og så renses for hånd. Det var mange ganger et stort arbeid.

Men det var andre som sankt nøtter for vinteren når det var gode åringer, som ekorn og mus. Og her skal jeg fortelle en sann historie fra Vike. Det var seinhøstes og Aneus Vike skulle opp i Vikelia og hente ned sauene da han plutselig får øye på noen fine nøtter nedenfor ei stor steinhelle som ligger på skrå i bakken. Han tar til å grave inn under steinblokka og her kommer det trillende fram en masse nøtter. Til meir han rota under steinen til meir nøtter kommer for dagen, og viss ikke jeg minnes feil var det over 20 kilo han tok med seg heim fra denne samleplatsen som musa hadde dratt sammen for vinteren. Aneus fortalte at han studerte på korleis musa hadde klart å samle så mye på en plass. Så viste det seg at det var et hol på baksida av steinen, og der hadde musa putta nøttene nedi og så hadde de rullet av seg sjøl videre nedover da det var god plass under helleren. «En fin fangst av godt renska nøtter av god kvalitet» sa Aneus. Han kunne ikke ha gjort det bedre sjøl om han hadde plukket fra bakken.

Vi var ikke ukjent med å lete under steiner og heller og fant mange ganger små partier av beste sort nøtter, men aldri så store mengder som Aneus fant.



Ekornet deler næta i to like delar, medan musa gnagar hol i skalet.

Noe funn av lagra nøtter etter ekorn vet jeg ikke om, da ekornet trolig spiste opp sitt forråd etter hvert. Under enkelte trær fant en store mengder av skall som denne hadde knekt.

Funnet som Aneus Vike gjorde oppi Vikelia, har eg høyrte omtala fleire gonger, og somme seier 20 liter med fin næt, andre seier 30. Det viktige her er at funnet var uvanleg stort. Når det gjeld ekornet som konkurrent til nætaplukkarane, så var nok det ein realitet, men dette blir ikkje omtala som noko problem. I gode nætår greidde ekornet seg godt, og bestanden voks. Gråverk (ekornskinn med vinterpels) var svært ettertrakta alt i mellomalderen, og eg kan minnast at skinnhandlarane kjøpte ekornskinn i 1950-åra og betalte då rundt 1 kr pr. skinn. Håkon Finnset (f. 1916) har fortalt at han vart leigd inn for å skyte ekorn på Øver-Vike ein haust i 1930-åra, og han skaut 35 på ein dag. Det var pengar å tene på skinna den gongen, det var altså ikkje berre næta.

Ekorn og mus såg ikkje eigdomsgrensene, og dei var på mange måtar konkurrentar til dei som plukka. Musa samla næt på høvelege stader for å ha som eit slags spiskammers for vinteren. Fann ein mange slike, gjekk det fort å plukke.

Ekornet samlar òg næt, men det gøymer næta i mosen på mange ulike stader og berre nokre få næter om gongen. Arne Vike fortel at han fleire gonger har sett at ekornet har funne fram att nætene etter at det er snø på marka. Då ligg det som regel skal frå to knekte næter oppå snøen.

Arbeidet med hamsen

Når dei plukka hams, var næta temmeleg grøn (gulgrøn), i motsetnad til tening, som var brun. For å mogne næta, lét dei ho «brinne i hamsa» som dei sa, det vil seie at dei tømte hamsen utover eit låvegolv (eller eit loftsgolv) i eit 20-25 cm tjukt lag. Då gjekk det litt varme i hamsen, og det lukta gjerne litt mugg. Dei «rota» litt i hamslaget slik at varmen breidde seg jamt. Etter ca. 14 dagar starta dei med renskinga, dvs. å skilje næta frå hamsen. Dei trøska hamsen med sloge på same måte som dei trøska korn, men dei slo ikkje like lenge. Når dette var gjort, skilte dei næta frå hamsen med eit hæråld, akkurat slik som dei gjorde med kornet. Hamsen gav dei til grisen. Han åt noko, og så brukte han resten til liggeunderlag. Det som kom gjennom hæråldet, kunne bli renska på to måtar. Det vanlegaste var å bruke nætadrøfting. Drøftingen var grunnare enn eit traue, han var lett, og dei heldt



T.v. Dei trøska nêtahamsen med sloge på låvegolvet om lag som slik som dei trøska korn. Lausnêta vart skilt frå tomhamsen med hêrsâld slik som dei skilde korn frå agner og halm. (Foto Johnny Bratseth)



Reinsking av nêt med drøfting. Framfor drøftingen står eit 20-litersmål. (Foto Elin Ulateig Austigard frå eit arrangement på grendahuset 2019)

han litt på skrå i fanget. Dei «rennte nêta» i drøftingen slik at rusket vart liggjande att. Måten dette vart gjort på, kan samanliknast med bærreinsking, t.d. tytebær eller blåbær. I drøftingen var det lett å plukke ut rusk og svartnêt. Tom nêt vart oftast svart når ho brann i hamsen.



Her har musa samla fleire liter nêt i ei kasse og hatt seg eit herremåltid om vinteren.

Somme «kasta» nêta med kastespjeld akkurat slik som dei kasta korn på låven. For å kunne gjere dette, måtte eit ha ein høveleg stort golv å kaste på og ein tett vegg som tok imot den nêta som kom lengst. Arne Vike (f. 1932) fortel at på Ytter-Vike brukte dei loftsgangen når dei kasta nêt. Likevel måtte dei bruke drøfting til slutt slik at det var att berre brukbar nêt. Alle som plukka mykje hams, brukte hêrsâld til grovreinskinga.

Det var nærast uråd å sjå skilnad på nêt som var plukka i hams, og nêt som vart plukka som tening. (Nêt som var samla av mus, var garantert full, for musa tok ikkje med seg tomnêt.)

Mål og vekt



Frå gammalt var nêt målt i holmål (rommål). Ei tynne var ca. 139 liter,

og ei skjepe var 1/8 tynne, altså 17,5 liter. Men dei tala også om 1 kanne nêt, og ei kanne var frå gammalt lik to pottes, altså nesten to liter. Først på 1900-talet opererte dei helst med 20-liters mål på nêt, og eg har ein mistanke om at 20-literen avløyste det gamle skjepe-målet (17,5 l), men det kan også vere at det tilsvara 1/6 tynne etter det nye tynnemålet, som var justert til ca. 117 liter.

Utover på 1900-talet blir det stadig meir tale om kilopris på nêt, og i 1939 blir det opplyst om at dei hadde fått inn 14000 kg til Eresfjord Handelslag. Det tilsvara 100 (gamle) tynner à 139 liter, og så mykje nêt har det ikkje vore plukka noko år etter det.

Omsetning og prisar

Etter opplysningar frå 1700-talet må det har vore selt ein del tynner nêt til byane Molde og Kristiansund og på Romsdalsmarnan, men vi kjenner ikkje prisane. I det store nêtaåret 1853 vart det selt mellom 150 og 200 tynner nêt frå Eikesdalen, og etter amtmannens beretning «om Romsdals Amts oekonomiske Tilstand i Femaaret 1861–1865» var prisen på ei tynne nêt 5–6 speciedaler (Spdlr.). Same prisen er oppgitt i den neste 5-årsperioden også. For å gjere dette om til forstålege ver-



Håkon Vike (1912-1993) og Hans P. Øverås (1906-1996) var interessert i n t og n taplukking. Hans var ein sv rt god informant. (Foto Bj rn Magne Øverås 1995)

Olav Finnset (1894-1994) hadde mykje   fortelje om n taplukking p  Finnset f rst p  1900-talet. (Foto Harald S terøy 1990)

diar, kan eg opplyse at ei vanleg ku p  denne tida vart taksert til kring 7 Spdlr., og p  auksjonar kunne prisen komme heilt opp i 10–11 Spdlr.

Landhandlar N ss p  Nauste tok imot n t – helst i byte med andre varer – og ved 100- rsskiftet betalte han kr 3,- for 20 liter n t, fortalde Kristian Vike (1872–1959) til Hans P. Øverås. Det syntest han var «ein sver pris». P  denne tida var dagl nna for ein mann sommars tid ein stad mellom 1,70 og 2,- kroner, og 1 kg sm r hadde ein gjennomsnittspris p  rundt 1,70 kroner. Ei kvinne som hadde berre vel halvparten i dagl nn mot ein kar, kunne alts  tene store pengar p    plukke 20 l tening for dagen, og hadde ein familie fleire ungar som plukka, vart det pengar av det. I 1950- ra betalte Eresfjord Handelslag kring kr 4,- for 1 kg n t. Marit Ohnstad (f. Oppigard, 1932) fortalde meg at ho plukka n t rett etter krigen og kj pte seg to par sko for pengane.

N r handelsmennene i Molde og Kristiansund selde n ta vidare som detaljistar, la dei p  kring 100 % i avanse. Annonseprisane hos Harald Eide og Joh. B. R st d i Molde var i alle fall 25–30  re literen omkring 1900.

P  bytur med n tasekker

I gode n ta r var det ikkje alltid like lett   bli kvitt n tasekkene. Hans

P. Øverås skriv at i «storn t ret» 1896 reiste far hans, Petter J. Øverås (1876–1960) og Henning B rdsen Øverås (1856–1920) «te Trondheim m  22 tynnsekkje tening, ca. 1650 kg. Der fekk dei sel to sekkje, og resten m tte dei attende te Kristiansund med. Der var det tobakksgrossist Anton Meek, so kj fte t  dei n ta».

Olav Finnset (1894–1994) fortalde i eit intervju 1976 at far hans, Ola T. Finnset (1862–1951), reiste til Kristiansund og selde n tasekkene sine. Ein 100-kilossekk (som romma 100 l) vog kring 90 kg n r han var full med n t, og Olav minnst at far hans hadde seks slike sekker eit  r. Det var til saman n re p  600 kg, og det var for tungt til   greie p  eitt lass. Han m tte derfor k yre to gonger for   f  med seg alt ned til Eikesdalsvatnet. I Kristiansund fekk han selt all n ta si, dvs. han fekk bytt ho i andre varer som mj l, sukkertopp r (10 kg), kaffe, ty osv. som han hadde med seg heim att. Kontant betaling var vanskeleg   f  tidleg p  1900-talet.

I det store n t ret 1934 var det vanskeleg   selje n t. P  Hoem plukka og reinska Meringdal-familien 10 tynnsekker med n t, kring 1000 kg. Handelsmannen som Magnus Meringdal (1891–1979) brukte   selje



I Eikesdalen og Eresfjorden heiter det «ei knekkje», medan andre stader seier «ein knekkjar». Det finst b de gode og mindre gode knekkjer. Desse eig Tordis Austigard Thorhus.



Gamle knekkjer i Oppigard, bnr. 12, Eikesdalen.

n t til i Molde, hadde g tt konkurs, s  han valde i staden   reise over Eids ra til Kristiansund med n ta si. Han hadde ogs  med seg ein god del geitekj t fordi t rkesommaren 1934 gjorde at dei m tte slakte meir

enn vanleg. I Kristiansund gjekk salet trått. Han selde to sekker nær, og prisen var 33 øre pr. kg. Det gjekk noko betre med kjøtet. Så tok han båten til Ålesund for å by fram varene sine der, men ålesundarane ville heller ikkje ha nær. Derimot selde han geitekjøtet. Den jula og nyåret etter knekte ungane på Hoem 8 tynner med nær, skriv Georg Meringdal. Dei knekte nær med alt dei hadde: nætaknekkje, hammar, bandhake, fallkniv m.m.

Men Magnus Meringdal var ikkje åleine om å brenne inne med næta si. Aneus Vike og Torbjørn Frisvoll køyrde heilt til Oslo med nætasekkene sine, men dei fekk selje berre ein sekk.

Olav Utigard prøvde seg òg i Kristiansund. Ei fin byfrue ville ikkje ha nær. Olav gav då bort ein pose til tenestejenta, men då ville husfrua også ha, men det fekk ho (sjølsagt) ikkje.

Fleire som hadde større kvanta med nær, hadde faste mottakarar i Molde og/eller Kristiansund. For desse var det lettast å bli kvitt næta si, men det var ei grense for kor mykje dei kunne omsette i ein by også. Eg har notert meg at Joh. B. Ræstad annonserte i Romsdals Budstikke i desember 1877 at han hadde «Nogle Skjepper gode eikesdalske Fjorsnødder» til sals. Det var altså nær han ikkje hadde fått omsett i 1876.

Annonsar for «egesdalske Nødder»

I Romsdals Budstikke er det år om anna tilbod på nær frå Eikesdalen. Det er i grunnen ikkje så merkeleg, for kolonialhandlarane i Molde (og Kristiansund) tok gjerne imot nær, smør, ost, egg m.m. i byte med andre varer, og så måtte kjøpmannen selje næta etterpå. Meir overraskande er det at i store aviser i Kristiania blir det reklamert med «Ekesdalske Nødder» i tynner. Eg har gjennom åra sett ein del slike annonser, og her har eg funne fram nokre døme frå siste halvdel av 1800-talet. Det vanlege var at dei bydde fram «spanske Nødder» før jul, men dei eikesdalske var nok heller betre.

Nordlandske Multer
Norske Nødder — ekesdalske i Tdr. og mindre
Vindruer i F&X og mindre
Franske Rainetter
Dadler
Confect-Figen i 2 R Ks.
 — Rosiner
Krakmandler
 hos **Chr. Tidemand**
Carl Johans Gade.

Morgenbladet 19.11.1873.

Ekesdalske Nødder
 sendt i Forhandling, sælges i Tøndevig og mindre Dele hos
Chr. Schlytter,
 Hotel Scandinavie.

Aftenposten 11.12.1873.

Nødder.
 Nogle Skjepper gode eikesdalske Fjorsnødder, sælger
 Joh. B. Ræstad.

Romsdals Budstikke 16.12.1877.

Gode Egesdalske Nødder forhandles billigst hos
 A. P. Eide.

Romsdals Budstikke 16.12.1880.

Ekisdals Hasselnødder
 25 Øre pr. Liter hos
Harald Eide.
 Redaktør: cand. philos. E. Høsten.
 Molde
 „Romsdals Budstikkens“ Trykkeri

Romsdals Budstikke 29.11.1894

1. Sommersild i Borsyre paa Fladbrød *Moldeøl og Brændevin.*
 2. Ludfisk *Harmoni-punsch.*
 3. Romsdalsk Vintertorsk med Rønæs-Poteter *St. Julien.*
 4. Naturlig Torskelever med Rogn og grovt Brød *Pols Sherry*
 5. Rensdyrtunge à la Duke of Sutherland med Moldegaards-Erter *Sauterne.*
 6. Svinehoved og Persesylte til Jul med Æd-ikke og Sen op *Mjød.*
 7. Mortensgaas *Chambertin.*
 8. Troeskabspudding *Kanari-Sekt.*
 9. Gammel- og Mys-Ost med Vandkringle *Skummet Melk.*
 10. Ekesdals-Nødder med stegte Æbler og gamle Minder *Malvoisin.*


«Menu ved Harmoniens 95de fødselsdag 29.11.1887.» Me merkar oss at dei fekk eikesdalsnær til dessert saman med «gamle Minder»



Knekkemaskina og sorteringstrømmelen som kom til Eresfjord handelslag, vart «attfunnen» og utstilt på Eresfjord barne- og ungdomsskule i 1980. Rektor Trond Bergh og vaktmeister Ottar Solhjell laga utstilling av det. (Foto Bjørn Magne Øverås)

Kjøp av knekkemaskin

1930-åra vanskelege år også når det galdt omsetning av nêt. For å få plukking, sortering, mottaking og omsetning i meir ordna former vart Møre Landbruksselskap kontakta. Landbruksselskapet tok vidare kontakt med Nyttevekstforeninga og «Kontoret for småindustri i Møre» i Kristiansund, og det skapte interesse for saka. Konsulent P. Stedje hadde gitt ut småskriftet «Hassel» (1933), og i slutten av 30-åra stod det fleire artiklar om nêt i tidsskriftet «Våre nyttevekster». I 1937 vart nêtaplukkarar oppfordra til å danne «Landslag for nôtteomsetning», men det vart med tanken. Derimot greidde Kontoret for småindustri i Møre å utarbeide «Regler for plukking og behandling av hasselnøtter» i 1937. Om sortering står det at dei skal



Maskineriet har no vore utstilt i Hammervolløa på Romsdalsmuseet i over 30 år.

bruke eit såld med 1/2" netting for å skilje smånæta frå den store. Dermed vart den store næta kalla 1.sort og den små 2.sort. Men så viste det seg at stor lang-næt gjekk gjennom såldet, og det var ikkje bra. Nyttevekstforeninga kom då med eit tillegg om at 3/8" kjuklingnetting kunne brukast til å sortere langnæt. Eg har ikkje sett slike såld, men Hans P. Øverås skriv at han har eit ståande.

I «Våre nyttevekster» er det stadig reklame for norsk næt: «Bare norske hasselnøtter på julebordet i år!» «Kjøp norske nøtter!» osv. I 1936 var anbefalt engrospris for 50-kilos nætasekker kr 0,75 pr. kg og detaljprisen kr 1,20 pr. kg. Eg trur ingen oppnådde så gode prisar, men organisasjonsarbeidet var i gang.

I årsmeldinga for Nyttvekstforeninga for 1939 står så følgjande: «Møre bærlag har i høst anskaffet sorter- og avskallingsmaskiner for hasselnøtter, og arbeidet for omsetninga av de norske nøttene vil derfor forhåpentligvis bli lettere heretter. Det er et godt nøtteår i Møre og Romsdal fylke...» Maskinene vart oppmontert i Stav-garden på Nauste, skriv Hans P. Øverås, men det var Eresfjord Handelslag som var ansvarleg. Sorteringsmaskina var truleg i bruk i 1939, medan knekkemaskina som skulle knekke små-næta, vart berre så vidt prøvekøyr. Det har vore sagt at «Aneus Vike slo oppi ein liten sekk med næt, men det kom ut berre skal.» Det var visstnok alt. Etter 1939 var ikkje utstyret i bruk det ein veit.

Leik med tvinitle, filipine, porting og nætarokk


Liksom det i potetåkeren finst rare poteter, veks det også raritetar i nætaskogen, og desse var det vanleg at ungene samla på. To næter som har vakse i hop, heiter «tvinitle», og desse kunne ha mange ulike fasongar. Namnet tvinitle er samansett av tvi = to og nitle = lita næt. Finn ein tre næter som er samanvaksne, heiter det «trinitle». Kvar av nætene har eigen kjerne i motsetnad til «filipine» der det er to kjernar i ei og same næta.



Tvinitle-samlinga som eg arva etter mor, Gunnvor Austigard (1913–2011).



Ute på Romsdalskysten finn ein fleire to-delte holmar som heiter Tvinitlå. Bildet viser Tvinitlå ved Ona. Rundt Gosså i Aukra er det minst to holmar som har dette spesielle namnet. Dei må ha hatt næt «i tankå uti øyå au». (Foto Svein Bjørnerem)




I «Viridarium Norvegicum» frå 1886 skriv Fredrik Christian Schübler at i Norge finst det to ulike former på næt: langnæt og rundnæt. Han fotograferte to næter frå Eikesdalen og fekk teikna dei til bruk i boka si. 120 år etterpå fotograferte eg nætene t.h., plukka i Austigardsbakken.

Den mest utbreidde nætaleiken før i tida var «å porte». Det var to som leika saman. Det starta med at dei fekk utdelt like mange næter kvar, t.d.10 stk. Den eine gøymde så nokre næter i neven sin, retta fram handa og sa «port». Den andre svarte «nætning», og den første spurte så «kor sterk?» Motparten skulle så gjette på kor mange næter det var i neven. Dersom han sa 4, men i neven var det 5, måtte motparten

som gjetta feil, gje frå seg differansen, altså éi næt. Gjetta han rett, fekk han nætene. Dei bytte på annakvar gong med å gøyme næt og å gjette, og slik heldt dei på til den eine var tom for næt. For ungar med små nevar var det vanskeleg å gøyme mange næter på ein gong. Eg minnest ho bestemor, Sigrid Vike (1873–1966), hadde ein gråpapirpose med «portarnæt», som ho tok fram når eg kom på besøk. Dette var



Når ein portar, brukar ein små næt. Slik kan ein gøyme mange i ei barnehand.



Slik lagar du natarokk av ei næt, ei råpotet, ein 3"-spikar og ein bomullstråd.
Teikning: Per Otto Wætthen.

Variantar av porting

Port – nætning – kor sterk?

Eikesdalen
Eresfjorden
Vistdalen
Sunndalen (Ethilie Hoel Rekdal)
Bolsøya (Ivar Ellingsgård)

Port – nætning – kor sterk – mang hest – skjøt på?

Eidsøra/Eidsvågen (4H-samling)
Øksendalen (Lisbet Sæter)

Port – nætning – kor mange?

Sylteosen (Ottar Ødegård)

Port – letning – kor sterk?

Hjelset (Sigrun Mork)
Innfjorden (Oddrun Engen)
Nesjestranda (Oddrun F. Nesje)
Daugstad (Jon O. Villa)

Port – ladning – kor sterk?

Sandsbukta (Knut Øverland)
Åndalsnes (Kolbjørg Ødegård,
Hanekamhaug)
Åndalsnes (Oddbjørn Grøtta)
Vestnes (Borghild Misfjord)



Filipine t.v. og ei sølvskoi med inngravert «Filipine 27/7 01». Eg kjenner eitt tilfelle til der sølvskoi var premie



Det var Marie Olsen (f. Vedal 1925) som lærte meg å lage «natarokk». Det verkar som ein jo-jo der poteta er svinghjulet.

spesielt små næt som høvde for ei lita gutehand.

Filipine – eller filepine, som me sa oppi Eikesdalen – er eit lånord frå tysk og kom til landet vårt gjennom byane. Å spele filipine var ein overklasseleik, men ettersom dei før plukka næt i mest alle bygder her omkring, breidde filipineleiken seg til alle samfunnslag. Premien varierte frå berre rein verbal triumf til sølvskoi med gravering.

Natarokk består av ei næt som det er laga tre hol i, ein 3" spikar, ein sterk bomullstråd og ei råpotet. Dette er ei heimlaga leike som verkar på same måten som ein jo-jo. Spikaren er trykt inn i poteta, som verkar som eit svinghjul. Teikningane viser korleis dette er gjort i praksis. Ei inn-samling i 1978 viste at natarokken var kjent frå Ona i vest til Eikesdalen i aust, men i mange bygder derimellom var denne leika ukjent.

Sankt-Olavssegner i Romsdal

På leiting etter tusenår gamle spor

Etter unionsoppløysinga i 1905 fekk interessa for norsk historie eit kraftig oppsving både nasjonalt, regionalt og lokalt. Det var mange som deltok med liv og lyst i dette markeringsarbeidet, og ei gruppe som bidrog sterkt, var den frilynde ungdomslagsrørsla. Romsdal Ungdomssamlag, som vart stifta i 1895, hadde lokallag i så godt som alle bygder, og dei arbeidde for lokal kultur og lokal identitet med forsterka kraft etter 1905. Det var bunadsspørsmål, språk, folkedans, byggeskikk, lokalhistorie, kafédrift m.m., og det var dei lokale ungdomslaga som fekk reist minnesteinar over krigsveteranane frå 1807-1814. Verksemda var så omfattande at det vart oppretta eigne nemnder for å greie å halde styringa, og slik vart t.d. Romsdals bygdemuseum (Romsdalsmuseet) og Romsdal sogelag stifta som direkte resultat av målretta arbeid i Ungdomssamlaget.

Olav den heilage og olsokfeiringa

Etter reformasjonen vart mange av dei gamle katolske helgenmessene sløyfa – eller tona ned – i kyrkja vår, men dei levde i folkeminnet. Spesielt mange messedagar vart tekne bort etter den store kyrkjelege omlegginga i 1770 då til og med jonsok vart gjort om frå høgtidsdag til kvardag. Forenklinga hadde ei både praktisk og økonomisk side. Det blir sagt at det var så mange merkedagar og messer for 250 år sidan at folk hadde problem med å få gjort arbeidet sitt. Men så kom Snorres Kringla heim-sins i dansk-norsk omsetjing midt på 1800-talet, og då fekk spesielt Olav den heilage fornya interesse. Det dramatiske slaget på Stiklestad den 29. juli 1030 representerte eit vendepunkt i historia vår, og dette måtte markerast. To romsdalingar stod sentralt i arbeidet med å få «atterreise» olsokdagen. I ein artikkel i storavisa Morgenbladet i 1856 gjekk sokne-

prest Otto Theodor Krohg inn for at olsokdagen på nytt måtte bli ein kyrkjeleg og nasjonal festdag. Oppmodinga gjekk til kyrkja og staten, men saka vart ikkje førd vidare den gongen.

Ein liten mannsalder seinare, i 1882, heldt Bjørnson den store Stiklestad-talen sin der dei same tankane vart forkynt for ei stor forsamling, og då skjedde det noko. Folkehøgskulestyrar Christopher Bruun oppfordra folk til å markere dagen, og det førde til at kyrkja sette opp ein eigen liturgi for olsok før 1800-talet var omme. Olsok er også offisiell flaggdag.

På det meir verdslege planet var det ungdomslagsrørsla som ivra for å ta opp att skikken med å markere olsok (Olavs-vake) med bålbrekking, leik og dans. I folkeskulen var Snorre ein del av pensum, og slik var Olav den heilage og kristninga av Norge noko alle hadde høyrte om, og ungdomslaga gjorde seg nytte av dette. Fleire har fortalt meg at olsok var ein viktig kveld for dei i første del av 1900-talet.

I god ungdomslagsånd valde Sverre Berg og Per Amdam olsok

som markeringsdag for Romsdalsmuseet. Det var i 1975. Per Amdam skreiv fleire dramatiseringar om heilag-kongen med utgangspunkt i Snorre, og desse vart framførde i fleire år på museumsområdet, og mottakinga var god. Men ingenting kan vara evig, og då Per Amdam slutta som styreleiar, vart kveldsprogrammet på olsok lagt om. Etter vel 30 år er det berre olsokgudstenesta som har «overlevd».



Sankt-Olav og folkeminna

I 1920 vart Norsk Folkeminnelag stifta, og interessa for den delen av historia vår breidde seg utover landet. I 1920-åra hadde både Ola Hola, Mads Hukkelberg og Olav Rekdal små stipend frå det offentlege for å samle folkeminne.

Ute mellom vanlege folk har tradisjonane om Sankt-Olav og kristningsarbeidet hans vore haldne levande i generasjon etter generasjon gjennom hundreåra. Det viser dei mange opphavssegnene som er knytt til namnet hans. Det er spesielt mange segner om Olavskjelder i landet vårt, men også mange andre typiske opphavssegner, og desse finn ein på stader



Per Amdam som biskop i dramatiseringa «Olav Haraldsson på Eide» på Romsdalsmuseet 1978. Olsok og olsokfeiringa fekk eit løft i området vårt desse åra.



I Lundsfjellet på Vågstranda ligg Gullringholå temmeleg utilgjengeleg. Ein gong Sankt Olav fór gjennom Romsdal, la han skipet sitt til ved Lundshammaren, og då klatra han opp i mastetoppen og la ein gullring oppi ei hule. Segna seier så at den som er kar om å få tak i ringen, skal få han. I 1986 fira (rappellerte) journalist Alf Vidar Ebbestad seg ned i hola frå toppen. Han var nok den første som var der, men han fann ikkje ringen. Dette stod i RB 23.08.1986, men segna var første gong nedskriven av W. F. Koren Christie i 1847.

der heilagkongen aldri har sett foten sin. For hundre år sidan var desse segnene høgst levande, og takka vere Romsdal Ungdomssamlag og Norsk folkeminnelag kom dei på trykk i 1933, i boka som fekk den tidsriktige tittelen «Eventyr og segner. Folkeminne frå Romsdal», og forfattern var Olav Rekdal. Boka har ikkje mindre enn 13 Sankt-Olavssegner, og det er segner frå alle dei seks gamle prestegjelda i Romsdal. Flest er det kanskje frå gamle Veøy, men det kan ha med innsamlingsarbeidet å gjere.

Ein repetisjon med «fotodokumentasjon»

Eg har gjennom åra lese Sankt-Olavssegnene i boka hans Olav Rekdal mange gonger, og eg har ofte lurt på om det framleis er synlege spor i naturen på desse stadene. Eg har spurt meg for hos lokalkjende, og det er stort sett takka vere den trykte versjonen frå 1933 at folk kjenner segnene i dag. I merknadene til segnene står det «Vanleg kjent i den bygda forteljinga er nedskriven frå»,



men dette stemmer ikkje i dag. Forklaringane her er mange: forteljartradisjonen er ikkje så sterk som før, folk ferdast mindre i skog og mark og er på den måten mindre kjent i landskapet, og til sist må me ta med gjengroing i utmarka.

Spor i naturen som var synlege for nokre generasjonar sidan, er i fleire tilfelle vanskelege å finne att i dag. I *Folkeminne frå Romsdal* er det nemleg ikkje ein einaste illustrasjon. Eg har derfor samla bilde frå fleire av desse stadene, og i det følgjande vil eg repetere dei fleste segnene og så vise korleis det ser ut der i dag.

Gnuan – nedskrive av sokneprest Kristen Rekdal

Inna'i Gauprøra, med det same Langfjorden svingar inn i Eresfjorden, er det eit nes som kallast Klebjørkneset. I fjellet attmed Klebjørkneset er der noko merkeleg som etter gnuane (knuane, knuvane) på ei hand. Det har seg slik:

Då Sankt Olav kom siglande inn Langfjorden, fekk han slik motbør at han heldt på drive på land på Klebjørkneset. Men då gjekk han frammi stamnen og skuva ifrå mot hammaren med knyttneven, og det gjorde han so traust at det visest etter gnuane hans der den dag i dag. Og somme sei at han skuva så hardt at båten gjekk attover Tiltereidet tå farta han fekk. – Somme fortel at han då heldt på å gå på land på Prestneset på Nettet prestegard. Han gjekk då atti båten og skuva frå med foten. Og det viser merke etter foten hans i berget der den dag i dag.



Klebjørkneset, Gauprøra og ut Langfjorden t.h. sett frå Prestneset på Nesset prestegard. Sankt Olav heldt på å køyre på land på Klebjørkneset, og merket etter gnuane (knuane) hans er enno synlege i berget. Den 19. juni 2020 padla Iver Gjelstenli og Bjørn Magne Øverås – på oppmoding frå meg – over fjorden i kvar sin kajakk for å ta bilde av gnuane på Klebjørkneset. Her må kanskje litt fantasi til, men no er det dokumentert. Fotefaret etter Sankt Olav på Prestneset er kanskje enklare. Klebjørkneset har namnet sitt attende til 1756. Då flodbårene (tsunamien) etter Tjellafonna hadde lagt seg, hang det eit kleplagg att i ei bjørk på dette neset.



Over: Frå Romsdalsfjorden. Høgberga inn for Norvika i Eidsbygda (t.v.). Sankt-Olav og gamle jutular kvidde seg ikkje for å setje utføre dei brattaste lier. Foto Arvid Håkon Moe 2020, teikning Jens R. Nilssen.

Sankt-Olavs-rennet – nedskrive av lensmann Per Chr. Sæbø

På austsida av Romsdalsfjorden er det, mellom Nordvika og Kløngnes, nokre stupbratte berg, som kallast Høgberga. Borti berga der, tett uta'i Vindsneset, er det to djupe veiter som går frå toppen og mesta nedi sjøen, og ei som ikkje er fullt så djup midt i mellom. Somme kalla desse veitene for Olavsrennene, men andre seier Sankt-Olav-rennet – og det er venteleg det rettaste.

Det er Sankt Olav som har vore der og rent seg på ski. Dei djupe veitene er etter skiene hans, og veita i midta er etter skistaven – for han sat på skreus over staven, han liksom hine gamlekarane. – Ned mot sjøen er det ei dekt. Ho blei til då han hukte seg ned då han kom dit nedåt.



Otterholmneset med Måndalen i bakgrunnen. På bildet under ser me det ferdige brukaret. Haukeberghalsen på andre sida av fjorden er litt t.h. for det me ser på bildet øvst på denne sida. Foto Per Gunnar Voldset 2020.

Brukaret – nedskrive av lensmann Per Chr. Sæbø

Ein gong ville Sankt Olav byggje ei bru over Romsdalsfjorden frå Otterholmneset og borti Haukeberghalsen i

Eidsbygda. Men ei trollkjerring hindra det, så han fekk ikkje spent brua over. Han fekk ferdig brukaret berre. Det visest i fjellet som det skulle vore mura uti sjøen.

Santsvora – nedskrive av sokneprest Kristen Rekdal

Sørunder Rekdalshesten ligg det ein plass som heiter Santsvora. Tett oppfor plassen er der ei djup svor (renne eller stripe i grunnen etter skred) i fjellet, som plassen må ha fått namnet etter. Midt imot Santsvora, på hi sida åt fjorden, bortpå Miøya, ligg fjellet Bløkallen.

Ein gong Sankt Olav fór rundt og øydela troll, fekk han frette at det var ei stygg trollkjerring utpå Otrøya. Og så ville han stad og gjere det av med henne. Han kom stigande frå fjell til fjell sunnante (sørafrå). Men når'n skulle skreve over frå Rekdalshesten og bortpå Bløkallen, glei han oppå Hesten, og så datt han på raua neri Santsvora. Det syner ei skore i fjellet der etter fallet hans den dag i dag.

Santsvora på Rekdal vart til då Sankt Olav skulle skreve over frå Rekdalshesten til Bløkallen for å ta ei trollkjerring. Det har budd folk i Santsvora. Foto Helge Bjerkevoll 2020.



Kjekså (Kjekså) – nedskrive av folke-minnesamlar Mads Hukkelberg
Kjekså er eit skar i ein berghammar trast norda'i Bud. Her budde Kjeksejutulen før i tida. Og heilt til det siste har folk vore redd å gå forbi der når

det var mørkt. Tett attmed Kjekså er der eit flatt berg med to lange furer ti. Det skal vere merke etter ankerklørne hans Sankt Olav, sei dei. Han hadde ankra opp der ein gong – og då var det vel Kjekse-jutulen han var ute etter.

Bildetekst til bildet over etter Einar Bergseths versjon: «St. Olav var på seilas langs kysten og kom så til Dubla mellom Bud og Bergset. Mellom holmen, der Dubla fyrlykt står i dag, og fastlandet ankra han opp. Men den sterke vinden gjorde at han også måtte ha to fortøyningstrosser i land. Det jeg vidare har

fått fortalt, er at St. Olav ble overrasket av krigere. Han kutta trossene raskt for å komme seg unna. Da ble de to trossene til stein, og de vises i dag som to hvite striper oppetter det mørke berget i Kjeksa.

Einar Bergseth minnest at i hans barndom budde 'Kjeksebusen' (Kjeksebusin) i Kjeksa, og han var skummel etter mørkets frembrudd».

Nedskrivaren Mads Hukkelberg har truleg notert segna etter mor si som var frå Bud. Han har neppe vore på Kjeksa og sett spora etter ankerklørne. Dei kvite stripene i berget er pegmatitt-gangar, skriv Inge Bryhni i heftet *Rusletur blant stein og blomster i Bud*.



Alteret på Alterflata fotografert 1955 av Andreas Normann. (Rauma folkebibliotek)

Alteret – nedskrive av Olav Rekdal
Oppfor Sletta i Romsdalen ligg fjellet Alterhøa. Fjellet har fått namnet etter Alteret – ein mesta firkanta mur tå store, flate steinheller, med benker ikring. Alteret står på Alterflåt'n – ei fin slette oppå der.

Sankt Olav kom forbi den gongen han fór opp Valldalen og over til Sverige, fortel segna. Og han var det som mura Alteret, då han stoppa der og heldt nadverd.

*

Dei andre Sankt-Olavsegnene blir ikkje omtala her. Desse er:

Rasvallen, Båten og Styret på Rekdal var borte alt då «Folkeminne frå Romsdal» kom ut i 1933.

Terningen i Skålhamna, **Gullringholå**, (sjå side 20) **Sankt Olavs brunn** og **Sigelsteinan** (Seglarsteinan) alle på Vågstranda, er omtala og svært godt illustrert i «Minne frå Vågstranda» 2018 av Arvid Håkon Moe.

Kista og Skrinet på Stongneset på Gosså har Svein Rød både fotografert og skrive utfyllande om i «Aukra gjennom tidene» (2012)

Sant-Ols-sver' (sverd) ved foten av Romsdalshornet har eg ikkje fått lokalisert.



På ei dør i Holtstua på Romsdalsmuseet er det mange tjøre korsar. Om det er brukt Sant-Ola-tjøre her, skal vere usagt, men tjøre som var brent ved olsoktider skulle vere den sikraste mot underjordingar.

Sankt-Ola-tjøre

Folkeminnesamlaren Ola Hola har ikkje skrive ned Olavssegner det eg veit, men han omtalar «Sant-Ola-tjøre» fleire gonger. Dette er tjøre som er brent ved olsoktider, og som hadde utruling til kraft mot alt slags trollpakk. Slik tjøre vart m.a. brukt når

dei 'korsa' kornstål og fjøs- og stalldører til jul. «Når oty, haubokk og hulder med, fe sjå ein Sant-Ola-kors set dei rompå i veret og spring på livet,» sa han Ingebrigt Vollå (Åsen). Dette er berre eitt eksempel på bruken og verknaden av slik tjøre.



Kart som viser kvar det er notert segner knytt til Sankt Olav i Romsdal. 1. Sankt-Olaskåpen i Kalvikhaugen på Husøya. Segna er ikkje omtala i *Eventyr og segner*, men har fyldig omtale med bilde i *Busetnadssoge for Sandøy, bind 2* av Randi Kristin Strand og Anne Huse (s. 466-469) 2. Santsvora innunder Rekdalshesten. 3 Rasvallen, Båten og Styret på Rekdal, borte no. 4. Kista og Skrinet på Stongneset, Gosså. 5. Kjekså mellom Bud og Bergset. 6-9. Terningen , Gullringholå, Sankt Olavs brunn og Sigelsteinan ligg alle på Vågstranda, mot Romsdalsfjorden. 10. Sankt-Olavs-rennet ved Norvika, Eidsbygda. 11. Brukaret på Otterholmneset, Måndalen. 12. Gnuan, Gauprøra, Vistdalen. 13. Fotefaret på Prestneset, Nesset. 14. Sant-Ols-sver' (sverd) ved foten av Romsdalshornet. 15. Alteret på Alterflata ved Alterhøa.

Vår og håballe



Pløyinga var det første vårarbeidet på ein gard. Bildet er frå «Hestens dag» på Gjermundnes 1986, og det er mange som ser på. Arbeidet var tungt, derfor er det to hestar (drette). (Foto Sigmund Austigard)

Vinter blir til vår, og vår blir til sommar, og så er det ferie og fri heilt til hausten kjem. Slik tenkjer mange (unge) i dag, men før i tida hadde dei også ei årstid – nokre veker i alle fall – som dei kalla ‘håbolle’. Ordet eller namnet er på veg inn i gløymsla, og då gjeld det for meg å hindre at namnet kjem bort. Kort fortalt er håbolla tida mellom våronn og slåttonn. Eg seier og skriv ‘håbolle’, men eg veit at somme stader i Romsdal heiter det ‘håvolle’, og på normalisert norsk er oppslagsordet håballe eller håball.

Vår og våronn

Alt no vil dei fleste lesarane forstå at dette dreier seg om ord frå det gamle jordbruksamfunnet. Eg trur at alle gler seg over våren, men bøndene har

mest bruk for ein god og tidleg vår. I gamle dagar studerte dei almanakken (‘alnakkjin’) og såg etter vêrteikn. «Slik vêret er i dag...., slik vil det bli....» sa dei, og så venta dei for å sjå om dei fekk rett. Slo det til, mintest dei dét resten av livet. Gjorde det ikkje det, var det ikkje så farleg.

Ivar Brovold i Tresfjorden var lærar og kløkkar i Vestnes, men han var òg gardbrukar på Bruavollå på austsida av Tresfjorden. I 1885 gav han ut heftet «Aarbogsoppteignelser», ei samling med opplysningar om vind og vêr, uår og gode år, ulykker og merkelege hendingar. (Boka er trykt oppatt av Romsdal sogelag i Årsskrift 2004.) Frå og med 1817 startar så godt som alle rapportar med «begyndte man at pløie den 5te Mai (1823)», dvs. datoen kunne va-

riere frå midt i april til første veka i mai. Låg det snø på marka, ‘mylda’ dei åkrane for å få snøen til å bråne fortare. Ordet mylde kjem av ‘mold’, dvs. dei spreidde tørr, svart mold utover snøen slik at sola skulle få betre tak. Eg minnest godt at det vart mylda i hagen heime med oske frå omnen, og det hjelpte. Når ein reiser over Oppdal i år med mykje snø, ser ein mange stader at det er mylda for å få fram åker og eng tidlegare.

Gjødsling og såing

Pløying, harving, steinplukking, gjødsling, såing og rulling høyrer saman. Gjødsling var mangelvare, derfor galdt det å utnytte kvart grannet. Det var kornåkeren som fekk mest fordi kornet gav mjøl til grauten og det daglege brødet, men også enga (gras-



Frå Tresfjorden med Tresfjordskyrkja og Kvitnykja i bakgrunnen. Nede i lia, under toppen, ligg Knitnykholá (pil). Kvar vår ligg det ein snøbre her, og når det er vår i lufta, tinar snøen, og breen blir svart (av mold). Såmerke: «Når det myldar tre gonger i Kvitnykholen er det tid for å så.» (Foto Birkeland)



For folk på nordsida av Langfjorden var «Tarløysmannen» (inne i ringen) eit viktig så-merke. Når snøen hadde bråna så mykje at sålaupen på magen kom fram, då kunne ein trygt så. På bildet t.v. står Kolbjørn Koksвик med ein gammaldags sålaup. Ei reim rundt nakken held laupen på plass.

marka) fekk finfordelt møk i form av 'åbreisle' – (opp)åbreisle. Mest arbeid var det med geit- og sautallen. Han var hard og måtte hakkast med grev. Å hakke talle var eit keisamt og langdrygt arbeid, men det var god gjød-sel. Når ein kjørte ei 'ris-sloe' (fleire

samanbundne greiner bak ein hest) over gjødsla vart ho finfordelt. All naturgjød-sel luktar, men det gjer ikkje kunstgjød-sel. Her er truleg forklaringa på at når den kvite/gråe luktfrie kjøp-te gjødsla kom på marknaden, var det somme som kalla ho for 'englemøk'.

Teikn i naturen

Det var viktig å så tidleg, men ikkje for tidleg. Dei fleste gardar/bygder hadde teikn i naturen som dei kunne stø seg til. Folk på delar av Nes-jestranda hadde 'Såmannen' eller 'Tarløysmannen' på andre sida av



Å bryte jord, var eit typisk hobåll-arbeid. Var det våtlendt, grov dei grøfter eller veiter som dei steinsette for å få bort vatnet. Her er det Brytar-Lars på Bolsøya som har køyrt fram stein til ei ny veite. (Foto Johan Lillebostad)



Ljåslått på Hoem, Eikesdalen. For at dette arbeidet skulle gå greitt, vart kvist og anna rusk raka og rydda bort i håbolla. Både kar og kvinnfolk var med når dei rydda rydsle.



«Såmannen» i Røvik kirke, skore av Anth. Røvik fritt etter Lukas-evangeliet kap. 8.

fjorden som sitt merke. Når snøen tina i Tarløyså, kom ein merkeleg berrfleck fram, og denne flekken likna ein mann. Når mannen vart større, kunne dei tydeleg sjå at han hadde ein 'sålauf' på magen. Då kunne ein trygt så, sa Sivert Malones.

Såkornet vart gjerne kalla 'Gudslånet'

Det fortel ein god del om den respekten dei hadde for det dei hadde i jorda. Frå gammalt 'las dei over såkornet', og dei sådde berrhauda. Før såmaskinene kom for vel hundre år sidan, sådde dei sjølvsgagt med hand. Det måtte vere jamt, og det skulle vere 'tre korn på eit område så stort som ein hestesko'. Så snart kornet hadde brydda, såg dei om det var jamt sådd. Flekkar der det ikkje var såkorn, kalla dei for 'heiler', eit romsdalsuttrykk som berre så vidt vart med i Norsk Ordbok. I dag blir dette kalla 'helgedagar' eller 'helligdagar', men dét kan òg seiast om alt frå dårleg bilvask til ujamn såing.

Håbolle

Tida mellom våronn og slåttonn kalla dei som sagt håbolle, og då hadde dei kring seks veker på seg til å gjere ting dei ikkje rakk under våronna. Typisk håboll-arbeid var å setje i



Taktekkjring var eit typisk håbollarbeid, her på Øver-Vike ved Eikesdalsvatnet 1939. Det er dugnad, og både gamle og unge frå gardane omkring er med. F.v. Aslak Meringdal, Georg Meringdal, Pe Hoem, Håkon Vike, Aneus Vike, Otto Meringdal, Paul Vedal og Elmer Hoem.

stand gjerdesgardane mot utmarka, tinde rivene og 'ry rydsle' dvs. å rake bøar og utslåttar fri for kvist til slåttonna tok til. Dei løypte never, sette i stand hustak, gjorde pliktarbeid på ålmannvegen osv. Kvinnfolka vaska hus, dei fekk stampa vadmålsvevane som dei hadde vove sist vinter, dei baka store mengder flatbrød slik at dei hadde mat gjennom sommaren både heime, på setra og elles på utslåttar. Svært mange feira håboll-bryllaup fordi dette var ei tid då det var litt rolegare.

Skiftande vêt kalla dei håboll-vêt, og var det retteleg varmt nokre dagar, kalla dei det håboll-sommar. Dei ville helst ha mildt regn på denne årstida, og i Øksendalen sa dei at ein regning «i håbollen» var jamgod med ei åbreisle med møk.

På den gamle primstaven har den 10. juli ein ljå som merke. Det er 'Knut med ljåen', og då var det tid for slåttonn.



Frå Eidestua på Romsdalsmuseet. Veggene har vore vaska og skura kvar vår i generasjonar. Tømmerstokkane er derfor trekvite og glatte – så høgt ei nådde.



Til å skure vegger og golv brukte dei 'skurvesk' av never. Somme kalla denne reiskapen 'konte' (neverkonte). Det var nokså vanleg at dei la inn halm og stive strå i skurvesken.

Busteinar og busteinvatn

Den tida folk slakta heime og gjorde seg bruk av både feitt og innvolvar av alle slag, fekk dei også høve til å sjå kva som fanst i magar og tarmar. Det var sjølvsagt mest gor og møkk, men av og til fann dei brunsvarte ballar, kuler eller «steinar» i innvollane. Slike funn var svært uvanlege, derfor tok dei vare på dei så lenge dei klarte det. Dei vart kalla 'busteinar', og i folkemedisinen hadde dei lækjande kraft for både folk og dyr.

Bilde i Romsdals Budstikke

I 2007 vart store mengder bilde frå Romsdals Budstikkens fotoarkiv innlemma i Romsdalsmuseets samlingar. Det dreidde seg om meir enn 100 000 papirbilde frå det eldste, manuelle arkivet, og for å gjere det fort tilgjengeleg, vart det grovsortert og delvis teksta av frivillige og tilsette på museet. Eg hadde ansvaret for at arbeidet vart gjort og syntest sjølv det var utruleg spennande å sjå kva som dukka opp frå 1970- og -80-åra. Ein dag «fann» eg bildet som er vist til høgre. Det var utan tekst eller dato, men eg skjønnte det var ein bustein. Den 14. februar 2009 sette eg inn bildet i Romsdals Budstikke i håp om at nokon kunne fortelje kva dette var, og kven som hadde funne «steinen», men det kom ikkje nokon reaksjon på bildeoppslaget.

Ny etterlysing


Den 21. februar gjekk eg ut med følgjande artikkel i Budstikka: «Den kula/egget/ballen som er vist på bildet i avisa den 14. februar, er høgst rimeleg ein bustein. I Norsk Ordbok står det at dei er samansett av hår og ymse 'anna rusk' som har klumpa seg saman. Det er tydeleg at nokon har delt ballen i to for å sjå kva som var inni. Resultatet var høgst rimeleg skuffande. Merkeleg nok er det ingen av Budstikka sine lesarar som til no har meldt frå at dei veit kven som fann denne hårballen og så gjekk til avisa med han.



Den etterlyste busteinen, som det er bilde av i Romsdals Budstikkens fotoarkiv, var funnen på Brattset på Kleive kring 1990. (Foto RB)

Bustein

Slike hårballar blir kalla *busteinar*, og fenomenet er kjent over heile landet. Her hos oss vart dei først og fremst bruka mot krøtersjukdommar, og etter som det var langt mellom kvar gong dei gjorde slike funn, gjekk dei i arv frå slekt til slekt. Den første som skreiv om busteinar her i Romsdal, var sokneprest Hans Saxlund i tidskriftet *Mål og minne* i 1919 der han omtala to slike. Han var styreformann i Romsdalsmuseet nokre år før dette, og han hadde sikkert fått dei inn til samlingane. I *Gammalt frå Fræna* 1992 omtalar Bjørn Ringstad dei to busteinane som Morten Drejer (f. 1919) har på garden sin på Tornes. Han fekk dei frå far sin som så hadde fått dei av mor si, og ho kom frå Setnes i Romsdalen. Dette er typisk. På Romsdalsmuseet har vi tre busteinar som museet fekk av vistdalingen Peder Andreas Meland i 1961. Det er to kvite (for kyr) og ein svart (for sau), og desse hadde han arva etter oldemor si frå Eresfjorden. Meland var då sorenskrivar i Dalane (Rogaland) og hadde teke dei med



Busteinane frå Eresfjorden som sorenskrivar P. A. Meland gav til Romsdalsmuseet i 1961. Dei er kring 200 år gamle og var i si tid mykje nytta i «folkemedisinen» i øvre del av Vistdalen. (Foto Romsdalsmuseet)

dit. Truleg hadde han ikkje fått bruk for dei, så han sende dei like godt til Romsdalsmuseet som gåve.

Buvatn

Meland skriv dette om bruken: 'Steinane er til hjelp ved innvortes sjukdom på dyr, kusteinane for kyr og smalesteinane for sauer. Busteinen vert lagt i ei bøtte med reint vatn og teke opp att etter 7 timar. Vatnet skal



Desse to busteinane arva Morten Drejer (1919–2016) frå far sin, Tarald Drejer (1868-1954). Han hadde fått dei av mor si, Elen Anna Roesdtr. Opsal som var fødd f. 30.11.1833 på Fuglsetneset og konfirmert i Molde 1848. Etter tradisjonen skal steinane opphavleg ha komme frå Setnes ved Veblungnes. Far til Elen Anna, Roe Arnesen Opsal, kom frå Sekken, og mor hennar, Synnøve Andersdtr. Tollås, kom frå Solomdalen. Ingen av dei hadde slekt på Setnes, men steinane kan likevel vere derifrå, for alle unge jenter på den tida måtte ut for å tene. Kanskje har Elen Anna tent på ein av Setnes-gardane før ho gifta seg, 26 år gammal i 1859. Det har vore vanleg at busteinar har gått i arv. Vekt: 59 og 29 g. (Foto Bjørn Ringstad/Gammalt frå Fræna, 1992)



Morten Drejer med dei to busteinane han arva. (Foto Bjørn Ringstad/Gammalt frå Fræna, 1992)

ein gje til dyret. Vil dyret ikkje drikk vatnet, skal ein lunka og blande litt mjøl i og by vatnet fram på nytt. Vil dyret enno ikkje drikk, skal ein prøva for tredje gong med litegran salt i. Dyret kjem seg og vert etterkvart friskare om det drikk buvatnet. Men om det ikkje vil ta vatnet, er det lita von om betring.’

Eg viste desse steinane fram for far min, Torstein Austigard (1908-1990) ein gong han var på Romsdalsmuseet, og spurde om han hadde tru på dette. ‘Alle sjuke dyr har godt av litt lunka vatn’, var svaret. Kanskje du som les dette, veit om folk som har busteinar, eller har høyrte om nokon som har gjeve buvatn til sjuke dyr?»

Einar Hansen var finnaren

Artikkelen eg skreiv i Budstikka den 21. februar 2009 hadde fleire bilde, og oppslaget vart dermed langt merke til. Gullsmed Einar Hansen som hadde kona si frå Brattset på Kleive, kontakta meg og fortalde at det var han som var finnaren. Det var under slåttonna på Brattset for ‘15-20 år sidan’ han fann den rare steinen på marka. Han gjekk til Budstikka med steinen, men det kom ikkje noko

meir ut av det den gongen, og no er steinen borte. 15-20 år før 2009 blir kring 1990 vil eg tru, men dette er ikkje nærare undersøkt.

To busteinar i Eikesdalen

I samband med dei to oppslaga om dette emnet i Budstikka, kom eg i prat med bror Kristian Austigard i Oppigard samdrift om dette fenomenet. Då fortalde han at han fann ein slik stein-hard hårball oppi krubba til ei ku. Dette hende kring 2002-03. Han trudde det var ei trekule og saga ho derfor av med skjerfil. Til si store undring fann han berre hår inni! Etter å ha vore i fjøset i meir enn 55 år, hadde han aldri sett noko liknande, men dyrlegen som han viste busteinen til, kjente til sorten.

Ikkje lenge etter at dette var omtala i Romsdals Budstikke 7. mars 2009, fann Kristian ein bustein til i ei kukrubbe. Også denne var trillande rund, men noko mindre enn den første. Alle dei nemnde steinane er det bilde av her.

Meir om bruken

På Nedre Hjelset budde ekteparet Ole Olsen og Anne Pedersdotter på eit nyriddingsbruk frå 1850-åra og

utover. Han Ole var fødd 1809 på Solomdalen og vart derfor kalla Solomdals-Ola, og kona Anne var frå Vestnes, og det er ho dette handlar om. I Bolsøyboka, bind 3, (s. 487) skriv Einar J. Berg følgjande: «Anne hadde nokre merkelege steinar som kunne lækje krøter, trudde dei. Det var ikkje rettelege steinar, men såg ut ‘som dei var laga av skinn’ er det fortald. Dei var kalla ‘busteinar’, og ein måtte ikkje ta på dei med hendene. Truleg la dei steinane i vatn, og let krøtera drikk det. Ein gong det var ei sjuk ku i Nerhagen, sende dei Marta (f. 1863) som då var i 10-årsalderen, til Anne for å låne busteinane. Ho bar dei trygt heim, og kua vart god att. So la dei steinane i ei korg, og dei var ståande ei stund før dei vart send attende. Ei mindre syster hadde ikkje tanke for kva det var, og tok dei opp med hendene. Men då kom det otte på huset. Marta måtte gå attende med dei, det hjelpte korkje gråt eller bønner. Ho trudde Anne ville sjå kva som var hendt med steinane, og at alt ilt ville råke henne. Ho leverte steinane og sprang heimatt som for livet. Men Anne såg ikkje på steinane ein gong. Av di Anne hadde slike råder, trudde



Den største busteinen som Kristian Austigard fann, er 68 mm i tverrmål og veg heile 65 gram. Dette er uvanleg stort. Inni er det berre tettpakka hår.



Ei samanlikning av dei to busteinane som Kristian fann i fjøsen til Oppigard samdrift. Den minste er litt eggeforma, 51-57 mm i tverrmål og veg berre 25 g. Dette er meir 'normalt' for ein bustein å vere. Tettheita på den minste er 0,3 kg/l, på den største er det 0,4 kg/l. Torstein Oppigard og Kristian Austigard har i dag kvar sin stein. (Foto Tor Austigard)

folk at ho var ei trollkjerring. Men ho var berre eit vanleg menneske, ikkje verre enn folk flest.» skriv Einar J. Berg i 1953.

Mot busott

I gamle dagar kunne ein buskap bli plaga med mange slags 'sotter' slik som raudsott, harsott og busott. I heftet *Frå fjøs og fjell i Indre Romsdal* (1964) skriv Asbjørn Sæbø litt om desse sottene, og ettersom buvatn frå busteinane vart bruka mot busott, tek me med her det han skriv: «Det som folk kalla busott her var ein sjukdom som kyrne fekk nokre dagar etter at dei hadde kalva. Tennene deira losna. Det var dei kyrne som hadde fått minst mat føre kalvinga som var mest utsette for å få busotta. Etter kalvinga fekk dei både meir og betre hø, men så tolde dei ikkje det, trudde dei. Den beste råda mot busotta var å gje dei sjuke dyra buvatn. Det var koka på bustein, og det var medisin for alle sjukdomar som kyr og sauer drogs med.

I Måndalen var det ikkje funnest bustein i manns minne, men på hi sida av fjorden var det bustein både på Reitå (Reitan, Berg) i Gjerdsetbygda og på Breivikstranda, og dei konene som stelte med steinane var

frå Måndalen. Busteinen på Reitå vart kasta bort då det kom nytt folk på garden, for dei var lei av det stendige rennet etter buvatn.

På Breivikstranda vart det i alle høve koka buvatn så seint som mellom 1920 og 1930, etter kva det vart fortalt då, og det kan au ha vore gjort seinare.

Steinen vart funnen i innvollane på ei ku, seiast det. Han var liksom pimpstein å sjå til, og han var så lett at han flaut i vatn. Dei koka steinen i vatn, og med det fekk dei den medisinen som var god for krøtera både innvortes og utvortes, men den som henta buvatnet kunne ikkje tale åt nokon på vegen, for dersom det vart gjort, mista vatnet straks krafta si og vart gagnlaust.

Ei kone som hadde late tenestejenta si hente buvatn, syntest ein gong at den klene kua ikkje kom seg fort nok, og sidan det då ikkje kunne vere nokon annan grunn til det, enn at jenta hadde bore seg gale åt på vegen, sende ho henne i veg etter nytt vatn, og då kom kua seg snøgt.»

Dei busteinane som det her er tale om, må vere av den kvite typen Peder Andreas Meland gav til Romsdalsmuseet og som det er vist bilde av side 30. Ho som styrte med stei-

nane på Reitan i Gjerdsetbygda, var Eldrid Iversdotter (1828-1898) frå Innfjorden.

Ho som hadde busteinane på Breivikgjerdet, heitte Marit Jonsdotter (f. 1850) og var frå husmannsplassen Hau'n på Sæbø i Måndalen. Det forklarar kvifor Asbjørn Sæbø hadde kjennskap til opphavet hennar. Ho gifta seg med Edvard Halvorsen Breivik (bnr. 13) i Molde-kyrkja i 1902, og i folketeljinga for 1910 er ho titulert som «Gaardmandskone (husgj. og budeie)». Ho døydde 1931, og det er uklart om steinane er tekne vare på.

Gris i nêtaskogen i Eikesdalen

Kvifor er det mindre nêt no enn før?

I artikkelen om nêt og nêtaplukking (side 10) går det fram at det er knytt sterke praktiske og økonomiske tradisjonar til dette arbeidet. Det gjeld både namn og nemningar, foredling og sal, leik og moro. I denne artikkelen skal vi først sjå på kva som er skrive om eikesdalsnêta bakover i tida, og då spesielt kva som er å finne om grisehaldet i bygda og kva dette har hatt å seie for hatleskogen og nêtadyrkinga.

Skriftlege kjelder

Det eldste eg har registrert om dette emnet, er knytt til ein tollprotokoll for Molde frå 1736. Der går det fram at skotteskipper John Miller tok med 210 tønner nêt («hasselnøtter») frå Molde til Irland i ein og same lasten. Det var trelast han var ute etter. Nêtatønnene var noko han tok

med som eit tillegg. Renteskriveren ved rentekammeret i Trondheim var usamd om fortollinga av desse 210 tønnene. Tollaren meinte at nêt var eit produkt av tre, og han forsvara fortollinga si. Han opplyste til dei overordna i Trondheim at dersom ikkje John Miller hadde tinga desse tønnene med nêt, ville dei aldri ha vorte plukka, «siden Nødder vokser overalt i landet». Etersom denne nêta vart lasta i Molde, er det grunn til å tru at ein god del av desse tønnene kom frå Eikesdalen.

Ein av dei som stadfestar at det vart eksportert nêt frå Eikesdalen, er amtmann Christian Ulrich Tønder. I ei utgreiing om Romsdal amt i 1744 skriv han m.a.: «Naar Gud giver gode Sommere, voxer paa et Sted Eigisdahlen i Næsset Præstegield (saa stor abundance (dvs. overflod)

af Hasselnødder, at der til fremmede stæder udføres hele Skibs Ladninger.» At det voks særleg mykje nêt i Eikesdalen, er han ikkje aleine om å nemne. Nêta derifrå blir spesielt omtala av mange skribentar på slutten av 1700-tallet, ja, det vart skrive at nêt vart nytta som kraftfôr for grisene.

Nêt og nêtaflesk

Den første som omtalar at nêt var grisefôr, er holzførster Hans Peter Schnitler. I 1768 skriv han at i Eikesdalen er det at «man kan bekomme de bekjendte gode Nødder, som i gode tørre Aaringer, voxer, moednes og sankes rigelig, ligesaa det velsmagende og vidtberømte Eichesdalske Flæsk eller Skinker, da Deres Sviin Heele Høsten igjennem gjødes og fødes paa aaben Mark af de nedfal-



Ytter-Vike (t.v.) og Øver-Vike sett frå Rangåløyfta. Her veks mykje hatl, også i dag. I matrikkelforarbeidet for 1865 står at «Tøndebaand, Næver og Nødder» var viktige «Skovprodukter til Salgs». Dette var varer som hadde innverknad på matrikkelskylda. Etter at det vart slutt på grisehaldet vart det meir beite til ku og sau. (Foto Bjørn Magne Øverås)

dende gode Nødder, foruden hvad de faar paa Gjød-stie af de sammen-sankede Nødder.» Vi ser her at grisene gjekk ute om hausten og åt nær etter kvart som ho fall ned. Det som ikkje vart plukka, gjekk i grisene, og noko av det dei plukka, vart bruka som «kraftfôr» om vinteren til dei same dyra.

Flesket på gris som var gjødde på nær, hadde ein spesiell smak. Schnitler, og fleire med han, kallar det «velsmagende», og det er tydeleg at skinkene frå Eikesdalen har hatt godt ord på seg på Romsdalsmartnan. Den som kanskje brukar dei sterkaste orda her, er Carsten F. Bang. Han reiste gjennom Romsdalen i 1777 saman med far sin – biskop M. F. Bang – og skriv i samband med dette: «De bekiendte Egesdahls Nødder, som er de bedste i Norge, og som haver høyere Priis end andre Nødder, bringes fra dette Præstegjeld (dvs. Nesset) til Markedet. Ligesaa ogsaa det bekiendte Egesdahls Flesk, søges deels saltet, røget, speeget med megen Begjærlighed».

Då professor Gerhard Schønning besøkte bygdene våre i august 1773, opplevde han det same. Det var nær i slike mengder at bøndene brukte dei til «at feede deres Sviin, og til Føde for dem om Vinteren.» Nær var altså både eit gjødingsmiddel og brukt som vinterfôr. Litt uheldig er det at i 1910-utgåva av Schønings reise står det «Rødder» av «Hassel-Træer» og ikkje «Nødder» slik det står i originalen frå 1778, men dette er til å leve med.

I 1855 gjorde amtmann G. Thesen ferdig manuskriptet til «Beskrivelse af Romsdals Amt», trykt 1861. Også han skriv at «Svinene (i Eikesdalen) gjødes uden Møie ved Nødder af Hasselskoven.» Etter det høyrer vi ikkje meir om grisen, og som vi seinare skal sjå, har det si forklaring.

Grisavl

Etter som «nætáflesket» frå Eikesdalen var så ettertrakta, var det om å gjere for bøndene der å ale opp flest mogleg griser med minst mogleg



Skjeparhellaran er fire store steinar like etter gjerdesgarden (merka med pil) mot Mardalen. Av namnet går det fram at ein gong i tida har ein hatt båt oppunder hellarane, men på 1800-talet hadde utigardingane ei grispurke med ungar gåande her. (Foto Hans Erik Oppigard)

strev. Schnitler fortel at dei jaga grisene på skogen om våren – gjerne til litt avsidessliggjande stader – slik at dei ikkje trong særleg ettersyn. Når dei så tok dei heim att om hausten, «kan de af et par Sviin, drive Hjem 9 à 10 halvvoxne, da de haver ynglet og formeret sig om Sommeren saaledes i vild Mark uden nogen videre tilsyn af Ejeren.» Adolf Austigard (1900-1982) fortalde meg ein gong at somme haustar skulle det vere så mykje små-gris i liene at nokre av bøndene ikkje vedkjente seg alt dei åtte, og derfor let vere å ta alle ungrisene heim. Når så bjønna kom og slo dei i hel, og folk høyrte skriket, skal somme ha sagt «Å, Guds-kjelov». Dette stilte eg meg tvilande til, men litt interessant er det, for det kan ha hendt. I ei målprøve som står i «Norske målføretekster» (1967) seier Tobias Utigard (1865-1956) det slik: «Dei gjekk ute her grisin, og vart feit av nær! Dei gjekk ute heile vinteren – flesket frys ikkje det. Om kveldan høyrde dei når bjønna heldt på og fekk seg mat.» Slik som etterspurnaden synest å ha vore på nætáflesket, skulle ein tru at bøndene heller tok umaken med å gjere flesket om i pengar enn å la det gå

gratis i bjønnakjeften. Bjønn var nok eit problem.

Torvald T. Utigard (1880-1960) fortalde i eit lydbandintervju i 1956 at utigardingane hadde ei grispurke med ungar under Skjeparhellaran, og dit gjekk dei kvar dag med mat til purka. Ein dag dei kom dit med mat, hadde ein bjønn gjort ende på både purka og ungane, og då gjorde dei jag på bjønna. Av samanhengen i forteljinga går det fram at dette hende i første halvdel av 1800-talet.

Det er vanskeleg å få eksakte tal på kor mange griser som vart fødte vinteren over rundt om på dei 10 gardane i Eikesdalen. Frå 1700-talet og første halvdel av 1800-talet finst ikkje oppgåver der grisene er rekna med, ikkje ein gong ved Jordavgiftkommisjonen frå 1802. Frå 1855 har eg derimot tal som viser at på 8 gardar i Eikesdalen hadde dei til saman 35 griser, og dette representerer vel 10% av alle grisene i heile Nesset prestegjeld det året. Det er amtmann G. Thesen som opplyser dette. På den tida var det 12 bruk i Eikesdalen. Det betyr at ikkje alle gardsbruka hadde gris midt på 1800-talet, men det var heller ikkje alle som hadde nætaskog.

Opplysningar frå kårbreve

At både næt og gris har spela ei viktig rolle i Eikesdalen, ser vi også i fleire kårbreve heilt fram mot 1860. I eitt og same kårbreve frå 1856 står det spesifisert at kårfolket «Frit skal have et vogsent Menneske sammen med Gaardens Folk til at sanke Nødder til sig», og dei skulle ha «Havning for 1 Sviin». Vi merker oss her først og fremst ordet «havning». Det må bety beiterett for grisen i skogen slik som på 1700-talet. Men dette var ikkje uproblematisk. Flokkar med gris grov slik i jorda at det gjekk ut over beitet for dei andre dyra, og i tillegg åt dei opp den verdfulle næta som dei elles kunne selje i Molde eller Kristiansund.

Griseforliket i 1858

Seinhaustes 1858 gjekk bøndene i Reitan, Utigard, Austigard og Oppigard saman om eit forlik som hadde til formål å begrense skadeverknadene av det gamle grishaldet i nerbygda. Det står klart og tydeleg i det tingleste forliket at alle gardbrukarane var misnøgde «over at Ager og Eng og Bømarken bliver saa skadelig ødelagt af Svinene, saa er det vi herved har besluttet et Forlig.» Håpet var at skadane skulle kunne rettast opp, og som ei prøveordning på seks år vart det bestemt at det berre var på Ljåstranda at grisen kunne gå fritt heile året. Dvs. dei fekk ikkje gå fritt alle år der heller. Det var nemleg eit viktig «men» i forliket. «De Aar da Hasselen bærer Nødder, da skal Tron Reiten have Ret til at bestemme en viss Tid i paa hvilken Svinene skal Hjemhentes saa at de da ikke bortsnapper de Nødder som falder paa Jorden.» Dette betyr at så lenge næta sat i hamsen, kunne grisene gå der, men så snart ho sleppte hamsen og fall på jorda, tok grisen næta etter kvart, og det vart ikkje tenning å plukke.

Men i forliket står meir: Ingen skal ha lov til å sleppe grisene sine på Ljåstranda før dei var «forsynede med Staalringer eller Knapper i Halsen.» Stålringen var noko dei monterte bak hjørnetennene i kjeften på grisen. På den måten hindra dei han



Katthammaren, Ljåstranda og gardane i nerbygda sett frå Rangåløyfta. Ljåstranda hadde naturlege gjerder i alle retningar og var som skapt for grisehald, men kvar gris måtte ha stålring eller «knapp» i trynet. Utan dette ville dei rote for mykje i jorda. (Foto Bjørn Magne Øverås)

i å rote i jorda med trynet. Stålringen og knappen må ha vore viktig, for alle gardbrukarane vart etter forliket pliktige til å ro på Ljåstranda den første dagen i kvar månad for å kontrollere at stålringen var på plass, og var han ikkje der, måtte det settast inn ein ny snarast. Grisene skulle vere merkt i øyret på den gamle, tradisjonelle måten, og var det fleire eigarar på same garden (kårggris?), måtte desse ha eigne merke.

I forliket står det også at dei som hadde gris, hadde heller ikkje lov å sleppe dei ut av husa sine heime utan at det var tele i jorda. På den måten unngjekk dei at grisen gjorde skade på annan manns grasmark.

Dersom ein gris likevel gjorde skade på annan manns mark, skulle eigaren betale ei mulkt pr. gris pr. dag til den som vart påført skaden, og den som ikkje gjorde opp for seg, mista grisen til han som vart påført skaden. Hestar og geiter kunne sleppast på Ljåstranda vår og haust slik som før.



Svin på olden. Fra Rösslin: »Plantarum arborum«, 1562

Ute i Europa åt grisene eikenæt i middelalderen. (Lægeplanter og trolldomsurter 1969)




Frå Jardfallgrinda i Reitan mot Eikesdalsvatnet. Risgarden (gjerdesgarden) mellom innmark og utmark er god, men eit slikt gjerde var ofte ikkje nok til å hindre grisen i å komme seg gjennom. Derfor sette dei «gris-ski» rundt halsen på griser som gjekk laus (Sjå teikninga frå Syltebøen i Eresfjorden 1875, under) (Foto Kirkhorn før 1896/Romsdalsmuseets fotoarkiv)

Forliket hadde ei prøvetid på seks år, og det er all grunn til å tru at forliket var ein suksess. Så strengt som det var, vart det truleg brått slutt på grisehaldet, og ved utskiftinga i 1870-åra er ikkje ordet «svin» nemnt i det heile.

Tom-hamsen gjekk til grisene

Å plukke hams var vanleg så lenge folk plukka næt for sal, og alt vart nytta. Som nemnt i artikkelen «Om 'eikesdalsnæt' og julenøtter» (side 12) let dei næta «brinne» i hamsen, og etter eit par veker slo dei laus den gode næta frå hamsen med slege på låvegolvvet, og så skilde dei frå lausnæta frå hamsen med (hær)såld. Tomhams og næt som ikkje kunne seljast, hadde dei oppi grisebingen, og det sette grisen pris på.

Å reinske næt var kvelds- og nat-



Villsvinliknande gris med store hjørnetenner teikna av Robert Taylor Pritchett på Syltebøen, Eresfjorden i 1875. I Eikesdalen brukte det også «knapp» eller «stålring» i kjeften på grisen for å minske skadane i skog og mark.



Frå Rabban i Oppigard, Eikesdalen. Her står dei fleste kjerrane fritt slik at næta får lys. Slik var det i gamle dagar.

tearbeid. Heile huslyden sat gjerne i lyset frå ei parafinlampe og arbeidde. Mor fortalde at far hennar, Kristian Vike (1872-1959), var mykje hos besteforeldra sine på Øver-Vike og plukka og reinska næt som unge. Han og andre ungar sovna i hamsen på golvet, og besteforeldra let dei berre ligge til neste morgon. Tom-hamsen var lun og god for både ungar og gris.

Nætaskogen i dag

Dei siste ti-åra har eg ofte fått spørsmålet: «Blir det nøtter i Eikesdalen i år?» Det er tydeleg at «eikesdalsnæt» er ei merkevare folk kjenner, men noko sikkert svar er ikkje så enkelt å gje før hausten er der. Eitt er likevel sikkert: Det var meir næt før, og ho var jamt over større.

I uminnelege tider har det veksla mellom «gode» og «dårlege» nætaår. Vêr, temperatur og nedbør har alltid hatt innverknad på resultatet, men i seinare år har også andre faktorar spela inn. Amtmann Tønder skriv i 1744 at «Naar Gud giver gode Sommere ...» vart det overflod med næt i Eikesdalen. Eit godt døme på det motsette står i ein oppsynsrapport frå oktober 1892. Rapporten gjeld arbeidet med ei elveforbygning på



Torstein Austigard reinskar næt med drøfting. Tom-næt, hams og anna rusk hamna på golvet. Etterpå gjekk det i grisebingen.

Setra i Eikesdalen, og det er interessant å sjå at oppsynsmannen avslutta rapporten med at «Nødder blev det ikke i høst i Eikisdalen, grundet paa det ubrudte regnveir i Sommer, at den aldeles raadnet af.» Det varierte altså mellom gode, mindre gode og elendige nætaår, men jamt over vart det noko næt dei fleste åra.

Spørsmålet mange stiller seg, er kvifor næt-avlinga samla sett er mindre enn før, og kvifor er næta så små? «Griseforliket» for 170 år har nep-

pe noko med tilbakegangen å gjere. Derimot er det minst to andre faktorar som temmeleg sikkert har hatt innverknad: I 1940-åra vart det slutt på å hogge bandstakar til tynneband (sjå side 9), og dermed har ikkje hatleskogen fått den fornyinga som han fekk i hundreåra før. Det andre som også har spela inn er at resten av lauvskogen veks over hatleskogen og skyggjer for hatlekjerrane. Eg tenkjer her først og fremst på treslaga bjørk, alm, rogn og osp som alle har sto-



Hytta på Stor-Jakob-teigen på Øvre Vike. Dette var ein svært god nætateig, men også her veks bjørk og anna lauvskog over hatlekjerrane og tek bort lyset. (Foto Bjørn Magne Øverås)

re bladkroner og kan bli svært høge. Desse vart fram til 40-50-åra haldne nede ved dei tok lauv av bjørka, alm og selje vart pila og brukt som gnag til ku og sau, medan borken av osp og rogn gjerne var skava av og brukt som fôr til dyra på den måten. Greinene og stokkar der borken var gna-ga eller skava av, vart etterpå bruka til gjerdesgardsvånd (dvs. material til ris-gard), staur eller rett og slett ved.

Sagt med andre ord: Manglande fornying av hatlekjerrane og mindre sollys (og varme) på kjerr og hams trur eg er hovudgrunnane til at både avlinga og den enkelte næta er jamt over mindre enn ho var for to-tre generasjonar sidan.



Kulturbeite med frittstående hatlekjerrar 2019. Bak står blandingsskogen tett som ein vegg.

Store nætaår:

1736: 210 tønner

1853: Det var seld mellom 150-200 tønner næt etter denne tørsommaren står det i Den Norske Turistforening, årbok 1871.

1866 og **1867** var gode år. (Amtmannsinnberetning og RB 1887)

1873 Morgenbladet og Aftenposten

1896. Året vart omtala som «Stornætåret», skriv Hans P. Øverås

1930. Dette var eit godt år på alle måtar. Far plukka 1100 kg åleine, hovudsakleg på Skogset.

1934, men det var fleire gode nætår.

1939 då det vart levert inn 14.000 kg til Eresfjord Handelslag. Under krigen var det også bra med næt enkelte år. Krigsåra: somme var gode

2006: Godt nætaår



Purkesteinbakken på Setra, Eikesdalen. Namnet fortel at her har grisen greidd seg utadørs sjølv om det ikkje finst hatleskog i nærleiken. Elva Høvlå i bakgrunnen. (2019)



Purkesteinen i Purkesteinbakken. Jon Sæter har rydda mykje skog i området det siste året. (2020)

Gammal halt: Under arbeidet med ei vassgrøft ved Kjeura i Oppigard, grov Torstein Oppigard fram ein stokkende som syntest gammal. Stokken låg 80-90 cm under overflata, og då kanten av Kjeura såg ut til å ligge oppå stokken, vart det sendt inn fleire prøver. Stokken vart datert til ca. 100 år f. Kr. og Treteknisk i Oslo slo fast at det dreide seg om lauvved, men strukturen var så utvaska at ein ikkje kunne seie om det var or, hassel eller bjørk. Veksemønsteret på kvistane overtyder meg at det dreier seg om hatl, og dette må vere det eldste funnet av dette treslaget i Eikesdalen.



Tjørebrenning til eige bruk

Det har vore brent og brukt tjøre i uminnelege tider. Råmaterialet er spik-røter av tolle. Dei arbeidde i tre omgangar: først braut dei opp røtene, så hogg dei desse sund i mindre delar og tørka spika, og til slutt brente dei tjøra. Det vart gjort i store miler som dei vakta dag og natt i mange dagar i hobålla, dvs. vekene mellom våronn og slåttonn. Ei stor mile kunne gje både 10, 20 fleire tønner tjøre i ei brenning, men dette er nærare omtala i Romsdal sogelags årsskrift 2012 og blir ikkje kommentert meir her.

Skulle du berre ha litt til t.d. båten din, så trong du ikkje ei heil tønne. Då kunne du gjere dette enkelt med ein utsliten kvernstein, ei stor jarngryte og ein høveleg bakke eller haug til å halde til i. Ja, og så måtte du ha tørr, feit spik.

Framgangsmåten var slik: Du snur oppåsteinen på eit kvernsteinpar opp-ned, og då får du ei trekt med eit stort hol midt i. (Sjå bilde t.h.) Så fyller ein jarngryta med spik og bankar dei siste spikskiene fast slik at gryta kan kolvast opp-ned over holet på kvernsteinen. Mellom grytekanten og steinen tettar ein med god, feit leire. Når du då fyrar oppå og rundt gryta, renn tjøra ut av spika, gjennom holet ('auget') i kvernsteinen og ned i ein oppsamlarkopp.

Første gongen eg såg at det vart brent tjøre på denne måten, var då to grannar skulle ha tjøre til båtane sine. Eg var kanskje 8-10 år den gongen. Dei brukte ikkje gryte til spika, men eit tomt oljefat. Kor mykje tjøre ein kan få av ei full gryte, avheng av kor feit spika er og kor tett det er mellom gryta og kvernsteinen. Sjølv har eg best erfaring med oljefat, og då kan ein få både 10, 15 og 20 liter tjøre i ei brenning.



Tjørmile på Hoem, Eikesdalen 1976. Her demonstrerte eg denne framstillingsmetoden for leirskolelevar frå Bekkevoll ungdomsskole. For å spare tid brukte me den vesle gryta som står framfor mila. (Foto Odd Sæbø/Romsdalsmuseets fotoarkiv)



Eg har gjennom åra sett mange innmura 'opp-ned'-kvernsteinar som framleis står innmura og klar til bruk slik som her på Olansreiten, Oppigard, Eikesdalen.

MUSEALE EMNE

Frühling
Gud Hj Kongen
En Sten på Kone
Gud Hj Per
1810

Rosemåling frå Lesja i Romsdal



Framskåp og blandstampbenk i Vigstadstua på Maihaugen måla av Hans Syversen Belle i 1817. Akantusrankane, dei stiliserte tulipanane, fargevalet og treskjerjinga er for meg typisk Lesja-arbeid. På dei følgjande sidene vil eg presentere noko av det eg har sett og fotografert på dette området her i Romsdal. Enkelt rosemålarar er lette å identifisere, andre vil vere ukjende for alltid. Håpet mitt er at denne gjennomgangen skal vere til inspirasjon og glede for den som har rosemåla ting frå 17- og 1800-talet. (Foto Tord Buggeland)

Utflyttinga frå Lesja til Romsdal gjekk føre seg frå slutten av 1700-talet og heldt fram i over hundre år. Matmangel og overbefolkning tvinga folk til å flytte. Det finst knapt ei bygd i Romsdal som ikkje utflytta lesjingar har funne fram til. Kyrkjebøkene og folketeljingane viser dette klårt. Mange av dei som kom, var handverkarar. Ved hjelp av ein husmannskontrakt, eit giftarmål eller kanskje eit gardkjøp, sikra dei seg ein stad å bu og livnære seg.

Romsdalsmartnan var ein viktig lekk i dette samkvemmet, og mang ein handel og mang ein avtale vart gjort der. Rosemåla kister og andre husflidsprodukt var varer som romsdalingane kjøpte eller bytte til seg på marknaden.

På rundtur med Nils Ellingsgard

Kva som finst av rosemåling frå Lesja her i Romsdal, har ikkje vore skikkelig undersøkt, men dei siste 40 åra har eg notert meg eitt og anna eg har sett eller høyr, og det har eg gjort i håp om at det ein gong skulle bli tid til å studere dette nærare.

Det starta med eit gjestebesøk på Romsdalsmuseet i 1980. Denne hausten var rosemålar og forfatteren Nils Ellingsgard på rundreise i samband med boka *Norsk rosemåling*. Me gjekk rundt i samlingane, og med eit øvd auge for farger, motiv og penselstrøk viste han meg ting eg aldri hadde tenkt over at det gjekk an å sjå. Han kjente att same målar på fleire kister og skrin. Problemet var berre: Kven har måla kva? Problemet mitt var/er at eg har ikkje godt nok fargesyn til å peike på detaljar som kan skilje den eine målar frå den andre, men eg ga ikkje opp. Kanskje nokon ville ta over det eg hadde samla?

Svartmåla dør frå Sandnes i Vistdalen. Rankar og rosetter fyller heile dørfeltet. Øvst oppe står «18 Ole OlsSøn Sannes 01» med innfløkte krusedullar på storbokstavane og lange, tynne «trådar» på toppen av dei andre bokstavane. Hans Syversen Belle var berre 25 år, men umiskjenneleg. (Romsdalsmuseets fotoarkiv)

Nye registreringar

Spørsmålet om kva som finst av rosemåling frå Lesja på Romsdalsmuseet, dukka opp fleire gonger, og i 1985 vart eg utfordra av kollegaer på Maihaugen på Lillehammer til å skrive

ned det litle eg visste. De Sandvigske Samlinger hadde då registrert rosemåling på Lesja sidan 1983, vart det sagt, og no skulle museet halde fram i 1985. Det var derfor viktig at eg kom med det eg visste, spesi-



elt om det var rosemålarar frå Lesja som hadde flytta til Romsdal og meir eller mindre livnært seg av rosemåling der. Artikkelen eg skreiv, stod på trykk i *Nytt fra Maihaugen* 1/1985. Så mykje nytt kom ikkje fram den gongen heller, men i desember 2019 kom så boka *Rosemåling frå Lesja* etter mange, mange år med samlararbeid. Forfattarar er Tord Bugge-land, Odd Reidar Hole og Kåre Hosar, og det er Lesja Historielag som er utgjevar. Der står fyldige omtalar av alle dei «store» lesjamålarane, og det er vist mange døme på kva dei har måla, men etter mitt syn kunne det ha vore endå fleire. Eg vart beden om å skrive ein artikkel om lesjamåling i Romsdal, og det gjorde eg, men etter at *Rosemåling frå Lesja* kom ut, veit eg no mykje meir. Spesielt er det mange kister i Romsdal som er måla av Hans Syversen Belle (1776-1860). Eg har derfor laga ein eigen omtale av han lenger ute i artikkelen.

Formålet med denne artikkelen er todelt: For det første å skrive om dei lesjamålarane som kom og busette seg her, og for det andre vil eg gjerne presentere eit utval lesjakister som er komne til Romsdal ved kjøp, giftarmål, arv eller liknande, og eg vil starte med den første gruppa.

Torstein Bjørnsen Bjøkne

Eg har leita etter innflytta rosemålarar i bygdabøker, årboks- og avisartiklar, trykte dagbøker o.l., men det er langt mellom dei. Ein av dei lesjingane som kanskje har sett mange spor etter seg, er Torstein Bjørnsen Bjøkne (1798-1875). Han kom flyttande til Finnset i Eikesdalen i oktober 1831 «for at bebo Gaarden Finnset», som det står i kyrkjeboka. Der levde han resten av livet. Han var først og fremst gardbrukar, for det var som regel matmangelen som dreiv dei til å flytte, men han måla litt innimellom så lenge han levde. Truleg var det på oppfordring han tok fram målarutstyret sitt. Me finn hans dekorative måling og skrivekunst på senger, dører, kister o.l. Mest brukt var han til å skrive namn og årstal på ting han sjølv hadde laga, men han



Den fine handskrifta – med fleire karakteristiske detaljar – viser at det er Torstein Bjøkne som har måla denne kista i 1839. Eigaren Ola Halvorsen omkom i den store snøfonna på Setra den 13. april 1858, men kista hans vart redda.



Seng måla av Torstein Bjøkne, no på Romsdalsmuseet. På sengesida står «Thomas Halvorsen og Ingebor Andersdatter Sæter Aaret 1839». I fotenden står «Ver gang du gaaer, til dette Sengested. Da tenk til Graven gaaer dit Siste fodefjed.» Lesjingane kjente livets alvor!



Same målaren har skrive dette på ein sengende i Oppigard, Eikesdalen: «Naer du dine Kleder fører af. Din Seng betegner dig din Grav.» (Romsdalsmuseets fotoarkiv)



To av Torstein Bjøknnes mangletre. På det eine står «E(li) J(ohannes)D(atter) E(gesdal) Fød 1838 S(eptember) 14». Både knappen framme (foto) og hesten og er svært forseggjort. (Foto Bjørn Austigard)

Aaretdekorerte også med rankar, dyr og ein del kroting når han først heldt på. Det er bokstavane hans som er lettast å kjenne att. Det blir fortalt at han tala lesjamål heile livet, og i Eikesdalen gjekk han under namnet Bjøkninj etter garden han kom frå.

Særprega mangletre

Etterkommamarar etter Torstein Bjøkne bur framleis på Finnset, og takka vere det veit me litt om korleis Bjøkninj arbeidde. Det eldste barnebarnet hans heitte Ola Tollefsen Finnset og var fødd i 1862. Han var såleis 12-13 år då bestefaren døydde. Så hendte det ei ulykke på Finnset i 1928. Gardshusa på baa Finnset-gardane brann ned, og under oppattbygginga av husa på garden hans Ola vart Hans P. Øverås (1906-1996) frå Eresfjorden leigd inn for å bygge nytt eldhus i 1929. Hans var finsnikkar og treskjerar og svært interessert i mannleg husflid av alle slag. Eit hell i uhellet var at «målarhella» til Bjøkninj var uskadd etter brannen, og med denne som utgangspunkt fortalde Ola til Hans Øverås om bestefaren og korleis han arbeidde når han måla: Han laga ferdig 2-3 mangletre før han tok til å måle, og dette arbeidet starta med målarhella. Dette var ei heilt glatt skiferhelle på storleik som takstein («ruteskifer»). Han hadde fargestoff (pigment) og olje (terpentin?) på hella, og så «reiv» han målinga med ein glatt stein. Uttrykket «å rive måling» vil seie å fin-male

Under: Tre «løparar» etter rosemålar Aslak Jonsen Hoem (1796-1893). Steinane er glattpolerte på undersida. Den store snur flatsida opp på bilda. Med løparane reiv dei målinga på ei målarhelle. Dette er vist side 58. T.h. målarskrinet hans Aslak Hoem med fargene/pigmenta.



pigmentet samstundes som ein blandar det med olje til ferdig måling. Han hadde truleg berre ei målarhel- le, men han hadde fleire glatt-polerte steinar (kalla løparar, sjå bilde side 58). Det var visst vanleg å bruke éin løpar for kvar farge slik som Aslak Jonsen Hoem gjorde det. Bjøkninj må ha hatt med seg både målarhel- la og løparane til Finnset, men alt er borte no, berre tradisjonane lever att. Eg har Hans P. Øverås å takke for at eg kan skrive dette ned her og no. Det gjekk 50 år før Hans fortalde til meg korleis Torstein Bjørnsen Bjø- ne laga dei særprega mangletrea sine, og no er det 40 år sidan eg noterte ned det Hans sat inne med frå tida si på Finnset.

Rosemålar Gunnar Bø (1940-2016) fortalde meg ein gong at dei fleste rosemålarar la fleire lag med «blaut» måling oppå kvarandre før noko av målingslaga fekk tørke. Andre let eit målingslag tørke heilt før ei ny farge vart lagt oppå. Korleis Bjøkninj praktiserte dette, må eventuelt andre vurdere.

Sivert Hågensen


Eg veit ikkje av fleire rosemålarar frå Lesja som har flytta til Romsdal og drive med rosemåling der, men med det sterke innslaget med Lesja-må- ling som framleis er bevart hos oss, kan det ha vore fleire. To aktuelle namn er Hågen Arnesen og Østen Jakobsen. Båe var «opplendingar» og budde på Franssetet ved Fannesfor- den. Det har bygdefolk fortalt meg. Den siste var svigerson til den første, men vi veit ikkje kva dei måla. Deri- mot veit vi at son til Hågen Arnesen, Sivert Hågensen Fransset (1811-1890), var ein aktiv husflidsarbeidar og målar heile livet. Han kan ha lært av ein av dei to nemnde, for målinga hans har klare trekk frå Lesja så vidt eg kan sjå. Det er først og fremst i Bolsøy prestegjeld vi finn ting som Sivert Hågensen måla, men ved arv og oppkjøp er ein god del spreidd over heile Romsdal. Han gifta seg med Beret Maria Iversdotter Frans- gjerdet den 26. april 1863, og i 1865 budde dei under små kår på plassen



Kista over (R.7377) og kista under (R.2077) skal – etter familietradisjonen – vere måla av same mannen, Sivert Hågensen Fransset. Eg synest ulikskapen er for stor til det. Eg trur Kort- gaard-kista og Aspelund-kista er måla av Syver Syversen Øverli d.y., og at Sivert Hågensen har kopiert tulipanane hans på dei mange beiningskorgene han produserte og måla i 1840- og -50-åra. Sjå neste side.



R.2077. Denne kista skal vere måla av Sivert Hågensen Fransset. Han gifta seg med «Beret Maria Iversdotter Fransgjerde» fire år etter at kista vart måla. Eg er usikker på om familietra- disjonen er rett. (Romsdalsmuseets fotoarkiv)



«Amund Knudssen Aspelund 1838». Likskapen med Kortgaard-kista er stor. Syver Syversen Øverli d.y. oppheldt seg i mykje i Romsdal i 1830-åra.



To beiningskorger måla med rankar og tulipanar av Sivert Hågensen Fransset. Det er mange av desse korgene frå 1840- og -50-åra i bygdene rundt Fannefjorden. På eine sida er eit rundt felt med initialar og på den andre eit årstal. På desse står 1843 og 1847. I mine auge er desse måla i Lesja-stil, og målaren kan ha lært av Syver Syversen Øverli d.y. (Romsdalsmuseets fotoarkiv)



To laupar etter Sivert Hågensen, den eine frå 1840-åra, den andre ein skulelaup måla 1886. Han var då 75 år og var glad i blått. (Romsdalsmuseets fotoarkiv)

Hagateigen under Ner-Hagen vest for Hjelset.

Dotter deira, Maria Sivertsdotter gifta seg med Knut Andersen Hols-

bøvåg, og dei fekk dottera Beret Agnete Hagen (f. 1902). Ho fortalde i 1984 at Romsdalsmuseet har to kister som Sivert, bestefaren, har måla:

R. 7377 har tilhørt farmor hennar, og på denne står det «Brid Knuds Datter Kortgaard 1836». I mine auge har denne eit tydeleg Lesja-preg.

R.2077 har tilhørt mormor hennar, og på denne står «Beret Maria Iversdotter Fransgjerde 1859». Ho gifta seg med Sivert Hågensen fire år etterpå. På denne kista er både fargeval og mønster heilt ulik den første.

I form er desse kistene nokså like, men rosemålinga er heilt ulik. Den første er måla 22 år før den andre, og dersom det er Sivert Hågensen som har måla båe, har han lagt om stilen. Eg er derfor litt sikker på om det er han som har måla båe kistene sjølv om barnebarnet meinte det var slik.

Kor mykje Sivert Hågensen sjølv laga av det han måla, veit eg ikkje, men brødkorgene/beiningskorgene som han måla i 1840- og -50-åra, er svært like, og mi tru er at han også har gjort treverket på desse. I mine auge er både fargeval og motiv på korgene knytt opp mot lesjatradisjonen og har mykje til felles med Kortgaard-kista frå 1836.

Sivert heldt det gåande som målar til 1880-åra, men på dei siste tinga han måla, har stilen og fargevalet forandra seg nokså mykje, kanskje fordi smaken hadde forandra seg, eller fordi nye farger er komne i handelen.

«Amund Knudsen Asplund 1838»

Dette namnet står på ei fint dekorert kiste, og etter eit notat som P. Solemdal har gjort, skulle Amund ha vore rosemålar. Eg har registrert fleire kister med nesten identisk dekor frå Bolsøy i denne perioden, men problemet er berre at me veit ikkje kven mannen var. Amund er eit litt uvanleg namn i Bolsøy, og kombinasjonen «Amund Knudsen» er å finne i *Bolsøyboka* berre ein gong, og det er i bind 2. «Amund Knudsen Nakken» var med i ei jordskiftesak på Nakken i 1839, tinglese i 1840, og etter det er ikkje namnet hans meir å finne. Han er heller ikkje registrert som eigar eller husmann på Asplund-garden som ligg inne ved Osvatnet, men han kan ha vore der ein kort periode.

Det har vorte meg fortalt at han flytta til Åfløya i Nesset – på andre sida av Osvatnet – men heller ikkje der finn me Amund Knutsen. Amund Olsen Åfløy (f. 1829) var målar, men noko slektskap mellom dei to synest uråd å finne.

Etter at *Rosemåling frå Lesja* kom hausten 2019, har eg konferert med Odd Reidar Hole om kven han trur det er som har måle kistene «Amund Knudssen Aspelund 1838» og «Brid Knuds Datter Kortgaard 1836». Han er overtydd om at det er Syver Syversen Øverli (1780-1840). Han var mykje i Romsdal på denne tida, m.a. i Innfjorden 1836 (sjå seinare). Kistene er etter mitt syn måla i sterk Lesja-tradisjon, og eg trur Odd Reidar Hole har rett. Gjennom åra har eg sett mange kister – især i Bolsøy – med den same stilen, dei same motiva og dei same fargane, men eg har ikkje fleire bilde å vise til akkurat no.

Syver Syversen Øverli (1739-1820) og sønene Hans og Syver

I *Rosemåling frå Lesja* skriv Tord Buggeland at det er to store målarlekter på Lesja. Den eine har opphavet sitt i den kjende treskjæraren Jakob Bersvendsen Klukstad (ca. 1712-1773), han som skar ut altertavla både i Lesja-kyrkja (1749) og i Kors kyrkje (1769) i Romsdalen. Oldebarnet hans er Ola Jakobsen Klukstad, som i ettertid helst blir omtala som Ola Kvam (1810-1881), og som er godt representert i Romsdal.

Syver Syversen d.e.

Det er ikkje så mange rosemåla kister i Romsdal frå 1700-talet, det er derfor ikkje så lett å finne ting som Syver Syversen d.e. har måla, men i Oppigard i Eikesdalen står det ei kiste med namnet Aslach Peder Sen Thrygee Ano 1796. Han var barn nr. 8 i ein søskenflokk på 10, og Trygge-namnet var noko den velståande mor hans, Anne Bjørnsdtr. hadde med seg frå Aspøya då ho gifta seg til Oppigard i 1758. Aslak gifta seg i Lesjakyrkja mend Eli Johannesdtr. Kvam, så kontakten til Lesja var klar og god. Om denne kista skriv Tord



Aslak Pedersen Oppigard (1775-1865) fekk denne kista i 1796. Kista er måla i Lesja-stil, og så tidleg er det mest berre Syver Syversen Øverli d.e. som kan ha gjort det. Sonen Hans (Belle) lærte av far sin, men i 1796 var han berre 20 år.



Anne Aslaksdtr. Oppigard/Sæter (1800-1892) arva kista etter far sin, og hennar namn står inni lokket. Dette er skrive av Ola Kvam. (Om han, sjå seinare) (Foto Gunnhild Austlid Oppigard)



På denne kista står «Anne Ingebrigts Datter Malo Anno 1821», og målarer Hans Syversen Belle. Måten namn og årstal er skrive – saman med dekoren – er umiskjenneleg Bellinj. På gavlendane på denne kista er det fuglemotiv. (Foto: Romsdalsmuseets fotoarkiv)



«Eldrie Aslaks Datter Skaargen 1821» står det på denne. Som vanleg har Hans Belle laga til storbokstavar med mange krusedullar. Inni hjartet under nøkkelholet står (utan komma): *Tak o Gud som mig har Danet og som mig til Livet kom, du o selv har Veien Banet, Mig til Daab og Kristendom, Ieg vil med min(e) svag(e) Kræfter, Ste(d)se følge Veien efter.*



På denne kista frå Oppdalgarden i Vistdalen står «Sæmun SæmunSen 1822». Akantusrankane på storbokstavane viser at målarer er Hans Belle. (Foto Jan Ivar Koksvik)

Buggeland denne kommentar til meg: «Øvste rekke innskrift: Bokstav A liknar på den som Hans Syversen Belle stundom nyttar (sjå seinare). Her er også eit hornliknande ornament, som Belle ofte nyttar. Men 1796 er for tidleg for han. Eg vil foreslå Syver Syversen Øverli. Her ser vi ornament som sonen seinare brukte. Om botnfarga veit eg ikkje noko. Er det kostbart blått blanda med mykje kvitt for å spare pengar? – Eg trur det finst måling av Syver Øverli, an-

dre også, på 1700-talet, som vi ikkje har fanga opp godt nok.»

Hans Syversen (Øverli) Belle (1776-1860)

Dette er han som er omtala over, og som utan samanlikning er den lesjingen som har måla flest kister i Romsdal på 1800-talet. Han blir omtala som både Hans Syversen Øverli og som Hans Belle, for han flytta ein del. Etter det som står i *Rosemåling frå Lesja*, var han fødd på Sygard

Nørstebø, men så kjøpte far hans Øverli tidleg i 1790-åra. Hans dreiv Øverli til 1807, då garden vart delt i to, og han budde i Nordpå Øverli til 1813. Då bytte han åt seg Systugu Belle, som var ein større gard, og vart der han verande. Det er derfor han går under namnet Hans Syversen Belle, i daglegtale Bellinj – akkurat slik som Torstein Bjøkne vart kalla Bjøkninj.

Sjølv om han var gardbrukar, både laga og måla han kister, og han reiste til Romsdalsmartnan og selde mange av dei. Nic. H. Skotte på Setnes skriv akkurat dette i ein liten artikkel «Rosemåling – Lesja» i *Åndalsnes Avis* 10.4.1958. Likevel er det ikkje så lett å finne ut kva kister og tekster som han kan ha måla, utan å kjenne særdraga hans. Han brukar «kvite bokstavar på mørk bakgrunn. Dei står tett saman, og det er ofte ikkje mellomrom mellom orda. Forbokstavar eller kapitellar er gjerne gotiske med innflokke krullar i tynn stek. Ein må bruke god tid til å stave seg gjennom setningane», skriv Tord Buggeland.

For å vise kjennemerka hans, skal eg her presentere mange kister og dører som eg meiner han har måla. På alle desse er det forseggjorde storbokstavar med akantusrankar, og på toppen av nesten alle småbokstavar er det krusedullar i tynn strek. Doble t-ar som i «Datter» er bunta saman med eit hyssingliknande band som startar ved rota på den siste t-ten og held liksom t-ane saman.

I boka *Røter. Kulturhistoriske glimt i Romsdals Budstikke og Driva 2011-2014* skreiv eg ein artikkel om fire kister frå Veøy som alle har Lesja-stil. Alle har årstalet «1821» skrive på same måten. Eg visste ikkje då kven målarer var, men eg var overtydd om at det var ein lesjing som hadde opphalde seg i Veøy over lengre tid, kanskje i fleire veker. No er eg overtydd om at målarer er Hans Syversen Belle. Eitt av døma eg viste, var «Malo-kista», som har både hane og fugl på endane. No er eg overtydd dette var rette mannen, og her vil eg presentere fleire ting han har måla.



Det er langt mellom kister i Romsdal der eit gardsnamn frå Lesja er med. Hans Belle måla denne til «Marit Ols Datter Uleteyg 1805». Ho var då 16 år. Marit Torsteinsdotter Hattrem (1839-1884) hadde kista med seg då ho gifta seg til Oppigard i Eikesdalen 1863. Ho hadde arva kista etter Marit, bestemor si. Privat eige. (Foto Bjørn Austgard)



Skåpdør måla av Hans Belle 1810. Nede på døra står: «Frÿgtter Gud Og Kongen Ere Som Gus Rene Bud Os Lere - » Dei doble t-ane og dei forseggjorde storbokstavane viser kven som er målaren. Privat eige. (Foto Hans Erik Oppigard)



Hans Belle laga små kister som han sette oppi større når han t.d. skulle på Romsdalsmartenan. Her er to slike mindre kister. På den øvste står «Guri Erlans Datter Vig 1838». (Det skulle nok stått 'Ellingsdatter', men det er ei anna sak. Privat eige) Legg merke til korleis Hans Belle skriv dei doble t-ane i 'Datter'. Det er som om dei er bunta saman med ein tynn tråd som starta nede på den siste t-en.

Målarbesøk i Innfjorden 1836

I Innfjorden, i gamle Voll herad (no Rauma), levde bonden Knut Knutsen Gjerde (1794- 1870), og han førde dagbok i åra 1818-1860. I *Bygda-*

boka for Voll, bind I, har dei plukka ut nokså mykje frå desse dagbøkene, og her kjem eit sitat som interesserer oss: «I 1836 skriv Knud at Syver målar hadde vore i huset ei heil veke



«Lisbet Paaul Datter Kyllingen Anno 1811». Kista står i Kyllingstua på Romsdalsmuseet.



Frå andre halvdel av 1800-talet er dette eit kjent motiv på mange kister i Romsdal. Etter det som står i *Rosemåling frå Lesja* er denne utan tvil måla av Ola Jakobsen Kvam. På kista står «Olianna O. Gjelsten 1885», men dette er eit namn som er måla på ved eit eigarskifte.



og måla kister, skrin og mykje anna. Om det er tale om noko rosemåling er ikkje godt å vite, men det er ikkje utruleg når ein høyrer at målarane brukar kostene på kister og skrin. Om Syver var bygdamann eller farande handverksmann, veit me ikkje.»

Etter det eg har skrive om målarane frå Øverli, kan dette knapt vere nokon anna enn Syver Syversen Øverli (1780-1840). Han var då ein mann på vel 55 år, og hadde sikkert vore på slike oppdrag mange gonger før. Problemet er berre at vi i dag ikkje kjenner noko av det han måla under dette opphaldet i Innfjorden, men dersom det er rett at det er han som har måla dei to nemnde kistene i Bolsøy, veit vi kva slags motiv vi skal sjå etter.

Ola Jakobsen Kvam

Ola Jakobsen Kvam (1810-1881) var fødd på Klukstad og var av den kjende Klukstad-slekta. Han var fjerde generasjon målar, og det er mykje etter han i vårt område. Han gifta seg med Marit Olsdtr. Brue i Romsdalen, og det kan ha hatt noko å seie for at det er så mange rosemåla kister etter han her. Familien flytta ein del på seg, og til slutt slo dei seg ned på plassen Håmmåren under Kvam. Det er derfor han blir omtala som Ola Kvam. Tord Buggeland skriv at det finst dokumentert målararbeid etter han frå perioden 1832 til 1879, og her er berre nokre få «romsdalske» kister med.

Peder Christensen Simahaugen, Målar-Pe

Han heitte eigentleg Peder Christensen Simahaugen (1805-1857), og han var i slekt med Hans Belle og kan ha lært av han. Han budde ei tid i Romsdal, men slo seg til slutt ned i Aure. På Romsdalsmuseet er det mange kister etter Målar-Pe.

Peder Christensen Simahaugen, også kalla Målar-Pe, var glad i å måle blomsterkrukker på kistene. Det litt uvanlege med denne kista er at ho har flatt lokk. Det er ikkje sikkert at kista er laga på Lesja. På fronten står «Lars Pedersen Malmedal Aar 1832». R.0440.



Typisk Lesja-kiste måla av Målar-Pe. På denne står «Engebaar Asslags D Guussiaas 1834». Ho var dotter på Litl-Gusjåsen, f. 1819 og konfirmert 1835. Privat eige.



«Ole Jørgen Sen Hollok af Christiansun 1831» står det på denne kista. Namnet tyder på at han var frå Holåkhagen på Lesja, og det er ukjent korleis kista kom til Romsdalsmuseet. Truleg er det Målar-Pe som har måla denne også.

Motiv

Den typiske Lesja-kista slik eg ser det, har svart botn og frodige akanthusrankar med store, blomstrande tulipanar og «overflødigheitshorn». For å fylle ut alle flatene er det ofte bordar oppunder lokket, og elles andre blomster og roser innimellom rankane. Lokket og fronten er inndelt i klare felt som følgjer jarnbeslaga. Store kister har som regel tre felt, medan dei mindre har to. Dette hadde ei praktisk side ved seg: Ei kiste er nokså romstor, og for å få med seg fleire kister på lasset til martnan, laga dei kistene slik at dei mindre kistene gjekk oppi dei større.

Utstyrskister

Som sagt innleiingsvis var det stor innflytting frå Lesja til Romsdal. Dei aller fleste av dei som kom flyttande, hadde nok sakene sine med seg i kister og skrin. Slike kister har vi gjennom åra sett mange av på gardane i Romsdal. Ei av dei finaste eg har sett, er likevel den som oldemor mi tok med over fjellet til Eikesdalen då ho gifta seg dit i 1863. Kista var måla til mormor hennar, Marit Olsdotter Ulateig f. 1789 på Søre Ulateig. Ho gifta seg med Syver Fredriksen Hole 1809, og dei overtok då garden. Utstyrskista hennar hadde då stått ferdig i fire år. Marit


og Syver fekk dottera Åse i 1811, og ho vart gift med Torstein Hansen Oppistugu Hattrem i 1835. Denne Hattrem-familien hadde sterke band til Eikesdalen, og yngste dotter til Torstein og Åse, Marit f. 1839, gifta seg med Hans Pedersen Oppigard i 1863. Marit hadde då kista etter mormor si med som ein del av heimanfølgjet over fjellet til Eikesdalen. Åse, dotter hennar, fekk så med seg kista til Austigard då ho gifta seg dit i 1903. Sidan har ho vore i bruk der.

Namn på kistene

Det blir fortalt at målarane på Lesja gjorde kistene ferdig heime, slik at det var berre namnet på kjøparen og årstalet som mangla. Dette vart måla på etter at kista var seld. Eg viser her til det Nic. H. Skotte skriv i ein artikkel i Åndalsnes Avis i 10. april 1958. Skotte nemner fleire lesjingar som praktiserte denne måten å gjere det på, mellom dei brørne Syver Syversen Øverli og Hans Syversen Belle.

På ein del kister er namn og årstal overmåla, og namnet til den nye eigaren er skrive på. Dette kompliserer identifiseringa av både eigar og målar. Det er elles påfallande få kister i Romsdal som har eit gardsnamn frå Lesja framleis ståande på kista.

Veøykyrkja og målarmeister Peder O. Samseth med familie



På toppen av ei marmorert søyle har P. O. Samseth «signert» målararbeidet sitt. Slike signaturar er nokså uvanlege, og her er det gjort på baksida av ei søyle. (Romsdalsmuseets fotoarkiv)

På ei søyle i den gamle Veøykyrkja står det skrive: *Tag, Lemmer, Søiler, Døre og Vinduer samt Stoler og Altergulv m: m: er malet den 21de Juli 1858 af P. O. Samseth.* Fargeval og dekorelement ber nok preg av alder, men sjøve målararbeidet har halde seg utruleg bra. Det er trass alt 160 år sidan arbeidet vart avslutta. Kyrkja var i bruk i 50 år etterpå som soknekyrkje for bygdene omkring, og etter det var ho eit freda kulturminne. På dei årlege pinsestemna har det vore mykje folk innom kyrkja. Likevel er det svært lite slitaspør å finne, og fargane har halde seg svært godt gjennom åra. Den omfattande bjørkeådringa på dører og benke-

vangar er utruleg godt utført, og marmoreringa på søylene ber preg av høg kvalitet.

Restaurering av kyrkjerommet

Før vi ser på kven Peder O. Samseth var, og kva han hadde å hjelpe seg med, skal me først sjå på kvifor dette omfattande målararbeidet vart gjort akkurat i 1858.

I Romsdalsmuseets årbok 2008 var Veøykyrkja tema gjennom heile boka. Der kan ein m.a. lese eigne artiklar om middelalderkyrkja og den store ombygginga på 1600-talet. Dette er grundige artiklar som viser utviklinga over tid. I denne samanhengen tek me berre med at midt på 1600-talet vart det lagt nytt golv

i kyrkjeskipet, og det var først då at det vart sett inn lukka benker på bae sider av midtgangen. Etter om lag 200 år tok golvet i kyrkjeskipet til å svikte. Det var hol fleire stader, og det lukta ufriskt i kyrkjerommet. Mads Langnes skriv om dette i årboka for 2008, og i avsnittet «Vøling på 1850-talet» går han gjennom den diskusjonen kyrkjeieigarane hadde om framtidig vedlikehald. Det enda opp med at dei fjerna alle gamle benker, reiv opp golvet, laga nytt fundament og nytt golv, og så sette dei inn nye benker. Kyrkja var for lita i høve til folketalet. Derfor sette dei opp ein ny lem (galleri, «pulpitur») på nordveggen når dei først heldt på.

Rekneskapen viser at heile 17



«Bjerkeårdingen er dyktig utført» skriv målerikonservator ved Norsk institutt for kulturminneforskning, Tone Marie Olstad, i Romsdalsmuseets årbok 2008. (Foto Mads Langnes/Romsdalsmuseets fotoarkiv)

mann arbeidde mellom 20 og 40 dagar à 12 timar kvar for å gjere kyrkja ferdig, og på eit møte i februar 1858 gjorde kyrkjeieigarane vedtak om at inventaret skulle målast.¹ Dei hyra inn Peder O. Samseth, og våren og sommaren 1850 gjorde han alt målararbeidet ferdig på om lag to månader. Oppdragsgjevarane var særst godt fornøgde med arbeidet, og dei betalte han 40 Spd. for arbeidet, 38 Spd. for måling og 11 Spd. for anna arbeid og utstyr, skriv Mads Langnes. Desse prisane fortel oss ikkje så mykje i dag, men når ein veit at ei vaksen ku på denne tida kosta kring 10 Spd., måtte det vere bra betaling.

Målarmeister Peder O. Samseth

Kven var så denne Peder O. Samseth som stod klar til ei så stor oppgåve? Svaret er som me snart skal sjå: Han var nærare kyrkja enn ein skulle tru. Peder Olsen Samseth var fødd på Framgarden, Samset (gnr.113/4), i Måndalen i 1825. Han forlét bygda alt som ungdom, og han kom neppe attende. *Bygdaboka for Voll*, bind 2 viser at han hadde ein eldre bror som tok over garden, og slik sett hadde ikkje Peder «rettar eller plikter» på Samset. Det er heilt opplagt at han gjekk i målarlære hos ein fagmann,



Då Peder O. Samseth var ferdig med oppdraget sitt i 1858, fekk han skryt for «særdeles godt utført» arbeid av kyrkjeforstandarskapet. Knappt 80 år seinare skreiv William Coucheron-Aamot på vegner (av seg sjølv) og kyrkjeieigarane til Riksantikvaren at dei hadde tenkt å «faa bort den fæle gulmalingen som vore Bæsteforeldre oversmurte Kirkestolene med i 1850-aarene». Knappt nokon tenkjer på det i 2020. (Foto Johnny Bratseth/Romsdalsmuseets fotoarkiv)

men eg veit ikkje hos kven eller kvar. I Molde etablerte Erik Devold (f. 1825) frå Grytten seg som målarmeister i 1840-åra, men oppdraga hans var truleg nokså avgrensa, og miljøet derfor lite. Av andre kjelder veit me at det var han som måla den nye prestegarden på Helland, Vestnes, 1847-1848, men det er alt me kjenner av «Devold-måling». Det

er nemleg svært uvanleg at ein målarmeister «signerer» arbeidet sitt. I 1865 hadde han berre ein yngre bror, Ingebrikt Devold, hos seg i arbeid. Det er derfor langt frå sikkert at Peder gjekk læretida si hos Devold.

I Kristiansund, som var ein mykje større by enn Molde på denne tida, var situasjonen ein annan. Her

Pigmentliste for Veøy kyrkje 1858

			Spd	Ort	Skilling
26. mai	32 Potter Linolie	28 s:	7	- 2	- 8
	4 ½ " Terpentin	40 s:	1	- 2	- 12
	4 Pund Kobberrøg	12 s:	"	- 2	- "
	4 Pund Sølberglød	14 :	"	- 2	- 8
	1 Bog Sandpapir		"	- 1	- 1
	2 Pund Terrsjenne	32 s:	"	- 2	- 16
	1 Pund Umbra		"	- "	- 16
	1 Pund Florentinerlak		1	- 3	- "
	6 Pund Wenetianskrødt	6 s:	"	- 1	- 12
	10 ½ Pund reven Kridt	2 s:	"	- "	- 21
	1 Pund Kjørnrøg		"	- "	- 16
	4 Lod Pariserblødt		"	- 1	- "
	Pimpesten		"	- 1	- "
	Bensverte		"	- "	- 16
	3 Potter Edike	16 s:	"	- 2	- "
	25 Pund Blyhvidt	14 s:	2	- 4	- 4
	25 Pund Ocher	6 s:	1	- 1	- 6
	6 Potter Copallak	1 Spd	6	- "	- "
	½ " Damarfenis	2 ort 12 s:	"	- 1	- 12
	½ " Bogbinderolie		"	- 2	- "
	2 Vog reven Kridt	60 s:	1	- "	- "
	12 Pund Hornlim	28 s:	2	- 4	- "
	16 Potter Linolie	28 s:	3	- 3	- 16
	18 Pund Blyhvidt	14 s:	2	- "	- 12
	1 Vog Kridt	60 s:	2	- 3	- "
Juni 8:	1 ½ Pund Harpigs	18 s:	"	- 1	- 3
	½ Podt Damar	2 – 2 s:	"	- 3	- 6
	¼ Podt Poletur		"	- "	- 20
Juni 21	½ Podt Bogbinderfernis	48 s:	"	- 2	- "
	1 Pund Sølverlød	14 s:	"	- "	- 14
			36 Spd	2 ort	9 s:

Molde, den 30te Juni 1858

W. Petersen

Ovenstaaende Varer med her vedføjede Priser som accoderet, er af mig modtaget hvorfor Beløbet 36 Spd 2 o. 9 s: herved anvises til Udbetaling.



Sjablongmåling var på moten på 1800-talet. Det er truleg her Samseth har hatt bruk for «Kjørnrøk» og «Bensverte». Bildet er frå taket i nordvestre hjørne i kyrkja. (Romsdalsmuseets fotoarkiv)

pigment, løsemiddel og anna utstyr bevart for målararbeidet i 1858. Å finne ei slik komplett liste over fargebruken i ei kyrkje er temmeleg uvanleg, og for konservatorane som studerte målinga og målararbeidet i Veøykyrkja på 1900-talet, var lista ukjend.³ Eg har ikkje føresetnader for å seie kva pigment som var brukt på dei ulike stadene, men ein ting er eg sikker på: krit og linolje vart elta og banka til kitt, men noko av den rivne krita kan òg ha vorte nytta i kvitmålinga. Kommenterar om sjølve målararbeidet står i bildetekstane.

Giftarmål og flytting

Same året som snikkarane var ferdige på Veøya, gifta Peder O. Samseth seg med Torbjørg Andersdotter Vestad frå Sekken. Ho var fødd i Jostedalen den 16.02.1829, men kom til Vestad på Sekken i 1831 og voks opp der saman med foreldra og to eldre brør. Far hennar var den legendariske bjønnaskyttaren Anders Vestad, berre så det er sagt.⁴ Torbjørg og Peder gifta seg i Veøykyrkja den 28. desember 1857, og dei er innførde i kyrkjeboka på vanleg måte. Han var «Ungkarl» og ho «Pige» står det, sjølv

Merknad til vareuttaket frå Molde apotek:

1 pott = 0,965 liter; 1 pund = 5,977 kg; 1 lodd = 1/16 mark = 15,6 g; 1 våg = 18,5 kg; 1 Speciedaler = 5 Ort = 120 Skilling

Eg har ikkje føresetnad til å kommentere kvar alt dette er brukt, men nemner berre at oker er brukt til bjørkeådring og kopallakken er påført alle flater som er utsett for slitasje. Linolje og vanleg krit vart banka til kitt, og dette vart brukt til å sparkle sprekker og kvisthol. «Reven kridt» er nok brukt i kvitmålinga.


var det mange rike folk med flotte patrisiarhus på denne tida, og i folketeljninga 1865 var det heile 20 menn som hadde «maler» i ei eller anna form i yrkestittelen. Som me seinare skal sjå, budde Samseth meir enn 10 år på Frei etter at han hadde gjort ferdig Veøykyrkja, og det kan vere ein indikasjon.

Pigment og målarsaker frå Molde apotek

Peder O. Samseth tok ut alle råvarer og utstyr til målararbeidet sitt hos apotekar Westye Petersen på Molde apotek. Apotekaren sende så rekninga til Iva Stangenæs i Rødven, som var kasserar for kyrkjeigarane.² På den måten er alle opplysningar om



Peder O. Samseth (01.09.1825–03.03.1910) og kona Torbjørg Andersdotter Vestad fotografert av N. Solberg i Molde juli 1871. Dei fekk til saman fire barn: Oluf Anton (1) f. 27.08.1858, døydde av «ubekjent sykdom» på Frei 01.10.1860. Oluf Anton (2) t.v. på bildet, f. 16.08.1861, emigrerte til Amerika over Ålesund 19.04.1883, Karen Maria f. 04.09.1863 (mellom foreldra), konfirmert i Grytten 6.10.1878, vidare lagnad ukjent. Mathea Josefine f.10.10.1865, døydde av skarlagensfeber 05.02.1870, altså eit år før bildet vart teke. (Foto utlånt av Oddveig Sofie Eik)



Baksida av familiebildet frå 1871. Her har jordmora skrivne «Erindring til A. Vestad og Kone», altså ei gåve til foreldra hennar. To av barna var då døde. (Foto utlånt av Oddveig Sofie Eik)

om dei båd hadde yrkestitlar som det ville ha vore naturleg å ta med. Torbjørg (eller Thorbjørg og Torborg som det òg blir skrivne) var nemleg utdanna jordmor og tilsett i Frei i andre halvår av 1856.⁵ Rett etter giftermålet reiste ho (truleg) attende til Bjerkestrand på Frei, og nokre månader seinare fekk han det prestisjefulle oppdraget med å måle Veøykyrkja. Det er nokre usikre detaljar her, men eitt er sikkert: Den 8. august 1858 blir guten deira, Oluf Anthon, døypt i Frei kyrkje. Peder er kalla «Inderst», altså at han bur der til leige, medan ho er titulert «Jordmoder».

Jordmorstillinga avgjorde

Sjølv om Peder O. Samseth har fått mykje skryt for målararbeidet sitt i Veøykyrkja av både samtida og ettertida (sjå seinare), kan det sjå ut som at det er jordmor Torbjørg som avgjorde kvar dei busette seg. Medan dei budde på Frei, fekk dei også døtrene Karen Maria og Mathea Josefine, men det vart truleg litt hektisk for jordmora, for i 1862 sa ho opp stillinga si. Kommunen beklaga dette, og ho fekk med seg «kommunestyrets beste anbefaling» for det ar-



Samseth var truleg ferdig med taket i juni 1858. Ved restaureringa i 1970-åra var det berre måla inntil signaturen frå 1858. (Romsdalsmuseets fotoarkiv)




Marmorerte søyler under det nye galleriet mot nord. Det er truleg brukt blykvitt. Alle blymaling er giftig, men slitesterk, og desse søylene har halde seg utruleg godt gjennom 170 år. (Foto Johnny Bratseth/Romsdalsmuseets fotoarkiv)

beidet ho hadde gjort. Ved folketeljinga den 31. desember 1865 budde dei framleis på Bjerkestrand på Frei. Han er titulert «Snedker og Maler» og ho «Gjordemoder», men eit halvår seinare finn vi dei som innflyttarar i Veøy prestegjeld. Datoen er 22. juni 1866, og den nye bustaden var «Alfarnæs». Som grunngeving for flyttinga står «for at bosette sig her hvor Konen har faaet Ansettelse som Gjordemoder». Dei vart verande på Åfarnes berre fire år, og hausten 1870 flytta dei til Nes (Åndalsnes). Ho hadde fått jordmorstillinga i Grytten, og dei vart buande der resten av livet. I eit oversyn over jordmødrer i 1886 praktiserte ho som jordmor også i Eid sokn, og frå 1897 i Kors sokn.⁶ I 1899 var ho 70 år. Truleg slutta ho då.

For ein målarmeister på Nes var det sikkert arbeid å få sist på 1800-talet. Turisttrafikken var på veg opp, og det vart bygd fleire hotell, skyssstasjonar og forretningsbygg i denne tida, og skulle desse vere standsmesige, måtte dei nok vere måla.

«Maler» Peder O. Samseth døydde



«Kokoppe-Indpodnings-Attest» signert «Næss den 24de Juni 1872 Thorbjørg Samseth (Vaccinatrise)». Som jordmor hadde ho rett og plikt til å vaksinere barn mot koppar. Jordmora hadde ei tydeleg handskrift. (Utlånt av Oddveig Sofie Eik)



Dør på Bakken, Åndalsnes, gnr. 27/3. Huset til Knut R. Næs på Bakken var eitt av få som stod att på Åndalsnes etter bombinga 1940. Det kan vere Peder O. Samseth som har ådra denne døra, men me veit ikkje. Familien budde 40 år på Nes, men det finst ikkje «spor» etter arbeid som han har gjort. (Foto Guri Næs 2020)

3. mars 1910, og Torbjørg den 8. desember 1910. Dei to var eit populært par i kommunen, og bae to – og især jordmora – var ofte mellom fadrane i kyrkja både i 1880- og -90-åra. Derimot er spor etter målarmeisteren sitt arbeid nesten uråd å finne. Eg er overtydd om at han arbeidde i faget sitt heile livet, men utanom signaturen hans i Veøykyrkja, er han heilt usynleg.

Etterord

I samband med ei planlagd restaurering av Veøykyrkja midt på 1930-talet skreiv William Coucheron-Aamot til Riksantikvaren og bad han om å fjerne alt inventaret som kom inn i 1850-åra, og føre kyrkja attende til 1600-talet, kanskje til Christian 4. tid? Det vart heldigvis berre med tanken. I sakristiet er det ein del innreiingsrestar frå både 1600-, 1700- og 1800-talet, men å gjenskape kyrkjerommet til «fordums prakt» ut frå det litle som var bevart, ville bli kostbart, og kanskje ville kyrkja bli ståande berre halvferdig. Ho var jo nedlagd som soknekyrkje ein generasjon før.



Gamle innreiingsdelar utstilt i sakristiet i Veøykyrkja. Endestolpen på ein stolvange frå 1641 er avkappa, og litt ulike stoldører frå både 1600- og 1700-talet ville lett by på utfordringar om interiøret skulle først attende til 1600-talet. Gardsnamn på dørene er påmåla av lesjingen Hans Syversen Belle kring 1820. (Om han, sjå side 49)

Målarhelle med løpar. Ei slik helle brukte Peder O. Samseth når han reiv måling til arbeidet sitt. (Foto Audbjørn Rønning, Maihaugen.)

No derimot – etter restaureringa i 1970-åra – framstår kyrkja slik ho har gjort det i over 160 år. Snikkarane og målar Peder O. Samseth gjorde solid arbeid som vil stå seg mange generasjonar framover. Så kan dei som vil, drøyme seg attende til 1600-talet, gjere sine refleksjonar om dét nede i sakristiet. Men heller ikkje der får du heile sanninga. Stoldørene er truleg frå 1700-talet, og det vart ikkje måla gardsnamn på dei før i 1820-åra, og den som gjorde det, var ingen ringare enn Hans Syversen Belle (1776-1860) frå Lesja. Han kan du lese om på side 51.



Notar

- 1 Langnes, Mads: «Veøy kyrkje på 1700-, 1800- og 1900-talet.» *Romsdalsmuseets årbok* 2008. Molde 2008, s. 259-265
- 2 Lista er arkivert i Romsdalsarkivet O 4652. Bilag til rekneskapen for Veøy kyrkje 1858
- 3 Tone Olstad har i *Romsdalsmuseets årbok* 2008 skrive artikkelen «Konservatorene kommer! Restaureringsarbeidene i Veøy kyrkje på 1900-tallet». Samseth sitt arbeid er vigg svært liten plass i artikkelen. Det var det gamle, frå 1600-talet, som interesserte mest.
- 4 Eik, Steinar: «Bjønnaskyttar'n på Vestad». *Romsdal sogelag årsskrift* 1998. Molde 1998, side 134-148
- 5 Williamsen, Kristian: *Kulturhistorie for Frei*. Hefte 3. 1984
- 6 Ødegård, Ottar: *Sjukdom og helsestell i Romsdal*. Molde 2003, s. 131

Århelle, komfyr og komfyr

Tittelen på denne artikkelen er kanskje litt merkeleg, men det handlar om matlaging, eller rettare sagt utstyr for å koke mat i gamle dagar. Nemningane står her i ei bestemt rekkefølge, og det har eg gjort for å vise at det har skjedd ei utvikling på dette feltet både i praksis og språkleg. Temaet *oppvarming av hus, mat og matlaging* har interessert meg lenge, og i *Romsdalsmuseets årbok 1999* skreiv eg artikkelen «Skorsteinen i romsdalsk byggeskikk. Med bileggjar, kokomn, bakaromn og komfyr som tillegg». I årbok 2000 kom oppfølgjaren «Korn, brød og bakaromnar i Romsdal», og med det tenkte eg at den historiske utviklinga i grove trekk var dokumentert for området vårt. Eg brukte nemleg gamle hus, branntakstar, aktuell litteratur, fotografi og ikkje minst munnleg tradisjon som kjelder. To år etter at siste artikkel var skriven, skulle det vise seg at det mangla noko.

Nye opplysningar frå Fredrik O. Kylling

Våren 1978 tok Romsdalsmuseet ned Kyllingstua i Øverdalen/Verma, gnr. 77/1 i Grytten, og Vegvesenet frakta materialane til Molde. Der låg dei lagra i 8 år, og etter nye fire år stod det store huset ferdig til bruk. Under innreiingsarbeidet hadde eg mange samtalar med dei som hadde budd på garden. Beste informanten var den tidlegare eigaren, Fredrik O. Kylling (1916–2010), og han vart meir og meir begeistra for «resultatet» etter kvart som åra gjekk. Han inviterte meg heim til seg fleire gonger for at eg skulle komme og hente ting han meinte burde følgje huset, men Fredrik var hestehandlar og kunne nokre knep. Han porsjonerte derfor ut det han ville gie til museet i mange omgangar, og på den måten fekk han fleire besøk enn om alt vart gjeve i ein gong.

Den 28. april 2002 vart eg beden om å hente noko han hadde liggan-



Fredrik O. Kylling med århella frå Kyllingstua.

de på stabburet. Eg skulle til Lesja for å kåsere på ein songarfest på Ungdomshuset, og då svinga eg først innom hos Fredrik på turen oppover – eller ‘sørover’ som dei seier der. Der drog Fredrik fram ei krumma malmplata frå stabburdøra si. Plata hadde tre hol, og til kvart av hola følgde det med omnsringar og tre lokk som høvde til dei minste ringane. Eg hadde ikkje sett noko slikt før, og eg hadde heller ikkje høyrte om noko liknande. Då forklarte Fredrik at denne malmplata stod innmura i klebersteinsgrua inne i stua då han var liten, og det var der dei koka maten fram til 1908. Dette året bygde dei nemleg om huset, og i staden for å koke mat inne i grua, fekk dei no vedkomfyr i det store, nye kjøkkenet på baksida

av huset. Fredrik opplyste vidare at denne malmplata stod i grua heilt til 1924. Då vart ho «kasta ut» og ein «Bjønn-omn» var sett inn i staden.

Nyttig tur til Lesja

Det skulle vise seg at tidspunktet for overleveringa var særst gunstig. Eg skulle som sagt til Lesja for å kåsere. Temaet mitt var husmannsguten Jørgen Olafsen frå Lesja, han som vart lærar i Veøy, og som starta songkor der kring 1860. Arrangøren venta mykje folk, og det slo til. Eg heldt kåseriet mitt, og så greidde eg ikkje å halde meg: Eg måtte fortelje om «klenodiet» eg hadde i bilen, og det var lurt. Mange lesjingar hadde sett ei slik innretning før, og med omnsplata i lasterommet på stasjonsvog-

na var det berre å opne luka bak. For mange var dette velkjente saker. Somme visste til og med om hus som framleis hadde ei slik plate intakt i grua: Søre Rolstad og Sygard Nørstebø i Kjørumsgrenda vart nemnde. Odd Reidar Hole (f. 1936) og Arne Amundsgård (f. 1935) meinte at desse platene kom til Lesja kring 1850.¹

Munnleg kartlegging

Etter dette vart det ein ringerunde til ein del kjenningar i Øverdalen, og Astrid Lykkeslet Sæther (f. 1942) mintest at på Lykkesletta (gnr. 76/1) var det ei slik malmlate med tre hol inni klebersteinsgrua slik som på Kylling. Astrid mintest ikkje at det vart koka mat der, men fram til ca. 1950 vart stua oppvarma berre ved hjelp av denne innretninga. Bestefar hennar, Ole Lykkeslet, steikte spekesild på glørne under malmlata etter at loggen hadde slokna. Dei fyra gjennom ei omnsdør under plata, og denne omnsdøra stod mest nedpå golvet. Ei blekkplate oppå golvet låg rundt heile grua. Inni hjørnet på grua gjekk det ei omnsrøyr opp frå ei opning i malmlata og opp i pipa. Opninga i gruekappa var også dekt med ei blekkplate slik at ikkje varmen skulle «forsvinne» opp gjennom pipa. Etter at malmlata var kasta ut, vart det sett inn ein Jøtul-omn inni grua.

Klebersteinsgrua i Lykkesletta vart riven ned i 1960 av Johan Alnæs jr., men klebersteinsvangane og kvelvingen er tekne vare på i uthuset. Malmlata har stått ved uthuset i 70 år og er nokså rusta i dag.

Folk eg ringde til i Øverdalen i 2002, mintest ikkje fleire heimar som hadde denne innretninga, men etter at eg hadde lært kva eg skal sjå etter i dei mange gruene som var/er i Øverdalen, er eg overtydd om at på Stokke (gnr. 74/1) fanst også denne innretninga. Den grua fotograferte eg i 1987.

Den 31. mai 2013 var eg igjen beden om å komme til Lesja for å tale, og då nytta eg høvet til å etterlyse denne spesielle typen malmlater. Saman med Odd Reidar Hole og K.M. Bjørneby reiste eg til Stor-Kolstad for å sjå. Sigurd Kolstad, far til



Frå Kyllingstua våren 1978, rett før rivning av huset. Inne i grua står «Bjønnonnen» som vart innsett i staden for århella i 1924.



Malmlata frå Kylling – etter litt pussing. Gruer med rund 'kappe' hadde avrunda plater. Det vart fyra under plata, og røyken kom opp i den «halv-runde» opninga som peikar mot fotografen på bildet. (Sjå neste side)

eigaren, viste oss rundt til i stua, og der var alt intakt, og før kvelden var omme, hadde K.M. Bjørneby oppspora ei laus plate også. Denne viste at det har vore brukt både avrunda malmlater og kvadratisk/rombiske på Lesja. Fasongen var avhengig av kva form grua hadde hatt. (Sjå foto)


Århelle eller århelle

Eit spørsmål som melder seg nokså tidleg: Kva kallast desse malmlatene som eg ikkje hadde høyrte om før? Fredrik Kylling hadde ikkje noko særskilt namn på ståande fot, og det hadde heller ikkje informantane mine på Lesja, men dei prøvde seg nokså fort med «århelle». Eg var nokså ivrig den gongen på å få eit namn på denne plata, men noko anna enn «århelle» kom ikkje fram korkje i 2002, 2013 eller under bildeinnsamlinga seinare.



Århella på Stor-Kolstad er av kleberstein, og innlegget er litt bak t.h. Klebersteinsommen er sett inn seinare. (Foto 2013)

Kva er så århelle, eller århelle som det gjerne blir skrivi? I Norsk Ordbok, bind 12 står: «helle i (fremste del av) botnen på eller framfor eldstad». Ein av mange stader dette namnet vart nytta slik, er i Nord-Gudbrandsdalen. Utgangspunktet for namnet kjem frå den opphavlege åren/grua der dei fyra.



Klebersteinsgruene i Kylling (t. v.) og Stokke (t. h.) har ulike form, men i b e gruene vart den st ypte  rhella erstatta med ein god vedomn f rst p  1900-talet.



Kvadratisk  rhelle p  Bekken, Otta. For   kunne bruke grua som peis er det sett inn ei klebersteinsplate over r ykhilet inni grua. Ein moderne j tul-ovnen st r framom grua.




Fyringsd ra i grua p  Bekken er utan st yperimerke og dermed utan datering. Den nye J tul-ovnen er plassert slik at d ra kan  pnast. (Foto Tor Einbu)

Dette bildet er fr  eit eksperiment 2017. Den originale malplate er her plassert p  tre teglsteinar inne i dagens grue i Kyllingstua slik at me kunne fyre under. Den gongen malplate var  rhelle i denne grua, stod ho 30-40 cm over golvet, og dei fyra gjennom ei d r inne ved eine vangen p  grua. Plata var truleg st ypt etter m l.



Århelle av malm med fyring på framsida. Her står ei omsnrøyr inst i grua slik at det kan fyrast under plata. Dette er frå Otta. (Foto Tor Einbu)



Frå skysstasjonen Ormem i Øverdalen. Grua er frå først på 1800-talet. Her er det sett inn ein kokomn (med to hol) framfor grua i staden for århelle. Dette var ein svært vanleg måte å gjere det på i mange romsdalsbygder.



Århella på bildet over er montert i fronten. Kampen jernstøperi AS var etablert 1865, så døra er yngre enn det. Eit moderne omsnrør er montert inst i grua slik at det kan fyrast under århella. (Foto Tor Einbu)



Sist på 1800-talet kom vedkomfyren og revolusjonerte matlaginga og oppvarminga i Romsdal. Det var ein slik omn sokneprest Torsen fekk montert på kjøkkenet på Nesset prestegard kring 1900.

Når så denne delen av grua vart fjerna og erstatta med ei malmplate i same høgd som den opphavlege århella (i stein), så vart namnet berre vidareført til malmplata også. Som døme på bruken av ordet århelle i Norsk Ordbok er brukt «kaffekjelen står på århella og ventar».


I Romsdal er dei gamle namna knytt til grueane (peisane) stort sett gått i gløymeboka, men eg har registrert nemninga *gruvsteinen* på fremste delen av grua, medan Asbjørn Sæbø kalla den inste delen av grua, der dei fyra, for *been*.²



Ei rombisk århelle frå Lesja. Dei mange formene på platene tyder på at dei helst vart støypte etter mål. Eg har ikkje sett eit einaste fabrikkmerke. Omnsdørene har fabrikklogo i fleire tilfelle, m. a. Kampen støperi.



Århella som vart kasta ut frå Lykkjesletta i 1950. Ti år etterpå vart klebersteinsgrua også fjerna. Denne århella er nærast identisk med den som er bevart frå Kyllingstua. Alder og fabrikkat er ukjent. (Foto Astrid Lykkeslet Sæther 2020)



Frå bruket Djupmyra, Strøm i Bremnes. Ein moderne komfyr er sett inn i grua. Wilhelm Lund registrerte ikkje ei einaste århelle av malm i si store undersøking frå Nordmøre først på 1900-talet. (Kopi frå Årsskrift for Nordmøre, 1982)



Denne grua har århelle av kleberstein og berre to kokehol. Fyringa er nede ved høgre vangen og det var nokså vanleg. (Foto Tor Einbu)



To gruer i hus som er under riving (på Otta?). Her er århellene plassert litt oppfrå golvet. (Foto utlånt av Tor Einbu)

«Komfüren» på Nesset prestegard
Sokneprest Peder Bjørnson bygde ny, moderne prestebustad på Nesset prestegard i 1845–46. På kjøkkenet var det ei stor grue, og denne blir i takstar og visitasar omtala som grue/ildsted. Etter 50 års bruk var heile prestebustaden, og især det store kjøkkenet, temmeleg nedslite og gammaldags etter at sokneprest Steen hadde vore der i 30 år. Den nye soknepresten, Johan Theodor

Thorsen var lite fornøgd. Han kom frå den meir moderne prestegarden på Haukeberg i Eidsbygda, og etter ein inspeksjon hausten 1895 skreiv han (klage-)brev til Kongen. Der står m.a. følgjande: «I huset findes ikke en eneste brandmur. I stedet for saadanne er et lag ler festet til væggen bag ovnen. Komfüren bestaar af en indmuret malmlade.» Eg er ikkje i tvil: Dette var ei slik plate som stod i grua på Kyllingstua. Det står ikkje at det er kokehol i malmlata, men når me veit korleis dei seinare vedkomfyrane såg ut, er det naturleg å tenkje seg at det var hol i plata. Saman med brevet la Thorsen ved to grunnriss av huset: Eitt slik det var, og eitt slik han ønskte å få det. Kvart rom er omtala med namn, og om kjøkkenet står: «Kjøkkenet med grundmuret Skorsteen og Comfürindretning». Etter teikninga å dømme var grua så stor at ho dekte 1/8 av kjøkkenet.³

«Komfyren» i ei brytningstid

Så godt som alle som er vaksne i dag, veit kva ein vedkomfyr er: Det er ein omn med tre (kanskje fire) hol med kokeringar oppe på plata og med steikomn ved sida av fyringsrommet. Komfyr med steikomn kom på «storgardane» alt i 1850-åra, står

det i Norsk Ordbok, og viser til ein artikkel i *Årbok for Glåmdalen*. Det stemmer nok, men eg trur at desse malmpplatene med hol også vart kalla komfyr. Namnet komfyr har vi lånt frå hollandsk komfoor, som igjen er har røter attende til Frankrike. Dette viser at denne omnstypen ikkje er noka norsk oppfinning. Eg trur derfor at det fanst to ulike kokeinnretningar kring 1850 som vart kalla komfyr. I branntaksten frå 1848 for kapteinsgarden Vorpeneset – grannegarden til Nesset prestegard – står det at på kjøkkenet var det «Skorsten af Graasten med Komfyrindretning og Stegeovn». Presten Bjørnson og kaptein Schnitler var rivalar, det galdt å vere best. Kanskje hadde kapteinen kjøpt ein meir moderne komfyr med steikomn rett etter at presten hadde montert malmplata si året før?

På Moldegård hadde dei komfyr alt i 1837, men det var neppe steikomn i denne så tidleg. Skipsbygger Lars Jensen Hammeraas på Helland hadde kokomn «eller komfyr» på kjøkkenet alt i 1863. På grannegarden Rømmem i Vestnes var det bakaromn i kjellaren og komfyr på kjøkkenet i 1853. Kanskje var det berre ei malmpplate med hol?

Kjøpmann Bastian Michael Width kjøpte og renoverte Nøisomhed på Fannestranda i 1860-åra, og i branntaksten frå 1866 står det at kjøkkenet hadde «Comfyr med Stegeovn».

Etter at Landhandlarlova av 26. mai 1866 vart teken i bruk, fekk folk tilgang på nye varer, og utover på 1800-talet kom det støypte omnar av mange slag. Somme kjøpte seg ein kokomn som dei sette ved grua på stua, medan andre bygde om husa sine og monterte komfyr med steikomn på kjøkkenet. Lensmann Erik Hole i Nesset kjøpte ny kom-

fyr i 1882 og forsikra han i Norges Brannkasse. Truleg var han ikkje fornøgd med kjøpet, for to år etterpå skifta han ut den relativt nye komfyren med ein større og mykje dyrare komfyr, kanskje eit anna fabrikkat? Det er forsikringsprotokollen som gjev oss opplysningar om dette bytet, og tolkar eg dette rett, må det ha skjedd ei rivande utvikling på komfyr-sektoren sist på 1800-talet. Støyperia utvikla stadig betre omnar. Ein skal derfor ikkje undrast på at dei som hadde berre ei malmpplate inni grua si, skifta ho ut med ein komfyr.

På Nordmøre har dei knapt hatt slike støypte årheller i gruene sine. Det er konklusjonen eg dreg etter endå ein gong å ha lese artikkelen «Ildsteder og belysningsmidler paa Nordmøre» av Wilhelm Lund.⁴ Han reiste rundt på Nordmøre først på 1900-talet og intervjuar og fotograferte gruer og lysomnar i dei fleste prestegjelda, og materialet presenterte han i *Foreningen til norske Fortidsminnesmerkers Bevaring, årgang 1911*. Det er ein grundig artikkel, der påverknad og utviklingstrekk er stadig framme. Kokomnane og komfyrane er omtala, men ikkje den støypte malmplata.

Kven støypte århellene?

Dei fleste omnar og vedkomfyrar har eit synleg fabrikkmerke, altså ein logo eller eit namn på støyperiet, men på dei malmpplatene eg har sett, finst ikkje noko slikt. Eg kontakta derfor referansebibliotekar Anders Kvernberg på Nasjonalbiblioteket med spørsmål om det fanst katalogar frå norske støyperier der slike plater var med. Det fann han ikkje, og han sende spørsmålet vidare til Norsk Teknisk Museum, som heller ikkje fann dette produktet i støyperikatalogane. Dei konkluderte derfor med at desse

komfyrplatene truleg var produserte etter mål. «Markedet» var truleg ikkje så stort at det vart noko å satse på. Ringar og lokk derimot var standard.

I boka *Gamle ovner i Norge* av Ulf Hamran⁵ står det bilde av ein «komfyr» med to kokehol og utan steikomn, men her er det også støypt front til forskjell frå dei som er omtala her. Hamran har datert denne til ca. 1830-50, og produksjonsstaden er Næs Verk, og dette er i grunnen noko anna enn det som er temaet her.

Ein presentasjon

Kor mange gruer med innmura «århelle» som har eksistert, vil me aldri få vite. I lokallitteraturen har eg sett berre eitt bilde av ei slik innretning, og det er i *Årbok for Lesja 2010*. Forfattaren er Odd Reidar Hole, og omtalen, som er nokså kort, står nærast som ei bildetekst på side 70.

Eg har i det følgjande valt å vise kva eg har registrert av gruer med støypt århelle, og så er det å håpe at nokon tek opp stafettpippen og leitar vidare. Eitt er i alle fall sikkert: I øvre del av Gudbrandsdalen har desse støypte århellene vore nokså vanlege, og det er nok derifrå ein del romsdalingar lærte å innrette seg på same måten.

Notar:

1 Bjørn Austigard, Feltbok 7. mai 2002.

Feltbøkene mine er private, men dei vil bli arkiverte i Romsdalsarkivet.

2 Norsk Ordbok har forma bed med tydinga «botnen i ein eldstad» og «inst på århella». Nemninga er kjent i eit stort område.

3 Bjørn Austigard: «Bygningane på Nesset prestegard – ein dokumentasjon», *Romsdalsmuseets årbok 2001*, s. 9-41

4 *Årsskrift for Nordmøre 1982*. Utg. av Nordmøre historielag, Kristiansund 1982.

Nyopptrykk av Wilhelm Lund: «Ildsteder og belysningsmidler paa Nordmøre». 1911.

5 Ulf Hamran: *Gamle ovner i Norge*. Oslo 2000, s. 64

Lås og slå

Denne artikkelen skal handle om namn og nemningar knytte til lås og låsemetodar. Som museumsmann fann eg fort ut at eit lås kan vere så mangt, og formåla med å låse inne – eller ute – dette eller hitt kunne vere temmeleg ulike. Låsemekanismane har spent frå det heilt enkle, slik som 'purkhusnabben' som heldt grishusdøra stengt slik at grisen ikkje kom seg ut, til den meir kompliserte 'bruraroms-prysillen' som hindra uvedkommande i å komme seg inn til brurfolket bryllaupsnatta. Måleri frå 1500-talet av St. Peter med himmelnøkkelen viser at der er det avansert lås som ikkje kan dirkast opp med ein streng.



St. Peter med nøkkelen til himmelporten slik kunstnaren såg der for seg på 1500-talet. Dei fleste gamle kyrkjer hadde eit meir dirkefritt lås enn dette.




Kistenøkkel med forseggjort nøkkelsjegg frå 1808. Kvant einaste hakk og hol på skjegget må med vere der for at nøkkelen skal gå rundt i låset.

Etter tusen år med låsing har det utvikla seg eit utruleg stort teknisk og språkleg mangfald på dette feltet. Som så mange andre stader i denne boka, brukar eg nokre forklarande ord til eit bilde i staden for ein meir teoretisk omtale av ein lås-type. Når du som lesar dreg kjensel på noko du sjølv har, men ikkje veit kva er, kan du seie: Endeleg fekk eg forklaring på noko eg har spekulert på.

'Bak lås og slå' – eit fast uttrykk

Å putte bak lås og slå' betyr i dag å sette nokon i fengsel, men både lås (lås) og slå (slå) er gammalnorske ord, og kvar for seg har dei hatt litt ulik tyding dei tusen åra dei har vore i bruk. Til eit lås høyrer det som regel ein nøkkel av eitt eller anna slag, og det skal eg komme attende til.

Å sette slå for t.d. ei seterdør betyr å sette ein bom eller ei stong for døra slik at uvedkommande ikkje skal komme seg inn. Dei første åra eg arbeidde på Romsdalsmuseet, stod det slå for fleire uthus- og svaldører, og desse var sett der for at folk ikkje skulle kunne bryte seg inn og stele eller gjere hærverk, – altså det motsette av ei fengselsslå som skal hindre arrestanten i å bryte seg ut.



Detaljar inni eit kistelås. Skjeggjet og låsemekanismen høyrer saman.

Sluttaren

Dei siste to-tre hundreåra har nok fangane vore stengt inne med nøkkel-lås. Fangevaktaren bar på ei stor nøkkelhonk, og i dag ville me kanskje kalle han for ein 'nøkkelmann'. I eit fengsel var det arrestforvararen

(justisvaktmeisteren) som var sjefen, men han hadde som regel ein assistent som gjekk med nøklane, og han hadde det folkelege namnet 'sluttaren'. Eg høyrde dette namnet brukt første gong på eit slektsgranskingskurs på 1970-talet. Ein delta-



Dei gamle tre-koffertane frå først på 1900-talet har låset utvendig på fronten av kofferten. Oppi lokket er det eit stort rom.



Romsdal amts vegkasse, pengekista. Her er plass til tre hengelås + eit kistelås bak den midtre låseslåa.



Typisk hengelås frå først på 1900-talet. Som regel følgde det med to nøklar.



Ny dør med slå på Tingvoll Museum. Dette var eit vanleg stengsel på uthusdører.

kar fortalde om ein slektning som hadde sete inne og som enda opp med å få ein unge «med sluttara».

Yrkestittelen 'Slutter' er brukt i folketeljinga for både 1875 og 1885, men dette ordet eller namnet finn eg korkje i Norsk Ordbok eller på Google. På www.naob.no står det at ordet stammar frå det nedertyske 'slutte' som har med å låse og lukke

å gjere. Ei dør som 'sluttar' godt til dørkarmen, stengjer eller tettar godt. Opphavet er nok det same.

Nøkkel eller nykjyl

Når eg er i Molde, seier eg 'nøkkel' for å bli forstått, men når eg er heime i Eikesdalen, seier eg framleis 'nykjyl' slik eg gjorde då eg voks opp, og eg er overtydd om at eg ikkje er åleine


om å seie nykjyl eller nykjil. Det er ikkje rart at denne gjenstanden har mange namn, så mange utformingar som han har hatt. Kyrkjeknøklar, stabburnøkklar, kistenøkklar m.m. er som oftast svært forseggjorde og er som reine kunstverka å rekne, der nøkkelskjeget er tilpassa den kompliserte mekanismen inne i sjølve låsekassa. Eit moderne lås med systemnøkkel er nok sikrare, men har likevel preg av å vere dusinvare.

Kolvelås eller kolbelås


Dette er eit gammalt hengelås med flat nøkkel. Slikt lås vart brukt på naustdører, seterhus, bjelleklavar, ja, til og med på futul for hest (sjå illustrasjonar). Låset kan opnast ved å ta ut ein låsesplint som er påmontert 3-4 stålfjører. Det er denne splinten som heiter kolven (eller kolben) og som har gjeve låset namn. Ved å stikke nøkkelen inn i holet på motsett side av kolven, blir fjørene pressa saman slik at kolven kan takast ut og hengelåset lèt seg opne. Norske museum er 'fulle' med slike kolvelås, men eg har ikkje møtt meir enn ei handfull personar som har sett dei i bruk.



Kolvelås med to nøklar. Det uregelmessige holet i enden på nøkkelen er tilpassa fjørene på kolven. Nøkkelholet vender mot fotografen, og kolven er i andre enden.



Prinsippskisse for eit kolvelås. Den flate nøkkelen klemmer stålfjørene på kolven saman slik at kolven kan takast ut og låset er ope. (Teikning: Tone Anda)



Denne typen dørlås har klinke (1) – den lange slåa/stonga) – på den eine sida av døra og ei lita vektstong (2) til å løfte klinka med, på den andre. Klinka kviler i ein krok (3) som står fast i dørkarmen. For å opne døra må klinka løftast over kroken. (4) er eit tenkt hol (ring) i dørkarmen. Ved å sette ein prysill i holet over klinka (4), kan ikkje døra opnast.



Diverse prysillar som eg har sett og fotografert: 1. Frå Ola Bø-museet, Måndalen; 2. Heimsmidd prysill, Romsdalsmuseet; 3. To prysillar frå Hoemsetra, Eikesdalen, bruraroms-prysillen (i massing); 4. Heimlaga prysill i Peder L. Romulds samlingar.



Dørlås med prysill. I kammersdøra i Vistdalsskulen på Romsdalsmuseet er det hol for prysillen. Prysillen stenger slik at klinka ikkje kan løftast. Ved å skrue 'nøkkelen' inn i prysillen kan ein ta denne ut slik at døra kan opnast.

Klinke og prysill

Opphavleg var 'klinka' ei om lag 30 cm lang jarnslå som kvilte på ein krok i dørkarmen (sjå foto). På andre sida av døra var det ei hevearm (vippearms) som gjekk gjennom dørbladet, og som ein kunne løfte klinka (låseslåa) med, slik at døra kunne opnast. På 17- og 1800-talet var dette svært vanlege dørlås i bustadhus. Seinare kom innfelte låsekasser med døratrøkkert eller dørhandtak. Dette dørhandtaket har fleire stader arva namnet 'klinke' (dørklinke) frå det gamle låset.

Ei dør med låsekasse har nesten alltid ein nøkkel som kan takast ut etter at døra er låst. Den gamle klin-



Til venstre: Laup med kodelås frå Røros. Alle knappar må vere rett innstilt skal ein få opp lokket.

Over: Lensmann Peder Sira sin laup frå 1827 har same låsemekanisme som Røros-laupen.



ka med jarnslå kunne ikkje låsast slik utan vidare. Det er her 'prysillen' kjem inn. I Norsk Ordbok er oppslagsordet 'prysel', og han er forklart slik: «(lås med) gjenga nykel som ein skruvar fast i ein mutter når ein låser opp.» Dette er heilt rett, men eg vil sjå den som forstår dette utan vidare. Eg har møtt berre éin person som har sett prysillen i bruk. Det var Peder L. Romuld frå Kleive (f. 1909), og eg har tala med berre fire personar totalt som har visst kva det var og korleis prysillen vart bruka. Eg er tilhengar av illustrert kulturhistorie/språkhistorie og ber lesaren studere bildetekstene nøye, for dette er truleg første gong det blir vist på trykk. Men har du ein prysill, må du ikkje nøle med å ringe meg!

Mange sortar «lås og stengsel»

I det følgjande blir det vist mange sortar lås og stengsel.



Frå ei utløe i Mardalen. Ein trenabb held døra atte.



To ulike dørhakar eller krokar. Den eine er handsmidd på 1800-talet, og den andre er maskinprodusert først på 1900.



Tre ulike dørhandtak. T.v. er ein støypt dørvidar i massing frå 1700-talet, og i midten ein handsmidd vridar frå 1800-talet. Her er døra og låset seinare snudd opp-ned. I Eikesdalen kalla me eit slikt dørhandtak for «krampill», men eg har ikkje funne at det vart sagt i andre bygder. Til høgre er ein typisk 'døratrøkkert' frå først på 1900-talet. Her er det symmetrisk låsekasse der døra kan låsast med same nøkkelen frå båe sider.



Enkle tre-lås i uthus og liknande. T.v. ein «kvervill» som har som funksjon å halde døra atte. Dei to andre bilda viser prinsippet for ei «loke». Her kan døra stengast og opnast frå båe sider. (Foto Knut Anders Vestad)



Tre lås av metall. T.v. eit handsmidd skaplås frå 1700-talet, så to typiske masseproduserte lås frå først på 1900-talet. Låset i midten er typisk for kott-dører, uthusdører og døddører. Her er det ein (nokså enkel) nøkkel på utsida og ei vridar på innsida også som har ein låsefunksjon. Låset t.h. vart brukt på kjøkkenskap, kleskott og liknande.

Navaren – ein eldgammal reiskap

På oppfordring frå nokre lesarar vil eg denne gongen skrive litt om verkty og nemningsbruk knytt til handverk. Dette er eit felt som har interessert meg lenge, spesielt etter at Løve Stokke si bok «Hus og husbygging» kom ut for 20 år sidan. Eg har derfor notert ned ting eg har sett, høyrte og lese gjennom mange år, og eg vil starte med navaren.

Seks slag navarar

Det var han far, Torstein Austigard f. 1908, som første gongen rangerte navarane for meg etter størrelse: Spikarnavar, riv(e)navar, keipnavar, stallbending og husnavar. Heime hadde me dei fire første, og som unge brukte eg alle saman, men eg visste ikkje namnet på alle. I ettertid ser eg at namna er logiske, alle saman: «Spikarnavaren» laga hol på størrelse med ein stor spikar, »rivnavaren» laga høvelege hol for rivetindane, og »keipnavaren» brukte dei når dei skulle bore hol for hamlebanda i båtkeipane. Typisk for desse var at dei alle hadde eit bruksområde som var større enn det navar-namnet sa.

Når ein ser på namna, er nok «stallbending-navaren» den som skil seg mest ut. Det er nesten ingen i dag som kjenner nemningane «stallbending» eller «stallband» og som assosierer dette med noko kjent. For å forklare namna må me sjå for oss ein gammaldags slede med meiar. Oppå meien står eit kraftig trestykke som heiter «fjetre»(!), og oppå fjetret (eller felt inn i fjetret) ligg «fløtstokken» (flatstokken) som ligg på tvers av sleden, og oppå der igjen ligg ei «rem» langsetter sleden. «Stallbandet» er ein rund pinne som held det heile saman. Det er som regel to stallband for kvart fjetre, og dei går gjennom remma, så ned (på kvar side) langs med fjetret og til slutt gjennom meien der dei er «åretta» (festa med ein blegg). Stallbanda held altså sleden saman (sjå foto). «Desse orda forstod eg ingen ting av,» tenkjer du, men så



Samling med navarar hos Inge Huse på Harøya. T.h. Spikarnavar og rivnavar. T.v. tre keipnavarar, men ingen stallbending-navar eller husnavar i denne samlinga.

er dei då også minst 1000 år gamle og verneverdige alle saman.

Tind-tre eller lø – eit trestykke med mange hol

Å smie stallband, rivetindar o.l. var vinterarbeid. For å kunne tilpasse emnet med holet dit bandet eller

tinden ein gong skulle, hadde dei eit trestykke med mange ulike hol som dei brukte til å kontrollere smiinga. Ein rivnavar t.d. hadde ikkje eit eksakt mål, men tind-treet (også kalla lo/lø) hadde hol som var laga med den same navaren som rivene på garden, og då passa det alltid (neste side).



Detalj på ein slede med mei nede og rem oppe. I 1000 år har stallbanda (dei to runde pinne) halde sledane saman på denne måten.



Gammaldags båtkeip laga av Bård Hegerholm ca. 1905. Det er brukt keipnavar til å lage hol for hamlebandet. Det fanst både store og små keipnavarar.



Bordkledninga på Nordhaug, Romsdalsmuseet, er festa med trenaglar. Her er brukt tro-navar for å lage hol. For å få navaren til «å bite» (slik at ein kjem i gang) er det hogge «navarbit» i bordet med hjørnet på ei skarp øks.



Fire husnavarar og ein stallbendings-navar på Nerland i Vistdalen. Dei er plasserte i eit «hald» høgt oppe på veggen (for at ungane ikkje skulle bruke dei/«ronnere» dei?).



To gamle tind-tre eller lø frå Austigard. Hola kan t.d. høve for stallband, tro- eller golv-naglar og liknande. Rivetindane var mindre enn dette. Foto Henning Austigard

Andre slags navarar

Sammlaren Peder L. Romuld på Kleive (1909-2000) hadde mange ulike navarar. Eg samanlikna nemningsbruket hans med det eg hadde lært av far, og det samsvara heilt. På ein auk-sjon etter ein husmann under Heggem på Osmarka i 1830 vart det selt både «Spigerborr», «Staldband-Naver» og «Kieb-Naver», så her er nemningane samstemte.

I eit skifte på Reitan ved Rød, Nesset, i 1848 var det ein del verkty slik som økser, høvlar og navarar. *Rivnavar* var noko som fanst på mest alle gardar, så det var ikkje så overraskande, men *tronavar* er meir uvanleg. Gjennom åra har eg sett ein god del tro (tak-tro) som har vore festa med trenaglar, men eg var ikkje klar over at det var ein eigen navar til dette. I *Norsk Ordbok* står det om tronavaren: «navar av den storleiken som trengst til naglar i tro.»

Men det fanst også andre navarar, t.d. slike som var laga for spesielle handverkarar eller til anna bruk. Best kjend er kanskje «husnavaren» som høver for blindingar i lafta tømmerhus. Då telefonen med alle telefonlinene kom først på 1900-talet, var det ei smie nede på Bergenkanten som spesialiserte seg på ein dimensjon som høvde for telefon-kruser. «Telefonnavar» vart dei gjerne kalla. Vidare tek eg med at snikkarar som laga høvelbenkar, hadde ein kjempestor navar for høvelbenskruane, og rokkemakarane hadde navarar som høvde for sine skruar, tappar og hol.

Mest spesiell er kanskje «frostnavaren». Det er ein skjem/sløv husnavar som dei ofte brukte i notbåtane om våren når dei låg og venta på silda. I båten hadde dei ein høveleg stokkende og ein frostnavar som dei bora med på omgang for å halde varmen. Sløv som navaren var, vart det ikkje hol i stokkenden, men karane fekk varmen i seg. Då eg voks opp, levde følgjande utsegn frå Sunnmøre: «Vil du ikkje bore, fær du berre daude, din frostnavar.» På Fiskerimuseet står det ein slik ekte frostnavar i ein kubbe.



Frå gjenreisninga av Kyllingstua 1985. Peder Skotheimsvik står her med ein stokkende med to blindingar frå det huset vart bygd. I dette huset var meir enn hundre, kanskje to hundre slike blindingar, og alle hola var bora med husnavar.

Gamle ord med ny tyding

I etymologiske ordbøker står det at ordet «navar» har same rot som nav i eit hjul, altså var navaren den reiskapen som dei bora nav-holet med. Dette synest eg er litt interessant ettersom folk her hos oss ikkje hadde hjulgangande reiskapar før sist på 1700-talet. Først då kom det køyrbare vegar som høvde for vogner med hjul.

Men navarar hadde dei for 1000 år sidan også, og du som er litt tander for tabuord kan slutte lesinga no, men for dykk andre vil eg ta med ei navarhistorie frå Snorre. Olav Haraldsson (den heilage) bora nemleg hol i båtane hans Dale-Gudbrand og sette dermed mennene hans ut av funksjon. I den norrøne teksta står det beint fram at dei bora «raufar» i alle båtane, dvs. dei laga hol i båtsidene med navar. Det norrøne «rauf» betyr altså «hol», og det forklarar ein god del. Me kjenner i dag det lite fine ordet «rau-hol» (rauhol) i tydinga anus. Her er det opplagt «smør på flesk» – eller pleonasje som det heiter på fint – men det er det ikkje sikkert at alle ser. «Han datt på raua,» kan me seie, og meiner då at han datt



Frostnavar på Fiskerimuseet, Hjertøya.

på bakenden. No er «bakende» ofte skifta ut med det moderne « rumpe» (sprettrumpe, kald på rumpa osv.), og huldra, sauen og kua som for ein generasjon sidan hadde rumpe, har no fått «hale» i staden. Ikkje alle likar desse forandringane, men slik er det med eit levande språk. Snart veit ingen kva ein navar er. Me har då elektrisk drill!


Ord og utstyr i folkemedisinen

For to-tre generasjonar sidan var det enno folk som gjorde bruk av gammal folkemedisin. Det har utan tvil minka tå med åra, men me treng ikkje gå lenger attover i tid enn til 1980-åra, då trua på 'ask-avkok' var levande.

Urtemedisin

Ask som medisinsplante er berre eitt eksempel. I norsk natur finst det utruleg mange av dei, og bruksområda var nærast tallause. Treslag som eine vart m.a. bruka fordi han luktar godt, og så har bæra eit korsforma merke etter blomsteren, og dette korset var det velsigning i. Dei koka eller dampa ut luktestoff av mogen bær og fekk på den måten ei gul væske som offisielt vart kalla einebærrolje, og det har vore salsvare til denne dag. Folkeminnesamlaren Ola Hola kalla dette for 'einbærlog'. Log betyr «utkokt eller utbløytt plantevæske» (Norsk Ordbok), og det fanst mange slags logar. Når dei var krimssjuka (forkjøla), tok dei seg gjerne ein slurk einebærlog. Var det tale om kraftig forkjøling, kunne dei ta seg «ein slurk tå kubutulla», skriv Ola Hola. 'Butull' kjem frå det franske bouteille som betyr flaske (leirflaske/-krukke). Det var vanleg å oppbevare heimlaga medisinar av ymse slag på slike flasker. 'Kubutull' betyr i dette tilfellet ei flaske 'dyrlegebrennevin'.

Dei fleste urtemedisinane hadde liten eller ingen verknad ut over placebo-effekten. Linnea-log av blomster eller blad frå linnea har vore bruka mot helveteseld eller 'nåretle' i generasjonar. Dette har gjeve planta namnet 'nåretlegras', eit namn som var levande i min barndom. 'Kjerringrokk-te' mot blærekattarr var så velkjent at apoteka har hatt tørka kjerringrokk i hyllene sine heilt til no. Korleis te-en (eller logen) skulle lagast til, står i gammal farmakologisk litteratur (farmakopéar).



Linnea er ei lita og uanseleg plante, men eit avkok (log) verka 'helbredande' på m.a. helveteseld. I Romsdal heiter denne sjukdommen 'nåretlå', og planta 'nåretlegras' etter sjukdommen.



Koppehorn, koppeglass og sneppert (i etui) var standardutstyr i folkemedisinen.

Årelating og kopping

Dette er to sider av same sak, men litt forenkla kan ein seie at ved årelating rann blodet ut av seg sjølv, medan det måtte sugast ut når ein koppa. Båe kureringsmåtene har med ureint blod å gjere. I antikken var det tale om dei fire kroppsvæskene blod, slim, gul galle og svart galle, og årelating og kopping har røter heilt attende til teoriane om kroppsvæskene.

Vart det ubalanse mellom dei, vart blodet ureint, og det førte til mange slags plager og sjukdommar, meinte dei, derfor galdt det å kvitte seg med slikt blod. Då måtte dei 'årelate' seg. Å 'late' er lågtysk og betyr 'å gje frå seg noko', og det er jo det ein gjer når ein skal late vatnet (tisse) eller årelate blod. Det siste var ein heil seremoni. Dei 'slo hol' på ei (blod)åre og tappa så og så mykje blod. Mengda var av-



Flaske med 'einelog' til golvvask. Då lukta det godt i rommet etterpå. 'Einebærlog' var til innvortes bruk, gjerne i kombinasjon med brennevin. Då galdt det å ha trua!

hengig av kva det galdt. I 1684 var kongen av England både gammal og elendig, og då årelét huslegen hans han for 1 pott blod (ca. 1 liter) på høgre arm. Etterpå fekk han urtemedisin som var ei utruleg blanding av logar og mikturar, men døydde likevel etter kort tid.

Symptom og handling

Ein gong kring 1980 kom ein venn av familien til meg med nokre gamle handskrivne dokument som han ba meg skrive av til forståeleg norsk. Det viste seg å vere ei samling med reglar for årelating. Samlinga var frå Orkdalen, og dokumentet var dattert 1837. Opplysningane var nokså konkrete og forstålege ut frå ein folkemedisinsk synsstad. Her er regel A: «Stjerneåren som ligger midt i pannen, lades for overflødig hodepine som kommer av forkjølelse, men ellers ikke.» Årelating mot tannverk og sår tanngard (tannkjøt?) kunne vere ein nokså drastisk kur. Her er regel C: «For tannpine og tanngjerders hævelse, lades de tvende årer som er under tungen, men for at få dem



Med ein sneppert «slo» dei hol i hud og årer både ved årelating og kopping.



Bilden var som ei lita øks. Ved å «kneppe» på med ein finger, fekk dei fram blod.

til at vises, ombindes halsen meget sterkt med et tørklede.»

Frå del 2 i samlinga tek me med dette universalmidlet: «Medianåren

ligger nest hovedåren, lades for alle legemets svakheter, især når man antastes av feber, sinnets uroligheter, raseri, tungsindthet, hjerteklappen



Årelating vist på ei teikning frå 1520. (Lægeplanter og trolddomsurter 1969)

og så vidare.» Dette er den einaste oppskrifta som grensar mot psykiatrien. Dei andre er nokså konkrete og aktuelle slik som denne: «Hos fruentimmer hvis månedstid er forstoppede» (manglande mens), skulle ein årelate «moderåren på innsida av venstre hæl», men ein kopp blod var nok!

Halvor Orset f. 1878 i Midsund skriv at bestefar hans årelét seg sjølv. Han sette foten i «en bømte med lunkent vann», så slo han hol på ei stor åre med sneperten under låret. Blodet gjekk i bytta utan at han målte kor mykje, men han kvikna til att.

Ulike metodar vart brukte

Det var ulike metodar til å suge ut blod når ein koppa. Ein bruka anten 'blodigler', 'koppehorn' eller 'koppeglas'. Alle apotek hadde plikt til å ha levande blodigler i sortimentet fram til 1957, men somme bruka 'hesteigler' som dei fann i enkelte stillestående dammar. Desse var gratis, men dei var mindre blodtørstige.

Koppeglas var også apotekvare, medan koppehorna laga dei sjølv av



Hesteigle fotografert på Nordneset, Farstad 2011. Før i tida var det mange stader der det heitte 'Egeltjønna'. Dei lokale iglene var ikkje så blodtørstige som dei ein fekk på apoteket. (Foto Liv Marit Bølset)

spissen på eit kuhorn. Koppehorn hørde med i kvart 'husapotek' i gamle dagar. Dei kunne koppe for nesten alle slags plager: verkefingar, frostblod, byllar, tannverk, hovudverk, spekkfinger m.m. I sår som ikkje grodde, var det viktig å få ut 'våg' og 'verk', og her vart nok blodiglene sett på som dei beste. Dei kunne liketil syge ut 'vågmora' – sjølve kjernen i svullen eller i det verkande såret.

Snepert, bild og koppemaskin

Dette er tre reiskapar som vart brukt til 'å slå hol' på hud og årer. Sneperten er framleis å finne i somme heimar og i «alle» museum. Namnet er tysk/nederlandsk, og bruken har vore kjent i mange hundre år (sjå foto). Det er som eit lite instrument med eit utvendig knivblad (5-6 mm), ei innvendig fjør og ein avtrekkar på sida. Når fjøra er stremt opp og bladet heva, kan den som koppar, trekke av slik at bladet slår hol.

Bild (uttalast 'billj' akkurat som sild og sillj) er som ei lita jarnøks, men her må ein 'kneppe' med ein finger for at bladet skal slå hol. I 1984 demonstrerte ei eldre kone i Solemdalen korleis bestemor hennar bruka bilden når ho koppa folk.

Snepert og bild vart bruka både til årelating og kopping, men koppemaskina som kunne ha 8-15 små knivar, bruka dei helst når dei koppa store byllar.

Å stemme blod

Det var berre nokre få personar som hadde den gjevningen at dei kunne 'stemme blod', dvs. få store, blødande sår til å slutte å blø. Dei som gjorde dette, 'las' eit spesielt vers som gjerne inneheldt «blod», «Jordans flod» og kanskje «Jomfru Maria» e.l. Dette siste tyder på svært lange tradisjonar.

Dei sa at dei 'las' når dei stemte blod, men i praksis var det ei magisk mulling som tilhøyrarane ikkje riktig forstod ord for ord. Eit blodstemme-vers bør ikkje stå på trykk, derfor sparar eg lesarane for dette.

Peder L. Romuld (1909-2002) las alltid 'orm-orda' på tilsvarende måte før han gjekk til skogs. Kva han sa, ville han ikkje ut med, men han møtte aldri orm på turane sine.

Den raude topphua

Frå gammalt var det slik at folk ikkje var påkledd utan at dei hadde noko på hovudet. Eg har inntrykk av at det mest var bespottelig å gå 'berr-haua' ute. Karane tok av seg hovudplagget når dei sådde korn, av respekt for 'gudslånet', men elles ikkje. Kva hadde dei så på hovudet?

Den eldste kjelda eg kjenner frå Romsdal, fortel om runde skinnhattar, ullparykkar og raude huer. Det skriv Hans Peter Schnitler i 1789 – same året som den franske revolusjonen braut ut. Han skriv ikkje 'topphuer', men truleg var det det. Under revolusjonen i Frankrike brukte opprørarane raude topphuer som sitt samlingsmerke. Det var det neppe her hos oss, men så var då også den franske og den romsdalske tradisjonen heilt uavhengige av kvarandre, og me skal derfor halde oss til den siste.

Raude huer i Norge

Raude huer med og utan topp har vore utbreidd i Norge. Blar ein i Chr. Tønsberg si bok *Norske Nationaldragter* frå 1852 (ny utgåve 1993), finn ein raude huer mange stader: Sunnfjord, Valdres, Gudbrandsdalen, Røros, Selbu, ja, til og med på Sunnmøre. Topphuene var strikka – eller bundne – skal me døme ut frå Tønsberg si bok. Bundingen – strikkinga – er på mange måtar ein nok så ny husflidsteknikk. Han kom til Norge på 1600-talet og vart vanleg på 1700-talet. I eldre topografisk litteratur har eg funne *bindingsteknikken* omtala hos oss berre ein gong. Det er Schnitler som i 1789 skriv at når alt er klart for bryllaup «forærer (hun) ham et Par Strømper og Strømpe-Baand som hun selv har bundet og vævet». Når bundingsstikkene først var tekne i bruk, vart dei populære. Strømper var til sals på Romsdalsmartnan i 1773, skriv Gerhard Schøning, men han nemner ikkje huer. Det står ikkje at strømpene var



Anders Misfjord (1784-1867) frå Vestnes. Han er den eldste me har bilde av med topphue. Hua var temmeleg sikkert raud.



Torstein Bjørnsen Oppigard (1803-1890) frå Eikesdalen er her på bytur. Han har hue der toppen peikar rett opp.



Sist på 1800-talet vart det slutt med å bruke topphue, i alle fall er det nærast uråd å finne bilde av ei topphue i bruk. Men når dei spela skodespel med tema frå gamle dagar, kom huene fraam slik som her. I spelstykket «Hermann» framført av Vike ungdomslag er det ikkje mindre enn tre topphuer å sjå.

strikka, men truleg var dei det. Det har vore hevda at dei raude topphuerne kom frå Gudbrandsdalen, og at dei vart selde på Romsdalsmartnan. Dette er ikkje urimeleg, men det kan hende at dei vart vanlege først etter at Schøning hadde vore der.

Frå og med 1805 veit me at det vart laga strikkahuer på Nes – no-

verande Åndalsnes. Då kom nemleg fargar Halvor Ophus og kjøpte hus på Nes. Han dreiv både veveri og fargereri, og i 1809 opplyste han at han hadde strikkemaskin for huer. Det gjekk litt trått dei første åra, skriv han, men i 1809 lausna det. I tillegg til huene selde han fleire tusen alner med stoff han hadde farga og delvis



Robert Taylor Pritchett møtte dette karen med topphue på Syltebøen i Eresfjorden i 1875. Toppen står nokså høgt. Skomakar Ole Larsen har også høg topphua på medan han røyter håra av ei hud ved elvekanten i Grytten. Også fiskaren har topphue.



vove. I Romsdal sogelags årsskrift 1999 er det vist døme på stoff han farga.

Produksjon av huer i Romsdal

Halvor Ophus var haugianar, og saman med trusfellen Daniel Arnesen kjøpte han garden Mjelva eit par kilometer oppe i Romsdalen. Her heldt han fram med veving, farging og huestrikking. I Jens Krafts bok om *Det nordenfjeldske Norge* som var ferdig i 1825, men kom ut først i 1832, står eit kapittel som heiter «Fabriker, Industrie-Anlæg m.m.». Der kan me lese følgjande: «Et ubetydelig Huevæverie findes paa Gaarden Mjelve i

Bolsøe Sogn,» Bolsøy sokn er, som me skjønar, feil. Kraft greidde ikkje å skilje mellom Mjelva i Grytten og Mjelve i Bolsøy, og det er ikkje så rart ettersom han neppe var på nokon av stadene. At han skriv 'Huevæverie' når fargaren sjølv kalla maskinen han brukte for 'Strikkemaskin' må me berre tru er det same.

Raude huer overalt!

Me skal no sjå litt på kor utbreidde desse raude strikkahuene var. Første store «rapport» er frå 1830-åra og gjeld Molde by. Thorvald Johannes Owren, f. 1824, skriv i minna sine: «Ovennævnte Tid kan kaldes Rød-

huernes Tid, da Bønderne og de lavere Lag af Bybefolkningen brugte Tophuer af hørørd Farve, med grøn eller spraglet Kulør paa den opbrettede Kant omkring Hovedet. Det var et vakkert Syn at se de ofte pakfulde Gader med Folkehobens skinnende røde Tophuer. Modsætningen til Kvindernes Hovedbekledning i mørke Farver, hvilke forandredes til lysere, efterhvert som Rensligheden tiltog».

Det er klart at Ophus ikkje kunne skaffe huer til alle desse med sitt «ubetydelig Huevæveri». Nei, det var fleire på marknaden. Ole Andersen Mjelva, som flytta frå Mjelva til Drammen i 1813, var årleg på Romsdalsmarten med «Gudsord og røde toppluer». Etterkommaren hans, Martin Mjelva i Drammen, har skrivne ein heil artikkel om stamfaren sin i Romsdal sogelag, årsskrift 1995. Me siterer: «Gjennom 14 år, fra 1827 til 1840, reiste Ole Andersen Mjelva til Romsdals marked med sine vevde og fargede produkter. Særlig var toppluene en populær artikkel i landdistriktene, slik vi kan se dem på folkelivsbildene.»

Gravlagd med raud hue

Det beste beviset på populariteten er kanskje at dei tok topphua si med i grava. I alle fall gjorde Elling Oterholm det då han vart gravlagt i 1841. Etter som han døydde under dramatiske omstende, er det fleire detaljar å finne omkring gravferda hans enn det som er vanleg. Eirik Moen skriv om dette i Romsdal sogelags årsskrift 1986: «I kista fekk han med seg halstørkleidet sitt og den raude topphua si». Båe delar var «eignating».

Godt synleg

Dei raude topphuene måtte ha kraftig farge og var derfor godt synlege på langt hald. På side 238 i denne boka fortel Olav T. Utigard (f. 1872) frå ein fjelltur han som gutunge hadde med far sin i Eikesdalsfjella i 1880-åra. Då dei var komne frampå røra på Rangåfjellet, lånte han langkikkerten av far sin og kikra ned i bygda kring 1000 m under seg. Då såg han



Alf A. Sæter med dillhue på tur til Raudtua saman med svigerfamilien Birkeland ca. 1961. Fv. Aase, Dagny og Erling. (Foto Birkeland)

«bestefar i skjorteermer og rauhue gå utover Bogan (i Utigard) bærende en rive». Bestefaren, Ola Utigard (1797-1884), brukte altså raud topphue – også i fint vær – så lenge han levde. Då kunstnaren Paul Linaae frå Ski-en kom frå Gudbrandsdalen og ned i Romsdalen i 1863, la han merke til klesdrakta på folk og då spesielt dei raude strikkahuene som folk gjekk med. Han skriv: «Mandfolkene bærer deels kort Trøje, deels spids Kjole – utækkelig – med lange Beenklæder og en tyk, rød, strikket Hue, som sidder paa ude og inde., og rager stivt i Vejret som om den var udstoppet.. Drengbørn have same Hodetøj.»

Grønbrøtahue

Då folkeminnesamlaren Ola Hola skildra korleis storforteljaren Tore Knutsen Øyahagå (f. 1807) var kledd rundt 1870, starta han med hua: «På hua ha'n ei raud høg topphue med ein oppbretta kant neråt, so

det grønne flosset innvendig vart visan utapå rundt om. Øvste piken hekk ned på høgre siden. Dei kalla slike hue for grønbrøtahue, til forskjell frå dei som hadde raud floss inni.»

Dillhue

Ute i kystkommunane i Romsdal heiter det ikkje topphue, men 'dillhue'. I *Ord frå Gossen* av Alf A. Sæter står det at ei 'dillhue' er ei strikka topphue med dusk. Som eksempel på bruken av ordet skriv han: «Alle jule-nissein he rø dillhue.» Lærer Knut Rød brukar ordet i *Aukra gjennom tidene*, 1982, og det er der Leif Vestad har funne det og teke det inn i *Ord og uttrykk frå ytre Romsdal* (2009). Anne Grete Malo frå Rakvågen lærte ordet av far sin, og ho fortel at han Kjartan Reiten frå Nord-Heggdal tala om «hue med dill ti.» Sjølv om julnissen hadde raud dillhue, hadde farga ikkje noko å seie for om det var ei dillhue.

Hua går ut av bruk

Den siste som bruka raud topphue av den gamle garde i Molde, var truleg skipsbyggjar Hans Kvam i Grandfjora. Det var hans hovudplagg i mellomkrigstida. Etter kanskje 150 år i bruk, var den raude topphuen gått av moten. Det vil seie: Alt har sin renessanse. Under krigen dukka hua fram att, men no var det ikkje moten frå Gudbrandsdalen, (eller kvar det no måtte vere frå), som kom att. No var det den franske revolusjonen som var forbildet! Okkupasjonsmakta mislika klesplagget og rykte inn følgjande annonse i avisene: «Bruken av røde toppluer har tiltaget så sterkt i den senere tid at det må ansees som demonstrasjon. De forbyes herved ...» Etter krigen er det ingen som bryr seg lenger med kva folk har på hovudet. Helst vil dei ikkje ha noko, ikkje ein gong når dei har på seg bunad for å bli slik dei gamle i klesvegen. Forstå det den som kan.



TRE OG PLANTER



Vollen på Øverås 2. mai 2018. Valnøtt-treet stod i bakken på nordsida av huset. Ein eføy har klatra langt oppover stammen. I framgrunnen ser vi elles rota (stommen) av den kjempestore asken som Hans Pedersen Øverås også planta i hagen sin, men som vart saga ned for mange år sidan. (Meir om dette side 92) (Foto Bjørn Austigard)

Valnøtt-trea i Eresfjorden

Valnøtter er egentleg nøtter frå Val-land, dvs. Frankrike og Italia, og dei høyrer egentleg til under andre himmelstrøk enn våre. Treslaget er t.d. omtala i Bibelen, og det er ikkje så rart, for både Italia og Jødeland ligg i Middelhavsområdet. I gammalnorsk kalla dei frukta for *valhnot*, og det vart funne valnøtt-skål i Osebergskipet. Kvinnene som var gravlagde i dette skipet kring 850, var neppe heimfodingar.

Alle valnøtt-trea i Norge er planta, og det finst nokre av dei hist og her, står det i leksikon, men berre dei ved kysten nord til Trøndelag ber frukt i gode somrar. «På Volla», meir formelt sagt Nordvollen, bnr. 1, på Øverås i Eresfjorden, stod det

eit valnøtt-tre i nesten 190 år. Dette treet fekk mykje omtale utover på 1800-talet, og det er utgangspunktet for denne artikkelen. Det var felt i 10. april 2019, så denne artikkelen blir mest som ein nekrolog.

Fleire gamle valnøtt-tre

I Amund Hellands store verk *Topografisk-statistisk beskrivelse over Romsdals Amt. Første del* (1911) står følgjande: «Ved gården Øverås i Eikesdalen var et valnødtræ, som spirede på stedet i 1830. I mai 1865 var dette træ 10,6 m høit, og stammen havde 1 fod over jorden en diameter av 57 cm.; kronen holdt 6,3 m i gjennomsnit. Tilveksten var ret anseelig, når man tager hensyn til breddegraden;

det gav i året 1850 første gang modne nødder. I Eikesdalen var et andet valnødtræ, som ble målt i 1881 og som ikke har nogen påfallende høide, men stammen holdt i brysthøide 1,96 m i omfang, dvs. ca. 60 cm i tverrmål.

Ved gården Ervik i Aure fandt Schøning i året 1773 valnødtrær, der bar modne nødder, som av bonden på gården solgtes i Kristiansund, og ved gården Vestad på øen Sekken i Romsdalsfjord fandt Schøning også valnødtrær, som ofte bar modne nødder.»

Valnøtt-trea på Sekken er omtala berre av Schøning, og eg finn ikkje meir om desse korkje hos O. Olafsen eller andre. Kven som registrerte det



eg kanskje at mange av dei reisande har vorte møtt av opne og gjestfrie folk som har vist dei rundt på garden. I ein slik samanheng har valnøtt-treet vore eit sikkert kort.

Reisehandbøkene fortel

I Yngvar Nielsens *Reisehåndbog over Norge* (1885) står: «Øveraas, 8 km (fra Nauste), ligger i en større grend. Tarvelig Kvarter. Udenfor Huset Valnøttrær. Pragtfull Udsigt opover det storartede Eikisdalsvand...»

I Bastian Dahls *Molde og Romsdalen. En reisehåndbog udgivet af Molde og Romsdal Turistforening* (1892) er omtalen av skysstasjonen på Øverås denne: «Øverås 8 km fra Nøste. Nattekvarter. Stor, men forsømt frugthave, gammelt valnødtræ, hasselbuske, almetrær. Stort gravkammer fra ældre jernalder (s. 49); 2 huler med spor af beboelse: en med trang ind-

gang udvider sig lenger inde og deler sig i to gange med sidehuler, skjulested for en flygtning? Den anden hule, 'Gammelsmedhollet' langt fra husene, åben og lav med merker etter ild, slagger og støbeformer.»

I Yngvar Nielsens *Reisehåndbog over Norge* (1908) er ordlyden om lag som i 1885, men uttrykket «Tarvelig Kvarter» som den gongen betydde noko slik «enkel opphaldsstad», er no erstatta med «alminde- ligt Stasjonsstel».

Som før er valnøtt-treet og den prakfulle utsikta «over Vandet med Sjødøla, Mæringdalsnebb, Tronsjordtinderne ('Trondskjortetinden' blir det sagt i dag) og Vikesoksa» som er attraksjonane. Etter dette blir ikkje valnøtt-treet meir nemnt fordi det var slutt på Øverås som skysstasjon. For mitt vedkommande hadde eg ikkje visst om dette



Sølvbegeret som Hans Pedersen Øverås fekk i 1835. (Foto Bjørn Austigard/Romsdalsmuseets fotoarkiv)

Rotstubben på valnøtt-treet har eit tverrmål på 90 cm. Det er store roteskadar ved rota. (Foto Amund Øveraas)

spesielle treet hadde det ikkje vore for reisehandbøkene.

Hans Pedersen Øveraas – ein føregangsmann

Amund Helland skriv at valnøtt-treet spira i 1830. Det tyder på at det hadde vorte sådd ei valnøtt som dei så fekk til å spire. På den tida var Hans Pedersen (1781-1869) gardbrukar på Vollen på Øverås, og han var ein dyktig mann. I 1835 fekk han eit sølvbeger med påskrifta «Agtelsestegn fra Romsdals Amts Landhuusholdnings-Selskab til Gaardbruger og Maskinbygger Hans Pedersen Øveraas av Nessets Præstegjeld for hæderlig Virksomhed som Jordbruger. 1835.»

I *Gards- og attesoge for Nesset*, bind 6 står det at han «utmerka seg som ein driftig gardbrukar ved å leggje nytt land under ploegen. Han var òg ein av dei første som dreiv hagebruk, og planta store hagar framfor husa på Øverås». Det er her valnøtt-treet kjem inn. Valnøtt-treet på Volla-garden var saga ned i 10. april 2019, og det er fleire opplysningar å finne i bildetekstene.

Andre valnøtt-tre

Ingeborg Aslaksdtr. Øverås (1879-1970) og båtførar Peder K. Vike tok



Dei to valnøtt-trea på Våtåkeren står vest for husa, og vart planta kring 1910. Det treet som står nærast Kolstadgata, har ei naturleg form, medan det andre er tjukt og kort. Det er pila (styva) fleire gonger fordi det går ei kraftline over trekrona. Tverrmålet 0.5 m over jorda er 60 cm, dvs. om lag som det treet som stod i Eikesdalen i 1881. Det var også temmeleg sikkert pila. Eigar Gjermund Frisvoll poserer, medan sonen, Lars Tore Frisvoll, fotograferte i desember 2019.



Valnøtter frå Våtåkeren ca. 2015. (Foto Bjørn Austigard 2019)


Fat av valnøtt-treet frå Vollen, Øverås, dreia av Erik Helde 2019. Valnøtt-tre har mykje mønster, veden er seig og høver godt til møblar og som dreie-emne. (Foto Bjørn Austigard 2019)

Valnøtt-treet som Edvard Hånde planta ca. 1942, bar frukt i 2018, men ikkje i 2019. (Foto Paula Hånde 2019)

til på bruket Våtåkeren på Øverås i 1904, og dei bygde nye hus der i 1904-05. Ingeborg var frå Vollagarden og hadde såleis vakse opp med valnøtter. Ho planta to valnøtt-tre i den nye hagen vest for huset, og desse har år om anna bore frukt. Sigrid Frisvoll (1914-2012) som var fødd her, fortalde at foreldra hennar var stolte av valnøttene som dei hausta. Sonen hennar, Per Inge Frisvoll (f. 1955), budde på bruket ein del år, og kring 2015 fekk eg ein pose med valnøtter frå Våtåkeren. (Sjå elles bildetekstene)

Kring 1942 planta Edvard Antonsen Hånde (1894–1995) eit valnøtt-tre på garden sin, Utistua bnr. 4. Også dette ber mogne nøtter år om anna, seier Paula Hånde. Det var frukt der i 2018, men ikkje i 2019. Smaken er ikkje like god alle år.

Kring 1980 planta John Arne Vaagsæter eit valnøtt-tre på hytteeigedommen Almekroken i Mardalen, Eikesdalen. Dette treet bar mogne nøtter første gong mellom 1990 og 1995. Treet vart kjøpt på Rauma Planteskule, og Sigmund Moen antyda at det kanskje ville gå opp mot 20 år før det bar frukt. Kanskje er forholda er spesielt gode i Mardalen?



Vollen fotografert ca. 1905. Over taket, midt på huset, stikk greinene av valnøtt-treet opp. I venstre bildekant ser me litt av krona på stor-asken som var saga ned på 1970-talet. (Sjå side 80) Foto G. Sverdrup

Ask og eik som tuntre og i allear



Befaring på Veøya 1992. Ein stor ask ved den gamle kyrkjegarden greidde ikkje stå mot for nyttårsorkanen 01.01.1992. F.v. Geir Myrbø, Lyder Hesthol, Helene Lybergsvik og Kåre Lybergsvik. Bak: Karsten Flovikholm. (Foto Bjørn Austigard/Romsdasmuseets fotoarkiv)

I 2017 og 2018 fekk medlemmene i Romsdal sogelag spørsmål om treslaga *ask* og *eik*. Det kom inn ein del svar, og somme av svara sette meg på sporet til folk som visste meir. I tillegg fekk eg tilgang til ein del eldre bilde som fortel meir enn ord om korleis enkelt-tre og allear tok seg ut den tida dei kanskje var i «si velmakt». Saman med lokal litteratur trur eg det stoffet eg har samla, kan gje eit visst innsyn i temaet, og som vanleg er bruken av bilde minst like viktig som mange ord.

Ask og eik er to varmekjære treslag som krev god jord for å trivast, men eg trur ask er mindre kravstor enn eik. Ask vekst vilt fleire stader i Romsdal, mange fleire stader enn eg i utgangspunktet var klar over. Det er først og fremst i gamle Veøy prestegjeld at ein finn vill ask saman med anna skog, og det området som peikar seg ut, er det sørvendte området frå Hengneset til Sekken, men det er

mange fleire stader.¹ Ask som står i gardstun eller allear derimot, er planta dei siste 200-300 åra. Dei har ein lei tendens til å rotne på rot eller bli brotne ned av vêr og vind. Nye planter fekk dei tak i anten ved å samle på rotskot eller kjøpe planter frå plante-skular/gartneri.²

Eik derimot vekst ikkje vilt i Romsdal i dag, men gardsnamn som Eik (Sekken), Eikrem (Bolsøy, Gossa) og Eikneset (Tresfjorden) viser at det ein gong har gjort det. På Eikrem i Straumsnes herad (no Tingvoll) vekst eika framleis vilt i naturen. Forstassistent Johannes Schiøtz skriv i heftet sitt «Om Skovforholdene i Romsdals Amt» (1871) at eika på Eikrem er «nærmest som en Busk at betragte; på Bremsnes, Stensvik, Molde, Gjermundnes og flere steder findes den plantet, men viser kun mådelig vekst». Schiøtz tenkte på skog og spesielle treslag berre som ein økonomisk ressurs, derfor er han ofte litt negativ i kommentarane sine.

Dei gamle prestegards-askane

Gerhard Schøning er den første som skriv noko om ask her hos oss.³ På rundturen sin saman med biskop Gunnerus i 1773 kom han først til Tingvoll, og der tok han inn på prestegarden. Han er imponert over tilstanden på garden, og han lovprisar alt prestane har fått til gjennom åra, spesielt Hans Tausan. Schøning skreiv m.a. dette etter opphaldet: «Ved Præstegaarden staaer endnu et stort Aske-Træ til overs af dem han der har plantet. Denne i Huusholdningen saa meget nyttige Træ-art voxer overalt meget villig Nordenfiælds, hvor den bliver plantet, og hvor den nu paa adskillige Stæder findes.» Det var altså Hans Tausan som planta askane på Tingvoll ein gong etter 1668, og hundre år etterpå karakteriserer Schøning det treet som stod att, som stort.

På same turen fann Schøning vill ask i Nesset, og på Veøya fann han «en Hob Aske-Træer, blant dem en-

deel anseelige høie og store, skjønt de til deels staae paa Klipperne selv, hvor de have fæstet (sig) i Biærg-Revnerne».

På Grytten prestegard voks det også litt av kvart, både i hagen og i skogen i 1773: «Uden for Prestegaarden og omkring Haven saaes desuden en temmelig Deel smukke Aske-Træer, her plantede af velbemeldte Hr. Schanke; dog voxer den slags Træer her ogsaa vildt.»

Alle dei store askane som Schøning omtalar, er borte for lenge sidan. Eg har faktisk ei kjensle av at når ein ask er 150 år eller der omkring, så er det meir eller mindre *over*. Store trekroner og eit «kløkkje» treslag gjer at gamle askar representerer ein fare for både hus og folk.

Ask i Veøy prestegjeld

Olaf Olafsen (1843-1932), som kom som 6-åring til klokkargarden i Bergsvika i 1849, skriv dette om ask⁴: «Asken vokser overalt i Veøy, men særlig på solrike steder og på indmarken. Den er det stateligste vildtræ, som findes i herredet. I Bergsvik findes der en hel del vakre træer, som er plantet for en 50 til 80 år siden. De største er plantet omkring 1850. Særlig må dog nævnes askene på Veøy, som vistnok er enestående i vort land. De skriver seg fra den tid, da der var en liden by her; muligens er de oprindelig plantet. Nu er de største og vakreste træer forsvundet; men i min barndom stod de og vakte almindelig beundring ved sin størrelse og skjønhed. Asken blev behandlet meget hårdhændt. Løvet benyttedes til foder, og man hug grene og toppen av træet for at få fat på løvet. Det var stygg behandling av vakre træ!» (Klokkargarden R.Fot.12864, 13014 og 18750)

Ved Daae-askane på Veøya

Askane på Veøya har som alt nemnt, vore beundra i generasjonar. Dei store trea gjer inntrykk også i dag på dei som går på land der, men eg er ikkje så sikker på at dei var så gamle som Olafsen trudde. I det følgjande skal me sjå på nokre enkelttre som



Frå Klokkargarden i Bergsvika kring 1910. Disse askane framfor huset vart planta av Jørgen Olafsen i 1860-åra. (Foto Fredrik Misfjord/Romsdalsmuseets fotoarkiv)



Åtte askar vart planta ved Daae-grava på Veøya 1828/29, her fotografert ca. 90 år etterpå.



Daae-askane tørka inn og dauda etter ca. 175 år. Dei vart saga ned bit for bit i 2005. (Romsdalsmuseets fotoarkiv)

det er opplysningar om, og me startar med Daae-askane som vart planta rundt grava til presteparet Daae i 1828/29. Presten Johan K. H. Daae døydde 10. september 1827 og kona Susanne 16. november 1828. Før etterslekta forlét Veøya, planta dei åtte askar rundt grava oppe i nordaustre hjørne på kyrkjegarden⁵ (sjå foto til venstre), og dei stod til 2005. Då var dei så godt som tørre og daude alle saman og måtte fellast av tryggingssyn.

Ved kyrkjegardsporten mot Nordvågen stod det ein kjempestor ask som truleg også var planta. Dette majestetiske treet vart felt våren 2018, og årringane fortalde at det var rundt 300 år. Det er det største talet på årringar eg har notert ved dette arbeidet.

Fannestrandsalleen

Alt før 1800 var det ein allé av «Ask, Rogn og Birk» frå Moldegård utover til Reknes, står det hos Gerhard Schøning, og frå 1802 sette Landbruksselskapet opp premie for den som ville forlenge alleen ved å plante fleire tre med 9 alens mellomrom. Dei brukte mest rotskot til planter, og periodevis gjekk det trått. I 1882 kjøpte selskapet ask frå P. H. Hansen i Stavanger for 60 øre pr. plante, og slik kom dei inn til Strande. I dag er det svært få tre att frå den opprinnelege alleen.

Mange askeallear

Det er nærast uråd å ramse opp alle askealleane som har vore, men her er nokre kjente: Gørvellalleen som opphavleg var



Denne asken ved kyrkjegardsporten på Veøya hadde ca. 300 årringar. Dei fleste askane som er så gamle, er innhole. (Foto Bjørn Austigard 2018)

ein bjørkeallé, gjekk frå Sandvegen til Parkvegen. Det var Claus William Gørvell som i 1860-åra saga ned bjørkene og planta ask i staden. Når desse askane voks seg store, og det vart bygd hus på båe sider av alleen, representerte dei ein fare. Og i 1959 vart alleen felt etter mykje avisskriveri.⁶ (Sjå neste side).

Frå tunet på Nesset prestegard og ned til sjøen var det også ein flott askeallé. Etter tradisjonen var det Elise Bjørnson som planta alléen. Ho henta plantene på Veøya, blir det sagt. Dette må ha vore rundt 1850. No er det slik at både lauvet og borken av ask har vore nytta til dyrefôr (jamfør det Olafsen skriv frå Veøy prestegjeld), og slik var det på Nesset også. I 1950- og 60-åra var det somme askar som tørka inn, og pilinga⁷ og lauvtakinga fekk skulda for dette. Det vart sagt at alleen vart freda mot slike «inngrep», men det hjalp ikkje. Ask etter ask dauda, og no (2020) er det berre nokre få att. Peder Bjørnson planta to asketre inne på tunet på prestegarden, ein ask i kvar av dei gamle gruene i den gamle prestegardsbygningen, som han reiv ein gong før 1850. Den eine dauda for fleire ti-år sidan, og no står også den andre i fare.



Gørvellalleen, som vart planta i 1860-åra, hadde høge, slanke askar. (Foto Kirkhorn/Romsdalsmuseets fotoarkiv)



Gørvellalleen representerte ein fare for dei som budde omkring alleen. Felling skapte debatt i 1959. (Foto Kirkhorn)



Peder Bjørnson planta ein ask i kvar av dei to gruene etter den gamle prestegardsbygningen på Nesset. Den eine lever framleis, men er litt kvesta av vør og vind. (Foto Bjørn Austigard)



Roeasken vart felt 1960. Treet var ca. 140 år, og tverrmålet på rotenden målte 1.85 m. Treet var friskt, men det representerte ein fare for huset. (Foto Edmund Søvik 1960).

Dei fleste prestegardane i Romsdal hadde askeallear opp til gardshusa, men det hadde også fleire (større) gardar der dei hadde sans for slikt: På Tøndergården på Fannestrand, på Solomdalen, i Sandsbukta i Fræna, på Øverås og Eidsøra i Nesset, Staurset i Mitterdalen, Venja og Hole i Romsdalen og på Dale i Isfjorden, for å nemne nokre.

John A. Aasen (f. 1945) skriv dette om askane på Dale i Isfjorden: «Det fortelles at Andreas Dahle hadde et sterkt nasjonalt engasjement. Trærne skal han ha planta i 1905, heime på Dale øvre 57/2 med planter fra Asker. Han gikk på Staupgartnerskole i 1901 sammen med tre andre fra Møre og Romsdal. Andreas døde i Asker i ung alder som amtsgartner i 1915. Det er/har vært flere asketre i Dalsbygda som trolig er "i slekt" med de fra 1905. Jeg har planta to på min eiendom og fra før var det en eldre ask, planta av en onkel



Det var store askar i tunet på omtrent alle gardar på Hovde. Nærast her er Vøtå og vidare Midtstauå. Biletet er frå omkring slutten av 1960-åra. Naustet nærast høyrer til Nedstegarden, det neste Øvstegarden og så Hau'n, alle på Hovde. (Foto Edny Søvik Talstad)

av meg engang før 1926, for det året døde han.»

Roeasken på Hovde

Roeasken på Roegarden på Øvre Hovde (gnr. 110/2) i Måndalen vart planta av han Hovde-Iva (f. 1790) ein gong i 1820-30-åra.⁸ Den store trekrona gjorde at asken var godt synleg i heile grenda. Det var som eit landmerke, og treet gjekk under namnet Roeasken. Det var ein attraksjon. Det var berre det at asken representerte ein fare for huset. Han måtte vekk.

Ein av dei som svara på spørsmålet om ask og eik, var Edmund Søvik (f. 1944). Han skriv: «Roeasken var eit kjempetre. Eg var til stades då den vart saga ned. Eg prøvde meg som journalist til eige bruk, og skreiv dette: *Om ettermiddagen den 28. mars 1960 kunne folk i Hovde og Søvik høyra eit øyredøvande brak. Det var Roeasken som gjekk i bakken. Ein heil flokk menneske var samla for å oververa denne 'høgtidsstunda'. Mange mislikte at dette kjempetreet skulle hoggast ned. Desse var ikkje til stades. Almås frå Romsdals sals- og kjøpelag fekk den æra å fella treet. Han skulle demonstrera ei motorsag. Mange bilete vart knipsa. Så susa treet gjennom lufta og deisa i bakken så greiner og kvistar vart knaspra til pinneved. Dei største greinene gjekk langt ned gjen-*

nom jorda. Då vi skulle sjå på stommen som stod att, så var han innhol. Der vart eit stort hol som ungene kraup nedi med ein gong. Men det var ikkje rote høgre opp i stamma. Der treet vart avskore, målte det ca 1,85 cm i tverrmål. På årringane kunne ein rekne ca 140 år. Så kom eigaren, Erling K. Skjelbostad, med si motorsag, og det let eit iltert leven av motorsag fleire dagar etter. Forutan eigaren var desse med: Almås, Peder Demdal og tenesteguten Jens.

Så godt som alle gardar på Hovde og i Søvika hadde ask i tunet i min barndom. Den nest største var i Vøtå, og vart kalla Vøt-asken. Derifrå hadde eg hoggestabbe i fleire år. Den var også svær, kanskje 1 m i tverrmål. I Hovdeneset var det ask, i Øvstegarden (Oddvar), Geilen, Hau'n og i Trondsgarden (der var fleire), sannsynlegvis i Nilsgarden og Innlega au. I Ner-Søvika stod ein mindre ein. Eg hugsar ikkje korleis det var i Nedstegarden og Midtstauå. Eg veit ingen ting om historia til desse, når dei vart planta f.eks. Dei måtte hoggast ned i tur og orden fordi dei trua husa.»

«Storasken»

Det var Storasken både her og der. På Moldegård stod Storasken sør for hovudinngangen. Då statsminister William Gladstone besøkte Molde i 1885, inspiserte han Storasken på



Det finst mange døme på nedblåstne tre, her ein stor ask på Staurset, Mittetdalen. (Foto Kåre Holm)

Moldegård. Han var interessert i store tre og fin skog, vart det sagt, men det er tvilsamt om bildet der han står og stør seg på ein stor ask, er frå Moldegård.

På Ottestad i Rødven var Storasken – eller 'Ottestadasken' – eit landemerke, skriv Olaf Olafsen. På Staurset i Mittetdalen og på Ner-Frisvoll i Eidsbygda tala dei om Storasken, og på Øverås i Eresfjorden skar dei ned 'Storasken' som Hans Pedersen Øverås ('Faderen') planta kring 1820. Då han var ca. 150 år, våga dei ikkje å ha eit så stort tre like ved husa. Om Storasken på Øverås står det litt på side 80 i denne boka. (Valnøtt-tre) Generasjonane seinare planta ein askeallé langsmed vegen på Øverås, og denne vart hardt kvista (med motorsag) i 2018 fordi store greiner på høge tre representerte ein fare for trafikken.

Ulrik Sverdrup Molton fortel at oldefar hans planta 6-7 askar ved

husa på Sjøgarden i Eidsvågen då Sverdrup-familien kjøpte gjestgiveriet der i 1887. No står det att berre tre av dei. Det har ved fleire tilfelle komme ned store greiner frå askane, og dei representerer ein fare både for folk, hus og trafikk.

«Gunnel'askjinn» og «Ingebør'askjinn»

Ved stavkyrkja på Rød i Nesset stod det fire store askar, ein i kvart hjørne på kyrkjegarden. Ola Hola (1861-1949) minstest berre restar av dei, så dei var nok svært gamle. Den som stod i søraustre hjørnet, ned for køret, var det litt liv i, minstest Ola Hola.⁹ Det «stod att ein grov stomn som var 8 alen høg (2,5 m). Der hadde det mykje innhole treet vorte brote. Likevel hadde det friske renningar oppe, slik at det kvart år bar frodig lauv.»

Dei to asketrea i vestenden på kyrkjegarden, stod på kvar side av

troppehella. Dei var så godt som borte då Ola Hola voks opp, men minnet om dei lever vidare i ei segn han høyrde Gjartrud Knutsen ved Asbjørnstua på Rød fortelje: «I Ljøsten var det ein gut som heitte Gunna, og på Rød ei taus som heitte Ingebør. Dei heldt av kvarandre, men foreldra til tausa ville ikkje vite tå dette, og forbaud henne det. Om ei tid døydde guten, og vart gravlagd nedanfor kyrkjetroppa. Året etter døydde tausa au, og ho vart begravd eit lite stykke ovafor troppehella. Sidan sette mor åt tausa ned ei askeplante på kvar tå desse to gravå, og dei vart med tida store tre. Folket tala i lang tid om dette, og kalla det eine treet for Gunnel'askjinn og det andre for Ingebør'askjinn. Trea nådde saman med greinå over kjerketaket, og då sa folket at det var han Gunnel' og ho Ingebør som rakte kvarandre hendene.»

Også i folkevisa om Bendik og



Askealleen på Øverås, Eresfjorden, fekk hard medfart med motorsag 2018. Vegvesenet såg helst at trea vart saga ned fordi store greiner representerte ein fare for ferdselen. (Foto Bjørn Austigard)

Årolilja heiter det at greinene på trea som voks på gravene deira krøkte seg saman over kyrkjesvala. Desse to i visa heldt også mykje av kvarandre. Dette draget ser altså ut til å vere ut-gammalt i folkediktinga.

Sår seg sjølv

I innleiinga skriv eg at det veks vill ask fleire stader i Romsdal. Det har eg sett ved sjølvsyn. Men ein finn også enkelt-askar på heilt nye stader, t.d. i Storåvika på Hoem ved Eikesdalsvatnet. Der står ein einsleg, nokså stor ask for seg sjølv midt i lauvskogen. Truleg er det fugl som har teke med seg frø frå Øverås i Eresfjorden eller over fjella frå Isfjorden. Det finst mange fleire slike einslege askar.

Ask og eik på Gjermundnes

Gjermundnes var ein herregard alt tidleg på 1600-talet, men det var futen Børge Eeg som bygde opp det



Framfor Enen på Fannestranda i Molde står to gamle eiker, truleg planta først på 1800-talet. Framfor Fylkeshusa på Reknes står det også ei gammal eik. (Foto Bjørn Austigard)



Eikealleen på Gjermundnes 2020. Opphavleg vart alleen planta 4–500 meter frå det gamle tunet, men då garden vart delt i to, i Heimigarden og Hingarden i 1835, vart tunet i Hingarden plassert ved alleen. Eikealleen, som har sju gamle eiketre på kvar side av vegen, ligg derfor på Landbruksskulen sitt område. Vest for den gamle alleen vart det planta fleire eiker først på 1900-talet. (Foto Oddvar Nordgård 2020)

firkanta tunet, som det nok ikkje fanst maken til i Romsdal. Frå det te tunet og ned til sjøen gjekk det ein askeallé, og kyrkjesongar Ivar Brovold (1823-1910) skreiv i 1901 at den «turde dog kanskje være en 200 år gammel».¹⁰ Då Reinhold Ziegler gjorde arkeologiske registreringar der kring 1890, var den mektige alleen i god stand, men då eg arbeidde med «Gjermundnesboka» knapt 100 år seinare, stod det att berre ein ask frå alleen, og han stod ved Einagarden.

Det spesielle med Gjermundnes er likevel ikkje askealleen, men *eikealleen* som døtrene til futen Jacob Andreas Eeg planta i 1758. Denne alleen er truleg eineståande i Romsdal. Eg har i alle fall ikkje funne spor etter eiketre som er planta før dette. Ivar Brovold var ein svært sterk tradi-

sjonsberar, og etter hans «Vestnesbeskrivelse» «blev alleen plantet omkring 1758 af Foged Eegs Døttre, Anna Catrina, Gjerrud Dorothea og Karen Elisabeth for derved at skaffe deres kjære Far en behagelig Overtaskelse». Kvar dei fekk tak i plantene, står det ingen ting om. Kor mange tre som vart planta i 1750-åra, veit ein ikkje sikkert, men det er no 7 + 7 igjen. Det blir ikkje mogne eikenøtter alle år sjølv om trea er gamle, men 1997 var eit storår med mykje nøtter, fortel Oddvar Nordgård. Det året sådde han og elevane eikenøtter, og dei spira i hopetal. Det passa godt, for året etter fylte landbruksskulen 100 år, og eikeplanter frå «eigen skog» vart nytta som gåver. Artikkelforfattaren sikra seg ei slik sådd eikeplante, og ho står no frodig i Eikesdalen. Når

det gjeld plasseringa av den gamle eikealleen, er det kommentert i ei bildetekst.

Eik som tuntre er det heller ikkje mange av i Romsdal. På Enen ved Fannestranda står to gamle eiker symmetrisk plassert i høve til det gamle huset. Dei er truleg kring 200 år. Vest og nord for tunet på Årøneset står det også nokre gamle eiker frå 1800-talet, men det er uklart kven som planta dei. Det same gjeld eika på Haukabøen og dei som står oppi Sotnakken.

På 1900-talet var det fleire som planta eik ved husa sine, men eg vil her berre nemne Emilie Barstein f. Hjelset som planta ei eik på Barsteinen i 1930-åra, og Øyvind Eik som ved dei tider planta ei ved huset sitt på Sekken.

Takk til dei mange som har svara på denne undersøkinga: Rolf Hermann Bredeli, Helge Bugge, Odd Gussiås, Haldor Dahle, Tordis Dahle, Kåre Magne Holsbøvåg, Beate Sande, Knut Sekkeseter, Hans Olav Solli, Øyvind Solli, Edmund Søvik, Jenny Øveraas, John A. Aasen. Det vart etter kvart så mange askar at det vart uråd å nemne alle.

Fotnoter

- 1 Helland, A.: *Norges land og folk. Romsdals Amt*. Bind 1. Kristiania 1911, s. 585
- 2 Solli, Gunnar: *Møre landbrukselskap 1831-1931*. Molde 1931. s. 128
- 3 Schøning, Gerhard: *Reise som gjennom en Deel af Norge...* Bind 1. Trondheim 1910, s. 108-145
- 4 Olafsen, O.: *Veøy i fortid og nutid*. Bind 1. Norheimsund 1926, s. 54
- 5 Daae, Aagaat: *Stamtavle over familien Daae i Norge*. Trondhjem 1917
- 6 Abrahamsen, Olav Arild: *Molde bys historie*. IV. Molde 1994, s. 319
- 7 Piling er det romsdalske uttrykket for å hogge greiner av tre (særleg alm) og bruke borken til dyrefor. Det vanlege ordet elles i lander er «styving».
- 8 Roe er eit mannsnamn som har den største utbreiinga i Grytten/Rauma. Sjå meir om Roe-namnet i *Romsdal sogelag, årsskrift 1981*, s. 35-
- 9 Ola Høla: *Gammalt frå Nesset. Del 1*. Molde 1980. s. 84. (Teksta er her litt normalisert.)
- 10 Brovold, Ivar: *Topografisk-historisk Beskrivelse over Vestnes Prestegjeld*. Molde 1901, 148-149

Selja – brukande til mangt



Situasjonsbildet: Artikkelforfattaren med seljeborken i munnen medan kan lagar ferdig ei seljefløyte («piste»). Det er hakket under lydholet som er det vanskelege å få til for uøvde. Tilskuarane er medlemmer av Romsdalsmuseets leikarring m/foreldre på vekelang tur til Stockholm i mai 1986. På denne turen laga eg rundt 50 «pister». Emne fann eg ved nesten kvart stopp bussen gjorde – til og med i Stockholm. Dei som ser på, er mødrene Åse Heggdal t.v. og Oddbjørg Langset Witsø, og dansarane Amund Gjendem (med ryggen til), Mette Aarø (som alt har fått ei piste), Birgitte Jacobsen og Elisabet Skarshaug (t.h.).

*Selja står saftgrøn og sevjemjuk,
kvistfri og ferdig til fløytebruk,
for hage smågutebender.*

Slik lyder første verset på visa «Seljelåt» av Jakob Sande, og det er kanskje nettopp seljefløyte mange tenkjer på når dei høyrer ordet selje. Både ordet og treslaget er for meg knytt til barndommen og våren, for det ein opplever tidleg i livet, har lett for å feste seg. Det alle i dag kallar 'seljefløyte', det kalla me 'piste', for det var berre éin lyd. Å lage ei lang seljefløyte med fleire hol og mange

tonar, er ikkje så lett å få til. Sjølv lærte eg å lage 'piste' så snart eg fekk lov å halde ein kniv, men det var ikkje alle pistene det var lyd i. Eg var nemleg ikkje sterk nok til å få til hakket under lydholet så tvert som det må vere (sjå illustrasjon).

Me fekk ikkje til å spela melodiar på pistene våre, me berre pista. Når mange ungar gjekk rundt i gardstunet og bles i pistene, var det til tider svært trøytande for vaksne og gamle. «De pistar til det regnar,» sa dei vaksne som var klar og lei desse høge tonane, men regn ville me ikkje

ha, så då heldt me opp ei stund. Me sette pistene i ein kopp med vatn på kjøkkenet slik at dei ikkje tørka. Då kunne dei halde seg resten av dagen dersom ein ikkje beit sund borken.

Eit anna barneminne frå våren er at ho mor tok inn gåsungar og sette i ein vase. Det trur eg vart gjort på alle gardar, og det var desse to tinga selja kunne brukast til – sett med barneaugo.

Ugras eller ressurs?

Selja høyrer til pilefamilien, og her er det mange artar, men dét er ik-



Frå Nordbyen i Molde 2020. Kring vegar og sykkelstiar veks selja som ein vegg mange stader, og då kjem utsynet bort.

Gåsungar (kattalabbar) kan plukkast frå fortauskanten på Fuglset.



Til fyrefør var det vanleg å skave borken av tjukkare seljestokkar. Dei brukte skjevle/skjøve som vist her, eller ein bandkniv. Stokken vart oftast nytta til ved.

kje tema for denne artikkelen. Det er det kulturhistoriske eg vil konsentrere meg om her, og me held oss i gammeltida – den gongen det var förmangel alle år. Vinter og vår vart ku, sau og geit föra med bork av m.a. selje, og så snart det var vår og buskapen kom ut, forsynte dei seg av dei velsmakande unge seljeskota. På den måten vart kulturlandskapet

halde oppe. No derimot, grør det att langs vegar og bekker, og selja finn seg plass der ho finn lys. Ho veks nemleg over heile landet, og ein finn ho opp til 1150 moh. Ein eldre mann kalla selja for «ugras», og eg forstår utsegna. Langs vegar og stiar veks det selje mest overalt, og når ein hogg av ein seljeremming, kjem det kanskje fem att.

Skav og gnag

Skav er bork som er skava av t.d. ein seljestokk med eit skjevle/skjøve eller ein bandkniv (sjå illustrasjon). Den avskava borken vart gjeven rett oppi båsen, i krubba eller i ei bøtte til dei som skulle ha. Dei brukte skav av både selje, osp, rogn, ask og alm, men dei to siste veks ikkje alle stader. Seljeborken er mild i smaken, men for at ein drøvtyggar (jortedyr, ørtar) skal nyttiggjere seg borken, må det gjevast «ørtestrå» etterpå. Det er berre almeborken (-bastet) som det kan tyggast drøv på utan å bruke strå/høy. Borken av yngre seljegrainer gnaga husdyra av sjølve. Gamle seljer var pila (styva) med kanskje fem-seks års mellomrom, og borken på desse greinene hadde ein mild smak. På mange gardar står det gamle seljer som ikkje har vore pila på 2-3-4 generasjonar, og dei har no store kroner som gjer at dei lett blir brotne ned av snø, vind og vør.

Seljepil

I enkelte bygder blir desse gamle seljene kalla ein seljepil. Under jordskiftet på øya Orta i 1892 var det usemje om ein slik pil. Han som åtte selja før utskiftinga, forlangte kr 5 av han som fekk jorda der selja stod etter at jordskiftet var gjennomført. Det ville ikkje den nye eigaren betale, og då skar første eigaren «pilen»



«Seljekallen» av Nikolai Astrup er ei pila selje med eit par år gamle skot.



Nypila selje ved Hammervollstua på Romsdalsmuseet. Kanskje seljepilen på Orta likna på denne?



Store seljer som voks i kanten av dyrkamark, vart pila ofte fordi det var så lettvind. Denne står på Storreiten i Oppigard, og ho har sett gammal ut alt eg kan minnast, men det er framleis liv i ho. Kanskje vart ho pila første gongen på 1700-talet.

ned og tok stokken til ved. Seljepilen hadde ein stor verdi der ute på den skoglause øya. Det var ein fornybar ressurs.

Fleire stader i Romsdal finn ein namnet Pilan, Pilbakken, Pilhaugen og liknande, men det betyr som regel ikkje at det er treslaget pil som har sett namn på staden, men at det har stått seljepilar, alpilar, rognpilar, bjørkpilar der. Eg har leita etter treslaget pil på romsdalsbygdene i 40 år, og før 1900 var det svært langt

mellom kvart eksemplar. Pil-namn er det derimot mange av.

Veden

Veden i selja er ikkje mykje å skryte av. Snarvoksen selje rotnar fort og høver dårleg til t.d. hesjestaur, gjerdesgardsstaur og gjerdesgardsvånd (i risgard). Den tida dei skava borken av tjukke greiner til krøtermat, saga dei etterpå stokkane opp til ved. Brenselsverdien på selje er betre enn ore og osp, men ein god del dårlegare

enn bjørk, rogn og alm (Lars Mytting: *Heil ved.* 2011).

Men den unge, lyse seljeveden har også sine bruksområde, og eg vil her nemne to slike: garnkavlar på garn og som trøskar (sidene i ein sveipa laup, sjå foto). Ole I. Solholm (1905-1988) frå Otrøya skriv dette om selja i artikkelen «Gagnsbeine av eigen skog» i Årsskrift 1986: «Selje vaks her og der, men eg kan ikkje hugsa at seljematerial vart nytta til anna enn ved. Eg meiner elles å ha høyrte at selja vart brukt til trøskar i øskjer, laupar (tiner), korgar og liknande. Men då måtte ein nok ha tre av større dimensjonar enn det som vaks hjå oss, og meir rettveda og kvistfrie. ... Selje var elles nytta til garnkavlar.»

Dette siste stadfestar Jarle Sanden i avhandlingen *Ro fram – la gå not* (Molde 1981, s. 65): «Merkeklubbene eller navneklavene var av tre, ofte einer eller selje.»

Garnkavlar til Sunnmøre

Hans P. Øverås (1906-) frå Eresfjorden skriv følgjande om garnkavlar av selje i boka *Folkeminne frå Indre Romsdal* (1989): «Det var ein haust nokre sunnmøringar frå utpå sunnmørsøya låg her på garden og hogg selje til garnkavlar. Seljå flyt godt i sjøen, ho blir ikkje vasstrekt, og rotne ikkje så snart. Dei kjøpte seg ein sauskrott, so dei skulle ha til saltmat. Det var ein ung gut som var med, og han ville dei ha att heime til å koke. Det var han ikkje huga til, men viss han fekk koke tå sauva, då skulle han vara kokk. Dei ha rikeleg med fisk med seg heimanfrå, så han var vel huga på kostombyte. Dei laut ro innmed (Eikesdals-) vatnet for å hogge selje, så karane var borte heile dagane.»

Hans P. Øverås skriv ikkje når dette var, men etter som han hugsa det, var det helst i 1920-åra. Etter det han skriv, må dei ha fått med seg store mengder seljekavlar. Kanskje var noko for sal til andre. Eg søkte «garnkavl» på www.digitaltmuseum.no, og då fekk eg



Garn med garnkavlar av selje på Fiskerimuseet på Hjertøya. (Foto Øyvind Vestad)



«Klubbe»/flottør av selje for fiskegarn. Fiskerimuseet på Hjertøya.



Garnkavl på Sunnmøre museum datert 1840. (SM.12632)



Sveipa eske av selje. Flemming Nielsen.



Raudselje på Øverland i Molde oppsaga til ved. Det var vanleg til 1960-åra å lage gjerdegardsstaur av raudselje. Stokkane vart kløyvde i fire med øks og blegg.

mange treff frå Sunnmøre museum. Mange av dei har innskore namnet til eigaren og årstalet. Sjå meir om dette i bildetekstene. Også på Fiskerimuseet på Hjertø-

ya er det mange både garnkavlar, namneklavar og klubber av selje. I *Gards- og attesoge for Neset*, bind 2, s. 29 står det om han Gunder Olsen Lyster (f. 1835) som laga

garnkavlar for sal. Før eg siterer kva som står i bygdaboka, er det litt viktig å ta med at dette er han «Gunneljøst'n» – han som 'køyrde Gunna' – og som er nærare omtala side 164 i denne boka. «Han arbeidde garnkavlar av alselje. Materialet til dette henta han frå Nordmørsfjordane, og det ferdige produktet selde han på Sunnmøre. Det var båten og årane han nytta for å komme fram, og det vart dryge turar. Det er fortalt at han kollsigla tre gonger, men han kom frå det med livet. Den siste turen at dette slaget gjorde han omkring 1880, og då var han åleine om å ro til Sunnmøre».

Raudselje

Når selje får stå lenge slik at ho blir gammal, blir veden raud frå margen og utover. Dette kallast for raudselje. Det er akkurat den



Storselja på Olansreiten i Eikesdalen 2020. Snøen vart for tung for det den morkna rota. Kristian Austigard målte omkrinsen i mannshøgde til 3,97 m, og det tilsvarar 1,27 m i tverrmål. Dette er tredje våren at denne selja ligg nede, men friske skot er å sjå fleire stader, og dette er godsaker for hjorten. (Foto Tor Austigard)



Storselja på Tornes består av fire stammer frå den same rota. (Foto Lars Aarønæs)

same selja me elles talar om, men den raude veden kan samanliknast med al (malm) i ein toll-stokk (furustokk). Slik seljeved er motstandsdyktig mot rote. Til eldre selja blir, til større blir andelen av raudselje i stokken. I Norsk Ordbok finn ein oppslagsordet 'raudselje', og der står det: «selje med raud kjerneved (mykje nytta m.a. til lagging)» og så er områda der denne tradisjonen er kjent, ramsa opp frå Ryfylke i sør langs heile kysten til Nordland. Lagga kar betyr i denne samanhengen trebøtter av ymse slag, mjølkeringer, ambarar m.m. Det gode med selja

er at ho ikkje set smak på maten.

Å lage lagga kar slik som omtala her, var slutt lenge før mi tid, men eg har vore med på å lage gjerdesgardsstaur av raudselje. Det vart gjort på den måten at ein kappa seljestokkane i ca. 1,5 m lengde, og så delte ein kvar stokk i fire etter margen. Selja er lett å klyve, og dersom stokken er rett og bein, går dette lett for to mann, og det kan gjerast på staden. Kvar staur vart så kvesst og sett inn i garden.

Ein god seljestaur av raudselje, kan stå både 30, 40 og 50 år, det har eg sett ved sjølvsyn, men det

er slik her som med det meste: Ein dårleg staur øydelegg for dei andre, for snarvaksen selje rotnar fort.

Selja og økosystemet

Gamle seljer som har vore pila i generasjonar, har alltid ein frisk del og ein tørr og kanskje litt roten del. Eit lite stykke opp frå rota er det gjerne tjukke lag med lungenever. Slike gamle seljer er eit eldorado for insekt av mange slag, og i høvelege hol finn småfuglar reirplass. Ein av yndlingsfuglane mine er spettmeisa der ho går opp og ned dei gamle «seljekallane» på leiting etter mat. (Sjå foto s. 98)



Over t.v. denne selja vart pila for ca. 100 år sidan. Gamle seljer, tjukk bork, lungenever m.m. er ein del av økosystemet i gammalt kulturlandskap, her frå Joneset.

Over t.h. naturkunst: Ei rogn har sådd seg i ei gammal selje. Dette kallast «fløgrogn», og bogtre av slik rogn gav spreke hestar.

Bjørn har vore begeistra for selje heile livet.

Spettmeisa går både oppover og nedover ei trestamme. (Foto Guttorm Eldøen)



Stavklokke – ei sjeldan plante



Stavklokker i full blomst på nedsida av Eikesdalsvegen den 7. juli 2017. Ved å køyre sakte forbi kunne me telje rundt hundre blomstrandeksemplar frå bilvinduet fleire år på rad. Dei største eksemplara står ofte på nedsida av vegen. Dit må dei ha spreidd seg sjølv. I bakgrunnen ser me Åsneset på Øverås.

Å oppdage ei plante som nære på er utryddingstrua, er ikkje kvar-dagskost. Det eg vil fortelje her, er ei historie som Dagrún og eg lenge heldt for oss sjølv, men som me no vil gjere kjent.

Fredag 1. juli 1989 kom me til ferjekaia på Øverås for å ta ferja til Eikesdalen. Ferja var full med bilar, så me – og fleire med oss – vart ikkje med, men me vart lova ekstratur 2,5 time seinare. Ungane vart sende oppover med den ordinære ruta, for mottaksapparatet stod klart i Austigard. Medan me venta, gjekk me oss for første gong ein tur oppover nyvegen langs med vatnet. Dette var heilt nytt terreng for oss. Me passerte Ljøsåna, og eit stykke ovafor der gjorde me to observasjonar som var nye for oss.

Skjeler og stavklokke

I ei bratt vegskjering med grus og stein på øversida av vegen låg det strødd store mengder heile og sundbrotne skjeler frå den tida at Eikesdalsvatnet var ei fjordarm. Me visste at det er funne mange slags skjel i Eikesdalsvatnet både på Øverås og i Meringdalen, men noko slikt hadde me aldri sett før. Men det skulle skulle dukke opp meir. I dei to-tre år gamle vegskjeringane voks det store mengder kongsløys og filtkongsløys, og mellom alle desse oppdaga Dagrún ei blå plante som i høgde og fasong kunne minne om tistil. Det var berre fem eksemplar som stod der og blomstra. Me kunne ikkje minnast å ha sett denne planta før, så me tok med eit eksemplar for å finne ut kva det var. I moderne språkbruk var

dette miljøkriminaliet, men det viste me ikkje.

Det måtte fleire floraer til før me fann ut at det var stavklokke (*Campanula cervicaria*) me tok med oss heim. Bror Henning skal ha stor takk for hjelpa med å finne fram til rett plante. Ikkje alle botanikarar har med stavklokka i bøkene sine. Det var då det gjekk opp for oss at dette var ei sjeldan plante – ei plante som er nær ved å komme på raudlista. Etter det var me litt skuffa over at me ikkje hadde notert oss nøyaktig kvar veksestaden var.

«Borte» i 17 år

Vegen langs vatnet vart opna i november 1990, og me kom ikkje attende til området innafor (sørafor) Ljøsåna før det var gått nærare to år. Skjelforekomsten var lett å sjå, men

for oss som ikkje er botanikarar, er stavklokka litt vanskeleg å oppdage utan at ho står i full blomst. På alle bilturar, sommars dag, på vegen langs Eikesdalsvatnet, speida me etter blomstrande stavklokker i alle vegskjeringane mellom Øverås og Eikesdalen utan å sjå ei einaste ei. Så, plutsleg, i 2007 stod ca. 50 eksemplar og blomstra i ei strekning på mindre enn 200 m langs vegen. Dette var heilt klart det same området der me såg dei første eksemplara i 1989. Me varsla då Botanisk avdeling ved Vitskapsmuseet i Trondheim, og førsteamanuensis Eli Fremstad ved avdelinga rykte ut same veka og saumfôr området. I ei kort melding i *Orebladet 2 – 2007* etter befaringskriv ho m.a. dette: «Jeg rykket ut, og fant lokaliteten ved hjelp av god beskrivelse fra Austigard. På begge sider av vegen langs Eikesdalsvatnet, og tett inntil den tellet jeg 69 blomstrande individer i rute MQ 57,43».

Sau på beite

Det er gardane på Øverås og Nerås som eig området på austsida av Eikesdalsvatnet heilt til bytet mot Vike. I uminnelege tider har desse gardane hatt dyr på beite på Stranda og Fløtan, men det var no slutt. Då vegen kom i 1990, sleppte Olaug og Henning Øverås i Pestua sauene sine på dei gamle beiteområda, og i dei nye vegskråningane voks det frodig gras. Ein skulle kanskje ikkje tru at stavklokke stod på menyen, men året etter at sauehaldet i Pestua var slutt, kom dei blå blomstrane til syne for dei som ferdast etter vegen. Me informerte Eli Fremstad om dette, og ho kommenterte dette slik i 2007: «Ganske nylig opphørte beitet, og det har gitt anledning til å vokse opp til blomstring. Tidligere har den trolig overlevd som rosett og ikke kommet til blomst, i alle fall ikke i så stor grad at den som ferdes der regelmessig har sett den. Stedet innbyr ellers ikke til stopp sånn uten videre.»

Stavklokke i Nesset

Dette funnet førte til «arkivgranskingar» på Vitskapsmuseet. Bota-



Stavklokker i veggrofta på øversida av vegen. Somme står i full blomst medan andre har sett frø. Ei avblomstra stavklokke liknar mykje på ein avblomstra tistil.

nikaren Fægri har ein referanse til Nesset (1996), men det stod ikkje kvar veksestaden er. I ettertid fann Fremstad ut at opplysninga var «en muntlig meddelelse til Olav Gjærevoll fra Gunnar Brodal, apoteker og amatørbotaniker. Han fant stavklokke i gamle Eresfjord og Vistdal kommune i 1951, på Bogge (se Gjærevoll 1951). Men Bogge-gårdene ligger i rutene MQ 51-54, 56-57, som er 13-14 km lenger nord! Jeg hadde ikke dokumentert ringen på 1996-karet, men en lokalitet som hittil har vært ukjent for oss. Kanskje noen fremdeles kan finne stavklokke ved Bogge? Ny stavklokke-lokalitet er ikke hverdagskost, så takk til Bjørn Austigard for å ha påvist den.»

Etter dette tok eg ei rad telefonar til eldre folk på Boggestranda, men

ingen hadde høyrte om stavklokke – same kor fin ei plante det er. Mi tru er at apotekar Brodal har observert planta i ei vegskråning ein gong han køyrde forbi – om lag slik Dagrund og eg gjorde det. Det skal i grunnen noko til at ein framand på tur stoppar og fortel folk i lokalsamfunnet om at det står ei sjeldan plante borti ein vegkant. Gjærevoll var botanikar og hadde interesse av slikt. Hadde det derimot vore ein bjønn apotekaren hadde observert, hadde han kanskje stoppa og fortalt det.

Ein livskraftig forekomst

Når ei plante står på «raudlista», betyr det at arten er fåtalig og står i fare for å bli utrydda. Stavklokka er ikkje der enno, men ho blir vurdert som «nær trua». Området ved Eikesdals-

vatnet er gunstig plassert på to måtar: Det er lett å finne for den som er interessert, og den årlege kantslåttan langs vegen gjer at området ikkje vil gro til. Spørsmålet er berre om ivrige samlarar tek med seg for mange planter slik at området blir snøydd, eller at vegvesenet slår kantane så tidleg på sommaren at det ikkje blir sett frø.

I 2008 – året etter gjenoppdaginga – informerte me gruneigaren om funna. Då telte me over 100 eksemplar som blomstra meir eller mindre samstundes, og det på baa sider av vegen. Etter dette har det vore teljingar kvart år, og eitt år oppdaga me at området var utvida. Då hadde det sådd seg nokre planter i vegkanten ved den høge fjellskjerinnga på Rebelgneset – altså nord for rasoverbygget ved Slepren. Det kan knapt forklarast på annan måte enn at kantslåttmaskina hadde teke med seg frø frå området på andre sida av rasoverbygget. Andre vegen derimot – altså mot sør – har ikkje vekseområdet utvida seg det me har observert til no.

Skulle me ha halde kjeft?

Me vurderte fleire år om me skulle gå ut med dette gjennom avisene, eller om me berre skulle halde kjeft. Me valde å gjere det siste til 2016, men me var i tvil. I årboka *Du mitt Nordmøre 2012*, skreiv Øystein Folden i Naturvernforbundet om ein liknande (men mindre) forekomst ved Eikremstunnelen i Straumsnes/Tingvoll. Han var ikkje så redd for samlarane, men meir for gravemaskinane, skreiv han til meg.

Den 5. juli 2016 inviterte me veteranen David Grøvdal frå Vegvesenet på befarung med tanke på kantslått. Det han såg, var heilt nytt for han, og han lova å informere nedover i systemet til dei som slo langs vegen. Det gjorde han nok, men slik munnleg informasjonen varer ikkje så lenge.

Nokre dagar seinare skreiv (hobby-)botanikar John Arne Vaagsæter eit innlegg i Romsdals Budstikke med tittelen «Stavklokke – en truet art». Også han var bekymra for kant-



Den 5. juli 2016 kom David Grøvdal frå Vegvesenet på befarung med tanke på forsiktig kantslått i dette området. Fire somrar har gått sidan dette, og stavklokkene har greidd seg godt sjølv med litt har medfart enkelte gonger.

slåttan og skreiv m.m. dette: «Det jeg lurer på er om de riktige myndigheter er klar over dette. I fjor ble dette stedet kantslått lenge før frø var modne. Bestanden ved Eikesdalsvatnet er derfor etter mitt syn truet.»

Trur det går bra

Fire somrar har gått sidan bekymringssignala vart sende ut, og stavklokkene har blomstra kvart år på baa sider av vegen, ja, til og med innmed dei bratte vegskjeringane på Ræbelgneset. Tallet på dei som blomstrar, varierer noko frå år til år, men dei er der. Kantslåttan har enkelte år vore litt uheldig sett frå stavklokkene si side, men enkelte eksemplar «har det vetet» at dei står der slåmaskina ikkje når dei.

Til deg som ikkje har opplevd ei stavklokke i full blomst: Ta turen neste år sist i juni eller først i juli, og du vil få ei openberring, men hald fingrane frå vegskråningane. Då trur eg dette skal gå bra.

Toll, furu, gadd, sa bjørnen



Grensekart. Grensa mellom «føre»/»føre» og «tolle» er nokså klar i dag. I dei skraverte felte seier dei bae delar. For 50 år sidan var nok dette området større enn i dag. På heile Nordmøre seier dei «toll» no, men «Färåneset» i Straumsnes og Färøya på Averøya viser at «toll» er nyare.

I Asbjørnsen og Moe sine folkeeventyr er bjørnen og reven «hovudpersonar» i mange av forteljningane. Reven er den kloke og lure, medan bjørnen er både dum og dårfarleg. Eg tenkjer her på eventyret der dei inngjekk veddemål om både dette og hitt, m.a. om kven av dei som snarast kunne ramse opp ulike tre/treslag i skogen. «Toll, furu, gadd,» sa bjørnen utan tanke på at dette var tre ulike namn på same treet. «Ask, or, eik,» sa reven, og vann dermed veddemålet.

Ei dialektgrense

Som lesarar av språkspalta etter kvart må ha fått med seg, har eg lenge vore interessert i ordgeografi og dialektgrenser, og her i Møre og Romsdal er det mange av dei. Det kjem litt an på kva det gjeld. Dei som bur på sørsida av

Romsdalsfjorden seier at dei «snakka» i telefona/telefonen», medan me som kjem frå Nesset seier t.d. at «me «tala» i telefona», (dvs. det er vel somme i den yngre garde – inst inni Langfjorda også – som «snakka i mobilen», men det er liksom noko anna.)


Ei liknande grense som me har for tale/snakke, finn me også for treslaget «furu», i alle fall for oss som har passert 60. I Nesset heiter det nemleg «tolle». Det gjer det også langs heile nordsida av Langfjorden, på Skálahalvøya, Bolsøya og på fastlandssida av Julsundet og ut til storhavet (sjå kartet). Sør og vest for denne grensa heiter det «føre», «føre» eller «føre» alt etter kven ein spør.

Ein romsdals-bjørn?

Ettersom bjørnen sa «toll, furu, gadd», kan det vere at dette var ein

språkbevisst type som ikkje ville fornærme oss romsdalingar, og dermed garderte han seg. Kva er så ein «gadd» (gaddj)? Ja, det er eit spørsmål eg fekk midt i Storgata i Molde for berre nokre få veker sidan. I *Bolsøyboka, bind 4*, definerer Einar J. Berg ordet slik: «Gadd er fure som har turka på rot og flekt borken så leggen lyser gråkvit.» Gaddhaugen (Mordal), Gaddhaugan (Kanndalen) og Gaddrørin (Hjelset) o.fl. er eldgamle namn, og for oss som har studert gamle grensegangar, er det ikkje uvanlig å finne «Krys» eller «Bytemærke» i eit gammalt «Gadde-træ» eller «Fyre Rot». Dette er typisk bjørnemark, og merka kan ha stått der i generasjonar!


Tolle- i stadnamn er det ikkje så mange av i fylket vårt. Tollåsen i gamle Bolsøy kommune er eitt av dei få me



Vestneskartet. På dette kartet frå *Beskrivelse over Vestnes prestegjeld* frå 1901 står det «Førj.» sør for Tautrå, men «Furunes» om Furneset.



Gadd (snaragadd) i Moldemarka.
(Foto Håkon Tofte)



Gadd ved Varden i Molde (Foto Erling Havnes/Romsdalsmuseets fotoarkiv)

har. Det er første gong nemnt i 1610, altså i starten på det me kallar hollendertida. I Eikesdalen er det ein stad som heiter Tellet. Der veks det tolle, og denne forma med «e» i staden for «o» tyder på at det er gammalt. Tallerås

på Dovre er liksom stjerneeksemplet på slike namn hos O. Rygh i Norske Gaardnavne. Tollero på Kviltorp og Tollevegen på Bergmo er derimot laga namn frå 1960-åra, men det viser at «tolle» er kjent også i byen.

Stadnamn som startar med Før- og Føre-

er det mange av. Til og med i eit tolledistrikt som Eikesdalen har me både Førneset og Førhamran. Førholen ligg i Brøstdalen, og Førekollen er ein stad i Isfjorden. I Innfjorden har me Føredalen, og eit stykke oppom der finn me stadnamnet Føret. «Sauene gjekk frammi Føra,» kunne dei seie. Dette namnet er spesielt. Det minner om gardsnamnet Furu (uttala Føru) i Sunndalen. Det er frå middelalderen.

Førfjorden/Førfjorden

Etter svartedauden voks det fram eit samanhengande furuskogbelte frå Rekdal i vest, over Ås-halvøya i Vestnes, Bolsøya og Sekken, og så uforstyrra over Skålahalvøya og Osmarka til Angvika ved Tingvollfjorden. Skriftlege kjelder og gamle kart frå 1700-talet fortel at fjorden mellom Tautra og Fiksdalen og vidare forbi Øverås og Furneset mot Sekken hadde namnet Førfjorden/Førfjorden. Uttalen varierte alt etter om

ein budde på sørsida eller nordsida av fjorden. Førstestavinga er treslaget føre/føre/furu. Det fekk eg eit klart bevis for då eg sommaren 1978 stod i Nord-Heggdal saman med Rasmus H. Heggdal (f. 1894) og såg over fjorden til Vestnes. Så spør eg: «Kva kallar du denne fjorden?» «Førfjorden, og der er Fördjupet (500 m djupt), Fôrneset og utover der er Fôrstranda.» Dette var heilt nytt for meg, og for å kontrollere førstestavinga «Fôr-« snudde me oss og såg mot skogen bak. «Kva kallar du treslaget som veks oppover liene her?» «Føre!» Kan det finnast eit betre bevis for at eit treslag har gjeve namn til eit heilt fjordsystem? Båttrafikken mellom Molde og Vestnes har teke livet av dette gamle namnet, og den siste som brukar «Forfjorden» på kart er sjølvaste Ivar Brovold i 1901.

Påverknad frå skriftspråket

Det går truleg ikkje mange ti-åra frå no før både tolle og føre er ute av talemålet vårt. Skriftspråket pregar alt no talemålet vårt, og eg, som har mot til å tale om lag slik eg gjorde det då eg voks opp, får stadig høyre at «du snakkar så rart». Eg vil no ta fram eit stjerneeksempel på skriftleg påverknad, henta for bygdaboka frå Nesset, bind 8. Ein gardbrukar i Eresfjorden hadde bestemt seg for å modernisere husa sine. Han saga ned «den gamle kjempetolla», og av den åleine fekk han «furupanel» nok til den minste stua på garden. Her er det heile tida tale om «tolle» medan ho står på rot, men så snart ho er skoren og materialane høvla, er det handelsvare, og då heiter det «furu». Tilsvarende er det med grisen som blir til svin, sauene til får, kua til storfe så snart dei kjem som kjøtvarer til butikkhyllene.

Takk til bjørnen som sa «toll, furu, gadd!» Utan han hadde ikkje denne artikkelen vore skriven.

Etterord (2020)

I dagane etter at denne artikkelen stod på trykk, fekk eg fleire kommentarar frå lesarar på min alder. Dei meinte at eventyret heitte «Toll, furu,



Tyrirot kallar austlendingane dette. På romsdalsk heiter det spikrot. Den tida dei brende tjøre i miler, braut dei opp røtene, hogg dei sund og tørka spika. I håbolla brende dei tjøre av den feite veden.



«Kamp mellom hingst og bjønn» av Jacob Gløersen. Om det er Bjørnsons «Blakken» som er teikna, veit me ikkje, men i kanten på bildet står ein gadd. Det er sikkert.

tyri», for det stod slik i deira lesebok på folkeskulen. Det er sikkert rett, men i mi lesebok stod det altså gadd, og det visste me kva var. Tyri er for meg eit litterært ord for det me kallar spik, og dét fekk eg stadfesta ved å slå opp i *Norsk Ordbok* (bind 10) spik: «II spik (tyding 3) feit fureved, tyri». Me talar om spik-rot, spik-revill (frå oppe i ein gadd), spik-flis osb. der austlendingane talar om tyri-rot, tyri-ved og tyri-flis.

Frå Kåre Magne Holsbøvåg har eg fått eit notat om furu og tolle, og dette tek eg med her fordi det viser at talemålet vårt har vore – og er – i endring heile tida. Illustrasjonane eg har valt ut, meiner eg understrekar dette på ein god måte.

Treslaget fure/tolle

Treslaget som er mest kjent med den austnorske namneforma furu, blir kalla tolle (tållje) i det området av

Romsdal som ligg frå Gosså, på halvøya aust for Julsundet og austover. Vistdalen, Eresfjorden og Eikesdalen høyrer med til dette tolle-området. Slik er det altså i våre dagar. Men det kan ikkje ha vore slik i så mange hundreår, for innanfor dette området finn ein mangt eit stadnamn med ordet fure med uttalen føre eller fåre. Mellom dei er ein del gards- og bruksnamn. Av gamle tolle-namn finn ein berre Tollåsen (Norske Gaardnavne 13, s. 276). Men ikkje langt unna på Solomdalen er grova Fåråsgrova. Her må førsteleddet ha vore Fåråsen.

Det finst namn på særmerkte tre som Brennvinstollå o. l., men slike namn har sjølvstyk avgrrensa alder og fortel om talemålet dei siste hundreåra. Aust for Istad er det ei gammal og diger byttolle som heiter Stortollå. Mindre enn 1 km lenger aust ligg bruket Fårhaugen. Det fortel om same treslaget.

Det finst ein god del stadnamn (naturnamn) innanfor området med nemninga fore/føre/fåre. Det er tydeleg at ein i tidlegare tider må ha brukt mest dette ordet. Framleis kallar ein harpiks (kvae) for fårkove i området kring Fannefjorden. Dette fortel om gammal språkbruk, elles hadde ein sagt tålljkove. Ein omtalar material av dette treslaget for fåre, i motsetnad til bjørk, gran og liknande. Dette peikar i same lei.

Kjem ein til næraste nordmørsområdet, er ikkje ordet tolle så einerådande i talemålet no for tida. Tolle finn ein ikkje i NG 13 på Nordmøre. Men furu/fårrå finn ein i mange gardsnamn på Nordmøre. I Batnfjorden, ikkje langt unna romsdalsgrensa, støyter ein på Furset, Fårråhåjen og Fårrålia (som i nyare tid har vore kalla Nøllia. (Nøl med tjukk l for nord). Dette finn ein på s. 361 i NG. Ytst i Straumsneset er Fårrånesset (NG s. 366). Furset er også gardsnamn i Øksendalen (NG s. 383). Furset er eit set-namn. Desse namna som endar på set er kring eitt tusenår gamle. I Sunndalen er Furu ein gammal, sentral gard (NG s. 394). Ytst på Averøya har ein



Stakkstøe i Langvassdalen i Eidsvågen 1964. Ingvald Aasen viser her barnebarnet sitt, Ingvar Aasen, den gamle stakkstonga. Denne gadden vart bruka som stakkstong siste gong i 1940. (Foto Harald Aasen)

Fårøya (NG s. 334). Det ser i det heile ut som tolle ikkje står så sterkt i talemålet på Nordmøre som i nord- og austdelen av Romsdalen.

Ein kan spørje seg om ordet tolle har kome med innflyttarar frå aust og nord. Ein veit at området kring Fannefjorden var folkelaust frå siste halvdel av 1300-talet til bortimot år 1600. Truleg kom mange av dei som på nytt busette seg her, frå innlandet. Dette var den tida då fureskogen vart verdifull. Oppfinninga av saga driven med vatn fekk produksjonen av trelast i gang. I fjellbygdene og aust for fjella har variantar av ordet tolle vore brukt med litt varierende innhald. Både Gudbrandsdalen og Østerdalen har ordet. Ja, det er brukt også på flatbygdene på Austlandet. Ein har gardsnamn som Tollehaug (en). Tollnes er i Skien bykommune. Tollåli er i Beiarn i Nordland. Ein veit at i Oppdal har dei toll. Inge Krokann nemner Stakkstotolla i Gisnadalen. Dette er då eit tre ved ei stakkstøe. (Stakkstøe er stad der ein hadde høystakk.) KMH



Spik-revill i ei tolle ved Moldeelva. Det er daude parti – gjerne langt oppå treleggen – som kallast ein spik-revill. Revillen er lett synlege fordi tolla der er utan frisk bork. Somme gonger er borken svart, andre gonger har han falle av, slik som her.

Torne, sureple og asal

– tre litt uvanlege treslag



Frå Eikesdalen ca. 1955. Det er i lia på bortsida av elva at det veks tornar og sureple. I blomstringstida er fire til fem tornar godt synlege mellom Tyvikgrova og Almelibekken. Aust for Almelibekken, mot Rangåna, er det nærare ti. Det gamle surapalane står på Førhamran i same området. (Foto Birkeland)

For mange yngre i dag er ein skog ein skog. Kva treslag som veks i skogen, er i stor grad både ukjent og uinteressant, det er trass alt 38 sortar i Norge. Kor mange av desse som veks i Romsdal – eller Møre og Romsdal for den del, veit eg ikkje, for somme har berre nokre få vekstader, men temaet interesserer meg.

I min oppvekst kom skogkunnskapane i stor grad inn med morsmjølka. Me hogg ved og saga tømmer, laga hesjestaur når det trongst, reparerte gjerdesgardar kvar vår, tok lauvkjerv, laga rivetindar og seljefløyter osb. Me hadde bruk for skogen i det daglege livet, og temaet 'skog som ein ressurs' vart berre meir interessant etter at eg vart museumsmann. Eg vil gjerne lære meir medan det endå

var eldre folk som kunne fortelje noko, og i 1986 fekk eg m.a. skulesjef og lokalhistorikar Ole I. Solholm (1905-1988) til å skrive om skogen på Solholmen på innsida av Otrøya. Avstanden frå Otrøya til Eikesdalen er ganske stor, og for meg var det om å gjere å få han til å seie noko om korleis ulike treslag på heimsplassen hans vart utnytta i gammal tid. Solholm var ein sikker tradisjonsberar, og han tok for seg treslag etter trelag slik han mintest det frå sin oppvekst. Her er nokre enkle døme frå artikkelen: hatl vart nytta til rivetindar, osp vart brukt til lunnar i båtstøene, selje er lett og høvde til garnkavlar (flottørar) på garn, og av rogn kunne dei lage seg ski. Slik tok han for seg 10 tresortar frå sitt nærrområde.¹

Sjølv har eg skrive artiklar om både alm, hatl, ore, hegg, osp, svart-

ore, eine og veggtre (frukttré), alt mynta på dei som bur her.² I denne boka finn du korte artiklar om furu (tolle, gadd) (side 102), valnøtt-tre (side 80), ask og eik (side 85).

Uvanlege treslag

Det finst nokre treslag i skogane våre som eg vil kalle *uvanlege*, tresortar som det berre er eit fåtal av, og som dermed må reknast som sjeldne. Eg tenkjer i denne omgangen på *torne* (hagtorn), *villapal* (surapal) og *asal* (rognasal). Desse er det ikkje skrive noko særleg om lokalt, m.a. nemner ikkje Olav Gjærevoll hagtorn i oversiktsartikkelen «Plantelivet i Møre og Romsdal».³ Asal og villapal er varmekjære «element», skriv Gjærevoll, og dei er «meir sjeldsynt» enn t.d. krossved (beinved) og trollhegg. Holzførster Hans Peter Schnitler set-



Fire gamle tornar i full blomst i lia aust for Almelibekken. Den tette lauvskogen i området gjer det uråd å sjå alle på ein gong. (Foto Bjørn Austigard, mai 2000)

te opp eit oversyn over «vilde Trær og Frugter» i Romsdal i 1789.⁴ Han skriv at «Asal – Sorbus torminialis – ligner Klunger» og at «Apald – Malus sylvestris – vild æble Træ», men han lokaliserer ingen av dei, og hagtorn er ikkje med.

Det er ikkje vanskeleg å vere einig med Gjærevoll i at dei trea som her blir omtala er sjeldne. Dei har i tillegg lita eller inga økonomisk interesse, men dei er ein del av floraen vår og dermed ein del av økosystemet. Dei har gjerne eigne, lokale namn og er slik sett også ein del av språket vårt. Det betyr at bygdefolk til ein viss grad har visst om dei, men treslaga er lite eller aldri omtala i lokalhistorisk litteratur, og i faglitteraturen er dei nesten aldri lokaliserte nærare enn til bygda, kommunen eller fylket. Formålet med denne artikkelen er å sikre ein del opplysningar for ettertida – for lokalbefolkninga først og fremst.

Torne

Torne er det lokale namnet for *hagtorn* (*Crataegus Monogyna*) både i Eikesdalen og i Stangvika, Surnadal. Også på Småge på Gosså veks det torne, men der har blomsteren på trea skifta

farge frå kvit til raud/raudleg, og dette blir omtala litt seinare i artikkelen. Sunnmørspresten Hans Strøm skriv i 1762: «Hage-Torn. Voxer i Fiordene, fornemmelig i Geiranger, og deraf forarbeides Træ-Skeer og andre smaa Redskaber.»⁵ Kor vanleg hagtorn er i fjordane på Sunnmøre i dag, veit eg ikkje, men Gjærevoll lét vere å nemne torne mellom varmekjære treslag.

Første omtale av hagtorn etter Strøm er truleg Johs. Schiøtz: *Om Skovforholdene i Romsdals Amt*, som kom i 1871. Han skriv at «Hvidtørn og vild Æbler» veks i «Bröske-lierne i Stangvik», og denne observasjonen blir brukt av fleire botanikarar seinare. Knut Fægri skriv t.d. at «Hagtorn i en eller annen form er i vårt land viltvoksende vesentlig langs kysten til Nordmøre».⁶ Ove Arbo Høeg tøyser grensa litt lenger nordover når han skriv at hagtorn veks «vild eller er naturalisert til berg og urder til Trøndelag».⁷ Han har ein del lokale namn på dette treslaget (m.a. 'tørn' for 'torn'), men innrømmer at akkurat dette emnet kunne ha vore nærare undersøkt: «Navnematerialet er ufullstendig og noe tilfeldig, men viser en stor variasjon.» I den sammenhengen er det naturleg å merke seg

at namneforma *torne*, som me kjenner frå Romsdal og Nordmøre, ikkje er med hos Arbo Høeg. Han har elles ikkje eit einaste lokalt namn på hagtorn nord for Sogn, og det kan tyde på at vill hagtorn ikkje er så vanleg i t.d. Møre og Romsdal i dei åra han dreiv innsamlingsarbeidet sitt, nemleg 1925-1973.

Eg kontakta Bergsvein Bröske (f. 1960) på heimgarden i Stangvika med spørsmål om han kjente til tornane og villapalane som Schiøtz nemner for 150 år sidan. Det gjorde han, men han trudde kanskje at surapalane no hadde dauda. Han fotograferte nokre tornar, og det eine bilde står på side 111.

Lite kjend lokalitet i Eikesdalen

I Eikesdalen veks det tornar på eit nokså avgrensa i den solvendte lia mellom Tyvika og Rangåna. Kring 1970 var det 15-20 gamle eksemplar i området, men i samband med ei utskifting kring 1980 vart 3-4-5 stk. saga ned og brukt til ved. I 2000 registrerte eg 14 tornar som blomstra samstundes, og fleire var det neppe på det tidspunktet. Gjennom åra har eg fleire gonger leita etter små torneplanter som har sådd seg på naturleg



Her står eg på den nye skogsvegen under ein blomstrandne torne. Treet er 8-10 m høgt. Frukt/bær frå dette gamle treet har sådd seg i den nye veggen og skråninga rundt. (Foto Dagrún Gjelsvik Austigard)



Rune Finnset under den same tornen desember 2019. Stamma på denne tornen er kvistfri 4-5 m oppover. (Foto Elena Finnset)
Under: Diameter i brysthøgde: 26 cm. (Foto Elena Finnset)

måte, men det fann eg ikkje dei første åra eg leita. Lauvskogen står nemlig så tett at frøa ikkje slår rot i den solfattige skogbotnen.

Sommaren 1929 gjorde professor Rolf Nordhagen «en undersøkelse av hasselskogene og urfloraen under Rangåfjelle's bratte styrtning på Eikesdalsvatnets østlige bredd», men på denne turen registrerte han ikkje noko av dei tre tre-slaga me her skriv om.⁸

I 1969 skreiv Per Steinar Haande (1939-2018) ei hovudfagsoppgåve i botanikk med tittelen «En plante-sosiologisk undersøkelse av lauvskogssamfunnet i Eikesdalsområdet i Romsdal med spesiell vekt på hasselskogen». Han undersøkte først og fremst området på austsida av vatnet frå Vike til Rangåna, men heller ik-

kje han registrerte hagtornar, villapalar eller asal under dette arbeidet.

I 1980-åra vart det grave ein skogsveg like forbi ein av dei gamle tornane, og i veggen og vegskråningane forbi dette gamle treet, spira det fleire hundre tornar. Nokre av oss som har stor interesse av dette uvanlege treslaget, tok med små ung-tre og planta dei i hagar og ved hytter, og trea trivst og veks.

Ove Arbo Høeg nemner at tornar har sterk og hard ved og har vore bruka til fleire ting, m.a. rivetindar og skomakarreiskapar («pussfløytar»). Han nemner vidare at ungar sør i landet åt frukta (bæra). Alt dette er ukjent i Eikesdalen i dag, men eg vil ta med at Knut Finnset (1873-1957), som hadde fleire store tornar på skogteigen sin, vurderte å lage seg



ski av eitt av dei største trea sine.⁹ Tornane står der heldigvis framleis, 2-3 generasjonar seinare, men skogen omkring kastar no så mykje skugge at det er eit tidsspørsmål om kor lenge somme av tornane greier å halde liv i seg. Dette er eit kjent problem i Eikesdalen som i andre bygder. Eg har m.a. registrert mange daude søyle-einar dei siste åra, og eg føler meg sikker på at mangel på lys er hovudårsaka til at dei tørkar inn.



Torne planta ved hytta vår i Kjeura, Oppigard, 2000. Treet blomstra etter ca. 10 år, og det ber fram mogen frukt/bær kvart år. (Foto Bjørn Austigard 2019)



Ein torne ber namnet sitt med rette. Tornane på eit årskot er ca. 1 cm lange og sylkvasse. Neste år veks dei seg 3-4-5 cm lange for så bli til greiner. Mange fell av.



Seinhaustes heng det det att litt frukt/bær. (Foto Bjørn Austigard)



Nærbilde av blomster og blad på tornen eg planta ved hytta vår i 2000.

Hagtorn på Småge

Det var Asbjørn Windstad som tipsa meg om vill hagtorn på Småge. Konservator Ove Dahl hadde oppdaga hagtornen der i 1895. Veksestaden var inni noko hatlekratt «Innai-Haugen» (Innerhaugen) på Småge. I 1969 var professor Rolf Nordhagen i Dahl sine fotspor, og Torbjørn Urke var med. På ein oversiktleg og god måte skreiv Urke ein artikkel om synfaringa han var med på i *Aukra gjennom tidene 1980*, og det var denne Windstad viste til. Men Torbjørn Urke var ikkje ferdig med hagtornen på Småge med dette. I samband med noko kraftlinerydding i 2016 stod hagtornen i fare for å bli saga ned, og då vart Urke tilkalla. Eg kontakta Urke i 2020 for å få eventuelle bilde frå første befarung, men det hadde han ikkje. I ein ny artikkel i *Aukra gjennom tidene 2017* (Aukra 2016) fortel han at veksestaden i 2016 var ein annan enn då han var der sist, men på Småge. Også han stussa på dette, og eg spurde då om han ikkje kunne skrive litt om korleis han opplevde dette, og det gjorde han slik:

Då Asbjørn Windstad alarmerer meg om «hagtornene på Småge» i 2015/16, vel 45 år seinare, som kraftlaget no er i ferd med å sage ned for å lage plass til kraftliner, så aksjonerer eg. Windstad forklarar kvar eg «finn att» hagtornen, og eg reiser til Gossen for å ta bilde og skrive ein ny artikkel. Eg vart storleg overraska då hagtornen hadde skifta blomster... dei var raudlege.

Eg har ikkje forska meir på dette. Men presenterte den raudlege hagtornen i Aukra gjennom tidene 2017 side 112ff. Det eg les, er at hagtornen kryssar seg villig og dannar hybridar i alle retningar.

*Men når den gode konservator Ove Dahl oppdagar hagtorn 13. juli 1895 på Småge og han bestemmer hagtornen til *Cartaegus monogyna*, så må det vere den gode gamle norske, no kalla *Cartaegus monogyna ssp nordica*.*

Og inne i mi Ove Dahl-bok ligg hagtorn-blad pressa, og dei stemmer heilt med Lid & Lids flora sitt «blad». Så då får me tru at der i alle høve har vore vanleg hagtorn veksende på Småge.



Hagtornen på Småge blomstrar under kraftlina 23. juni 2020. (Foto Randi Ingunn Selnes)



To ulike hagtornblomstrar 2020. T.v. frå Kjeura (Eikesdalen) og t.h. frå Småge (Foto Randi Ingunn Selnes)

I korrektur får me vite at på ein lun, solfylt plass «Nordi hauga» på Magerøya, Midsund, stod det eit tre som heitte «Tornå». Det var 3-5 m høgt. Det dauda i 1960-70-åra. (Kjell Magerøy)

Arne Småge, som eig området der hagtornen veks, opplyser at far hans har fortalt for mange år sidan at den

opphavlege 'busken' var så opprottna at den var snart ferdig.



Denne tornen på Brøskja (gnr. 119/1) i Stangvika står ca. 2 km vest for Stangvikkyrkja. Dei andre tornane står i lia på øversida av vegen, men i blomstringstida er også dei lette å sjå sjølv om skogen er tett. I 1860-åra gjekk ferdselen om Stangvika. Det er ikkje så rart at Johs. Schiøtz fekk vite om både tornane og surapalane. (Foto Bergsvein Brøske 2020)

Surelpe frå surapalar eller villapalar¹⁰

Eg veit ikkje kor gammal eg var første gongen eg vart narra til å bite i eit surelpe, men det må ha vore først på 1950-talet. Både ungdommen og dei vaksne visste at på Førhamran aust for Almelibekken (sjå bilde side 106), stod det 3 surapalar som år om anna bar fram gall-sure eple. For nokre generasjonar sidan hørde det nærast med i «opplæringa» å by fram eple frå desse villapalane til godtruan-de ungar. Det var minne som varde.

Apalane på Førhamran veks på eit svaberg ca. 120 moh., og dei var «eldgamle» og nærast falleferdige alt då far, Torstein Austigard (1908-1990), voks opp. I 2007 var situasjonen denne: Éin var død, og stammen låg på jorda. Den andre stod, men det var berre éin liten kvist med blad på, ca. 20 cm lang. Den tredje hadde friske rotskot, men mor-treet hadde ramla ned. I 1990-åra sādde bror min, Kristian Austigard, kjernar (kjennar) frå surepler i blomsterpotter, og fleire av kjennane spira. Nokre vart planta ved den gamle veksestaden, men hjorten likar epletre, og slik sett er det vanskeleg å få dei til å greie seg utan solide gjerde rundt. (Sjå bilde neste side)

Surapalar og sureple var truleg nokså vanleg i middelalderen. På Sunnmøre har me gardsnamna Apalvika (Skodje) og Apalset (Ørskog), og det siste er eit set-namn som går attende til 1200-talet.¹¹ Hans Strøm



Den siste av tre gamle surapalar på Førhamran i Eikesdalen ligg død på marka, men heldigvis står friske rotskot bak. Også dei tek no til å bli «godt vaksne», og i 2019 stod dei fulle av blomster, og det vart rundt 200 eple. Sjå neste side.



To generasjonar rotskot på Førhamran ber surapal-genane vidare til nye slekter – får me tru.

skriv om denne garden at den «har uden Tvivl faaet sit Namn af de mange her voxende Abild-Æbler». ¹² Han opplyser at på heile stranda («Abelsæt-Stranden») veks det god lauvskog, især ein mengde klunger, villepler, hegg og hassel.

Slik var det nok fleire stader i Romsdal også på 1700-talet. Hans Peter Schnitler skriv under «Vilde Bær og Frugt» i 1789 at «Skov-Æbel eller suur-Æbel» var vanleg, men han nemner ikkje nokon stad konkret. Far fortalde etter mor si at i Oppigard, bnr. 9, hadde dei ein surapal i hagen som gav to tønner med eple kvart år. Kva dei brukte epla til, sa han ingen ting om, men dei var truleg haldbare til langt utpå vinteren.

Hans P. Øverås (1906-1996) var gardbrukar på Øverås, og heile livet ferdast han på Eikesdalsvatnet fordi garden hadde skogteigar og beite-rett som familien gjorde seg nytte av fleire stader ved vatnet. Hans var ein sterk tradisjonsberar, og i folke-minneboka ¹³ si skriv han m.a. dette: «Innfor Slepren i Småteigan står det ein villapal. Han står øvst i od-den oppunder berget. Han er som ein stor kjerr og heng utover eit lite sva. Når han blomstrar er han godt



Lia innafor Slepren ved Eikesdalsvatnet sett frå Stranda. Her i Småteigan står surapalen, og ringen viser staden, GPS 32 v 0457399 -694360. Dag Ringstad var der og fotograferte den 28. mai 2020.

Surapalen på nært hald. «Han er som ein stor kjerr som heng utover eit sva», skriv Hans P. Øverås, og det stemmer. (Foto Dag Ringstad)

Den 28. mai 2020 hadde surapalen på det næraste blomstra av. (Foto Dag Ringstad)





Tre sortar sureple. T.v. er det eple frå Apalneset (2020). Midt i eple frå Førhamran, Eikesdalen (2019). Båe desse «sortane» er svært små. Størrelsen på epla frå båe apalane varierer frå 5 til 15 g, dvs. det blir 100 eple på 1 kg. Forma på frukta er nokså ulik, men eitt har dei felles: dei er gallsure. (Foto Bjørn Austigard) T.h. er sureple frå Neråshagen. Som fyrstikeska viser, er desse mykje større enn dei to andre, og dei er neppe så sure. (Foto Aslak Nerås 2020)
Asbjørn Windstad, Gosså, opplyser at også han har ein surapal i hagen sin.



Surapalen på Apalneset 4. juni 2020. Apalen står heilt nedi fjøresteinane og er lett å sjå frå båt. Det står også ein surapal nokre hundre meter lenger ut på stranda, men han blomstrar visst aldri meir. (Foto Jon Langnes)



synleg frå nede på vatnet». Etter tradisjonen tok Aslak J. Nerås (1845-1931) med seg 2-3 stiklingar (?) av ein surapal frå innpå Stranda (kanskje frå Småteigå) og planta dei på Nerås gnr. 76/2. Dette vart gjort før 1900, for på eit bilde frå Nerås ca. 1910 er eine treet så stort at det ber frukt. Aslak Nerås (f. 1957) fortel at også no ber treet bømtevis med eple, men dei er så sure at dei høver best til gelé. Om dette er ein etterkommar etter den gamle surapalen som Dag Ringstad fotograferte i 2020, er det berre fagfolk som kan avgjere.

På Nesjestranda, på garden Hegneset, heiter det Apalneset. «Før var det slåttemark her. Her veks det ein apal heilt ned mot fjøra. Han blomde så fint i juni 2010,» skriv Kåre Magne Holsbøvåg¹⁴ som fotograferte både treet og frukta dette året. Epla var svært sure, skriv Holsbøvåg, så treet fortener namnet surapal. Olaf Olafsen skriv i *Veøyboka*¹⁵ at «Apald, vildeple, vokser enkeltvis her og der», men det har ikkje lykkast meg å finne fleire enn den på Apalneset.


På Vestad på Sekken finn ein namnet *Apalskaret*. Her har det ikkje stått apalar i manns minne, og det er litt uklart akkurat kvar namnet skal plasserast på kartet.¹⁶

I Isfjordsfjella finn me namnet *Apalholet* under Storbreen høgt til fjells. Ingen kjenner i dag bakgrunnen for namnet, men det kan neppe ha stått ein apal her.

Apalhaugen er eit bruk under Lange (indre) i Vistdalen, og her må det ha stått eit epletre ein gong i tida, men *Gards- og attesoge for Nettet, bind XI*, nemner ikkje noko om det. På austenden («nordenden») på Tautrå er det ein holme med namnet *Apalholmen*. Det veks litt krattskog der, men ingen minnest i dag at det har stått villapalar der.

I Gjerdsetbygda er det to stader det heier *Apalåkeren*, men her er det mest truleg søt-eple det var tale om.¹⁷


Apalholmen i austenden på Tautrå. Otrøya t.v. og Julsundet med Jendemfjellet t.h. Det kan kanskje ha stått ein apal her? (Foto Rolf Heggdal 2020)



T.v. Asalhammaren mellom Mardalen og Lavransfløten. Under ufsen på den kvite hammaren veks det vill asal, men staden og forekomsten har ikkje vore undersøkt den siste mannsalderen. (Foto Bjørn Austigard)


Over t.h.: Kolven i Rebelglia sett frå vegen like inn for Ljosåna. Her under fann Dag Ringstad to gamle asalar den 1. juni 2020. Det var då ca. 35 år sidan han sist var der.

T.h. Denne store asalen står så langt innunder Kolven som ein kan komme, GPS 32 v 0556816-6944011. Torgeir Fagerslett poserer for far sin som står langt der nede. Den andre asalen står ca. 30 m lenger nord (mot Øverås). Han er ca. 15 m høg, og saman med denne står det ein klunger som er mest like høg. (Foto Dag Ringstad)



Asal

Om asal skriv Ove Arbo Høeg følgjande: «Foruten rogn er slekten *Sorbus* hos oss representert ved et antall former, mange av hybrid karakter. Et ytterpunkt er *Sorbus rupicola*, sølvasal... Den vanligste ellers, især på Vestlandet, er *Sorbus hybrida*...» altså rognasal.¹⁸ Arbo Høeg har ikkje opplysningar i si bok om veksestader eller lokale namn lenger nord enn til Stryn, og eg trur neppe det er botanikarar som har undersøkt kva hybrid



Kart som viser kvar det står asal (A), surapalar (S) og tornar (T) ved Eikesdalsvatnet.

Over: Den store asalen har kraftige røter innklemte mellom steinar og berg under Kolven, og det kom ut vatn i ei sprekkje i berget. Det er friskt lauv på tynne kvistar.

I toppen på den store asalen var det friske blad og knoppar den 1. juni 2020.
(Foto Dag Ringstad)



som veks ved Eikesdalsvatnet. Sjølv har eg sett asal berre i Sogn.

På vestsida av Eikesdalsvatnet mellom Gunnhildfløten og Lavransfløten er det ein berghammar som heiter Asalhammaren 2-300 m oppe i fjellsida. Henry Finnset (1917-2000) prøvde å ta heim planter (rotskot?), men han fekk dei ikkje til å vekse.

I Mardalen var det arbeidd opp ein stor frukthage i 1930-40-åra, og i familien var det fleire som var flinke til å pøde frukttre. Harald Utigard fortalde at dei pøda eple på asal, og dei fekk frukt, men ikkje noko av dette eksisterer i dag.

Også i nordenden av Eikesdalsvatnet veks det asal. Hans P. Øverås skriv dette i boka si (lett normalisert): «Her attmed Eikesdalsvatnet veit eg to plassar der det veks asal. Det er innunder Kolven i Rebelglia. Der står det eit tre som er ferskt. Langsmed hammaren utai Kolven var det mange som var tørre. Det veks bær på asalen, asalbær. I veden liknar han på apal. Eg har skaft på jarn som eg har dreia tå asal.

I Asalhammaren i Eikesdalsmarka veks det vel asal. Innunder Sløten har det vore noko asal, men han er opptørka.»

Etterord

Som fleire andre artiklar i denne boka er nok denne helst for spesielt interesserte, men i ei tid då det er tale om at artar døyr ut, og mangfaldet skrumpar inn både i flora og fauna, synest eg artikkelen er på sin plass. Eg vil takke alle som har vist interesse og hjelpt meg med opplysningar både frå litteraturen og eige minne.

Notar:

- ¹ «'Gagnsbeine' frå eigen skog» er trykt i *Romsdal sogelag, årsskrift 1986*, s. 120-129
- ² Viser her til registeret bak i boka *Røter. Kulturhistoriske glimt i Romsdals Budstikke og Driva 2011-2014*, Molde 2015
- ³ Larsen, Pio (red.): *Bygd og by i Norge. Møre og Romsdal*. 1976, s. 115-132
- ⁴ Schnitler, Hans Peter: *Beskrivelse over Romsdals Fogderie 1768 og 1789*, 1974, s 111
- ⁵ Strøm, Hans: *Physisk og Oeconomisk Beskrivelse over Fogderiet Søndmør*. Første part. 1762, s. 84
- ⁶ Både Fægri, Knut: *Norges planter*, (1970) og Johannes Lid, Johannes: *Norsk, svensk og finsk flora*, (1985) har Nordmøre som grense
- ⁷ Høeg, Ove Arbo: *Planter og tradisjon*. Oslo 1974, s. 305
- ⁸ Nordhagen, Rolf: «En botanisk ekskursjon i Eikesdalen». *Bergens Museums Årbok 1930*. (Også som særtrykk)
- ⁹ Fortalt av Henry Finnset (1917-2000)
- ¹⁰ Offisielt heiter det ein apal – fleire apalar, men den lokale uttalen er 'apalar' i fleirtal. Eg brukar derfor den forma i denne artikkelen.
- ¹¹ Rygh, O.: *Norske Gaardnavne. Bind 13*, s. 153
- ¹² Strøm, Hans: *Physisk og Oeconomisk Beskrivelse over Fogderiet Søndmør*. Andre part, 1766 s. 175
- ¹³ Øverås, Hans P: *Folkeminne frå Indre Romsdal*, (eige forlag 1989), s. 92, her sitert i normalisert språk.
- ¹⁴ Holsbøvåg, Kåre Magne: *Stadnamn i Molde kommune*. Namn



Terrenget under Kolven i Rebelglia høver best for geiter, men så låg det også eit bukkehorn under ein hellar der oppe. I 1845 var det berre Bortasti (bnr. 3) og Pestua (bnr.14) som hadde geiter på Øverås og Nerås, dvs. 10 + 8. I 1860-åra var det ingen. Bukkehornet kan derfor godt vere 160-170 år gammalt.

og kulturhistorie. Molde 2010, s. 240-241

¹⁵ Olafsen, O.: *Veøy i fortid og nutid, bind 1*, 1926, s. 55


¹⁶ Dette er diskutert i Kåre Magne Holsbøvåg: *Stadnamn i Molde*

kommune. Namn og kulturhistorie. Molde 2010, s. 257

¹⁷ Opplyst av Hans Petter Gjerdsset 2020

¹⁸ Høeg, Ove Arbo s. 615

Digerura og den 2500 år gamle toll-skogen i Eikesdalen



Kart over Litlvatnet og områda omkring. I øverenden av vatnet ligg Digerura som er delt i to av ein smal kanal som heiter Keilå. Litlvatnet er 750 mål, medan den synlege delen av Digerura er 160 mål. I øverenden på vatnet er botnen temmeleg flat, og djupna er ca. 15,5 m over eit stort område. Dette er markert med eit skravert felt på kartet. Ein gong for meir enn 2000 år sidan vart vatnet demt opp i Osen, og då drukna toll-skogen ved Digerura. 1. Storsanden, 2a og 2b Keilå, 3. Øyaelva, 4. Sundet, 5. Joneset, 6. Joneshølen og 7. Kråkesundet.

Nokre fakta om Digerura og Joneset

I Eikesdalen finst det mange store steinurer, og Digerura ved Litlvatnet er truleg den største. Ho er delt i to, og mykje kan tyde på at det er tale om to fonner, sjå foto s. 120. Arealet på den delen av Digerura som stikk over vassflata, er på rundt 160 mål (160000 m²), og høgste punktet over vatnet er på kring 30 m. Om me går ut frå ei gjennomsnittshøgde på 10 m, utgjer dei synlege steinmassane 1,6 millionar m³.

Men mykje stein ligg også under vassflata. Sommaren 2018 lodda eg opp djupna på Litlvatnet. Eg starta ca. 50 m frå kanten av ura og gjekk systematisk til verks nedover vatnet (sjå kartet). Botnen på vatnet er temmeleg flat, og i store delar av sør-enden på vatnet var djupna 15,5 m

med den vass-standen som var den dagen. Det er sjølvsagt grunnare når ein nærmar seg elva. Det er opplagt mykje stein som ligg under vatn, og om ein reknar med eit gjennomsnitt på 5 m, blir volumet på dette 0,8 millionar m³. Tek me med skredmassen som ligg att oppi lia, ovanfor den noverande fylkesvegen, må 2,5 millionar m³ vere eit minimumsvolum på det som lausna.

Ovanfor Digerura ligg Sundet. Det eit lite vatn eller ei kraftig utviding av elva, og ovanfor der igjen ligg det også ei langstrakt steinur på tvers av dalen. Ho heiter Joneset, og både arealet som denne ura dekkjer, og volumet på massane er mykje mindre enn for Digerura, men dei har ein del felles. I fronten på desse steinfontene – og delvis inni urene – står det meir enn 20 toller (furutre) på rot.

Ei oppdaging i 2012

I 2011 skreiv eg ein artikkel i Romsdalsmuseets årbok med tittelen «Litlvatnet i Eikesdalen presentert i tekst og bilde». Formålet var å fortelje om naturen i og kring vatnet, og å dokumentere kulturhistoriske «spor» i form av namn, slåttamark, hus, løer, fiske, flaumar og ferdsel.

Eg lærte naturtilhøva ved Litlvatnet å kjenne heilt frå eg var liten. Garden vår, bnr. 8 i Austigard, har slåttemark oppi Kjøttøyen i øverenden av Litlvatnet. For å komme dit måtte me bruke båt. Eg minnest frå gutedagane at når me rodde oppover elva frå vatnet til Kjøttøyen, såg me trestammar som både *låg* og *stod* på botnen i elva. Det var liksom heilt naturleg. Når me fiska med mark eller sluk i elva, passa me på så me ikkje sette fast i desse. Også i elva frå



Digerura sett frå Litlvatnet. På det høgste er ura 30 m over vatnet. Litlvatnet måler 15,5 m djupt nokså nære ura, så her må det vere store mengder stein som er dekt av vatn. Totalt må det vere minimum 2,5 millionar m³.



Denne tjukke toll-stokken (nr. 1) står på sandbotn inne i Keilå. Det var denne som først vart oppdaga. Alder: ca. 600 år f.Kr.



Denne 5 m lange stokken med rot ligg laus oppå steinane i inste Keilå. Gjennom stålisen kan ein sjå fleire slike lause stokkar. Truleg er også desse frå før vår tidsrekning. Då isen gjekk opp vart stokken dregen på land (sjå seinare).

Kjøtoyane oppi Sundet og i Joneshølen måtte ein passe seg så ein ikkje «sette fast» når me fiska. Eg, og andre med meg, trudde at alt me såg (liggande) i elva, var tre som hadde komme dit med gamle flaumar, men den 7. juli 2012 oppdaga eg tilfeldig

ei stor tollrot som stod fast på botnen, og ho var omflødd med vatn. Ho hadde store, kraftige røter som breidde seg utover sandbotnen. Treleggen var berre ca. 1 m høg og litt opp for rotsystemet hadde han ein diameter på ca. 70 cm. Treet må-

te ha vakse på staden *før* Litlvatnet var oppdemt. Eg forstod straks at ei prøve frå denne stokken ville vere ei kjelde til kunnskap om treet, ura og oppdemminga av vatnet.

Det skulle snart vise seg at det var mange slike stokkar/røter som stod


på botnen, og i ni sesongar har eg no leita, samla opplysningar og teke prøver av det eg har funne. Romsdal sogelag har betalt alle ^{14}C -dateringane, kring kr 35.000,-, men elles har arbeidet stort sett vore gjort gratis av dei som har hjulpt meg. Geolog Einar Anda, NVE, har vore på fleire synfaringar.

Stokkane i Keilå

Som sagt i innleiinga, og som det går fram av bildet på neste side, er Digerura delt i to av eit 500 m langt sund. Dette sundet heiter Keilå, og det var eit naturleg namn i gamle dagar, men i vår tid lever ordet stort sett berre att i stadnamn slik som her. Nede ved ferjekaia på Eikesdalsvatnet var det også ei keile, men denne har nærast «tørka inn» etter fleire vassdragsreguleringar. Kva er så ei keile? Ivar Aasen skriv i ordboka at det er «et smalt Sund, en liten Rende eller Kanal», og det er akkurat slik det er oppi Digerura, men naturtilhøva har forandra seg med åra også her. Før Aurå og dei mange sideelva til Aurå vart regulerte på 1950-talet, kunne ein om sommaren ro med færing heilt inni enden på Keilå utan vanskar. No for tida derimot, må det vere flaum i vassdraget for at båten skal flyte gjennom dei trongaste partia inn til enden ved vegen. Som gutungar rodde me inni Keilå mest alle somrar for å oppleve den trolske stemninga mellom store steinar både over og under vatn, og på botnen var det litt nifst med daude trestammar og røter som låg mellom steinane.

Det var altså på ein slik tur i 2012 at eg stoppa ved ein tjukk stokkende/rot som stod opp-ned på nokså grunt vatn. Ved hjelp av ei år oppdaga eg at stokken var restar etter eit tre med røter, og desse forgreina seg på sandbotnen.

Etter denne oppdaginga fann me to stokkar til med røter som står fast i botnen. Den eine var ca. 3 m høg, hadde eit tverrmål ved toppen på rundt 40 cm og stod på ca. 4 m djupt vatn. Den andre var tynnare, ca. 20 cm i tverrmål, ca. 1,2 m høg og stod mellom store steinar. Av lig-



Hans Erik Oppigard tek boreprøve av stokk nr. 5 inne i inste Keilå i 2012. Det er ca. 2 m ned til den 2 m høge stokken som er fotografert gjennom isen 2020. Alder: ca. 650 år f.Kr.




Frå inste Keilå 14. november 2019. F.v. Einar Anda, Gudbjørg Frisvoll og Kristian Austigard. På botnen ligg toppen på ei hogd tolle. Ei grein vart kapp av (sjå pil), og ei prøve av geitveden vart sendt til Uppsala. Den viste at treet var hogd for 3-400 år sidan. Stokk nr. 21 vart oppdaga gjennom isen heilt innmed land på denne turen. Alder: ca. 650 år f.Kr. (sjå seinare).

gande stokkar fann me berre éin som hadde steinar delvis liggande oppå seg. Alle dei andre liggande stokkane kan i prinsippet ha komme inn i Keilå under ein av storflaumane før vassdragsreguleringane.

Den inste Keilå

Hit er det ca. 400 m frå elva, men vasstanden går sjølvsagt opp og ned her som elles i vatnet. Sist i juli 2012 var det overløp på Aursjødammen,

og då steig vasstanden i Litlvatnet raskt. Den 29. juli rodde eg saman med Hans Erik Oppigard med flatbotna plastbåt heilt inni enden av inste Keilå. Mest heile botnen der inne er dekt med store steinar frå fonna, men vatnet her er klårare enn lenger framme – faktisk litt grønaktig – og det trur eg kan forklarast ved at brevatnet til alle tider har vorte filtrert gjennom ura. Det er i alle høve nesten ikkje slam (dye) på botnen her,



Flyfoto som viser øverenden på Litlvatnet med Digerura (grøn) og Keilå, Øyaelva (3), Sundet (4), Joneset (raudt, 5), Joneshølen (6) og Kråkesundet (7).

mykje mindre enn i resten av Keilå. I to mindre område i den inste Keilå er det sandbotn å sjå, og ca. 4 m under vassflata på det eine av desse, står ein ca. 2 m lang stokk med rot. Stokken har eit tverrmål på rundt 15 cm og er dermed noko grannare enn dei fleste andre funna som er gjort i området.

Men her er meir me må ta med når me først er her inne. Rundt omkring på botnen er det registrert 5-6 lause stokkar – somme med røter – men alle ligg oppå den storsteina botnen. Litt spesielt er det å finne toppane av to tollar som var hogd av med øks. Desse må vere hogd i strandkanten medan det var is på vatnet. Stokkane må ha vorte – på strabasiøst vis – frakta opp frå Keilå og køyrt heim til Setra og brukt til bygningstømmer for 3-400 år sidan (sjå seinare). Sjå bilde av tretoppen s. 119.

Nye funn i elva

Sommaren 2014 padla Marit Solveig Finset (f. 1967) i kano oppover



Desse tre stokkane oppdaga Marit Solveig Finset i Joneshølen i 2014. Dei har fått nr. frå venstre: 10 (datert til ca. 450 år f.Kr.), 11 og 9. Dei er meir enn 1,5 m høge. (Foto Sigmund Austigard 2020)

elva – forbi Digerura og Kjøtøyen – til Joneshølen og gjorde nye oppdagingar (sjå bildet over). Joneset er, som før sagt, også ur etter ei gammal

steinfonn. Typisk nok er det store steinar i fronten her som i Digerura, men inne ved fjellfoten ved Joneset ligg det nesten ikkje att skredmasse

slik det gjer i lia oppfor Digerura. Kvar elvaløpet gjekk før Jonesfonna kom, veit eg ikkje, men fonna må ha stengt for elva slik at ho måtte finne seg løp framom raset.

I min oppvekst var Joneshølen (i framkant av Joneset) ein djup og svært god fiskehøl. Straumen inne ved ura var sterk og litt lunefull så me måtte passe oss så me ikkje sette fast slukane våre i «rakved» og steinar inne ved ura.

Då Marit Solveig Finset padla her, var situasjonen ein annan. Elva var lita og mykje rolegare enn i «gamle dagar», og naturtilhøva på botnen av Joneshølen var langt meir oversiktlege enn i 1950-åra. Eg var aldri vore oppi Joneshølen med båt i dei aktuelle åra mine. Det var vanskelege straumforhold her så me fiska minst like godt frå land på Kjötøy-sida. Sommaren 2016 fortalde Marit Solveig om at ho hadde sett tre stokkar på botnen av Joneshølen.

Sommaren og hausten 2016 gjorde eg fire «ekspedisjonar» i elva mellom Litlvatnet, Sundet og i Joneshølen og registrerte 10 nye funn i tillegg til dei tre Marit Solveig oppdaga, altså til saman 13 ståande stokkendrar i elva frå Litlvatnet til og med Joneshølen. Med endå mindre vassføring i elva var eg temmeleg sikker på at det var fleire stokkar der som ikkje var oppdaga. Problemet er at likskapen mellom ein mosegrodd stein og enden på ein 2000 år gammal stокk som berre så vidt stikk opp frå sandbotnen, er temmeleg stor. I tillegg er elvabotnen fleire stader dekt med 5-25 cm «dye» (humus m.m. etter rotne planterestar), og ikkje minst veks det mykje botngras av ulike slag i delar elva (sjå foto).

Dykking og filming

Den 17. juli 2017 kom marinarknolog David Berg Tuddenham frå NTNU Vitskapsmuseet på privat besøk for å bli kjent med funna som var gjort ved Digerura. Han dykka både inni Keilå og oppover elva til og med Joneshølen. Han fotograferte og målte høgde på mange stokkar, og han tok prøver av nokre stokkar



David Berg Tuddenham dykka m.a. i Joneshølen 2017. Han tok prøver av fleire stokkar, og han tok mål. Kjötøyen og Kjötåna i bakgrunnen.

som det var vanskeleg å nå ned til frå båt. På elvebotnen observerte han elles fleire stokkar og røter som ikkje var registrerte til då, og desse funna vart stadfesta då Sigmund Austigard filma første gongen med undervasskamera den 22. juli 2017. Tre år seinare filma Sigmund på nytt store delar av elvebotnen frå Keilå og oppover elva til og med Joneset. Det er bilde frå desse filmene som stort sett er brukt i oversikta side 130–132. og som viser at det er mange stokkar på elvabotnen heilt inne ved ura som ikkje har fått eige nummer til no.

Omkring datering av skogen og rasa


Å datere ein tømmerstokk kan i teorien gjerast på to måtar: ved årringanalyse (dendrokronologi) og ved ^{14}C -datering. Dateringane frå Universitetet i Uppsala er gjort etter ^{14}C -metoden. Resultata er ikkje eksakte, men det er ein mykje nytta metode i arkeologien fordi den gjev oss ein peikepinn kva periode ein er inne i. Metoden byggjer på halveringstida for den radioaktive ^{14}C -isotopen, men korleis dette fungerer i praksis, er ikkje noko me skal gå inn på her, men det må nemnast at det skal svært lite prøvemateriale til for å få resultat, og det er det som tel.



Denne lause rota kom til syne mellom steinane under filming i Joneshølen 2020. Rota har ikkje fått eige nummer til no. (Foto Sigmund Austigard)

I tabellen på neste side er det samla ein del fakta, og i femte rubrikk står resultatene av dateringane som er gjort i Uppsala. Det dreier seg om 13 stokkar/røter frå før vår tidsrekning, og to prøver som er mykje yngre, men som på ulikt vis har med Digerura å gjere, og som me kjem attende til. Dei eldste prøvene (nr. 1, 2, 5, 14 og 21) er frå kring 600 år f.Kr. og dei yngste (3, 4, 13, 16 og 20) er frå kring 220 f.Kr. Gjennomsnitt for alle 13 prøvene er 410 f.Kr. Denne metoden gjev oss altså ikkje eit resultat som er «på året», men tidsperioden er klar.

Dendrokronologi er eit fagområde der ein nyttar variasjonen i breidda på årringane i eit tre. Prinsippet er at i gode år blir årringane breie, og i dårlege år blir dei smale. Når ein tek mange prøver frå det same vekseområdet, kan ein danne seg ei kurve for korleis veksemønsteret har vore over ein lange periode. Terje Thun som er førstekonservator ved Nasjonal-laboratoriene for datering, NTNU Vitenskapsmuseet, gjer nærare greie for metoden i ein artikkel i Romsdalsmuseets årbok 2009, og han opplyser at for Romsdals vedkommande har ein ei samanhengande kurve attende til 1320, og at i andre delar av landet går denne empiriske kurva nokre hundre år til. Ved å samanlik-




Prinsippet for oppbygging av årringkronologi. Eldre hus og kyrkjeinteriør kan brukast attende til 1100-talet. Etter det er det berre arkeologiske funn og tømmer som er bevart i dammar og myrer som kan hjelpe. Funna ved Digerura er rundt 1500 år eldre enn det som står i denne prinsippsskissa, og ein vil truleg aldri kunne kople desse saman, men kanskje kan ein greie å finne ein årringkronologi for hundreåra f.Kr. Ei slik kurve vil kanskje seie noko om klima då og innbyrdes alder på stokkane. (Etter T.Thun/A. Berg/H.Svarva)

Oversyn over alle registrerte funn. Det er vist til foto av stokkane slik dei står på botnen, og ca-alder på dei som er daterte. Når ein ser på kartet over alle funna (på neste side), kan nummereringa kanskje synast (håplaust) tilfeldig, men dette er den rekkjefølgja kvar stokk/rot vart oppdaga, og dermed er dette det nummeret prøva fekk ved innlevering. Å forandre på dette vil skape total forvirring.

ne ei veksekurve frå ein ukjent stokk med den kjente (empiriske) kurva kan ein sjå kva periode treet har vakse i. Er det bevart bork på treet, kan ein finne fellingsåret. (Sjå Terje Thuns illustrasjon øvst på sida).

No er det meir enn 1000 år mellom dei eldste årringane på referansekurva og dei yngste stokkane i Digerura, så her er det ikkje mykje håp for at denne metoden kan brukast her, men dersom ein får mange prøver frå stokkane i Digerura, kan det tenkjast at ein kan få ei veksekurve for Romsdal (og Norge) i ein periode på nokre hundre år f.Kr. Denne kan ikkje koplant til eksisterande empiriske kurve, men me kan i beste fall få god informasjon om kli-

Prøvenr. /stokk	Foto side	Uppsala, nr.	Dato for analyse	Alder ¹⁴ C age BP / omrekna *Sjå note bak
1	129	Ua-45735	18.04.2013	2476 +/- 33 = 770-420 f.Kr
2	132	Ua-45736	18.04.2013	2444 +/- 33 = 760-400 f.Kr
3	127	Ua-65371	06.03.2020	2160 +/- 29 = 350-100 f.Kr
4	132	Ua-56800	02.10.2017	2170 +/- 31 = 360-110 f.Kr
5	119	Ua-45737	18.04.2013	2523 +/- 33 = 800-530 f.Kr
6	131	Ua-54032	07.09.2016	2289 +/- 28 = 410-230 f.Kr
7	132	Ua-54033	07.09.2016	2378 +/- 28 = 540-390 f.Kr
8	130			
9	132			
10	132	Ua-54034	07.09.2016	2349 +/- 29 = 520-370 f.kr
11	132			
12	130			
13	130	Ua-56801	02.10.2017	2180 +/- 31 = 370-160 f.Kr
14	132	Ua-54593	01.12.2016	2471 +/- 31 = 770-430 f.Kr
15	131			
16	131	Ua-56802	02.10.2017	2183 +/- 32 = 370-160 f.kr
17	131			
18	130			
19	124			
20	131	Ua-56803	02.10.2017	2094 +/- 31 = 200-40 f.Kr
21	125	Ua-65372	06.03.2020	2386 +/- 30 = 725-400 f.Kr
22 grein	119	Ua-65373	06.03.2020	304 +/- 28 = 1500-1650 e.Kr
23	132			
Bjørk v/nr. 14	123	Ua-54594	01.12.2016	96 +/- 29 = ca. 1850



Her er funnstaden til alle nummererte tre markert med pil og nummer, men det er viktig å nemne at både i Øyaelva (mellom nr. 15 og 20) og i Joneshølen står det mange fleire enn det som her er med. Like eins ligg det mange stokkar (med røter) både oppå og mellom steinane i midtre og inste Keilå.

ma og veksttilhøve i desse hundreåra. Eg har i mange år hatt kontakt med Terje Thun om funna i Digerura, og det har heile tida vore eit ønske om å få opp ein stokk/rot slik at ein kan sjå og måle veksten.

Graving med maskin

Den 7. oktober 2016 gav Nesset kommune løyve til å grave i elva med maskin ved stokk nr. 14. Håpet var å få opp denne stokken med rot, og den 5. november var me på elvakanten med ei 7 tonn stor maskin. Det var lita vassføring i elva, så toppen på stokken var berre 10-15 cm under vassflata. Rundt stokken voks mykje botngras slik at det var berre så vidt toppen på stokken var synleg frå land. Etter å ha fjerna 15-20 cm med gjørme/humus/dye som har lagt seg opp i elva dei siste 20-30 åra, var det berre sand 3,5-4 m nedover ved stokken. Ved ca. 2 m djup kom det opp ein tjukk bjørkastokk med rot. Stokken med never og bork var nærast «hermetisert» i sanden, og der borken var fjerna under gravinga,



Tor Austigard grov 3,5-4 m djupt ned på tre sider langsmed stokk nr. 14 i Øyaelva, men stokken lét seg ikkje rikke. Inne ved ura står stokk nr. 19.

Denne bjørka, med «fersk» never og bork, låg på oversida av stokk nr. 14 rundt 2 m under vassflata. Alder : ca. 180 år.





Under gravinga i 2016 kom det opp eit 9,7 cm tjukt og ca. 70 cm langt stykke av nr. 14. Trestykket vart kapp midt på, og det var 64 årringar. Ut frå diameteren kan treleggen vere rundt 45 cm på denne staden og ha kring 145 vekstår.



Terje Utigard med 15 tonns maskin greidde heller ikkje å få opp nr. 14. Han grov (kanskje) litt djupare enn i 2016, og det kom opp rot-restar frå ca. 4 meters djup. (Foto Johnny Bratseth 17.04.2018)
T.h.: Røter som kom opp under gravinga.

var overflata på treet gult som om det stod i vekst. Etter ca. 20 minutt i lufta vart overflata grå. Det var tydeleg at bjørka hadde komme drivande i ein stor flaum og hekta seg fast i stokk nr. 14 og der hadde ho vorte liggende. Prøve av ytterveden på bjørka vart sendt til Uppsala for ¹⁴C-datering (prøve «Bjørk») og denne viste at bjørka kom i ein flaum midt på 1800-talet. Men denne bjørka gav oss også ei anna interessant opplysning: Stokk nr. 14 stakk rundt 2 m over elvabotnen for 160-170 år sidan.

Tor Austigard grov så langt ned han nådde på tre sider av stokken, dvs. 3,5-4 m, og der nede var det hardt. Når ein sette gravemaskinskuffa på toppen av stokken og drog til eller skuva frå med all maskinkraft ein hadde, stod stokken heilt stille. Det fanst ikkje teikn til bevegelse på toppen. Det vart derfor gjeve opp å få laus stokken den 5. november 2016. Men det kom likevel noko ut av dette forsøket, i tillegg til bjørka: Eit ca. 70 cm langt trestykke vart rive laus frå stokken ein eller annan stad der nede. Det var store slitasjemerke på trestykket etter isgang(?) i elva, så det kom nok helst frå øvre del av stokken. Trestykket var 9,7 cm

tjukt, og etter at det var kapp med sag midt på, talde me 64 årringar. Ut frå krumminga på årringane kan diameteren på stokken vere ca. 45 cm med alved på denne staden, og dersom veksten av stokken har vore nokolunde lik heile tida, vil det seie at stokken har rundt 145 årringar, og det gjev ei bra kurve.

Tanken om å bruke ei større maskin som var både sterkare og nådde djupare, meldte seg straks, og det vart sendt inn ny søknad om gravning. Den 17. april 2018 stod Terje Utigard med ei 15 tonn stor gravemaskin på same staden. Men sjølv om han kanskje nådde litt djupare (ca. 4 m), var det like hardt på botnen. Saman med sanden som stadig aula nedi holet, kom det opp nokre hardt medfarne røter, men stokken let seg ikkje rikke. Det vart til sist sett ei vaierstroppe på toppen – garantert for 5 tonn – men denne gjekk rett av utan at det var vibrasjon å sjå på stokken. Holet vart etter dette (nesten) fylt igjen med same sanden som vart gravven opp, og forsøket vart avslutta.

Siste registrerte og daterte stokk

Å registrere funn frå båt er, som før sagt, ikkje så lett. Det blir gjerne små



bærer frå båten, og det gjer bildet uklart. Straumen i elva er endå verre. Blank stål is derimot, er det beste. Det finn du ikkje i elva, men inne i Keilå legg det seg is alle år. Problemet her er at det som oftast kjem snø før isen legg seg. Då blir isen ugjennom-siktig.

I 2012 var det stål is i store delar av Keilå, og det vart leita etter rot-faste stokkar der isen tillét det. Så gjekk det åtte år til neste gong. Den 14. november 2019 var det stål is på nytt, og då var han gjennom-siktig heilt inn til land dei fleste stadene. Eg fekk med meg geolog Einar Anda frå NVE, Kristian Austigard og Gudbjørg Frisvoll for å leite og ta prøver av stokkar eg alt visste om. Dette vart ein vellykka tur, for heilt i kan-

ten mot sørvest i inste Keilå vart det oppdaga ein stokk som var ca. 40 cm høg og med eit tverrmål på 30-35 cm. «Tøppen» stakk oppi den 15 cm tjukke isen. Sist det var stålís i Keilå (2012), oppdaga me ikkje denne fordi det var snø innfrosen i isen langs alle kantar. Treet hadde heilt tydeleg vakse på staden, for røtene stakk inn under steinane. Me hogg hol i isen og tok dateringsprøve av ytterveden av stokken. Prøva fekk nr. 21, og dateringa frå Uppsala viste 725-400 f.Kr. for dei ytste bevarte årringane. Det må bety at denne delen av fonna må ha gått før dette treet slo rot, for elles kunne ikkje treet gro fast mellom steinane. I håp om å få opp rota, slik at me kunne studere ho nærare, var Tor Austigard med meg med patenttalje den 2. mai 2020. Talja har ei kraft på minst 1,5 t., og det vart prøvd i to ulike retningar, men rota let seg ikkje rikke (sjå foto).

Den 17. november 2019 vart det også teke prøve av ei toll-grein frå ein tidlegare tolltopp som ligg på botnen. Prøva viste at tolla var felt for om lag 400 år sidan (sjå foto s. 119). På den sida av greina som snudde ned (bort frå sola), var det att litt geitved. Det var prøve av geitveden som vart sendt til Uppsala for datering. På oppsida var det berre al.

Det vart også festa to lange tau i ein toll-stokk med rot som låg oppå den grove ura i inste Keilå. Etter at isen var gått opp, hjalp Kristian og Tor meg med å dra denne på land. Stokken var 5 m lang, og treslaget var som venta tolle. Me saga han av ved rota, og det lukta frisk tollved. Me talde ca. 100 årringar, og det var berre al. Alle geitved var borte, men på undersida av rota var det faktisk att litt bork.

Det er mange stokkar med rot som ligg litt umotivert på botnen inne i Keilå. Lenge har eg trudd at desse har komme dit i ein storflaum. Etter at stokk nr. 3 som har nokre steinar liggande oppå seg, er like gammal som dei rotfaste, har eg skifta syn. Eg trur dei fleste av dei er frå før vår tidsrekning, men til no er det berre nr. 3 som er ¹⁴C-datert.



Rota som vart oppdaga under isen i inste Keilå 17.11.2019, fekk nr. 21. Tolla har vakse på staden, og røtene går inn under store steinar i ura. (Foto Sigmund Austigard)

Tor Austigard var med og la ein tømmerkjetting rundt rota, men krafta frå ein patenttalje var ikkje nok til å få ho opp. Alder: ca. 650 år f.Kr.

Godt bevaringsmiljø

Ein kan undrast over kvifor tollstokkane ved Digerura har greidd seg så godt i meir enn 2000 år, når ein ser korleis det boblar metangass frå botnen av Litlvatnet mest overalt. Eg sende derfor ei prøve (ei flis) av stokk nr. 14 – av det stykket som kom då me grov – til Mari Sand Austigard som er seniorrådgivar ved Mycoteam i Oslo. Ho fekk prøva analysert, og her er svaret: «Maria fant ikke tegn til råte eller annen nedbrytning inne i veden i prøven. På (og litt ned i) overflaten fant hun blågrønne bakte-

rier, gråråte, stavbakterier, sporer av svertesopp og noen diatomeer (kiselalger). Hun fant også store mengder salter og sand, og lurte på om det kan være litt kjemisk nedbrytning i prøven (opptrer typisk ved at salter krystalliserer og dekrystalliserer i veden, typisk eksempel er oppflising av ved der det har stått en saltbinge inn mot veggen).»

Det er tydeleg at sand og reint vatn verkar konserverande på alveden medan geitveden er gått i oppløysing etter nokre hundre år.



Laus stokk frå inste Keilå (sjå side131). Medan det var is i 2019, vart det festa to tau i stokken, og då isen gjekk opp, drog Kristian, Tor (bildet) og eg den 5 m lange stokken på land. Han var kappa ved rota, og alveden talde ca. 100 årringar. Eg trur at stokken er frå f.Kr., og dette er den første snittprøva som er så gammal.

Prøvetaking og nokre opplagte feilkjelder

Alle prøver som er sendt til Uppsala, er tekne av dei ytste årringane på stokken slik han står i dag. Dette er alved, for geitveden har rotta bort. Dateringa er dermed noko eldre enn treet var då det dauda – kanskje 30-40-50 år. Bildet s. 133 viser veksten i ein furustokk på rundt 80 år. Ytst er det tjukk bork, så kjem ca. 35 årringar med geitved (ytved) og inst ca. 40 åringar med al (malm/kjerneved). Geitveden er misfarga av ein sopp som angrip geitveden i stokken når han blir oppbevart halvtørr i (sommars-)varmen. På dialekt blir dette kalla blågeit, og slik ved blir sett på



som simplare enn den brune alveden. Utsett for vær og vind rotnar geitveden nokså fort, og berre alveden står att. Her kan altså prøvene som er sendt til laboratoriet, fort bli nokre 10-år for gamle i høve til siste året treet stod i vekst.

Men det treng ikkje vere slik i alle tilfelle. I ein tollskog er det både unge og gamle tre, og innimellom desse står det gjerne nokre store, gamle gaddar, dvs. dei har dauda på rot og storparten av veden har vorte til al eller spik. (Sjå artikkelen «Toll,


furu, gadd» side 102) Nokre gamle, store gaddar i Surnadalen er daterte, og somme har stått daude i mange hundre år. Av dateringane som er gjort i Digerura, kan nr. 1, 2, 14 og 21 vere gaddar ettersom dei er tjukke og noko eldre enn dei andre.

Nokre tankar til slutt

I ni sesongar har eg samla stoff om toll-skogen oppi Digerura, og det har vore utruleg spennande. Nye funn og overraskande dateringar har halde liv i prosjektet. I starten hadde eg berre to spørsmål: Når rasa Seteraksla ut og danna Digerura, og når vart Litlvatnet oppdemt? Då eg fekk datert dei tre første stokkane i 2013 (nr. 1, 2 og 5) – alle tre frå Keilå – trudde eg at dette var lett for geologar å finne ut av, men i åra deretter var dei, naturleg nok, mest opptekne av 'Mannen' i Romsdalen og dramatikken rundt dei mange evakueringane. Fylkesgeolog Einar Anda kom likevel på ei kort befarung og såg på terrenget ved Osen. På direkte spørsmål etterpå sa han at det var ikkje så lett å sjå om raset som demte opp vatnet, kom frå austsida eller vestsida. Det dreidde seg nok om fleire.

Etter alle desse åra med leiting, prøvetaking og datering er eg no temmeleg sikker på at Digerura har komme i to omgangar, og at den delen som er nærast vatnet, kom først. Det grunnjev eg med at stokk nr. 21, som har den eldste av alle dateringane, har vokse seg stor mellom steinane i denne ura. Når det gjeld den andre delen av Digerura og Joneset, tør eg ikkje seie noko om kva for ei av desse som kom først, og kor lenge etter den første av dei kom. I elva framfor både desse urene må det nærast ha stått ein heil toll-skog. 16 av dei har fått eige nummer, men undervassfilminga i 2017 og 2020 viser at det er minst 10 fleire stokkar/røter i Øyaelva og Joneshølen som står der utan å ha fått nummer, og heller ikkje alle er med på bilde s. 131.

Eit nytt innspel i denne dokumentasjonen er dateringa av den liggande stokken (nr. 3) i Keilå. Stokken som delvis er dekt av stein,



Nedre del av Litlvatnet med Litlvassosen t.v.. På den eine sida ligg Båtstøhaugen og på den andre Haugan. Både to er danna av store ras, men kva for eitt av dei som demte opp Litlvatnet ved dei tider Digerura vart skapt, skal vere usagt her. (Kjelde: Statens kartverk)



Den liggande stokken (nr. 3) i Keilå, fotografert frå båt. Det ligg ein del stein oppå stokken. Alder: 350-100 år f.Kr. Toppen er spiss slik som på alle liggande stokkar i Keilå. Lengda er ukjent.

er spiss i toppen og liknar mykje på dei som ligg lause oppå steinbotnen i inste Keilå. Stokk 3 vart prøvebora av NRK-journalist Ann Eli Nøsen under opptak til Norge Rundt i 2017, men prøva vart ikkje sendt inn før i 2020 fordi eg trudde dette var ein stokk som var kommen dit i ein flaum. Alder var overraskande høg: 350-100 f.Kr. Det kan tyde på at dei andre liggande (lause) stokkar i inste Keilå er like gamle, ja, til og med fleire av dei stokkane som Einar Anda og eg såg i vatnet – gjennom isen – då me gjekk mellom inste og ytste Keilå (bildet t.h.). Til no er berre denne eine datert. Eitt er i alle fall sikkert: Dersom alle desse liggande stokken er like gamle, vil det vere lett å ta prøver med tanke på ein årringkronologi frå for hundreåra før vår tidsrekning.

Eit «bildegalleri»

Eg vil avslutte denne artikkelen her med å vise bilde av dei fleste stokkane slik dei står på elvabotnen og i Keila. Kartet side 123 viser om lag kvar dei står, og bilda viser korleis dei ser ut under vatn. Stokk-nummeret er det same i tekst, tabellar og på foto. Eg håper at nokon synest dette er interessant og vil ta tak i problemstillinga. Eit samarbeidsprosjekt mellom Nasjonallaboratoriene for datering, NTNU Vitenskapsmuseet, og geologar i NVE vil eg tru kan vere fruktbart. Det er i alle fall for avansert og kostbart for ein amatør og hans hjelpesmenn å føre dette vidare same kor interessant det er.

Takk til dei som har vore med på leiting og prøvetaking i åra 2012 til 2020: Dagrun, Tor, Kristian, Henning, Sigmund og Stein Kåre – alle Austigard, og Marit Solveig Finset, Hans Erik Oppigard, Ann Elin Nøsen, Roar Strøm, Einar Anda, David Berg Tuddenham, Terje Utigard og Johnny Bratseth.

Etter å ha lese artikkelen, skriv Einar Anda i ein kommentar:

«Min hypotese er ett stort skred (men så langt er dette kun en hypotese): Rygg- og haugformer er vanlige i sli-



Einar Anda ved ein stokkende som stikk opp mellom steinane i ura mellom ytste og inste Keilå 17. november 2019.

ke skred, særlig når de går ut over sedimentsletter. Etter neddemmingen av dalen og dannelsen av Litlevatnet, har Aura avsatt store mengder sand og grus i den nye innsjøen som opprinnelig kan ha hatt utbredelse opp til Setra. Deler av skredet ligger under vann som i Keilå, mens andre deler ligger under elvesedimentene.»

Notar

* Tabellen side 124*

I siste rubrikk i denne tabellen står «14C age BP». Det er dette resultatet me har mest bruk for i vårt tilfelle, men opplysningane må tolkast av fagfolk, og fylkesarkeolog Kristoffer Dahle har hjulpet meg. «BP» står for «Before Present», men «present» betyr ikkje 2012 då prøvene vart tekne, men 1950, dvs. kort tid etter at dei første atombombene vart sprengde og med det forstyrta den naturlege radioaktiviteten i verda. Han skriv om resultatet for stokk 1: For å rekne alderen i ¹⁴C-år over til vanlege kalenderår, må ein kalibrere dateringane ut frå kjente kurver som gjer greie

for mengda av denne isotopen i dei aktuelle tidsromma. 2500 ¹⁴C-år BP er altså ikkje det same som 2500 Cal BP (som vil seie 2500 år før 1950) eller 2550 f.Kr. Om ein reduserer sikkerheitsmarginen litt, så er det størst sjansje for at prøvene er frå første halvdel av 600-talet f.Kr..

Laboratoriet har lagt inn ei usikkerheit på +/- 33 år, men fagfolk eg har vist dette resultatet til, er overraska kor like desse tre prøvene 1, 2 og 5 er. Det skil knapt 80 år mellom den eldste og yngste. No er det ikkje slik at desse årstala viser når fonna gjekk, men dei viser omtrent når dei årringane som det er tatt prøver av, stod i vekst.

Om toll-skogen i Digerura er dette publisert før:

«Digerura i Eikesdalen. – Omkring ei datering», *Romsdalsmuseets årbok 2016*, s. 120-143

«2500 år gammel furuskog i Eikesdalen», *Lokalhistorisk magasin 04/2017*, side 32-33

«'Toll-skogen' i Litlvatnet i Eikesdalen», *Driva 18.12.2019*
Norge rundt 2017 ved Ann Eli Nøsen, Roar Strøm og Tor Austigard

Under vassflata etter 2000 år

Her skal eg presentere kvar enkelt stokk slik han ser ut rundt år 2020, men først vil eg prøve å vise noko generelt om det som har hendt med toll-skogen i området. Bildet over viser ein toll-stokk med bork ytst, geitved (blågeit) og al/kjerneved. Om denne vart liggande slik i vêt og vind, ville først borken dette av, så vil geitveden rotne opp og forsvinne, og til sist vil alveden bli liggande att – temmeleg lenge. Om stokken låg i vatn og ikkje i luft, ville det same skje. Geitveden ville rotne, men saktare enn i luft så sant stokken er dekt med vatn heile tida. Toll-skogen i Digerura og Litlvatnet er eit slikt tilfelle. Etter 2000 år er (mest) alt treverk som har stått i vêt og vind, opprotna og borte. Eg skriv «mest» alt treverk borte. Det er fordi stokk nr. 1 har greidd å bevare 70 cm med treverk over dagens vassflata. Før siste vassdragsreguleringa i 1962 stod også denne rotenden mest heile året under vatn. Når vassføringa i Aurå er på det minste no for tida, stikk toppen på nr. 6, 19 og 20 også opp, men det er noko nytt.

T.h. ser me ei tolle som er 80-90 cm i diameter ved rota. Så stor var truleg også nr. 1 opphavleg, men diameteren her er no kring 70 cm. På bildet er nr 1. «lagt oppå» den friske tolla for å vise kva som har rotna bort gjennom hundreåra. Berre den delen av alveden som har stått under vatn, eksisterer 2600 år etterpå. Rotstokken har spiss form fordi det har komme til litt luft her ved låg vass-stand.



Tolle med bork, geitved og al.





Nr. 12 i Joneshølen er 3 m høg. Ca. 20 cm i tverrmål.

Nr. 13 i Joneshølen er 2,3 m høg og 45 cm i tverrmål ved elvabotnen.



Nr. 8 stakk ca. 20 cm over grov steinbotn. Då ei gravmaskinskuffe kom borti toppen, låg det att berre nokre feite spik-fliser i sanden.

Nr. 18 står heilt åleine i straumen attast i Joneshølen. Toppen ber preg av «slitasje» frå isgang i elva.

(Alle foto: Sigmund Austigard)



Nr. 20 er ei laus, stor rot som ligg heilt inntil ura. Tok prøve av eine rotgreina.
Nr. 15 (bak) og 16. Mellom desse er det minst to utan nummer.
Nr. 6 stikk opp ved låg vassføring.
Nr. 17 står nær kanten av ura.
T.v. Denne stokken drog me på land etter at isen var gått opp (sjå s. 128)



Nr. 11 (nærast), 10 og 9 i Joneshølen. Her er det skogspreg på botnen.

Nr. 14. Toppen er oppflisa etter at to gravemaskiner har prøvd å få den grove stokken på land.

Nr. 2, som står i ytste Keilå, er 3 m høg og står på 4 m djup. Treleggen ber preg av ein hard oppvekst.

Nr. 4 står på ein stein i ytste Keilå. Her er tydeleg rot.

Nr. 7 står midt i Øyaelva. Det veks mykje botngras her.

Nr. 23 står i Øyaelva innmed ura.

NAMN OG NEMNINGAR

Folk ved sjøen



Tuftene etter husmannsplassen Elnessjøen. På ei oppslagstavle står det at det har budd folk på Sjøplassen sidan 1752.

Dette er tittelen på ei folkelivskildring som Johan Bojer gav ut i 1929. Det er meir enn 50 år sidan eg las boka, men Bojer skildrar livet i ei bygd ved Trondheimsfjorden så levande og truverdig at boktittelen har følgt meg sidan.

Om me romsdalingar hadde hatt ein Johan Bojer – fødd 70 år før Edvard Hoem – hadde han hatt mange tilsvarende miljø å hente stoff frå. På romsdalsk måtte då boka ha heitt «Folk attmæ' sjynå», «Folk ne'mæ' sjynå» eller «Folk mæ' sjynå», og eg er sikker på at det var mange romsdalingar som kunne ha vore model-lar.

I Romsdals Budstikke 18. august 2018 kunne me lese om han «Peder

Sjynå» på Jendem, og går du turstien rundt Elnestangen «i Frenå», står det oppslag ved ein husmur om at her budde han «Pe Sjynå». Far hans kalla dei «Ola Sjynå» og han var son hans «Tore Sjynå». Namnet skjemmer ingen.

«Sjøen» – landingsplass med naust


I Romsdal var det rett mange av desse sjø-namna – minst 20 – men no har mange av dei gått heilt ut av dagleg bruk. Gjestgjevargarden i Eidsvågen (matrikelnummer 29/1) blir i dag kalla «Sjøgarden», men frå gammalt omtala dei garden rett og slett som «Sjy'n». Her hadde Eidsvåg-gardane – og truleg også Åsagardane – nausta sine. Hit kunne dei ro og segle. Lenger inni vågen var det berre leire.

Romsdals fattige og nødlidende

Almue heiter ei bok som Romsdal sogelag gav ut i 1990. Bakgrunnen for boka er nødsåret 1773. 1772 var eit frostår av verste slag, og for at (fattig-) folk ikkje skulle svelte i hel, kom det skipslastar med korn til Molde, såkalla «Undsætningskorn» frå utlandet, og dette vart selt eller gjeve til dei trengande. Dei fleste var husmenn, innerstar og enkjer, og fleire budde «mæ' sjynå». Her er «Enken Gunild ved Klev-Søen», «Ole Jonsen Eids Søen», «Erich Knudsen Nordvig Søen» og «Husmands Enke Mette Waag-Søen». I kyrkjeboka brukte nok presten gardsnamna Kleive, Eide, Norvik og Våge som opphaldsstad/ bustad for desse folka, men slike -sjø-namn er mykje meir presise. Namna fortel sosialhistorie, og ein



Kartutsnitt frå Vestnes sist på 1800-talet. Ved Øverässjøen er det prikka inn heile fem plassar der det budde folk. (Kjelde: Ivar Brovold 1901)



Frå Eidsbygda ca. 1920. I framgrunnen ser me litt av klyngetunet på Eidsgarden, og i bakgrunnen nausta nede ved Eidssjøen. Her budde det folk på 1700-talet (Foto utlånt av Riksantikvaren)



Norvika i Eidsbygda kring 1910. Norvikgardane ligg oppunder skogen med dampskipsekspedisjonen nede t.v. Det budde ein husmann i Norviksjøen i 1773. Hatlesjøen er den tette naustrekka nesten inni bukta. Hatle er ikkje med på bildet. (Utlånt av Olaf Norvik)

finn dei knapt på trykk i andre kjelder enn denne – og i alle fall ikkje at det budde folk der. Saka er den at dei må ha vore nokså mange på 17- og 1800-talet som har hatt hus og heim mellom båtar og naust. I historiske dokument blir dei gjerne omtala som «Strandsittere».

Registrerte -sjø-namn til no

Slike -sjø-namn fortel nokså mykje om ferdsel og daglegliv langs fjordane våre. Derfor har eg av eiga interesse samla på slike namn frå ulike kjelder. Her er dei eg har registrert så langt, men eg er interessert i fleire.

NESSET: Eidsvågsjøen, Sjøplassen, Nedmed sjynå (Hatlevoll, Ranvika)

RAUMA: Eidssjøen, Hatlesjøen, Norviksjøen, Vågsjøen, Sæbøsjøen, Vollasjøen

VESTNES: Nakkesjøen, Øveråsjøen, Neråssjøen, Gjer-mundnessjøen

MOLDE: Kleivsjøen, Ossjøen, Eikremssjøen, Sjøplassen (Romuld)


FRÆNA: Jendemsjøen, Elnessjøen, Hoemsjøen, Dalesjøen

MIDSUND: Sjøvika

AUKRA: Smågesjøen, Solemssjøen, Ødegårdssjøen (Øygaardssjøen), Mordalssjøen (Mordalsvågen), og i Røssøyvågen har ein vidare både Sjøholå, Sjøbakken og Sjøaleirå.

SANDØY: Husesjøen

Ein finn slike namn med -sjøen som sisteledd frå Åna-Sira til Nord-Norge på landingsplassar. På Sunnmøre har dei t.d. både Vallesjøen og Håhjem-sjøen, og i Angvika prata dei om



Kart som viser kvar me finn stadnamnet «Sjølaupet», henta frå Romsdal sogelags årsskrift 1994.

både «Sjynåhuset» og «Sjynåkarran». Somme stader har som Mosjøen og Sandnessjøen vorte byar.

Bruksnamn og familienamn

Somme av desse husmannsplassane ved sjøen var så store at dei etter kvart vart skilde ut frå garden og fekk eige bruksnummer. Typisk nok for namneskikken på 1800-talet fekk desse nye bruka endinga -sjø og ikkje -sjøen slik det vart sagt til dagleg. Gode døme på dette er Gjendemsjø (Jendemsjø) og Smågesjø. Dei som budde på Kleivsjøen kalla seg Kleive etter hovudgarden. Men det vart alltid sagt Even og Anders Kleivsjynå.

Sjølaupet

Også husdyra hadde bruk for å komme seg ned til sjøen for å finne bei-

te der. Saltheldig fjørgras var noko krøter før i tida sette pris på. Somme krøter åt både frisk tang og kanskje drakk dei litt sjøvattn også. Feire stader i Romsdal var det lagt til rettes for at utmarksbeitet gjekk heilt ned til sjøen mellom to eller fleire bruk. «Sjølaup» kallast dette på romsdalsk, og då Oluf Rygh ikkje hadde støytt på dette namnet før, skriv han slik i Norske Gaardnavne: «I Veø og Nettet forklaredes Ordet mig som en Havnegang, som strækker sig lige ned til Søen.»

Sjølaup som egne bruk

Etter kvart som sjølaupa ikkje vart brukt til beite, vart fleire av dei utskilde som egne bruk akkurat slik som -sjø-bruka. Typiske døme er Sjølaupet i Eidsvågen og Sjølaupet



Gjerdsetvatnet sett frå sør. Siemgardane ligg i sørhellinga på andre sida av vatnet, midt i bildet. (Foto Birkeland)

mellom Langneset og Holm i gamle Veøy kommune.

I 1994 hadde Kåre Magne Holsbøvåg og eg ei registrering av namnet Sjølaupet/Sjøløpet i Romsdal, og me 'fann' det på heile 12 stader. Namna fordeler seg slik: éin stad i Vestnes, sju i Rauma, to i Nesset og to i Molde. Mange av desse stadene har no eige bruksnummer, men ikkje alle.

Resultatet frå innsamlinga står i Romsdal sogelags årsskrift 1994, og etter at artikkelen stod på trykk, har det komme 2-3 i tillegg. Ein midlertidig konklusjon så langt må vere at både folk og dyr har sett språklege spor etter seg «ved sjøen».

Fleire namn ved sjøkanten

Solemsjøen og Sjøleirå er godt brukte namn i Røssøyvågen på

Gossen, og Lyder Hesthol fortel at i bygdeboka finn ein også både Sjøholå ('Sjøhåla') og Sjøbakken. O. Rygh har registrert 'Røe Søe' og 'Ødegaardsjøen' også under Solem. Same stad har hatt fleire namn. Då Lyder voks opp, bada dei på Sjøleirå, dvs. leira ved Sjøholå.

Naust-namn

På alle stader der det budde folk «ved sjøen», var det også mange naust, men som stadnamn er det berre Nauste i Eresfjorden som er retteleg gammalt. Naust- som førsteledd i stadnamn er svært vanleg. Men i yngre bruksnamn, altså namn på matrikulerte bruk der det bur eller har budd folk, er det langt frå vanleg. Eg kan nemne Naustvika (Otrøya), Naustvollan (Tresfjorden) og Naustbakken (Mån-

dalen), men det er tydeleg at fjorden (sjøen) har vore viktigare enn nausta som ligg i strandkanten, når det vart sett namn på staden.

Sæbø og Siem

Dette er namnet på to matrikkelgardar (namnegardar) med sjø- i førsteleddet, og desse er kanskje dei einaste i sitt slag i Romsdal. Både desse har namn som går attende til mellomalderen i motsetnad til t.d. Sjøbakken, Kleivsjøen eller Sjøholå, som alle er mindre enn 300 år. Sæbø i Måndalen betyr 'garden ved sjøen' dvs. i dette tilfellet ved fjorden. Siem er – etter det Rygh skriv – eldre enn Sæbø, og namnet betyr 'heimen ved sjøen' der førsteleddet 'siw' viser til 'en ældgammel Form' for sjø. Det spesielle er vidare et denne 'sjøen'



Sjø-namn i gamle Eid kommune. 1: Norviksjøen, 2: Hatlesjøen, 3: Eidssjøen, 4: Siem (heimen ved sjøen). Det siste er mykje eldre enn dei første.

er Gjerdssetvatnet, som er ein liten innsjø. Gardsnamnet Siem er eineståande hos oss, og det peikar på ein eldgammal namnetradisjon som for lengst er borte.

Eikesdalsvatnet og Aursjøen

Eikesdalsvatnet er den største naturlege innsjøen i Møre og Romsdal. Aursjøen er sjølv sagt også ein innsjø. Nordvestre delen grensar til Eikesdalen, men storparten ligg i Lesja og tilhøyre eit anna språkområde. I Lesja og austover heiter det t.d Lesjakogsvatnet, men Gautsjøen, Vangsvatnet men Mjogsjøen. Denne vekslinga finn me i store delar av Trøndelag også, men til nærare sven-skegrensa me kjem, til fleire sjøar blir det. Siem-namnet tyder på at -vatnet har fortrent -sjøen for mange hund-

re år her hos oss, men at ordet 'innsjø' lever att som samlenamn.

-fjord og fjordnamn på land

Folk som bur i Innfjorden, Tresfjorden eller Isfjorden bur ikkje ute på fjorden, men langs strendene eller inni/oppi bygda i enden av fjorden. I Romsdal er det mange fjordar, men det er berre to matrikkelgardar som har endinga -fjord i namnet, nemleg Misfjord (uttala 'Messjorn') i Vestnes og Riksfjord (uttala 'Rissjorn') i Aukra. Som me ser, er det ikkje vanleg at fjorden/sjøen har gjeve namn til gardane langs strendene i gammal tid, men naturformasjonar som viddal, voll og berg, eller elver og bekker der garden ligg.

På Austlandet er det mange innsjøar som har endinga -fjorden. Eg

kan nemne Randsfjorden, Tyrifjorden og den «berømte» Einafjorden der dei surfa på surfbrett. Det har ikkje falle meg inn å kalle Eikesdalsvatnet for ein fjord, men det merkelege er at i enkelte tilfelle blir «fjord» brukt om vatnet. Me tala om at «dampen går midtfjords» når rutebåten gjekk midt etter vatnet. Bles det hardt, slik at vinden tok med vatn opp i lufta, sa me at «det ryk midtfjords». Arild Karijord frå Hoemsetra tala om at han høyrde hjorten «belja over fjorden», men for meg som ikkje har vakse opp attmed vatnet, er det berre genitivsforma «-fjords» som er naturleg å bruke. Det får meg til å tenkje på om det ein gong i tida har vore sagt «fjorden» om dette vatnet også, slik me finn det sørpå.

Eid, Eide og Eidet



Eidsbygda ligg på eidet mellom Frisvollbukta (nærast fotografen) og Norvika som går inn frå Romsdalsfjorden. Tunet i den gamle Eidsgarden ligg oppi bakkane t.h. for bukta. (Foto Birkeland)

Eid (eller Eið som det heitte på gammalnorsk) er eit gammalt naturnamn, og det finst mange stader. Det blir i dag berre brukt om eit lågare parti mellom to fjordar. I dei fleste tilfella er eit eid meir som ein tverrdal eller ein landhals som har sjø i båe endane. Som me skal sjå, finst det òg eit eid-namn som har eit anna opphav, og det er bakgrunnen for at eg skriv om dette emnet.

Mange kjente namn

Her hos oss (dvs. i kjerneområdet for Budstikka) har me både usamsatte og samsatte eid-namn. Dei første er det berre 5 av (4 Eide og 1 Eid), men så er det tilsvarende fleire samsatte, slike som enten startar med Eid- eller sluttar på -eidet. Her kan nemnast Eide og Eidsbygda i Eidherad, no i Rauma, og Eide, Eidsøra,

Eidsvågen og Tiltreidet i Nesset. Frå Molde kommune tek eg med Eide (aust for Oppdøl), Eidshalsen, Eidssetra og Fanneidet som endar i Batnfjorden. Etter at det kom køyrbar veg frå Hjelset, gjennom Øverbygda til Furset og Batnfjordsøra, blir det no helst sagt Fursetfjellet i staden for Fanneidet, men det er uvesentleg for det eg vidare vil skrive om.

Korte og lange eid

Eit eid kan vere både kort og langt. Eidet bak hammaren på Eidhammargarden i Tresfjorden er berre nokre hundre meter. Over Eidsbygda (mellom Rødvenfjorden og Romsdalsfjorden) er det 2 km, eidet ved Eidem mellom Elnesvågen og Litlevatnet/Skjellbreia er også rundt 2 km, over Tiltreidet er det 7 og over Ålvundeidet 10 km. Fræneidet/Sylteidet har gjeve namn til Eide (på

Nordmøre). Det går frå Isingsvågen i Kornstadfjorden til Frenen (Sylte, Frenfjorden) og er rundt 12 km langt.

Uttalen


For ein generasjon eller to sidan var d-en i alle eide-namn stum. Den romsdalske uttalen av gardsnamnet Eide var «`eie», medan på Nordmøre (Eide og Eidsøra) sa dei «ei». I samsatte namn var uttalen `eissøra (Eidsøra), `eissvågjin (Eidsvågen), `eiss-halsen (Eidshalsen), eim (Eidem), `eissbygda (Eidsbygda) og `eihammarn (Eidhammar) for å nemne nokre. I dag er skriftuttalen med d snart einerådande i alle desse namn hos yngre folk.

Eidet eller «Ødeidet»

«Eidet» er ein matrikkelgard mellom Venja og Horgheim, gnr. 16 i



Ei av teinene i Eida fossen. Det var godt laksefiske i desse stryka, men elva var uframkommeleg her både sommar og vinter. Dette partiet av Romsdalen fekk derfor namnet Eidet fordi elva ikkje var farbar med korkje båt eller slede akkurat her. Ein måtte gå eller køyre over land. Dette er den einaste staden i Møre og Romsdal at ein finn denne typen «eid», men i Trøndelag, Oppland og Hedmark er det mange av dei langs dei store elvene.



Amtskartet frå 1873. Her er Eida fossen kalla «Storfos», men heile partiet frå Fiva til Skjervebrua var uframkommeleg med båt. (Kjelde: Riksarkivet)

Grytten. Mange har ikkje høyrte om denne eid-garden, for det har ikkje budd folk der dei siste 300 åra. I matrikkelutkastet frå 1723 står det slik om plasseringa: «Ligger udj en trang dahl, daglig underkastet fieldskred og elvebrud, ringe fægang, ringe jordart, u-vis til korn [i] tørre Aar, ringe til eng ...» Garden er «full» av gravhaugar. Under ei systematisk registrering i 1971 fann arkeologen Oddmund Farbrege og Arne Randers Heen heile 111 gravhaugar i det som dei kalla Horgheimseidet. Feltet ligg mellom jarnbanelina og elva og er dermed ikkje synleg frå vegen. For arkeologisk interesserte viser eg her til Romsdal sogelag, årsskrift 1971.

Me skal sjå vidare på dette eide-namnet, for dette har eit anna opphav enn tverrdal med sjø i bae endar. Romsdalsfjorden på eine sida og Lesjaskogsvatnet (eller for den del Mjøsa) på hi, harmonerer liksom ikkje med det me tenkjer på med eit eid.

Eida fossen, ein nøkkel til svar

I den nye Norge-serien 1:50 000, ajourført i 2015, finn me Eida fossen og Eidabotnen innteikna på kartet. Dette er like ved Trollveggen besøksenter. Vegen på denne strekninga er i dag brei og fin, men det har han ikkje alltid vore. Den tida elva var ferdselsåre i dalen, var dette eit uframkommeleg parti med båt om sommaren og med slede på isen vintertid. Ein måtte her forlate elva eit stykke og gå på land. Oddmund Lyngheim (f. 1918) fortalde meg ein gong at kløvvegen mellom Fiva og Lyngheim gjekk mellom store steinar, og ein stad heiter «Saltrong» fordi det var plass til berre små kløver der.

Oluf Rygh skriv om eid-namn i innleiinga til Norske Gaardnavne at dei i eldre tid også vart brukt om «en Strækning, kortere og længere, hvor man maatte tage Veien over Land istedet for Vand- eller Isveien, som ellers paa grund af Landeveienes mangelfulle Beskaffenhed brugtes saa langt som mulig. Ved Fosse og Stryg i større Elve vil man derfor hyppig



Rauma renn stille forbi Horgheim. Mellom her og Fiva er det 47 m fall – det uframkommelege Eidet. Den 2. januar 1757 gjekk det ei stor steinfohn mellom Monge og Marstein. Sokneprest Schanke var då på veg nedover dalen med hest og slede på elvaisen. Han var nok ikkje den einaste som brukte elva vinters tid. (Foto Birkeland) Amtskartet frå 1873. Her er Eida fossen kalla «Storfos», men heile partiet frå Fiva til Skjervebrua var uframkommeleg med båt. (Kjelde: Riksarkivet)



Eidfossen («Eafossen») i Ålen, Sør-Trøndelag, skapte problem for elvaferdselen mellom Røros og Trondheim. Staden ber namnet sitt med rette.



Eidsfossen i Kvikne. Elva Orkla renn stille og roleg både før og etter denne fossen.

finde Steder med Navnet «Eid» eller dermed sammensatt Navn.» Som eit typisk døme nemner han Eidsvoll på Romerike. Dette eidet er ved Sundfossen i elva Vorma.

I vårt område har eg funne berre dette eine eid-namnet av dette slaget, men ved store elver i Trøndelag og på

Austlandet er det mange. Kjenner du slike elve-eid i Romsdal?

Eit eldgammelt ord

Fleire eg har snakka med under dette arbeidet, har gjort meg merksam på at det norske «eid» har språkleg samanheng med det latinske «ire», som

betyr å gå. Det gjev ei god forklaring på at eid mellom fjordar og eid ved ein foss har same namnet, men utgangspunktet er gløymt gjennom hundreåra.

Øy og øyan - ein parallell til eid

Eid ved elver/fossar har gått ut av språket vårt, og no finst det berre i stadnamn som Eidfossen, Eidsfossen, Eidsvoll osv. Tilsvarende er det med øy og øyan. Opphavleg var dette brukt om både omflødd øy (t.d. Veøya) og om «flad, lav Strækning langs Vand» (eller elv). Typisk døme her er bydelen Øya i Trondheim der St. Olavs hospital ligg, og Øyan ved Tiltreidet i Neset. Ingen kallar eit flatt område ved ei elv eller eit vatn for øy i dag, men i gamle stadnamn finn ein både -øya og -øyan. Der elva frå Fosterlågen renn ut i Osvatnet, heiter det Øyan.

Reit, gjerde og hafelle



Reiten på Otrøya er omtala første gong i 1610. Alt i 1723-matrikkelen er det to bruk, Søre og Nøre Reiten. «Årvissera på korn (enn Jenset)», står det matrikkelen. Det er lenge sidan dette berre var ein inngjerda åkerlapp. (Foto Widerøe 1963)

Innlågå, Innløgå eller Innlegget er eit stadnamn som det kanskje finst hundre av i Romsdal. I normert form heiter det «Innloga», og det betyr beint fram «jord som er innlagt frå utmarka ved dyrking». I 1990-åra hadde Kåre Magne Holsbøvåg og eg ei registrering på dette spesielle namnet; resultatet presenterte me i ein artikkel i Romsdal sogelags årsskrift 1996. Reaksjonane etterpå var mange og positive.

Andre liknande namn

I dei 20 åra som har gått, har eg vorte oppfordra fleire gonger til å skrive om andre slike namn som er knytt til jordbruk og busetnad. Sist var det ein som sa at «det er visst berre i Eikesdala at det finst «reitar» no for tida», og så la han til: «Kva betyr eigentleg 'ein reit'?»

Reitan, Reiten og Reite

Reit er eit gammalt namn på ein åkerlapp. I gammalnorsk heitte det «reit», og var eit avgrensa jordstykke. Det har samband med «å rite, risse», (engelsk «write») og det var tale om dyrkajord. Opphavleg budde det ikkje folk på desse gamle reitane, men då folketalet auka frå sist på 1500-talet og utover på 1600-talet, vart desse jordstykkene skilde ut som eigne bruk. Desse gardane kan vere så gamle som frå kristen middelalder (før svartedauden). Stort sett er dei avgrensa til Møre og Romsdal og Trøndelag. Ved nyridding har namna vore produktive etter reformasjonen. I Trøndelag er det rett store gardar som heiter Reiten og Reitan. Desse blir rekna som dei eldste.

I Eikesdalen t.d. har me Reitan som bruksnamn (frå 1723), men det

finst mange andre reita-namn i bygda: Gammel-Hans-reiten, Kari-reiten, Pe-reiten, Haga-reiten, Valdars-reiten, Braut-reiten, Ura-reiten, Stor-reiten, Ol-Hans-reiten osv., men også i fleirtalsforma Høvel-reitan, Reitan (Øver-Vike) m.fl. Dei fleste av dei reitane som her er ramsa opp, er/var inngjerda med «utgard» slik at beitande dyr ikkje skulle øydelegge det som var sådd på reiten, eller høvavlinga som skulle haustast til vinterfôr.

For ein del år sidan høyrde eg ein tresfjording omtale potetåkeren hans far som ein «stor potetesreit», og den seiemåten viser då at ein reit også kan bety «åkerstykket (særleg med rotfrukter)» som det står i Norsk Ordbok. Tydinga «rite, risse» går då på at ein reit er eit avgrensa stykke dyrkajord meir enn at det er inngjerda med utgard.



Søndre Gravdehaug, husmannsplass under Flatmark i Romsdalen. Kufjøs og bustad under same tak. Det er 'stonghafelle' som gjerdesgard mot vegen», sa Monrad Sletta då eg viste han bildet. Oppover Romsdalen kalla dei mest alle slags inngjerdingar for hafelle.



Risgard i Eikesdalen fotografert av forfattaren 1976. Slike gjerde («våndagardar») vart brukt kring reitar, gjerde, hafeller, innloger og hagar, gjerne i kombinasjon med steingardar. No er dei ikkje meir å sjå. Berre «gardrota» – der gjerdesgarden har stått – og stadnamnet lever att.

Gjerde og gjerdesgard

«Garðr» er eit hankjønnsord som «betyder oprinnelig Gjerde, dernest indgjerdet Jordstykke og endelig Gaard» skriv O. Rygh i innleiinga til storverket *Norske Gaardnavne*. «Gjerdesgard» er derfor nesten smør på fleisk, men tydinga har forandra seg gjennom hundreåra, og i dag er det ofte nødvendig med presiseringar. I Eikesdalen då eg voks opp, tala me om både «gjerdesgard», «utgard», «steingard», «nettinggard» og «risgard». Det siste er eit gjerde laga av greiner og småtre i nærområdet, gjerne eine-kratt, som var fylt innimellom staurar. Dette «fyllstoffet» kallast for «gjerdesgardsvånd», og det var ein gong i tida eit vanleg ord, men etter at nettinggardane og elektriskgjerda har overteke, er ordet heilt overflødig og derfor på veg ut.

Rundt om i mest alle bygder i Romsdal finn ein namn på «-gjerdet». Då har det same skjedd med det ordet som med «gard» tidlegare, at tydinga har gått over til å gjelde område som er inngjerda. Nokre få stader er Gjerde matrikkelnamn (t.d. i Tomrefjorden og Innfjorden), men som regel er det eit bruksnamn under ein annan gard slik som Bergsgjerdet, Rødgjerdet eller Nygjerdet, og dei siste er det mange av. Liksom for dei mange reitane fekk ikkje gjerde-plassane fastbuande folk før kring 1600, og dei fleste var ubebudde til andre halvdel av 1800-talet. I Eikesdalen, og sikkert også mange andre stader, var dei fleste gjerda stort sett ubebudde, og areala representerte tilleggsjord for eigaren.

Hafelle

Første gongen eg møtte på namnet Hafellå, var då *Bygdaboka for Voll II* kom ut i 1980. Dette er eit temmeleg lite gardsbruk, nærast i utmarka, i Innfjorden, og forfattaren Olav Søvik forklarar namnet slik: «Namnet tyder 'risgjerde' (våndagard) eller eit jordstykke som har slik inngjerding.» Namnet finst også som gardsnamn i Tingvoll, men elles er det svært lite brukt i fylket vårt. I Osen, ved utløpet av Eikesdalsvatnet, er det eit



I Osen ved Eikesdalsvatnet er det eit jordstykke som heiter Hafellå. Det er truleg gammalt ettersom dette er ei svært uvanleg namneform i Nesset. Like ved ligg Moagjerdet. Det er ofte litt tilfeldig om eit inngjerda jordstykke er ein reit, eit gjerde eller ei hafelle. (Statens kartverk)

jordstykke som heiter Hafellå. Det høyrer til under garden Moen, og det er Aslak Kavli som skriv om dette i Romsdal sogelags årsskrift 2019, s. 251. Eg har høyrte ordet brukt av eldre folk på Lesja og i Øverdalen (Verma) og nedover Romsdalen eit stykke, men elles er det på veg ut hos oss. Eit Google-søk viser at Hafella/Hafellen er gardsnamn både i Trøndelag og i Gudbrandsdalen og nedover Austlandet.

Imponerende mangfald

Av dette vesle innlegget går det fram at eit inngjerda jordstykke kan ha mange ulike namn. Eg har fleire gonger spekulert på kva som gjorde at noko vart kalla «reiten», medan eit

anna tilsvarande stykke fekk namnet «gjerdet», «innloga», «hafella» eller kanskje «hagen». Opphavleg trur eg alle desse jordstykkane var i utmarka, men etter kvart som folketalet voks, vart utmarksgjerdet på mange gardar flytta, og slik kan alle desse namna i dag finnast ikkje så langt frå gards-husa.



Hoem og Hoemdalen sett frå Vikesoksa ca. 1939. Slokå er som ei 350 m lang renne som går frå den stupbratte fjellsida og ned i elva (sjå pila). Oppover heile den V-forma Hoemdalen er det mange sloker, men det er berre den eine som heiter Slokå. (Foto Birkeland)

Sloke – eit gammalt naturnamn

«Sloke» er eit ord dei færreste har høyrte eller kjenner til i dag, men det finst hist og her frå Trøndelag og sørover til Rogaland og i Telemark. Uttale og kjønn varierer noko frå landsdel til landsdel, men tydinga eller forklaringa er den same: ei renne, eit lite søkk i terrenget eller ein liten smal (tverr-)dal etter ei øyre eller ein flaum. Sloke eller sløke er også brukt om nedste delen av ei kvennarenne – truleg oppkalla etter denne naturformasjonen. Då sa dei gjerne *sloketroat/sloketroat/slokjet*, medan det i Romsdal oftast vart sagt *strøyptrao*.

Eg kjenner namnet Slokå (Sløkå) berre frå Hoem ved Eikesdalsvatnet. Det er ein 350 m lang «dal» eller renne som går frå bratte fjellet og ned til Hoemelva. Slokå er rundt 100 m brei, har bratte sider, og i botnen er det berre stein og ur og ein liten


flaumbekk. Sidene er bratte, tydeleg laga av rennande vatn. Botnen ser i grunnen ut som eit breitt elvafar, og det er først dei seinare åra at det har komme skog i sidene og i botnen.

Slokå ligg akkurat der sjølve Hoemdalen tek til. Sauvegen og turiststien oppover Hoemdalen går over Slokå, men dei færreste som går der, veit kva staden eller naturformasjonen heiter. (Sjå bildetekster). Eg lærte namnet alt i guttedagane, men det var først i vaksen alder at eg tok til å filosofere over kva namnet eigentleg betyr. Sloke er eit hokjønnord, og eg kjenner ikkje sloke-namnet frå andre stader i Eikesdalen, i Nesset eller i Romsdal for den del.

Spørsmål til medlemmene

Hausten 2015 sende eg ut spørsmål til alle medlemmer i Romsdal so-

gelag om dei kjende namnet Slokå. Det kom inn svar berre frå Erling Kylling frå Øverdalen i Rauma. Han skreiv dette i e-post til meg: «Jeg er født i 1952 og vokst opp på Verma. Jeg mener at «slåke» ble brukt på 1960-70-tallet, kanskje spesielt av eldre. Det var to ord som er nokså like i stavemåte som ble brukt til å beskrive forsenkninger i landskapet. Slik jeg husker det var «slåke» betegnelsen på en lang, litt smal renne (liten dal) der det ofte ikke var så lett å ferdes på ski. «Sløke» var betegnelsen på en bred og lang forsenkning der det som oftest var fint (og anbefalt) å renne på ski. Når vi gikk på ski opp fra Bjorli, kom vi opp på fjellet i fint og lett terreng der det var mange «sløker». Når vi gikk på ski fra Brøstdalen til Verma over Reset måtte vi krysse to «slåker». Jeg husker at far



Hoemdalen, Hoemelva og Slokå i 1888. Etter det bildet viser, har det nyleg vore storflaum i Hoemelva, og det heile har starta nettopp i Slokå. Elva har gått langt ut over dei gamle braddane og lagt att kvit-skura steinar heilt ned til vatnet. Elva har delt seg nedfor Rabbenøsa, og ei grein har runne utover (nordover) og komme ned i Storåvika. Det området der elva delte seg, heiter framleis Fjørå, og det var tydeleg elvafjøre der endå i 1950-åra det første eg kan minnst. (Foto K. Knudsen, Bergen)



Slokå og Hoemtinden sett frå Rabbenøsa. I torevêr kjem regnvatnet ned dei blankskura berghamrane, og i farten fer det nedover Slokå og tek med seg lausmassar. Det blir som ei kvennarenne. Prikkalina viser kvar turstien kryssar Slokå. (Foto Henning Austigard 22.05.2016)

kom med mange formaninger hvor vi skulle krysse disse. Disse to «slåkene» ble også omtalt som daler, selv om det nok ikke er en så treffende beskrivelse som «slåke».

Jeg jobber i vannkraftbransjen og mener også at jeg har hørt ordet «slåke» vært benyttet som betegnelse på bekkefar på Vestlandet.»

Slik Erling Kylling brukar ordet «sloke», er det eit samnamn og ikkje eit særnamn slik som på Hoem. Det er litt overraskande. På fagspråket heiter det at han brukar namnet appellativt, dvs. at ordet er brukt i levande talemål på line med 'ein dal', 'ei fonn' eller 'eit vatn' og ikkje som i særnamna «Brøstdalen», «Gråfonna» eller «Langvatnet».

Opplysningane frå Erling var som sagt overraskande, og eg bad han undersøke hos andre på

hans alder og eldre om det var vanleg å tale om ei sloke i Øverdalen, men han fann berre Amund Kylling (f. 1933) som gjorde det i heile bygda. Erling viste elles til fleire stader på Vestlandet der han fann Sloka på nettet.

Norsk Ordbok og digitale kart

Etter å ha studert fleire uttalemåtar på sloke i Norsk Ordbok, fann eg sløke registrert i Sykkylven, men trass i direkte spørsmål til fleire heimelsmenn der, var det ingen som kunne fortelje meg kva som var karakteristisk for ei sloke eller sløke. Etter leiting på nettet fann eg at ved Skrede på Gurskøya, på nordsida av Rovdefjorden på Sunnmøre, heiter det Sloka (Slokå). Bergliot Tødenes (f. 1935) som bur litt lenger vest, fortalde at ho brukte namnet

slik: «Eg skal inn på Slokå», men at ho «er på Slokinne». Det er altså eit hokjønnsord på Gurskøya slik som i Eikesdalen. Eg fekk av fleire heimelsfolk i området vite at Slokå også var ein plass/lite bruk, og at det budde folk der til 1950-åra. Husa er no borte, men det er ei hytte der. Dei som budde der sist, brukte Skrede som familienamn.

Digitale kart over Rovde viser at ein har fleire relasjonsnamn i området: Slokevågen, Slokestranda og Slokeelva. Aslak Storgjerde i Sande sogelag sa at Slokeelva kjem frå Slokevatnet. Dalen der Slokeelva renn, er meir som ei ur, ikkje nokon djup dal. Området vart tilplanta med sitkagran på 50-talet, og terrenget er i dag nesten usynleg i skogen. Det var derfor ingen som hadde eller kunne ta eit bilde frå staden.



Sloka på Isane, Nordfjord. Også her synest det klart at ein flaumbekk har grave ut ei renne i terrenget. (Foto Solveig Isane 14.02.2016)



Store- og Lisje-slokå på vestsida av Runde. Ein rygg i terrenget – som er lite synleg på bildet – deler dei to slokene frå kvarandre. (Foto Ingar Støyle Bringsvor)

På Isane i Nordfjord er det også ein stad som heiter Sloka. Nestleiar og medredaktør i Romsdal sogelag, Dag Skarstein, fortel at foreldra hans, Alf og Dina Skarstein f. Isane, voks opp på kvar si side av Sloka, og at flaumbekken som rann gjennom kløfta, kunne vere farleg for småungar. Alf Skarstein (1904-2007) fortalde ved fleire høve at han som liten gut vart skremt av mor si med «Sloke-bokkjen» som heldt til der.

Etter litt leitning i grannelaget fekk eg tak i Solveig Isane som ville ta nokre bilde av området. Ho vart litt overraska over spørsmålet mitt, og så sa ho: «Det er merkeleg at du ringer og spør etter dette namnet no. Vi er akkurat på veg til Sloka på vedaskog fordi det har blese ned nokre grantre der, og dei vil vi rydde opp i.»

Bildet eg fekk av Sloka på Isane, viser at den er langt mindre enn den på Hoem, men kanskje meir lik den på Gurskøya.

Andre sloker

Før i tida, då utmarka var full av «små», men viktige stadnamn, fanst det nok også mange sloker. Bjarne Rabben skriv m.a. dette i *Herøyboka. Gardar og folk* s. 207 gnr. 9 under Runde: «Sommarstida var det å hysje




Kvenna i Oppigard bnr. 11 og 12. Den bratte delen av renna heiter «strøyptraa» i Romsdal, men lenger sør seier dei slokå eller sløket. (Foto Bjørn Austigard 2008)

ned lengste grasstråa på heimebøen og so bar det ut i fjellet å slå. Der var det teigar som hadde sine namn som Mannteigen, Tueteigen, Randiteigen, store og lisje Slokå, store og lisje Stakken og Skredene.» Det var altså tale om fleire.

Runde med fuglefjellet og fyret er landskjende bæe delar, så eg utfordra ornitologen Alf Ottar Folkestad til å finne ut kvar desse slokene er og korleis dei ser ut. Ved hjelp av det

som står i bygdaboka og kjentfolk i området, greidde han å resonnerer seg fram til kvar slokene er. Sloke-namna er altså gløymde, men terrenget stemmer svært godt med det ein skulle vente å finne. Eg er overtydd om at han har rett. (Sjå foto.) Folkestad kunne elles fortelje at nedste delen av ei kvennarenne heiter sloke i Herøy.

I Surndalen har ein namnet Slokan mellom Svean og Gulla. I boka



Kartutsnitt som viser kvar det er registrert sloker i Romsdal og på Sunnmøre. Ut frå dette kartet er det opplagt at det har heitt Slokå fleire stader i dette langstrakte området. 1. Runde, 2. Gurskøya, 3. Sykkylven, 4. Øverdalen/Bjorli og 5. Hoem, Eikesdalen.

Ord til gagns (2010) skriv Sverre Hatle at dette namnet/ordet er dokumentert berre denne staden i Surn-dalen, og det er då brukt om stigninga «frå Sveasetra austover Langora». Det er her tale om eit hannkjønnsord i fleirtal.

I «Trønderordboka» 2. utgåve 2002 finn ein oppslagsordet «slåggå m, brei fordjupning, søkk» og det er brukt fleire stader i Trøndelag. Eg er usikker på om dette er same ordet. Eg vil her berre peike på kva som er registrert, og så får andre eventuelt drøfte dette vidare.

Familienamn med «Sloke»

I folketeljinga for 1891 er det 12 personar oppførde med Sloke som familienamn/etternamn i Norge. Alle desse har sitt opphav i gardsnamnet Sloke i Skånevik i Hordaland. Dette er ein matrikelgard med busetting attende til kring 1600. Dette står å lese i Anders Haugland si bok *Skåneviksoga*, bind 2 (1984).

I folketeljinga for 1910 er skriveforma Slaake brukt som familienamn på 13 personar, og alle har (truleg) også opphavet sitt i Skånevik sjølv

om dei ikkje bur der. Folketeljinga-ne frå denne tida er ei usikker kjelde på dette området fordi dei fleste hadde ikkje fast etternamn, berre eit farsnamn (patronym). Gardsnamnet var meir som ei adresse heilt til etternamnslova kom i 1923.

I «Norsk etternamnleksikon» (2000) av Olav Veka finn ein tre sloke-namn i bruk i dag: Slogvik, Slokvik og Slåke. Utgangspunkta for desse tre formene er gardsnamn i Tysvær (Rogaland), Kviteseid (Telemark) og Skånevik/Kvinnherad (Hordaland), og blir alle tolka på same måte: ein «renne-forma dal eller eit myrsøkk».

Etterord

Språk er noko underlege greier. I mange tilfelle kan ikkje detaljane bli for små, som her for naturnamnet sloke. Det finst fleire hundre ord som beskriv naturformasjonar, men berre ei sloke er ei sloke. Me har dal/elvadal/bekkdal, botn, skar (skard), skorge¹, renne, kløft, øyre, hole, seil, dekt² *m.fl.*, og ein skulle tru at alle desse nemningane måtte greie seg, men det gjorde det tydelegvis ikkje i gamle dagar. Ei *sloke* var noko anna,

derfor finst det *sloker* hist og her frå Romsdal og sørover til Rogaland og så i Telemark. Kva er så det spesielle? Mi tru er at ei sloke er laga av ein flaumbekk som ved eit ofseleg tore-vêr har teke med seg store mengder med lausmassar på sin veg nedover lia mot elva eller vatnet. Bekkdalen som så ligg att etter flaumen og øyra, har ofte svært bratte kantar som det var vanskeleg å krysse for både folk og dyr. Slokå på Hoem er uvanleg stor, men ho har alle desse elementa i seg, og eg trur at når romsdalingane har fått tenkt seg om, er det fleire sloker i kommunane våre enn dei eg har registrert til no. Me er eit spesielt folkeslag, men eit naturnamn som sloke har me felles med store delar av landet.

Notar

¹ I Romsdal har vi Skorgå og Skorgedalen både ved Tresfjorden, Romsdalsfjorden og Langfjorden. Utgangspunktet her er elvnamnet Skorgå, skriv O. Rygh, men dette har igjen rot i naturnamnet skard.

² Sjå «Dekt og seil og nokre andre halvgløynde terengord» av Kåre Magne Holsbøvåg. *Romsdal sogelag, årsskrift 2008* s. 121-

Kròp, krøp og kråp

Sommaren 1975 tok eg til som museumslektor på Romsdalsmuseet, og på dette tidspunktet var det berre museumsstyrar Sverre Berg og eg som var tilsette. Me åt maten vår saman kvar dag, og då fortalde Berg gjerne frå «gamle Molde», den byen som gjekk tapt i april dagane 1940. Han hadde vakse opp der og var lommekjent overalt. Han hadde eit uvanleg godt minne og kunne derfor forklare korleis det såg ut i (Stor-)gata og mellom husa som grensa til denne eine gata.

‘Kråp’ er typisk for Molde

Eg minnest at Berg tala mykje om kråpa i Molde, desse tronge ‘gatene’ eller vegane som han kjente så godt frå det han gjekk der med aviser i 1920-åra. Eg hugsar han sa at «Bergen har sine smau, Trondheim sine veiter, men Molde har sine kråp». Han meinte (trur eg) at dette med kråp var eit Molde-fenomen, og det var han stolt av.

I 1984 laga Sverre Berg eit kart der han skreiv ned alle gatenamna – offisielle som uoffisielle – slik han hugsar dei frå førkrigsbyen. Kartet, som er å finne både i Molde kommune og Romsdalsarkivet, er gjengjeve i Ola Gjendem: *Molde, kart gjennom 300 år* (2017), og der er det med heile ni ‘kråp’-namn, og dei fleste har namnet sitt etter dei som budde der. Kornstadkråpet, Andersenkråpet og Sandbukråpet er typiske representantar for denne typen namn. Andreas Kornstad var fargar, og forgjengaren hans, Arnt Olsen, var også fargar, derfor vart denne ‘sidegata’ også kalla Fargarkråpet.


Kråp eller kròp

I boka *Erindringer fra Molde omkring århundreskiftet* (1987) skriv Ingeborg Dahl Bækkelund om livet i byen slik det var i hennar barndom og ungdom, og ho nemner både Kornstadkråpet og Bækkelundkråpet, og ho skriv ‘kråp’ med å slik som


me finn det i Kirkekråpet i dag. Det gjer også Gunnar Talsethagen i Gatelangs i Molde. I ein av romanane sine nemnder den skolerte forfattaren Nini Roll Anker byens kråp, men ho skriv kròp, altså med open o som i òg. Dette er den skrivemåten som er språkhistorisk rett, men som i store delar av Romsdal ofte blir uttala ø. Lektor Arnfinn Hovde skriv om dette i språkspalta i Romsdals Budstikke den 12. september i år: «Ord som skrivst med o kan ha å-lyd i somme målføre, men ein ø-lyd andre stader. Tenk på ordet som skrivst ‘hol’, somme stader seier dei ‘hål’, andre stader ‘høl’, men ordet har ikkje slik o-lyd som i ‘sol’.»

Krøpa på Åndalsnes

Før krigen var det eit heilt område mellom jarnbanen og sjøen på Åndalsnes som vart kalla Krøpa med ø. Der var det altså mange kròp som i Molde, og heilt i tråd med dialekta for indre Romsdal, blir denne ò-en



Molde sentrum 1935. Det er innafør det markerte området at ein fann namneforma kråp i Molde. For å halde namneskikken ved lag, fekk gata ned for kyrkja det nye namnet Kirkekråpet. Det høvde i grunnen godt, for i dette området var det spesielt mange kråp i gamle dagar. (Romsdalsmuseets fotoarkiv)



Knut Malones' kart over sentrum av Åndalsnes for 1940. Eit heilt kvartal gjekk under namnet Krøpa fordi det var så trøngt mellom husa. (Kjelde: Årbok for Rauma 2018)

til ø. Dei seier eit høl for hol, vør for vor (vør) og ei nøs for nos (nøs) om ein fjell-nase som stikk fram. Eit døme på det siste finn ein i Høgnøsa mellom Åndalsnes og Isfjorden.

I Årbok for Rauma 2018 har Torgeir Næss ein artikkel som rett og slette heiter «Krøpa». Han viser til eit kart og innleier slik: «Vi er på Åndalsnes i begynnelsen av 1930-årene og en delen av bebyggelsen gikk under navnet «Krøpa». Her stod husene spesielt tett, det var slik at samtale fra nabo til nabo gikk helt fint fra vinduskarmen.» Det er her altså tale om fleire krøp, og Næss viser med gamle og nye bilde korleis det såg ut, og korleis det er no i same området etter gjenoppbygginga.

Kartet som Torgeir Næss viser til, er laga av Knut Malones, og der står namna Krøpa og Vøra. For ukjente kan det sjå ut som to hokjønnsord. Det er det ikkje, men det er her tale om den same ò-en som har vorte til



Frå Nauste i Eresfjorden. Vegen ned på den gamle steinvøren gjekk mellom to hus, og denne passasjen heiter Krøpet framleis.

ø. Det heiter eit krøp – krøpet – krøp og krøpa. Krøpa er altså bestemt form fleirtal av eit krøp. Men vør (vør) er hankjønn og blir bøygd slik: ein vør – vøren – vørar og vørane. Normalisert: ein vør – vøren – vørar – vørane. (Når det blir sagt «Vøra» i dag er det fordi

folk på Åndalsnes har mista dativen i målet sitt. Det heitte nemleg at «du er på Vøra» eller at «me leika oss på Vøra», men du «skal nedpå Vøren». Tilsvarende er det med bøyginga av Setnesmoen. Du skal på Setnesmoen, men er på Setnesmoa (dativ).

Mange krøp på Neset

Også Veblungsnes (Neset) vart bomba under krigen, og den gamle bebyggelsen gjekk tapt. Eg spurde Sølvi Heggem Lundin, som er på min alder, om ho kjente til gamle krøpnamn der, og til det svara ho: «Ja, det var mange krøp her som husa sto tett!» Ho fekk så eit nytt spørsmål frå meg, og det neste svaret viste at krøp er med i hennar aktive ordforråd: «Ja, det vart mykje moro i desse krøpa. Eigentleg bes det ikkje so gale på Neset. Gjekk du inn i eit krøp, var det ikkje meir vind enn at du fekk fyr på sigaretten!»

Krøp over alt

Krøp kjem av å krype, og verbet blir bøygd slik i normalisert form: å krype – kryp – kraup – har krope, men i mange målføre i Romsdal heiter det «ha krøpe». Etter Norsk Ordbok finn ein forma «krøp» stadfesta på Sunnmøre, Voll og Eresfjord og Vist-



Kornstadkrøpet (Fargarkrøpet eller Sættemkrøpet) har mykje til felles med Krøpet i Austigard i Eikesdalen, her teikna av Anne Grete Aassve 1985.

dal, men her skulle heile Rauma og Nesset også ha vore med, truleg mykje meir. I det gamle gardstunet på Eide i Eidsbygda hadde dei særnam-

net Krøpet før utskiftinga, og både på Nauste og i Eikesdalen eksisterer namna framleis. At dei blir mindre brukt i dag enn før, er ei anna sak.


Stadnamn i skrift og tale

Dette er eit stort og vanskeleg tema. Det kan i alle fall ikkje «avgjerast» i eit avisinnlegg på nokre hundre ord. Eitt er likevel sikkert: Talen kom før skriftspråket, og det må det takast omsyn til. Somme meiner derfor at ein bør bruke ord, uttrykk og bøyingsformer så nær opp mot talemålet som det er praktisk muleg. Andre likar best gamle, inngrrodde skrivemåtar langt frå det som blir sagt. Her er det fleire utfordringar for både bokmåls- og nynorskbrukarar. «Arven» frå dei gamle embetsmennene sit i mange av oss. Som eksempel på dette skal eg her ta fram nokre bygdamn der offentlege skriftformer ikkje svarar til det som ein innfødd romsdaling seier.

Tresfjord – Tresfjorden

Eg vil starte med ein samtale eg hadde med ein tresfjording for meir enn 20 år sidan. Han forklarte meg at han var frå Tresfjord, ikkje frå Tresfjorden - «for han budde då ikkje uti fjorden, men på tørt land.» Eg argumenterte med at når han kalla seg sjølv for «tresfjording», så sa det seg sjølv at han budde i Tresfjord-bygda, og at dette dermed ikkje kunne misforståast. At det var fjorden som hadde gjeve bygda namn, var me einige om, men å skrive Tresfjorden om bygda så lenge postadressa er 6391 Tresfjord, det kunne han ikkje tenkje seg. Eg argumenterte med at desse postadressene i ubunden form var frå ei tid byråkratane i Postverket bestemte alt, men synspunktet nådde ikkje inn.

Etter kvart som åra har gått, har det skjedd ein del ting på denne fronten. I mellomkrigstida vart t.d. Tresfjorden – i bunden form slik me seier det – endra til Tresfjord, medan Tomren i Romsdalen fekk sitt rette hokjønn og vart til Tomra i Romsdal. Først i 1969 kom 6393 Tomrefjord – men då dessverre i ubunden form. Postverket har nok vore aktivt



Kartutsnitt frå Ytre Romsdal utgjeve i serien «Northern Europe» 1:250.000. Her er dei fleste namna skrivne i bestemt form slik dei vart sagt. Ona, Orta, Sandøya, Harøya, Gossa, Otterøya, Sunda, Julbøen, Julneset m.f., men det finst unntak også her.

i slike namnespørsmål, men eg trur at enkelte handlekraftige ungdomslag har greidd å romsdalifisere skrivemåten på somme postnamn. Det gamle kyrkesoknet Voll (Måndalen), som femnde over bygdene Måndalen og Innfjorden, vart til Voll herad då desse bygdene vart eigen kommune, men då bygdene fekk eige postkontor, vart det 6315 Innfjorden og 6386 Måndalen. Desse namna er komne til i meir moderne tid, og då ser me at den bundne forma er brukt i baa desse namna – heilt i tråd med talemålet vårt. Spørsmålet blir så om det er «blautare» i Tresfjorden enn i Innfjorden? Svaret er sjølvsagt «nei», for i baa tilfelle har bygda fått namnet sitt frå fjorden utafor. Det same er tilfelle for isfjordingane som har postadresse 6320 Isfjorden og tommerfjordingane som har adresse 6393 Tomrefjord. Spørsmålet er berre om det er postverket eller bygda-folket som har bestemt namneformene.

Namn i bestemt form

Når eg skriv om heimbygda mi, skriv eg alltid Eikesdalen, men når eg sender brev dit, brukar eg den offisielle forma 6472 Eikesdal. Eg har respekt for øvrigheita, og for at brev og pakker skal komme fram, må eg bruke det som er vedteke. Slik sett er mândalingane og innfjordingane «heldige» som har fullt samsvar mellom taleform og skriftform. I 2004 vart det stifta eit historielag for Mittet. Det var bygdafolket som stod for det. Laget fekk derfor eit namn som var «uberørt» av det gamle embetsverket: Mittetdalen historielag – altså Mittetdalen i bestemt form.

Namn med og utan dativ

Romsdalsmålføret har heilt til det siste hatt kasusforma dativ. Dette kjem til uttrykk i bøyngane «Eresfjorden er ei sykkelbygd» (nominativ), men «i Eresfjorda he alle sykkel.» (dativ). Dativforma er på sterkt vikande front, men for oss som har



«Bygdaboka for Volla» bind 1 har eige kartvedlegg. Her trur eg bygdabokkomiteen har vore heilt bevisste på at stadnamn som blir bøygd i kjønn og tal, skal stå i bestemt form.

fått med oss dette frå starten av livet, er det lett å slå fast kva kjønn eit namn har, og om det står i nominativ eller dativ. Både Ona og Orta er hokjønn, men her har det merkelege skjedd at nominativsforma blir brukt for Ona, medan dativforma Orten er mest «populært» for Orta.

Men det finst ein del både gards- og bygdanamn som ikkje blir bøygd. Alle som sluttar på -stad, -set, -land og -heim (-em) er slike, og her kan eg nemne Farstad, Talset, Øverland og Heggem. Så vidt eg veit, finst det ikkje gamle fjord-namn i ubunden form i Romsdal, og TresfjordEN går inn i dette faste og enkle mønsteret. Men det er fleire dal-namn. Som døme tek eg med Rekdal, Heggdal,

Mordal, Åndal (Aurosen og Batnfjorden) og Åndal (Åmdal), men det kan vere fleire.

Me er romsdalingar

I dei 40 åra eg har arbeidd med lokalhistorie, har eg ofte møtt på problemstillinga Romsdal/Romsdalen. Det heiter Møre og Romsdal fylke, og dei åtte kommunane midt i fylket tilsvaerar det gamle Romsdal futedøme/fogderi som har ei mangehundreårig historie bak seg. Dei fleste av oss som har vakse opp i ein av desse kommunane, seier at me er «romsdalingar» eller at me er «frå Romsdala» (dativ) sjølv om dette kan misforståast. Her finst det nokre som ikkje forstår at ein som bur på t.d.

Sandøya kan kalle seg romsdaling, han må då heller kalle seg mörung ettersom møre kjem av «hav». Her vil eg vise til ein parallell: nord for Romsdal futedøme ligg Nordmøre futedøme. Alle som bur der, kallar seg nordmøringar, også dei øvst oppi Sunndalen. Dei bur så langt frå havet (møre) som ein mest kan komme, men dei høyrde til det gamle administrasjonsområdet Nordmøre, som har eksistert frå mellomalderen. Nemningane Nordmøre og nordmörung har brent seg fast. Slik er det for Sunnmøre og sunnmøringane også.

Nokre uvanlege stadnamn



Utsyn frå Middagshaugen (1394 moh.) mot fjella i sørvest: Kleneggen t.v. (1960 moh), Bruåbottmyllå (1810 moh.) og Sandgroveggen (1829 moh.). Bruåbottmyllå har fått namnet sitt fordi dette fjellet ligg mellom Inste Bruåbotnen (t.v.) og Ytste Bruåbotnen. (Foto Tor Austigard 2017)

Som 8-åring var eg på fjelltur for første gong. Me gjekk turiststien opp Sandgrovskaret til Litlbotnen og Lithaugen, og så gjekk me ned att. Eg minnest at eg prøvde å lære meg desse namna med ein gong, for då kunne eg fortelje kvar eg hadde vore. Seinare vart desse fjelltraktene mine. I barndommen gjekk me ofte opp Sandgrovskaret, og eg lærte fort å kjenne att formasjonane og namna på Børå, Fossafjellet, Sandgrovsnytå, Sandgroveggen, Kleneggen og Middagshaugen.

Det artigaste fjellnamnet var likevel 'Bruåbottmyllå'. Dette fjellet har eigentleg ikkje noko namn, men det er «fjellet mellom Bruåbotnå», dvs. Ytste og Inste Bruåbotnen. Bruåbotnan er store, markerte botnar i landskapet, og slik er fjellet presist plassert på kartet. Bruåbottmyllå er

1858 moh, har ei bratt side mot Eikesdalen, og slik er det rett og slett majestetisk der det står.

Preposisjonsnamn

'Mellom' er ein preposisjon, og namn av denne typen blir av stadnamngranskarane kalla preposisjonsnamn. I boka «Namn i Noreg» av Ola Stemshaug (1973, s. 10) står det at 'Bruimillom' og 'Bekkimillom' er av den gudbrandsdalske typen, altså skal ein kanskje ikkje vente å finne slike namn her hos oss. Til det er å seie at Bruåbottmyllå er eit grensefjell mellom Eikesdalen og Romsdalen, og då er det ikkje så langt att til Lesja og Gudbrandsdalen.


Nede i Eikesdalen er det fleire slik preposisjonsnamn. 'Bjørkmyllå' er stranda mellom Inste og Ytste Bjørk på austsida av Eikesdalsvatnet. Frå gammalt slo dei gras og slepp-

te beitedyr både på Inste og Ytste Bjørk, men mellom desse to stadane går fjellhamrane nesten ned i vatnet, og slik var stranda her både namnlaus og nokså verdilause for bønderne. Mellom Vike og Øverås er det også to slike namn: 'Strandmyllå' og 'Fløtåmyllå'. Også her er det tale om verdilause hamrar som deler Stranda i to og Fløtan i to.

På andre sida av Eikesdalsvatnet, mellom Hoem og Meringdalen, er det to bekkadalar som går side om side frå Lomshaugen og ned i vatnet. Ei segn fortel at det var ein jutul som stod på Lomshaugen ein gong, og så fekk han sjå ei gyger (jutulkvinnfolk) på andre sida av vatnet. For å nå tak i ho rente han seg ned på kjelken sin akkurat her. Korleis det gjekk med dei, kan me berre tenkje oss, men faret etter kjelken heiter sjølv sagt Kjelkedalan. Imellom desse går



Åmillan var ein plass 600 moh. mellom dei to Raudåene som kjem ned på Raudstøl i Øverdalen. Plassen gjekk etter kvart over til å bli seter, og då vart staden kalla Åmillosetra. Husa er no nyrestaurerte. (Foto Torbjørn Rødstøl)



Kartutsnitt som viser kvar Åmillosetra ligg i høve til dei to Raudåene som kjem ned på Raudstøl.

hammaren rett i vatnet, og området heiter derfor 'Kjelkedalsmyllå'.

Fleire raritetar


Dei tre døma over har referanse til eit anna stadnamn, men på Setra i Eikesdalen er det berre ein samansett preposisjon som utgjer eit stadnamn, nemleg 'Utimyllå'. «I dag skal me slå Utimyllå,» og det betydde i praksis stykket mellom Sandan og Teigen, men dét var det ikkje nødvendig å seie. Tilsvarende har me namna Bortai, Attafær og Frammafær, men då eg gjekk på folkeskulen fekk me ikkje lov å skrive Bortai sjølv om det

var det alle sa. Det var 'bortanom Elva' som var det rette.

I grenseland

Opplysninga om at preposisjonsnamna var gudbrandsdalske, fekk meg til å tenkje på noko Andreas Normann (1911-1990) fortalde ein gong. Oppi lia opp for Raudstøl i Øverdalen er det ein plass som heiter 'Åmillan'. Her budde det folk ein gong, og som gjerdesgard brukte dei store, oppreiste steinheller. Selet var òg oppmura av stein.

Me er framleis i grenseland mot Gudbrandsdalen, og for å kontrollere



Kjelkedalan mellom Hoem og Meringdalen ved Eikesdalsvatnet. Etter tradisjonen rende ein jutul ned på kjelke her, og spora etter meiane er framleis synlege i lia. Området mellom mei-spora heiter naturleg nok Kjelkedalsmyllå den dag i dag.

re om det finst preposisjonsnamn i Sunndalen, kontakta eg språkmannen Tor Erik Jenstad. Han kjente berre 'Åmillo' oppe ved garden Grensa i Sunndalen, altså i grenseland mot Oppdal og Oppland. Åmyllå er eit område mellom to bekker, sa Jenstad. På spørsmål om dette var ei vanleg namneform på Nordmøre, svarta han at det trudde han ikkje, «kanskje ein finn det meir mot Gudbrandsdalen».

Etter det var det naturleg å spørje romsdalingane Helge Sandøy frå Bud og Kåre Magne Holsbøvåg i Osen, Kleive, om dei kjente til pre-

posisjonnamn i nærområdet sitt, men det gjorde ingen av dei. Det må truleg finnast ei slags grense her ein stad, men det kom ikkje inn svar etter at dette stod på trykk i Budstikka den 8. oktober 2016.

Preposisjonen først


Når preposisjonen står framom eit substantiv, får ein det grammatiske omgrepet 'komplement'. Men også eit komplement kan bli eit stadnamn. Eg minnest enno første gongen eg las om han 'Otta myllå elvå' i Hjelvika, han som kom heim frå krigen mot Sverige i 1808-09 utan skinn på hua sine. Feltskjæren hadde nemleg kurert han for skurv, og då reiste både hud og hår. Han Mads-Ola i Hjelvika fylte 100 år i 1936, og han minstest 'n Otta myllå elvå, eller han Elva-Otta, som dei òg sa, frå gutedagane sine. Då eg las dette, lurte eg litt på kvar garden 'Myllå elvå' var, men det kunne min gode venn Olav P. forklare meg: Det er Myllå elvå det!

'Myllå elvå' finst også i Mardalen der Mørdøla lagar eit delta før ho renn ut i Eikesdalsvatnet, og 'Myllå urå' heiter det ein stad på Vike ved Eikesdalsvatnet. Ho mor var med nokre slektningar og mjølka kyrne Myllå urå ein gong i 20-åra. Ho minstest den hendinga heile livet.

Kåre Magne Holsbøvåg har med to slike namn: 'Millå Leå' på Solomdalen og 'Millå Åså' mellom Høgåsen og Åsan – der skytebanen ligg.



Frå Hjelvika 2016, rette etter at dei nye bruene på E136 vart opna. Området «Myllå elvå» er midt i bildet, men det bur ikkje folk der lengre.



Millå Åså heiter det mellom Åsan og Høgåsen vest for skytebanen på Kleive.

Kvardagsnamn på gard og folk

Namn er viktig. Namnet er identiteten vår, men skal ein unngå misforståingar, er det ikkje nok med berre eit fornamn. Frå gammalt hadde dei aller fleste berre eit farsnamn i tillegg til fornamnet sitt, eit 'patronym', men etter kvart som folk flytta på seg, vart heller ikkje dét eintydig nok. Det vart for mange Olsen, Hansen og Larsen.

Farsnamn/etternamn

Folk skifta etternamn etter kvart som dei flytta, blir det sagt, men i røynda var gardsnamnet på 17- og 1800-talet ikkje eit etternamn, men meir som ei adresse. Ole Amundsen (1778-1816) – i ettertid kalla 'Kabbin' – var fødd på Kylling, men kalla seg Ole Amundsen Ormem då han budde der, Ole Amundsen Mjelva då han budde på Mjølva, og Ole Amundsen Kabbesæter dei få åra han levde på Kabbesetra i Brøstdalen. Først i 1923 kom lova som kravde at alle måtte ha eit fast 'etternamn'.

Garden og namnet

Fram til 1860-åra fanst det mange store klyngetun med 3-4 til 7-8 bruk samla på eit nokså avgrensa område. Slike klyngetun fanst i heile Romsdal, og typiske døme er Kyrkje-Sylte, Nerem, Hjelvika, Voll, Sogge, Eide, Holm, Indre Mittet, Myklebostad, Nerland, Øverås, Bogge, Rød, Kleive, Horrem, Huse og Harnes og endå mange fleire. I slike tun hadde kvart bruk sitt kvardagsnamn slik som Jogarden, Pegarden, Ivagarden, Sjurstua, Asbjørnstua, Pe-Olagarden, Ol-Jonsågarden, Utistua eller Bortasti for den del.

Skal ein forstå det som seinare blir skriva, må eg ta med at desse kvardagsnamna vart til medan tunet var samla, og at namnet eigentleg gjekk på bustadhuset/'stua' meir enn på gardsbruket. Når dei store tuna vart oppløyste og folk fekk samla hus og jord ein annan stad på ma-



Frå Myklebostad i Vistdalen 1963. T.v. er Knutgarden, Pe-Olagarden (bak) og framme t.h. Heraust. Dei som budde her hadde kvardagsnamn etter garden: 'n Knut-Anton i Knutgarda, 'n Pe-Ola-Ola i Pe-Olagarda og 'n Henning Heraust i Heraustgarda. (Foto Widerøe)

trikkel-garden, tok dei med seg dei gamla namna frå klyngetunet.

Jo-Pe og Asbjørn-Ola på Rød i Nesset

Han dei kalla Jo-Pe heitte eigentleg Peder Bersvendsen (1817-1886) og budde i Jogarden, medan han Asbjørn-Ola, som skreiv seg for Ole Olsen (1803-1886), budde i Asbjørnstua. Båe var gardbrukarar på kvar sitt gardsbruk i det store klyngetunet. Her ser me korleis '-garden' og '-stua' blir jamstilte i denne namnelaginga.

Når ein ser namnet Jo-Pe i skrift, er det vanskeleg for den som ikkje kjenner denne namneskikken, å vite om han heiter Jo(n) eller Pe(der), men uttalen er 'Jo-Pe, altså med trykket på Jo, og det betyr at Pe budde i Jogarden. Asbjørn-Ola vart uttala 'Asbjørn-Ola fordi han Ola budde i Asbjørnstua. Det er altså berre førsteleddet i bruksnamnet som her er med.

Fast mønster i romsdalsk tradisjon
Eksempla over er frå Rød, men slik var uttaleregelen i heile Romsdal den



Theodor Hansen Bugge (f. 1883) var gardbrukar i Olagarda og vart derfor kalla Ola-Theodor. På bildet var han elev på Gjermundnes først på 1900-talet.

tida denne namneskikken var i levande bruk. Han 'Ola-Teodor på Bogge var gardbrukar i Olagarden, han 'Pe-Ola-Ola var frå 'Pe-Ola-garden på Myklebostad og han Ol-'Jonså-Pe, som eigentleg heitte Peder P. Mittet (f. 1855), vart tidleg kårmann i Ol-Jonsågarden på Ytre Mittet.

Slike tre-ledda namn må ein i dag nesten leite etter for å finne, men

Olav Rekdal har eit godt eksempel i folkeminnesamlinga Eventyr og segner (1933, s. 179). «Han Pål-Ola-Mads på Rød blei so glad når'n fekk høyre Halsingjinn (Ole Alsing) var dau, at han reiste seg i senga og la føtene frampå sengastokken. Det hadde han ikkje gjort på åtte år.» Dette var i 1780 og er så lenge sidan at han Mads er ikkje nemnt i Gards- og ættesøge for Nesset, bind 1. Ut frå namneskikken den gongen var han Mass son hans Ola, og han Ola budde på Pål-garden å Rød. Uttalen blir då 'Pål-Ola-Mass. Pål-garden har namnet sitt etter ein Pål som hadde garden midt på 1600-talet. Far hans Ola heitte nemleg Ola.

Eit enklare eksempel på eit tre-ledda namn er Haldo-Erek-Ola på Ytter-Istad. Han Haldo(r) frå Lesja kjøpte Ytter-Istad kring 1850, og garden vart etter det omtala som Haldo-garden. Erek son hans, var 'Haldo-Erek og son hans att for 'Haldo-Erek-Ola (eller Ola Istad).

Det er eit mønster i denne gamle namneskikken, men for oss som ikkje har vakse opp med slike namn, krevst det konsentrasjon. Her er derfor nokre eksempel til frå Tresfjorden, der både fars-namnet og gard-namnet er innblanda. På Nerem kan eg nemne namn som 'Jørn-Anders (Anders Bendiksen Nerheim f. 1914) i Jørngarden, 'Jo-Knut (Knut Olsen Lindset f. 1932) i Jo-garden på Nerem, for ikkje å gløyme far hans, han 'Jo-Ole som kom frå Lindset og gifta seg med gardjenta Birgitta i Jogarden på Nerem. I dagleg tale vart han då sjølvsgt omtala som 'Jo-Ole etter garden han flytta til. Det viser at namnesystemet fungerte den gongen, men han 'Jo-Knut, son hans, er kanskje den siste i

heile Romsdal som har denne typen namn! For å vise at systemet også kunne brukast med kvinnenamn, tek me med at han 'Ågot-Peder voks opp i Ågotstua på Solhjellan, og stua hadde namnet etter bestemor hans.

Jo-Pe og Jon Peder

Desse to namna ser nokså like ut slik dei står skrivne her, men den første heiter Pe(der) og den andre Jon Peder. Uttalen viser at det siste er eit (moderne) dobbeltamn, derfor seier me Jon 'Peder med hovudtrykket på siste namnet. Eg tek med dette dømet for å vise at det kan vere vanskeleg for 'moderne folk' å halde orden på slike gammaldagse namneformer. Han 'Jørn-Anders (Anders Bendiksen f. 1914) på Jørngarden på Nerem var spelmann, og han har etterlate seg mange populære slåttar som framleis er i bruk. På ein kappleik for nokre år sidan var det sagt at «dei no skal spele ein slått etter han 'Jørn 'Anders» som om mannen hadde eit dobbeltamn, medan opphavsmanen heitte Jørn-Anders – altså han Anders B. Nerheim.

Fleire gamle namneformer

På lokalt hald er det skrive svært lite om dei gamle namneskikkane me er inne på her. Det er som om somme bygdabokforfattarar har trudd «at dette må då alle forstå», men det er ikkje tilfelle lenger. Randi Ingunn Selnes, som skreiv Vistdalsbøkene for 10-15 år sidan, er eit unnatak. Ho forklarar m.a. at han Pe-Ola som har gjeve namnet til Pe-Ola-garden på Myklebostad, heitte Ola og var son hans Pe(der). Slike døme har eg mange av, men av plassgrunnar tek me her med berre ho Jens-Guri på Fuglset, altså ho Guri, dotter hans



Jørn-Anders frå Jørngarda på Nerem. Anders B. Nerheim var ein dyktig spelemann, og det er mange slåttar etter han. (Foto utlån av Ragnhild Ulrich)

Jens. Det er mange moldingar som har undra seg over det merkelege gatenamnet Jensgurilia.

Olansreiten – Ol-Hansreiten

I Oppigard i Eikesdalen er det eit beiteområde som heiter Olansreiten, og det har eg og fleire med meg spekulert på. Sisteledet er 'reit' i tydinga inngjerda jordstykke. Sjølv om det ikkje er noko dyrkamark der i dag, så kan det ha vore det for lenge sidan. Etter ein lokalhistoriekveld på Mittet for nokre år sidan gjekk det plutsleg opp for meg at namnet er Ol-Hansreiten oppkalla etter ein som heitte 'Ol-Hans. Trykket på Ol- fortel meg at dette anten er Ola sin son, Hans, eller han Hans frå Ola-garden, men då det ikkje er nokon 'Ola-gard' i Eikesdalen, er nok den første forklaringsa mest sannsynleg. Sjølv om ein no har forklaringsa på namnet, vil eg halde fram med å skrive Olansreiten slik det har vore gjort dei siste 150 åra.

Å knote – ulik uttale på bygda og i byen



Frå Torget i Molde sist i 1950-åra. Det er mykje folk ute og fer, kanskje er dei på julhandel. Mange frå bygda hadde då ein tendes til å legge litt om på språket for å vere sikre på at dei vart forstått. Dei knota litt, for å seie det slik. Det kan du sikkert forstå når du les den tenkte samtalen på neste side.

Når me romsdalingar er i heimemiljøet vårt, brukar dei fleste av oss dei orda og det lydverket me lærte i oppveksten. Gjer me ikkje det, 'knotar' eller 'språkar' me, og det høyrst med ein einaste gong for oss som kan dei same lydane, og som bøyer orda på same måten.

Når ein bygdaromsdaling står i Storgata i Molde, blir situasjonen ein annan. Dei fleste orda har det same skriftbildet – den same skrivemåten – men uttalen og bøyingsmønsteret er frodigare på landsbygda enn inne i byen. Orsak: var frodigare på landsbygda. Mykje flytting og moderne medium er i ferd med å viske ut forskjellane. Somme lesarar vil nok re-

kne meg som litt gammaldags, men mange vil nok nikke gjenkjennande til dei døma eg tek fram nedanfor.

Bank, vask og kiosk

Dette er tre daglegdagse ord som blir uttala slik som dei står på trykk. Det siste av dei er eit tyrkisk låneord som kom inn i språket vårt i første halvdel av 1900-talet, men det blir brukt og bøygd som om det alltid har vore der.

Lat oss først sjå på bank og banken. Det heiter 'ein bank', men i bestemt form blir det 'banjkjinj'. Det finst enno somme – når dei står i Storgata i Molde – som tør å seie 'sparebanjkjinj he penga te utlån', men å seie 'Sparebanjkjinj Møre ga

me lån', er truleg meir enn dei fleste tør uttale. Dativforma på 'bank' har eg derimot observert i Storgata: 'I såg 'en sto borti minibanjkja på Sparebanken Møre og tok ut penga'. Her skulle også Sparebanken vore i dativ, men eg trur det er nærast uråd å seie 'I he penganj mine i Sparebanjkja Møre'. Det går sjølvst an, men slike nymotens namn glir liksom ikkje heilt lett inn i bøyingsmønsteret.

Vask og kiosk

Det finst mange ord som ikkje blir sagt i alle former i bynære strøk. Det heiter t.d. 'vask', 'vaskeservant' og 'vaskarfat' både i skrift og tale. Det er lett å forstå for alle, men når ordet 'vask' skal bøyast i bestemt form ein-

tal, kjem skilnaden fram. 'Vassjinj' er full tå vatn', heiter det, og dét er ikkje så lett å få med seg for utaførståande. Når så ordet blir brukt i dativ eintal, så får me utsagn som 'det ligg ei fillje oppi vassja', og då blir det så mykje nytt for den framande at mange av oss 'språkar' for å bli forstått. I fleirtal derimot blir det enklare att, for der heiter det 'vaska', 'vaskanj' og oppi eller neri 'vaskå'.

Er det nødvendig å halde på med slikt? Ja, for det er i det minste interessant å sjå korleis bøyingsmønsteret og lydverket er overførbart til heilt nye ord. 'Telefonkiosk' er samansett av to lånord, men då det vart sett opp ein telefonkiosk oppi Eikesdalen først på 1960-talet, vart huset omtala som 'telefonkjässjinj', akkurat som eit anna substantiv som endar på -sk.

Ein tenkt samtale kring 1960

I 1964 vart kommunane Molde og Bolsøy slegne saman, og det neste 10-året skjedde det ei språkleg og kulturell utjamning bae stader. Bygdafolket slutta å kalla moldingane for 'moldetørk', og byfolket såg ikkje lenger ned på dei som tala annleis enn dei sjølve. Det kunne nok vere krevjande å forstå alle orda og bøyngane i kjønn tal og kasus. Eg har derfor laga ein tenkt samtale mellom to bygdakarar etter at det eine er heimattkommen frå Molde: «- Å, du he vore ute og fore?» «Ja, i måtte te Molde ein tur, fær der finn du slekt so dæ ikkje he på handelslagja her. Føst va' i innom Fellesbankjinn og tok ut noko skjellinga. So gjekk i innom 'n Dahl å fekk mæ me den siste bokja hass Amdam, før i fór oppi Myrabakkjin åt 'nå Sanne og fekk me ti ein boks Plumbo. Vaskjinn på kjøkena hæme held på og går tett, ser du. Suffesante greier, sa 'n då i betalte. Frå der e' det ikkje langt ne på butikkjin hass Pettersson. I måtte dit fær å sjå om i kunn' finne me ei ny finbrok, men det va' so fullt tå følk på butekkja der, at i måtte vente. I gjor' me de' fær ein snartur innom apotekjet føst og kjøfte mæ me ei øskje Globid so i kunn ha mæ hæg åt kjerringjinj. Ho



Trappekiosken på Gørvellplassen hadde svært gode pølser, og både byfolk og bygdafolk handla der. På romsdalsdialekt var uttalen Tråppekjässjin, og det skulle mot til å seie at «i kjøfte posja mi på Tråppekjässja». (Foto RB)

he oftå ilt i haua. Då i kom attende att åt 'nå Pettersson, fann i me ei brok i lika. Ho he høvele lange brokhøsu åt sa lange fotå mine, men i trur kanskje kjerringja synest ho e' litt fær sølkasam. Gjort e gjort. »

Det er klart at mange av desse orda ville bli «pynta på» om det vart uttala i Storgata.

Fire spesielle fjordnamn med s framfor -fjorden

Isfjorden og Tresfjorden er to gamle fjordnamn der uttalen har forandra seg i nyare tid. Dei to-tre siste generasjonane har namna vorte uttala akkurat slik som dei blir skrivne, og kasusbøyngane er heilt normal: 'I kjaurte bil frå Isfjorda (dativ) inni Tresfjorden'.

For hundre år sidan skreiv dei også 'Isfjorden' og 'Tresfjorden' som i dag, men dei sa 'Issjor'n' og 'Tressjor'n', og sistedelen av namn vart uttala akkurat som fuglenamnet skjor. Då eg voks opp kring 1950, tala bestefar Henning i Austigard (1867-1954) om 'Issjor'n' og 'issjoringanj' som den mest naturlege ting i verda. Me ungene heldt oss sjølv-sagt til leseuttalen med 'Isfjorden' og 'ein isfjording', men me forstod systemet og kunne herme etter bestefar når me det ville. Det me ikkje visste, var at denne uttaleutviklinga har eit



Molde Sparebank, kjerkjå og mæ'nå Aandahl kring 1960. På Torgja er det mykje folk, men truleg var det ingen tå dei som sa «Bankjinj». Det vart fort endra til «Banken» når ein var i by'n. (Foto Birkeland)

namn: trekonsonantregelen. Det viser seg at når tre konsonantar kjem etter kvarandre, har den i midten ein tendens til å falle ut, og slik har det gått med f mellom s og j i desse fjordnamna.



Kart som viser kvar Riksfjorden (1), Misfjorden (2), Tresfjorden (3) og Isfjorden (4) ligg i høve til kvarandre. Når dei tre konsonantane sjf kjem etter kvarandre, fell den i midten bort i uttalen, og vi får uttale sj i staden. Den gamle uttalen er no nesten heilt borte. Det er berre i namnet Tresfjorgarden på Dale (5) i Mittetdalen at uttalen lever. Tilsvarande er det med Tjellagarden på Tjelle. Folk vil helst gløyme den gamle, rette uttalen og seier no Tjellagarden, men på Nerland i Vistdalen heiter ein gard framleis Tjellagarden etter han frå Tjelle som flytta dit midt på 1700-talet.



Martin Kjøpstad var ikkje redd for å kalle seg sjølv tressjoring. (Foto Bjørn Austigard)

Tresfjorden og Misfjorden

I åra mine på Romsdalsmuseet møtte eg utruleg mange gode informantar frå både bygd og by, og ein av dei var tresfjordingen Martin Kjøpstad (1901-1988). Han hadde mykje på hjartet. Han skreiv ein slags 'klok-kardansk' med sterke dialektinnslag, men talemålet var ekte tresfjording. Ein gong fortalde han om dei gamle rutebåtane, og så sa han – heilt naturleg – at 'båten gjekk inn Tressjor'n'. Han var den første eg høyrde bruke denne uttalen, og han rekna seg sjølv om 'tressjoring'. Han vart nok litt forundra over at dette var nytt for meg, og han la til at Misfjorden – ein gard på sørsida i Flatevågen på Vestnes – har akkurat den same uttalen: 'Messjor'n' og 'ein messjoring'. Odd Sørås fortel på telefon at då han voks opp først på 50-talet, var den gamle uttalen på veg ut.

Riksfjorden i Aukra

vart også uttala 'Ressjor'n' før i tida. Oluf Rygh har nesten denne uttalen ('rissjoren') i «Norske Gaardnavne», og eg opplevde namnet vart sagt med den gamle uttalen på eit veteranstemne for fiskarar på Fiskerimuseet for snart 40 år sidan. Det var han Ole K. Hukkelberg (1894-1981) som fortalde om ei legdekjering som dreiv med kopping i hans barndom, og ho hadde «legda si frå Ressjora innåt oss». Han sa namnet på ein måte som berre 'urbefolkninga' kan gjere det til likesinna.

Eg har funne berre desse fire namna i Romsdal med s framfor -fjorden.

Pe, Iva, Gunna og andre gamle namneformer

Personnamn er eit interessant tema som ikkje har vore framme i språkspalta til no. Med variantar av namn finst det meir enn 6000 av dei, så dette innlegget omtalar berre nokre svært få, men vanlege namn hos oss. Eg er ingen språkforskar, men som slektsgranskar i snart 50 år vil eg ta fram nokre detaljar eg har observert – og ting eg har tenkt ein del på.

Namn i tale og skrift

Før i tida var det større skilnad på det ein *skreiv* og det som *vart sagt* enn i dag. Det gjeld også for namna våre. Det er ikkje til å komme frå at me har 'normalisert' talemålet vårt temmeleg mykje – mest dei to siste mannsaldrane, trur eg. Meir skulegang, meir flytting, radio og fjernsyn osv. har påverka dei aller fleste av oss, men som Helge Sandøy skreiv for nokre veker sidan, språket forandrar seg heile tida om me vil eller ikkje. Det gjeld også namna våre. Leseuttalen på namnet mitt er 'Bjørn' og det har eg vore kalla i over 70 år, men stamfaren Bjørn Pedersen Oppigard som døydde i 1853, vart aldri omtala som anna enn 'hain Bjeinn Oppigard'. Når nokon skulle erte meg, kalla dei også meg for Bjeinn, men det beit ikkje på meg.

I Oppigard i Eikesdalen var det mange som heitte Peder, men i generasjon etter generasjon sa dei berre Pe, altså Per utan r. Presten og futen skreiv konsekvent 'Peder', derfor er det den forma som finst i kyrkjebøker og på gravstøtter. I Reitan var det ein som i skrift heitte Gunder, men dei sa berre Gunna ('Gunnja'). Dette er berre to av mange døme på at me finn *ei* namneform i skrift og *ei anna* i munnleg tale. Presten, sorenskriveren og futen skreiv det dei meinte var rett, medan dei som brukte namna, vidareførte ein eldgammal tradisjon.



Ottagarden i Voll, Måndalen, har namnet sitt etter Otta Ellingsen (1695-1747). Etter har det ikkje vore fleire med namnet Otta, Ottar eller Otter på garden, men den munnlege namneforma har halde seg levande i 300 år.

Gamle gardsnamn – ei viktig kjelde

Som slektsgranskar har eg gjort meg mykje bruk av bygdabøker. Matrikelgardane har sjeldan personnamn med i namnet, men i bruksnamna er det ein heil flora som viser språkleg mangfald over heile distriktet. Me har *Pe-garden* på Husøya, i Fiksdalen og Tresfjorden, *Gunna-garden* på Ellingsetra, Rød, Eidsvågen og Lange i Vistdalen, *Iva-garden* på Tjelle, Rød, Norvika og Helland, *Eina-garden* på Gjermundnes, *Otta-garden* på Voll, og me tek også med *Steinaplassen* på Hjellstein. Eg trur ikkje det er nokon som går rundt og kallar nolevande personar for Pe, Gunna, Iva, Eina osv., nei, dei heiter Per (Peder), Gunnar, Ivar og Einar. Men dei gamle bruksnamna har framleis den gamle uttalen på personnamna. Korleis skal ein forklare dette?

Skulelova frå 1860

I 1860 kom den nye landsskulelova som kravde at alle (normale) barn skulle lære å lese og skrive. Med eitt fekk ungane eit anna forhold til namnet sitt. Han som heitte Pe, skreiv (sjølv sagt) Peder liksom pre-

sten, og slik tok leseuttalen over for det eine namnet etter det andre. Som slektsgranskar har eg sett at denne omlegginga skjedde nettopp for dei som er fødte kring 1860, og som starta på skulen når alderen var der. Eg kan nemne nokre døme frå Eikesdalen: Ola vart til Ole, Jo til Jon, Pe til Peder, Iva til Iver, Håka til Håkon osv. Slik trur eg det var i alle bygder. Det var berre dei mest (språkleg) bevisste som våga å skrive det folk sa før 1860, nemleg slike som han Ivar Aasen (f. 1813) og han Ivar Brovold (f. 1823). Både desse brukte Ivar-forma lenge før andre gjorde det. Ivar Brovold skreiv klokkearsk til vanleg, men då han omsette delar av Det nye Testamentet til tresfjordmål først på 1850-talet, var det naturleg for han å omtale apostelen Peter som Pe – 'ein taa disiplaa', som han skriv, og det var heilt i tråd med dialekta.

r-bortfall

Eg er ikkje den rette til å forklare kvifor det er slik med desse namna som har 'r' til slutt, men fenomenet kallast r-bortfall, og ein finn mykje av det elles i talemålet vårt også. Me

seier 'ein stein – fleire steina', men me skriv 'steinar' for å markere fleirtalsforma. Me seier 'ei rive – fleire rivu'/rivo'/rive'/rivå', men skriv 'river'. (Dette er sjølvsagt like eins for dei som er så moderne at dei seier 'ei rake – fleire rake'. Også dei skriv 'raker' i fleirtal.)

Pe-garden, Iva-garden osv.

Kvifor skifta ikkje desse gardsnamna til Peder-garden, Ivar-garden, Gunnar-garden osv. når leseuttalen tok over for dei som no heitte Peder, Ivar og Gunnar? Eg trur dette enkelt kan forklarast med at desse gardsnamna/bruksnamna (nesten) aldri vart skrivne. Dei levde berre i daglegta len heilt til bygdabøkene tok til å komme. O. Olafsen, som skreiv bygdaboka for Veøy kommune i 1926, tok først med bruksnummeret, og så kom 'Johansgarden', 'Jakobgarden' osv. i parentes etterpå. Dagens bygdabokforfattarar skriv som oftast det munnlege bruksnamnet først – slik det vart sagt i bygda, og deretter står bruksnummeret, matrikkelskuld og andre formalitetar. Dette synest eg er rette måten å gjere det på, for då lever dei gamla namna vidare på både folk og gard, og det endåtil på trykk.

'Å køyre Gunna'


Då eg var liten, måtte me passe oss slik at me ikkje 'køyrde Gunna', dvs. så me ikkje kolva på sykkel, køyrde av vegen på spark eller kjelke. 'Å køyre Gunna' betyr at du køyrer slik som han Gunna(r) gjorde, men er det nokon som veit kven denne Gunna var, og kvar han køyrde? Eg kjenner uttrykket både frå Eikesdalen, Eresfjorden og eg trur også frå Eidsvågen. Kan lesarane hjelpe meg, var spørsmålet i Romsdals Budstikke, og svaret lét ikkje vente på seg.

Han Gunna Ljøst'n

Lars Kristian Kvernberg ringde og fortalde at dette var han Gunna Ljøst'n – Gunder Olsen Lyster f. 1835 – som køyrte Gunna. Han er omtala i *Gards- og attesoge for Neset*, bind 2, s. 28-29. Han var frå Gunna-garden, sjølvsagt.



Iva Stangenæs (1810-1874) var lærar, klokkar og bankkasserar. Han vart aldri omtala anna enn som Iva, men han skreiv konsekvent Iver.



Iva Bruavollå eller Ivar Brovold (1823-1910) var lærar, klokkar og ordførar. Han brukte forma Ivar når han skreiv namnet sitt. Det gjorde Ivar Aasen også. Det er meir i samsvar med uttalen.



Gunna'garden (Lyster/Ljøsta, gnr. 16/3) fekk namnet sitt etter Gunder Olsen, f. 1835 – han som 'køyrde Gunna'. Det nye hus på garden, men gardsnamnet er det same som før. (Foto G. M. Angvik)

Kort etter at Lars Kristian ringde, kom det telefon frå Kasper Mittet om det same. Han var i mange år nabo med Gunna-garden i Ljøsta og kjente godt til både uttrykket 'å køyre Gunna' og dei mange historiene som har gått om denne mannen. Han kollsigla m.a. tre gonger, men kom frå det med livet. «Han kan trygt kallast ein original,» står det i bygdaboka.

Ku og kunamn



Ei staseleg ku frå Nerland i Vistdalen. Eg veit ikkje kva ho heitte, men det kan godt ha vore «Drople». Dei svarte flekkene er for små til at terne-namnet høver, og det kvite feltet i panna er for stort til å vere anten «stjerne», «krone» eller «rose», trur eg.

I august skreiv eg om hest og merr, og etterpå fekk eg mange kommentarar frå lesarane. Det set eg pris på. Denne gongen vil eg skrive litt om kyr og kunamn, og håpet er at også dette temaet vil fange interesse. Mange av dagens kyr har ikkje namn slik som før. For ein generasjon sidan hadde alle kyr særnamn som var valde ut frå utsjånad, opphav eller etter nedervde tradisjonar. No har både kyr, ungdyr og kalvar i staden nummererte plastmerke i øyro.

Kjelder til ulike tider

Frå den norrøne gudelæra kjenner me ur-kua Audhumla. Ho hadde så mykje mjølk at det rann fire elver frå juret hennar. Ikkje ein gong dei 'lærde' er sikre på kva namnet betyr, men førsteleddet aud- kan ha noko med 'rikdom' eller 'velvære' å gjere, og som vi skal sjå, er dette trekk ein

ofte finn att i kunamn også frå dei siste 300 åra.

Alle slektsgranskarar som har studert gamle arveskifte, har hatt høve til å sjå kva forfedrane kalla kyrne sine. Skifteprotokollane er bevart frå sist på 1600-talet og framover mot 1860. Etter nokre ti-år med få skriftlege opplysningar kjem så dei trykte fesjå-katalogane frå sist på 1800-talet og utover 1900-talet. Fesjåa vart oftast haldne på utstillingsplassen i Molde, men kyrne kom frå bygdene. Slik blir namneutvalet i katalogane større enn om alt berre kom frå ei bygd.

Namnetypar

Det fleste kunamna er samansette av to delar. Den første delen (førsteleddet) er kjønnsnøytral og er oftast eit ord som karakteriserer dyret etter utsjånad eller på anna vis. Typiske namn er Grådue, Kvitkolle, Sølvan-

ger og Terneros. Dei tre første namna har med farge å gjere, medan 'Terne-' fortel at kua er mønstra, kanskje med firkanta flekker på sidene. Kyr med særmerkte mønster i hovudet fekk gjerne namn som Terne, Stjerne, Krone og Rose, eller kombinasjonar som Aftenstjerne, Kronborg, Livros og Morlik. Det siste var nokså vanleg når kua likna på mor si. Drive høver best på ei kvit ku, medan Drople-namnet vart brukt på lyse kyr med (mange) småflekker på sidene. Svangros hadde ofte mønster bakover sidene.

Frå gammalt bestod buskapane av blandingsrasar, og slik var kyrne særst uainsarta i farge, og namnespekteret var derfor stort. I 1893 vedtok Landhusholdningsselskapet i Romsdals amt å satse på eit grått, kollet (hornlaust) feslag, og etter det kom førsteleddet Grå- inn i fesjå-katalogane for fullt. Grådue, Grålin,



Fesja i Andersgarden på Kleive i 1950-åra. Alle kyrne hadde namn då dei kom, men det var dommaren som avgjorde kva farge det var på sløyfa når dei fór heim att. Namn og premie vart notert i protokollen. Bildet er teke frå Kyrkjeberget. (Foto Paul Emil Rasmussen)

Grågås og Gråkoll er gode døme på dette. På 1700-talet kan det sjå ut som at førsteleddet Gull- var mest populært. Asbjørn Sæbø har notert både Gulldriple, Gullkinn, Gullfjør, Gullbrand, Gullsprong, Gulltavle og Gullklokke. Om dette hadde noko med gull-farge å gjere, skal vere usagt, men eg er sikker på at det ligg noko positivt i det.

-due, -lin og -rei

Dette er svært vanlege endingar på kunamn, men namnetradisjonane på dette feltet går så langt attover i tid at tydinga kan vere litt uklar. -due har med fuglen due å gjere, og namnet hadde sikkert eit positivt innhald. Endinga -lin derimot er uviss, men det kan vere at det har noko med den lin-farga å gjere. Typiske namn er Grålin, Frydelin, Fermelin, Seterlin og Staslin, og ettersom lin-fibrane vart sett på som finare enn ull og hår, kan kanskje ei forklaring ligge her. Somme meiner at -lin har rot i det gammelnorske ordet 'hlin' som betyr kvinne.



Buskap på Malmesetra først på 1900-talet. Budeie Ingeborg Krekvik (1851-1843) hadde sikkert høvelege namn på kyrne sine så ulike som dei var.

-rei kjenner ikkje eg frå Eikesdalen, men endinga er svært utbreidd elles i Romsdal: Mørkrei, Blikrei, Høstrei, Lokkrei osv., og eg føler at det er noko positivt i namnet. Ivar Aasen skriv at tydinga er usikker også for

han, men kanskje har det noko med å 'reie' til mjølk, sitat: «den redende, den som tilreder og frembærer Melken». Sagt med andre ord: ei ku som dei håpa skulle bli ei god mjølkeku, fekk eit -rei-namn.



Naustkrøter på ein setervoll i Trøndelag (Oppdal?). Her er både kyr, kviger og kalvar. Samlenamnet er naut eller nautskrøter, men det siste var så vanskeleg å uttale at det har vorte til naustkrøter. (Foto Jon Bjordal)

Julegave, Junifru, Aftenstjerne og Morgengave

Asbjørn Sæbø (1898-1986) interesserte seg mykje for dette emnet, og han skriv: «Frå gammalt var det slik at kvigene fekk ikkje namn før dei var 3-4 år gamle og hadde vore til okse første gongen.» Det synest eg var lenge, men med den svelteforinga som vart praktisert på 1700- og 1800-talet, er dette sikkert rett. Budeiene som stelte dyra, må ha hatt godt minne. Dei namna som er ramssa opp i overskrifta, fortel noko om kva tid på året eller dagen kua vart fødd, og dette måtte dei hugsa i fleire år, skulle namnet bli rett. Eg har

nettopp vore på Bergmo dagsenter og kåsert, og då spurte eg nokre av tilhøyrarane kva dei minstest av gamle kunamn frå barndommen. To av dei hadde ein gong hatt ei ku som var oppattkalla etter seg sjølv fordi dei kom til verda på fødselsdagen deira.

Marikoll, Kyndelin og Sommar er også namn som fortel noko når dei kom til verda, medan Danmark, Dyrendal og Frydendal kan verke litt tilfeldig, og dei er det mange av.

Naut og naustkrøter

Gjennom åra har eg fått mange spørsmål om ordet 'naustkrøter'. Det

blir mindre merkeleg når me får forklaringa at ordet opphavleg er 'nautskrøter', for 'naut' er samlenamn på storfe: kyr, oksar, ungdyr og kalvar. Men 'nautskrøter' er tungt å uttale, og etter kvart har det skjedd ei utvikling som vi kallar metatese eller lydombestilling, t og s har bytta plass. Uttalen er lettare, men sjølv tydinga ligg ikkje lenger i dagen.

Hest og merr



Familiebilde frå Aksenvoll, Midsund, 1904. Hesten og huset er like viktige som folket. Det finst mange slike bilde frå første del av 1900-talet. (Foto J. H. Gyldenaas/Romsdalsmuseets fotoarkiv)

«Kjært barn har mange namn» sei-er eit gammalt ord, og det gjeld i høg grad for husdyret 'hest'. Folk sette nok stor pris på kua, sauen, geita, hunden, katten eller hønene også, men eg vågar den påstanden at ikkje noko husdyr har så mange nemningar som hesten. Namn som hest, hingst, jelk, merr, hoppe, øyk, gamp og føl er berre starten på rekka.

I det gamle samfunnet, den tida muskelkraft var viktig i gardsarbeid, transport, skyssvesen og travsport, stod hesten i ei særstilling. Han hadde eige hus eller eige stallrom på garden, og han vart av mange sett på som noko midt mellom eit husdyr og familiemedlem.

Særnamn og samnamn

Alt på folkeskulen lærte me skilnaden på særnamn og samnamn. Særnamn skal skrivast med stor bokstav

medan samnamn må nøye seg med småbokstavar. Hesten hans Odin i norrøn mytologi heitte Sleipner, den sterkaste hesten til sokneprest Bjørnson heitte Blakken, og kven minnest ikkje diktet om ho Lenda frå Land og følet hennar av Aasmund Olavsson Vinje. Det stod i 'alle' lesebøker. Måndalingen Ingvald Raknem har samla mykje av det som er skrive om dette husdyret i boka *Hesten i folketru og diktning* (1974), og der står også mange av dei mest kjende hestebilda som norske kunstnarar har laga.

Då eg voks opp, var det ein eller to hestar på kvar gard i Eikesdalen, men eg kan ikkje minnast at det vart brukt særnamn på ein einaste ein av dei. Men eg har oppfatta det slik at i andre bygder var det vanleg at ein hadde namn på hesten eller merra si. Det kan vel tenkjast at somme hadde eigne namn i bygda mi òg, men dei vart ikkje brukt til dagleg. Frå andre bygder veit eg at Brunen, Blakken og

Rauen var vanlege hestename, men hestane til vognmann Aksel Hansen i Molde hadde så ulike namn som Topsi, Stompen og Brunen. Eg trur at det var etter at hesten kom attende på gardane som ridehest/kjæledyr(?) for unge jenter at hestename vart meir fantasifulle. Eit søk på hest.no viser at det finst meir enn tusen namneforslag 'der ute', og dei fleste har utalandsk opphav eller er rett og slett fri diktning.

Hestehandel og stambok

Hestehandel har eksistert i uminnelige tider, men det var først etter at hesteval vart sett 'i system' for vel 200 år sidan, at det etter kvart kom stambøker for hest her hos oss. Rolf Lange i Vistdalen opplyser at far hans dreiv litt med hestehandel, og hestar som han kjøpte og selde, hadde namn fordi dei var innførde i stamboka. Til dagleg var ikkje særnamna brukt. Dei sa helst berre



Vognmann Aksel Hansen har parkert køyrehesten Brunen under eit «parkering forbudt»-skilt. Bildet er frå Strandgata i 1960-åra. Hansen var den siste som kørde ut varer med hest i byen. Han såg vel på dette som 'nyttetransport' og då kunne han stå der. (Foto Kjell Dahle/Molde bys historie)



Hesteutstilling på Utstillingsplassen på Bekkevoll i Bolsøy/Molde 1931. Det var ved slike høve at ein kunne få hesten/merra inn i ei stambok.

«hent merra, eller jelken, eller hingsten...» alt etter kva dei hadde bruk for, minnest Rolf.

På Hovdenakk-garden, der dei hadde fleire hestar i dagleg bruk, hadde dei namn. Marit Hovdenak hugsar at merrene hadde kvinnnamn som Laila og Sonja, medan hestane heitte Svarten, Sersjanten og Spring-fire – den siste temmelig sikkert oppkalla etter den mykje omtala martnasoriginalen og

omstreifaren Spring-fire som «gjekk for to og sprang for fire». Den første stamhingsten i Romsdal heitte elles Fritjof, og vart kjøpt inn i 1878 og stasjonert i Veøy. Som me ser, namnet avslørte kjønnet.

Mange samnamn

I innleiinga ramsa eg opp ein del vanlege namn som har vore brukt på dyreslaget hest, men det finst mange fleire. Tobbe er eit slikt namn, men

det er nok på veg ut. Når bestefar sa 'tobbå' i staden for 'merra', var han i godlaget, og han la kanskje for dagen eit kjærleiksforhold til dyret. Dette er kjent frå fleire landsdelar. Når det derimot var tale om gamp eller skotgamp, så er dette nemningar som er mindre positivt lada.

Kastrerte hestar vart kalla jelk eller vallak, unghestar vart gjerne omtala som eittåring, toåring, temming/temjing osv. Her veit eg at det var

ein flora med namn mellom dei som handla med hest, men eg, som kørkje har kjøpt eller selt hest, kan ikkje alle orda. Johan A. Friisvold (1897-1996) var interessert i hest, og han brukte fleire gonger ordet vetlei om ein årsgammal fole. Dette namnet kjem frå det gammalnorske vetrliði – altså som har levd ein vetter/vinter. Her er det lange språklege tradisjonar.

Skjut og ross – to gamle namn

Mange slektsgranskarar som har brukt skifteprotokollane som kjelde, har stussa når dei har støytt på 'skjut' i registreringslistene. I *Ordbok for slektsgranskere* (1999) er det forklart med «eldre betegnelse på hoppe», men i Norsk Ordbok står det at det også kan bety merr eller merraføl, ja til og med grahest i enkelte landsdelar.

Ross kjem av norrønt 'hross' og betyr rett og slett hest. Av den norrøne forma ser me at det er same ordet som engelsk 'horse'. Ross-namnet finn ein i dag mest berre i gamle stadnamn, ja, og så i plantenamnet røsslyng fordi denne planta (truleg) ein gong i tida vart nytta til fôr.

Hesthagen og Merraberget

Dette er typiske namn som fortel om hestebeite eller kanskje ei spesiell hending. Kåre Magne Holsbøvåg har ei heil liste med slike hestnamn i boka *Stadnamn i Molde kommune*, men han har også med meir spesielle namn som Tobbedal. I Eikesdalen har me både Følsteinen og Øykjesteinen. På eller ved desse steinane er det ikkje beite, så her har det truleg skjedd eitt eller anna som har gjeve namn til steinane. På bruket Tverlia ved Skjørsetervatnet er det ei myr som dei kalla Tåbbemyra. Her er det truleg ei gammal tobbe som har fått grava si. Det var alltid vanskeleg å ta farvel med ei god merr. Det er noko alle veit som har lese *Heimlandet Barndom* av Edvard Hoem. Merr Perle sjølvdauda då han var i ti-årsladeren. Det var tela mark så dei valde å ro ho utpå fjorden og senke den daude skrotten der: «Om jorda



Fredrik O. Kylling (1916-2010) dreiv med både hesteal og hestehandel. Her er han i godlaget mellom fem merrer og tre føl.



Kløvhesten er no så godt som borte. Her demonstrerer Johan A. Friisvold (1897-1996) og sonesonen Johan Ivar Friisvold korleis kløvsalen er lagt på hesten, og korleis kløva er festa til salen. Bildet er frå Hestens dag på Gjermundnes 1986. (Foto Sigmund Austigard)

er tilfrosen så det er uråd å grave, er fjorden like open. På sleden ligg noko tungt som er fjernt frå livet. Det kan ikkje vera Perle, Perle som sprang omkring i utmarksbeitet nokre dagar mellom onnene og slengde hovane høgt mot lyset!»



**ORD OG UTTRYKK
DIALEKT OG SPRÅK**

Gamle mengdeord



Kornhausten på Gunnagarden, Lange, i Vistdalen hausten 1940. Kornband vart rekna i trevar der 1 treve = 24 band. Søstrene Ellinor og Ida Berg poserer. (Foto Birkeland)

Når me i dag talar om millimeter, km/t eller Gb på nye smarttelefonar, forstår dei fleste kva det er tale om, men tidene forandrar seg. På enkelte felt held me på det gamle, medan den nye, digitale kvardagen tvingar oss til å lære nytt. Det metriske systemet vart offisielt innført i Norge i 1870-åra, men tommar, fot og alen heldt seg lenge og blir delvis brukt framleis.

Nytt og gammalt

Ein mobiltelefon og eit nettbrett har både gammalt og nytt i seg, mest nytt. Gigabyte (Gb) fortel noko om lagringskapasiteten, og for ein mannsalder sidan var dette temmeleg «gresk» for dei fleste, men den same telefonen viser tida i timar og minutt. Desse begrepa er eldgamle – alt på Jesu tid delte ein dagen i 12 timar. Når så ein alpinist eller ein skeiserennar kappast om medaljane,

blir sekunda også for upresise, og då tyr dei til ti-dels, hundre-dels og tusen-dels sekund, og dermed blandar dei den gamle tidsmålinga med den nye, digitale kvardagen vår. No er me så vant med slikt at me bryr oss ikkje om det.

Dusin, tylft og gross

På skulen lærte me å rekne med dusin, sneis og gross. Dusin vart «særleg bruka som talmål ved kjøp og sal», står det Norsk Ordbok, og kjerringane tala om eit dusin hektar eller knappar. Somme kjøpte eit dusin hygieniske artiklar på postordre, medan nokre få hadde «dusinet fullt» med ungar.

Me kan sjå av sjølve ordet 'tylft' at det er 12 stk. Det mengdeordet har mest vore brukt om trelast. Eg har ei kjensle av at både dusin og tylft er lite brukt i vår digitale tid. Til og med begrepet 'dusinvare' om bille-

ge, masseproduserte ting er sjeldan å høyre i dag.

Eit gross er 12 dusin, 144 stk. I rekneoppgåver før i tida var dette eit omtykt begrep, men no er det snart berre titlane «grosserar» og «grossist» som held liv i dette franske ordet ute mellom folk.

Sneis eller snes

Eit sneis er 20 stk. av eitt eller anna, men ordet er nok snart ute av bruk. I romanen «Din plass på jorda» av Erling Pedersen står det om ho Anna at ho ror over fjorden og leverer egg hos Brødrene Øvregard kolonial (på Åndalsnes). Ho har med «to snes» som ho byter inn i andre varer. Dette er kring 1920.

I storhushaldningar på 1800-talet var eit halvt eller heilt sneis egg temmeleg vanleg i enkelte bakeoppskrifter, jf. Hanna Winsnes. Dette var nok temmeleg tidstypisk. Litt

meir overraskande er det når det i ei oppskriftsbok frå Moldegård 1819 fleire gonger er tale om «et Snes Personer».

Hundre og storhundre

Frå gammalt var det ikkje så vanleg å tale om at ein hadde hundre stk. av noko, derimot opererte dei med 'storhonder' (stor-hundre), dvs. 120 stk. Dette tilsvara seks sneis, og her ligg noko av forklaringa på at dette mengdeordet levde langt utpå 1900-talet. Dei rekna t.d. tønnestav i stor-hundre, og det var nok nok-så vanleg at det vart betalt for berre 100. Om dette var ei form for mengderabatt eller om det kan forklarast med at ein del stav ikkje var brukande, skal her vere usagt. Dei rekna med utskotsstav, med lyte slik som vankant og liknande.

Eresfjordingen Sverre Steinsvoll (1903-1986) skriv i eit notat til botanikaren Ove Arbo Høeg at lauvkjerv, kornband og bandstakar var rekna i stor-hundre, og det var nok ikkje teke frå lause lufta.

Treve og kneppe

Kornband vart rekna i trevar, og ein treve var 24 band. Lærar Christian O. Steinsvoll (1853-1928) skriv i minna sine at somme år hadde han 240 trevar, medan andre år skar han berre 57. Alt heng saman med alt, heiter det, og det måtte fem trevar til for å få eit stor-hundre.

Bandstakar, som dei kløyvde i to og smia tønneband av, vart rekna i kneppe. I eitt kneppe var det 20 stakar, og det betyr at det måtte seks kneppe til for å få eit stor-hundre. Av 20 stakar smia dei 40 band, og det utgjorde ein bandbunt. Når dei hadde bandbuntar nok til å fylle ein båt eller ei vogn, kalla dei dette for ein 'farm'.

Farm og heite

Ein farm var ikkje eit eksakt tal, men eit lass av eitt eller anna slag. Størrelsen på farmen var avhengig av kor mykje ein hadde eller fekk plass til av ei vare som skulle seljast eller berre flyttast på. Dei tala om ved-farm



Frå sagbruket i Raudsandgarden kring 1910. Tønnestav vart rekna i stor-hundre, og her tener unggutane pengar for kvart hundre dei stablar.



Ein farm er eit lass, stort eller lite. I 1978 var eg vitne til at 4000 tønner vart lasta om bord på ein båt som skulle til Island. Det var ein stor farm.



Hyttebygging bak Middagshaugen 1958. Far slo ein omgang ('ei heite') med feiselen, og så kvilte han. Eg berre snudde boren. (Foto Sverre Berg)

(skieved), band-farm (med band-buntar), never-farm (med taknever), krøter-farm (med slaktedyr) osv. Dei tala om stor og liten farm.

Like upresist som for ein farm var det også med ei 'heite' (hæte). Uttrykket skriv seg frå smiavlén til smeden. Som namnet fortel, betyr det ei oppvarming. Greidde smeden å kvesse ein minbor på éi oppvarming, gjorde han det på éi heite. Uttrykket ei heite (i tydinga ein omgang) er så overført til mange andre felt. Far (f. 1908) fortalde at når to slo minborhol i ein stein, var det ein som slo med feiselen og ein som snudde boren. Han som slo, slo éi heite, og så bytte dei. I dette tilfelle var ei heite 120 slag, sa far.

Eg kontakta språkforskar Tor Erik Jenstad om uttrykket ei heite, og fekk m.a. dette til svar: «På sunndaling kan ein ta folk ei hætu – gje dei ein omgang, enten med kjeft eller juling, eller ein kan få høre historier



Faner vart mykje brukt ved oppteljingar. Her er det talet på høyløss køyrt inn på Hammervolløa i 1947 og 1948. Det var vanleg å kalle 'bunten' for ei fane, men andre kalla dei fire loddrette streka for 'stolpar' og skråstreket for «fane».

om folk som skaut så og så mange reinar «i ei hætu» – på ein gong, i ein omgang.»

Det er mange fleire

Plassen tillèt ikkje å nemne fleire begrep her, men i Romsdalsmuseets årbok 1997 har Rolf Strand ein artik-

kel om mynt, mål og vekt, og der får du greie på kva ein pott, pel, lodd, mark og haugewis av andre gamle einingar var for noko. For å konkretisere ein del av dei gamle seiemåtane, gjer eg meg bruk av bilde. Dei fortel som regel meir enn mange ord.

Litt ordgeografi

Som bevisst brukar av eiga dialekt har eg mange gonger fått spørsmålet: Er du frå Gudbrandsdalen? Svaret er sjølvsagt «nei», men det er tydeleg noko med setningsmelodien og trykket i Eikesdalen som minner om gudbrandsdalsmålet. Det er kanskje ikkje så rart, for avstanden mellom Eikesdalen og Lesja lengst nord i Gudbrandsdalen er ikkje så stor. Samkvemmet er nok eldgammalt, men det er først frå midten på 1700-talet og til 1880-åra at me kan sjå kva familiar og enkeltpersonar som flytta frå Lesja til Eikesdalen. Fleire av dei som kom flyttande, sette varige, materielle spor etter seg i byggeskikk, gråsteinsmuring, rosemåling m.m. I den immaterielle kulturen derimot – språket – er dokumentasjonen vanskelegare å finne.

Kulturelt hopehav

I 1966 skrive eg historisk sær oppgåve på gymnaset. Som emne valde eg samkvemmet mellom Eikesdalen, Lesja og Øverdalen (Verma). Eitt av dei spørsmåla eg stilte, var om det fanst språkleg påverknad frå Lesja. Dette med trykk og tone prøvde eg meg ikkje på, sjølv om det er det ein gjerne brukar når ein skal herme/gjere narr av oss – eller av lesjingane.

Namn og enkeltord derimot er meir konkret og dermed lettare å dokumentere, og denslags interesserer dessutan fleire. Det er her omgrepet «ordgeografi» kjem inn. Det er m.a. definert som den delen av dialektforskinga som har med utbreiinga av eit ord å gjere. Dette er igjen med på å bestemme dialektgrenser og vise korleis kulturelt hopehav har vore i tidlegare tider. Kyrkjesokn og skulekrinsar er typiske område der ein kan vente at folk talar likt og brukar same orda og omgrepa. Kjem det inn noko nytt utanfrå, blir det straks lagt merke til.



Bilde frå boka «Kakejern» av Bjørg Nordset, utgjeve av Lesja Historielag. Her er krumkaker i tre former, og det er den t.v. som eigentleg heiter 'skrulle'. Lesjingane tok med seg til namnet til Eikesdalen. (Foto Bjarne Fosøy)

Skrulle, krel og røst

Dette er tre ord som eikesdalingane kan ha fått frå Lesja. Når dei står oppramsa slik enkeltvis, er dei nok framande for mest alle, men 'skrulle' er ei krumkake. Skrulle blir det også sagt langt nedover Romsdalen, kanskje ned til Åndalsnes, men det er ikkje til hinder for at ordet kjem frå Lesja. I det store verket Norsk Ordbok, som no er komplett i 12 tjukke bind, er skrulle i tydinga krumkake registrert berre i Gudbrandsdalen, Folldalen og Oppdal utanom «Eresfjord og Vistdal».

'Krel' betyr 'mage', og far min, som hadde mormor frå Lesja, sa det gjerne slik til oss ungane når me ikkje hadde matlyst: «Du må prøve å få noko neri krel'n din!» Krel er velkjent i Gudbrandsdalen og elles sør for oss, men elles er det berre i Veøy herad at det er notert her omkring. Det kan komme av at lesjingen Jørgen Olafsen (1818-1893), som var ein markant lærar i Veøy i meir enn 40 år, kan ha brukt ordet.

'Røst' – eller rust – i tydinga «utmark eller ujamnt terreng der ein slår høy» (Norsk Ordbok), er ikkje registrert i Møre og Romsdal, men eg har vore med på å slå og hesje røstene oppi Kjøtøyen frå eg var gammal nok til å halde i ei rive. I Gudbrandsdalen finst familienamna Rusten, Aukrust, Vigerust og ein haug andre -rust-

namn, men somme av desse kan bety ein liten kant eller fjellrygg i ei dal-side etter det som står i Norsk Ordbok, men det er ikkje den bruken eg kjennet.

Etter at dette stod på trykk 9. juli 2016 i Romsdals Budstikke, er det klart at røst/rust er meir utbreidd enn det Norsk Ordbok har registert. Kåre Magne Holsbøvig skriv at 'røst' har vore eit heilt vanleg ord i skog og fjellandskap i Kleive sokn, gjerne der det er slåtte (slåttemark). Det er gjerne små krullar med mindre lauvskog og ope lende mellom. «Ein kunne høyre trasten skvatra borti røstå», skriv KMH.

Å eller grov

I Eikesdalen endar dei fleste (side-) elvene på -åna (-åa): Kløvåna, Løypåna, Kjõtåna, Bruåna, Rangåna, Ljosåna for ikkje å gløyme Grovåna. Meir sjeldan – helst for mindre elver eller bekker – finn me endinga -grova: Sandgrova, Tyvikgrova og Tverrgrova. På Lesja er det mest berre å-er, ja, eg veit faktisk ikkje om det finst grov-namn der i det heile. Utanfor Eikesdalen er det langt mellom åene. Eg trur kanskje me må heilt til Mit-tet for å finne den næraste, men her er eg svært interessert i opplysningar frå lesarane. I Isfjorden er det både åer, grover og elver (sjå side 177).

Her må me då passe oss så me



Frå Kjøtøyan i Eikesdalen. Bak husa på bildet heiter det 'Røstin'. Det er ljåslåttmark som ligg mellom skogkrullar og store tre. I bakgrunnen ser me Kjøtåna – åa som «tyt og bråkar», og som har gjeve staden namn. Namnet skulle ha vore skrive Tjøtåna. (Foto Sverre Berg 1954)

ikkje blandar å-namna saman med namn som Aurå (Aura), Breimegå (Breimega), Drivå (Driva), Tresså (Tressa), Mardøla (Mardøla), Oppdøla (Oppdøla, Oppdøselva) osv., der å-en er bestemt form i eit svakt hokjennsord.

Kunamn og folkenamn

For å studere innvandring frå Finland til Finnmark i eldre tid, har det vore brukt kunamn som bevis for at det har komme folk flyttande frå sør/aust. I gamle skiftebrev er ofte kyrne ramsa opp med namn, og når ein då finn typiske finske kunamn i Norge, så blir dette sett på som sikkert teikn på innvandring. Dersom nokon hadde teke seg tid til å gå gjennom kunamn i skifta i Gudbrandsdalen og samanlikna dei med romsdalske kunamn, trur eg nok at ein ville finne innslag frå Gudbrandsdalen. I Romsdal sogelags årsskrift 2006 har professor Ola Syrstad gått gjennom 335 kunamn som er med i hundreår-gamle fesjåkatalogar, og der er både

kjente og heilt ukjente namneformer. Når det gjeld personnamn, så er både Torstein (Tostin), Håkon (Håkå), Marit og Eli innvandarnamn til Eikesdalen frå Lesja. No er det slik at Torstein (riktignok uttala som Tostæn eller Tosten), Marit og Eli er namn ein også finn elles i Nesset og i Romsdal i det heile. Håkon vart derimot ikkje vanleg i andre bygder før etter kongekroninga i 1906. På Lesja derimot har Håkå vore vanleg i generasjonar, men dei skreiv mest berre Haagen.

Håkåflua er ei flu rett sør for Kalsøya på Nesjestranda. Dette har til alle tider vore ein farleg stad for sjøfarande. Veøy kommune sette opp sjømerke der alt i 1852, men om han som gav namn til denne flua var lesjing, skal vere usagt, men han kan ha vore det.


Namn er i endring, og snart er skriveforma og leseuttalen den same på alle namn, både fornamn og etternamn. Det har også skjedd før. Side (+++++) har eg skrive om korleis

Gunna har vorte til Gunnar og Iva til Ivar osv. No er det andre endringar på gang, og namneskikk og oppkallingsreglar er det visst ikkje noko som heiter lenger.



Sandgrova sett frå Løvollskaret. Det er ei mindre elva som har grave seg ned i terrenget.

Meir ordgeografi



Kartutsnitt frå Isfjorden. Her har ein både -elva, -åna og -grova, og namnsettinga kan verke litt tilfeldig. Somme har truleg skifta namn dei siste hundreåra. 1 heiter Skorgeelva (etter garden) nede ved sjøen. Oppe i Ljosådalen heiter den same elva Ljosåna, og ho får forsterkningar frå både Storstølgrova og Tverrelva. 2 er Markaneselva, 3 Littleelva, 4 Markåna, 5 Breivikelva, 6 Steinelva og 7 Vikåna. Det er ikkje lett å finne forklaring på at t.d. 2 og 6 er -elva, medan 4 og 7 er -åna. (Kjelde: Romsdalen. Turkart 1:80 000)

I språk-innlegget mitt den 9. juli 2016 stilte eg spørsmål om eikesdalingane kan ha «arva» ord og uttrykk frå Lesja. Eg visste at dette var vanskeleg å bevise, men eg drista meg likevel til med forslag på nokre 'låneord'. Eg gjorde det fordi det då er mykje lettare å få tilbagemelding på noko som ikkje stemmer. Eg fekk merknader frå fleire, m.a. på tanken om at dei mange -å-namna i Eikesdalen kan vere påverka frå Lesja. Svara som eg har fått, viser klart at det finst mange -å-namn i bygder både vest og nord for Eikesdalen utan at desse har hatt påverknad frå Gudbrandsdalen. Interessant er det å sjå at det er -åna som er endinga, ikkje -åa. (Steinsåna, Sagåna, Støttåna, Vidåna, Forsåna, Ljosåna og mange fleire.) 'Å'

vart bytt ut med 'elv' for nokre hundre år sidan både i daglegtalet og i stadnamn. Når ein støyter på aa/åna i elvenamn, er desse namna eldre enn dei som har elv i seg. Ei elv som renn frå aust ned i Breiskaret vest for Skåla, heiter rett og slett Åna. Dette namnet må ha komme til medan ein kalla ei elv for ei å. Utmed havet har det vorte slik at sjølv berre bekker og grøver har fått ordet elv i seg. Men det finst namn som har overlevd slik som Tverråna i dalen ovafor Nord-Heggdal. Nyare namn som har fått gardsnamn som førsteledd, har fått elva som sisteledd.

Ordgeografi og mykje flytting

Folk flyttar mykje meir på seg no enn før, derfor er det vanskeleg i dag å gjere

pålitelege ordgeografiske undersøkingar. Eg spurde i førre innlegget mitt om lesarane kjende nemningane 'krel' (mage) og 'røst' (slåttemark i skogkanten), og jamaldringen min, Randi Ingunn Selnes, som har budd 40 år i Ålesund, kjende båe orda. Mor hennar frå Vistdalen brukte av og til ordet 'krel' om mage, og «det var då særleg på ein omsorgsfull måte, gjerne om matlysta svikta etter sjukdom», og det var slik far min også brukte det. Far til Randi Ingunn var frå Tomrefjorden, og han brukte ordet 'røst', og dermed er det nokså klart at ingen av desse orda treng eikesdalingane ha arva frå Lesja. 'Skrulle' (krumkake) og 'aurbu' (jordkjellar), det siste spurde eg ikkje om sist, trur eg framleis er påverka frå Lesja.



Kattimann (blått) og sørphøne/sørphøne (gult) delte ein gong Romsdal i to. No seier dei fleste snurrebass. (JuliR 1989)

Løvetann – kappilaup – poppeloppe

Løvetann er i dag sett på som eit forargeleg ugras som det er uråd å bli kvitt, men for 200 år sidan var det ei ettertrakta medisinsplante. Den første eg kjenner til som dyrka løvetann, var amtmann Sommerfeldt på Nøisomhed ved Molde (1811). Planta vart då omtala som 'gullbaust(e)' (gullbost), og dette er eit namn som har vore brukt i Aukra til no. Løvetann var ei plante som ungane lika å leike seg med. I Eikesdalen seier me 'kappilaup', og når me stakk stilken inn i munnen (same kor vondt han smaka) og sa/song «kappilaup, kappilaup, krull-om-kring», så kløyvde stilken seg i to delar, og kvar halvdel rulla seg saman i ein krull.


Løvetann har svært mange lokale namn i Romsdal, og eg trur dette kjem av at det er barn som har formidla namnet frå generasjon til generasjon, og frå bygd til bygd. I Molde sa dei 'koppeloppe' alt i 1860 (Romsdal sogelag, årsskrift 1979), det sa/seier dei fleste moldensarar som var

fødde før krigen. No derimot, heiter det 'poppeloppe', og det trur eg vil breie seg utover fordi det er byspråk. På Ona og Husøya sa dei 'kappilaup' slik som i Eikesdalen, men mellom desse romsdalske ytterpunkta finn me 'kabbilabb' i Rødven og 'kåbbelåbbe' i Isfjorden. Gudrun Enga Woldstad laga 'kåbbelåbbegele' så seint som i 2016, og då må planta nødvendigvis heite kåbbelåbbe i Isfjorden. (RB 13.06.2016) I Frønå seier dei både 'kappilåpp' og 'kåbbelåbbe', så her er det ikkje lett å dra ordgeografiske grenser.

Namn på leiker

Eg merka meg tidleg i museumskarrieren min at nemninga 'snurrebass' no nesten er einerådande hos folk under 50 år. Me som voks opp i Eikesdalen midt på 1900-talet, sa 'kattimann' – for det var det det var. Så kom måndalingen Kristian Venås i Jul i Romsdal 1982 og skreiv: «Ja, de kjøm vel i hog korles'n me laga til sørphøne, væte?», og så la han ved ei teikning av ein kattimann. På

dét tidspunktet hadde eg nok merka meg at kattimann, sørphøne (sørphøne) og snurrebass var det same, og det syntest for meg som om grensene mellom dei to første var skarpe. Ved hjelp av brev og mange telefonar til bygdefolk eg kjente, fekk eg kartlagt ordgeografien. I dei gamle kommunane Grytten, Hen, Eid, Vestnes, Midsund, Aukra, Sandøy, Fræna, Bud og Hustad sa dei sorpeller sørphøne, ja, til og med på Sunnmøre. Bygdene i både Veøy og Bolsøy kommunar var delte. Rødven og Sekken i Veøy hadde nemninga sørphøne, medan Holmemstranda og alle bygdene rundt Langfjorden (Mittet, Vistdalen, Eresfjorden, Rød, Ranvika) leika seg med kattimannen. Det same gjorde dei også rundt Skålhalvøya og på Bolsøya. Grensa kryssa(r) Fannestranda ein stad mellom byen og Røbekk og går (gjekk) så ut i havet ved Stemshesten. Eg minnest at Gunnar Moen i Sylteosen dreia ein snurrebass og skreiv «Sørphøne frå Frønå» med store bokstavar på øversida. Så bad



Ordgeografiske grenser for desse, huste og reggarskjør/reggarsnor. (RSÅ 2003)



Liten heimlaga snurrebass frå Molde. Gåve frå Liv Hessen Gjendem. R.04926



På bestilling dreia Gunnar Moen ein snurrebass som skulle vere prototype for ein romsdalsk suvenir, men originalen var stolen. Han laga så ein kopi som no er i samlingane. R.12371.

han meg innlemme leika i samlinga. Det dreidde seg nemleg om kulturhistorie, må vite.

Desse, huste eller reggarskjør/-snor

Andre leiker hadde andre grenser. I 'alle' barnehagar no for tida 'dissar' eller 'huskar' ungene i moderne, godkjente dissestativ. Då eg voks opp, sa me at me 'husta oss'. Me laga oss huste av tøg (tau) eller lærreip på låven, og så husta me oss på omgang. Det interes-

sante er at ungene frå Øverdalen ned til Åndalsnes og vidare rundt Isfjorden og Rødvenfjorden og heilt inn til Mittet, også kalla denne leiken for 'å huste' slik som i Eikesdalen. I Vistdalen, i Eresfjorden og elles i heile Nesset og Molde kommunar, sa dei 'å desse' – eller kanskje 'å disse' inne i byen.

På sørsida av Romsdalsfjorden derimot, frå Innfjorden til og med Vestnes, Midsund, Aukra og i gamle Fræna kallast dette leikeapparatet for 'reggarskjør' eller 'reggarsnor'. Når ein så kom til Bud og Hustad, 'desse' dei seg. Kåre Magne Holsbøvåg legg til i ein kommentar at på Kleive sa dei truleg 'å hyste seg' frå gammalt. «Kom her so ska' i hyste deg», kunne det bli sagt. Ungen var teken, og så vart han svinga att og fram mellom føtene på den som gjorde det.

«Rare ord» slik som mølgard og restkaure

Det finst truleg ikkje 'rare ord', det er heller det at dei er uvanlege og dermed lite brukt. I dei seinare åra har eg lært – med god hjelp frå ho Dagrun – at når ein kjenner den normaliserte forma av ordet, finn ein det aller meste i ei eller anna ordbok, om ikkje anna så i storverket Norsk Ordbok. Men også dér er det hol.

Eresfjord og Vistdal herad

Norsk Ordbok opererer med den gamle kommuneinndelinga frå før 1964. I praksis vil det seie at både Eikesdalen og Boggestranda låg under Eresfjord og Vistdal herad/kommune, medan gamle Nesset (dvs. resten av noverande Nesset) var eit anna geografisk område. Det betyr at eit ord/uttrykk som berre er heimfesta til Eresfjord og Vistdal, ikkje er funne eller registrert i t.d. Eidsvågen eller Rød. I åra mellom 1924 og 1964 var nemleg Romsdal inndelt i 16 landkommunar og ein bykommune, heimfestinga av ord var temmeleg «finmaska». Eit ord som er registrert t.d. berre i Tresfjord herad, er ikkje notert i gamle Vestnes herad sjølv om desse to herada i dag utgjer Vestnes kommune.

Restkaure og mølgard

I jakta på 'rare ord' frå oppveksten min slo eg opp i Norsk Ordbok på 'restkaure' (normalisert form: ristkaure) og 'mølgard' eller molgard som det står i Norsk Ordbok. Felles for båe desse nemningane er at Eresfjord og Vistdal er registrert som einaste bruksstad. Etter at eg oppdaga dette, har eg etterprøvd opplysningane ved å ringe til gamle folk i bygde- omkring. Det viser seg at så langt er både restkaure og mølgard ukjente for folk, og det er då tid for at eg kjem med ei forklaring på båe to.



Ein restkaure (ristkaure) liknar mykje på ein spik-kaure. Spik-kauren er god å ha når ein skal tenne opp i omnen.



Kaurbotnen i Eresfjorden sett frå Eikesdalsvatnet. Botnen har krumming som ein kaure.



Mølgard (mølgard) i Tyvika, Eikesdalen. På bildet er det i grunnen tre mølgardar, og dei er alle samansette av rakved og rusk (møle) av alle slag.

Det eg kallar 'restkaure' heiter i andre bygder (Eresfjorden og Vistdalen inkludert) for skotunge eller pløse. Eg har ikkje funne ordet i levande bruk nordafor garden Vike. Ordet er samansett av 'rist-' som er øvre delen av fotabladet, mellom tærne og leggen, og '-kaure' som betyr ein krull, kanskje mest brukt om krulla spon til opptenning. Kaure og kåre er to uttaleformer for det same, og mannsnamnet Kåre betyr ein som har krulla hår. Sjølv om restkaure kanskje er gløymt i Eresfjorden i dag, finst stadnamnet Kaurbotnen mellom Kvittfjellet og Styggeværshaugen (ved Røndølsskaret) som eit bevis for at kaure har vore brukt i bygda. Kanskje finst det fleire stader?

På Lesja seier dei 'ristklut' og på Austlandet elles er 'ristlapp' det vanlege. 'Sko-tunge' som er svært utbreidd i Romsdal, er ikkje oppslagsord i Norsk Ordbok.

Mølgarden ligg i fjøra

Når det har vore flaum i ferskvatn eller (spring-)flod i sjøen, og vatnet har drege seg attande, ligg det gjerne att små trestokkar, kvister, ris,

rusk og rask innpå land. Det er dette som er mølgard, eller mølgard som det blir i meir normalisert skrift. 'Rekjarved' (rakved) er noko av det same, men her er det gjerne innblanda større tre og stokkar i mølgarden. I sjøen, der det er tang i fjøra, blir både 'tanggard' og 'tangrand' brukt i enkelte bygder.

Mølgard er samansett av 'møle' og 'gard', og førsteleddet betyr her kvist, flis, småved og anna avfall etter vedhogging. Når kvinnfolka skulle tenne opp i omnen før i tida, gjekk dei gjerne inni vedaskotet og henta møle ved hoggarstabben og la oppi forkledet sitt. '-gard' betyr her gjerde som i utgard.

På veg ut av språket

Når desse to orda er heimfesta berre til Eresfjord og Vistdal, trur eg dette er litt tilfeldig. Bruksområdet har truleg vore større, men dei andre som kjente orda og brukte dei, er borte. Ein gong seinare vil eg kanskje ta fram andre ord som eg har «jakta på» utbreiinga av, men eg skal spare dokk for meir denne gongen. Eg skal i staden ta eit døme på eit uttrykk

som har vore godt kjent, og som kanskje nokon hugsar vart brukt. Ta kontakt om de gjer det.

Rønder ikring

er eit uttrykk eg ikkje finn i ordbøker, men som har vore brukt i fleire bygder. Sigrid Frisvoll (fødd Vike 1914) voks opp på Øverås der far hennar var skipper på D/S Eikesdal. Ein gong kom isfjordingen og skreppehandlaren Edvard Dalehaug (f. 1866) frå Eikesdalen med båt, og han tok inn hos Ingeborg og Peder Vike, foreldra til Sigrid, for natta. «Kva gjer dei på om kveldan' i Eikesdala då?» spurde Ingeborg. «Ja, der set dei rønder ikring om'n å prata,» sa'n Dalehaug. Sigrid hadde truleg ikkje høyrte uttrykket 'rønder ikring' før dette, og ho kosa seg over seiemåten. Eg, som er ein heil generasjon yngre enn ho, høyrde det mange gonger i oppveksten, men det er vel kanskje 50 år sidan sist at nokon sa det i ein «naturleg» samanheng. Høyrer du eit ord eller uttrykk sagt berre éin gong, kan det synast rart. Kor mange isfjordingar og eikesdalingar som seier dette i dag, skal vere usagt, men



Ei samling på åtte personar sit 'rønder ikring grua' på Søre Sæterbø i Romsdalen først på 1900-talet. (Foto Edvard Sæterbø)

det er kanskje kjent i somme bygder framleis, eller kva?

Svar på spørsmåla mine

Spørsmålet var mest ikkje stilt før det kom kommentarar. Anny Hollingsæter skreiv dette til meg: «Eg les med interesse Språkspalten i Romsdals Budstikke. I dag dukka det opp eit ord som vekte minne frå barndommen. Du skriv om 'restkaure' eller 'kaure'. Bestemor mi kalla for 'kaur' slikt ho brukte for å tenne opp i omnen. Dette var vel noko spon, men og vanleg rusk frå vedaskotet, ei blanding av rusk som vert etter

vedhogging og noko spon. Bestemor kom frå Svinnset på Otrøya, mor hennar var frå Tautrå og faren frå Vestrefjorden. Kvar ho hadde uttrykket frå veit eg ikkje, eg hørde aldri at mor eller far brukte det. Eg har nok ikkje sett eller høyrd ordet brukt før du skriv det no.»

Så var Arnfinn Hovde på banen: «Uttrykket 'rønder ikring' brukte Hans Rypdal i heftet *Romsdalsmål* i segna om aukrapresten. Segna kjem att i *Eventyr og segner* av Olav Rekdal (Presten og tenestguten). Rekdal bokstaverer 'runder ikring', og han skriv i ein fotnote at segna er feilak-

tig knytt til presten Dreier, og at det skulle vere prest til Aukra Hans Friis (1755–62).»

Etter dette ser eg at Aase Dalset frå Rødven brukar form 'røndern ikreng' i boka *De sa me*, og Ingeborg Donali: *Oppdaling – ord og uttrykk* har ordet 'runder' – og som døme skriv ho 'ronjder ikreng'. Det er 'runder' og 'rundan' som er oppslagsorda i *Norsk Ordbok*.

Me ser endå ein gong at det me trur er rare ord, kanskje ikkje er så eineståande, det er berre det at dei er lite brukt no for tida.

Dialektminne frå barndommen

Talemålet i Eikesdalen i 1950-åra var utruleg einsarta. Det vart overlevert til oss på ein heilt naturleg måte. Eg opplevde nok at besteforeldra mine og andre i deira generasjon tala litt annleis enn me ungane, men endringane var små. Grunnen var grei nok: Miljøet var stabilt, og dei få radioprogramma me hørde på, og dei få innflyttarane som var komne til bygda, “forstyrta” ikkje lydssystem, bøyingsmønster eller ordval. Eg kan godt minnst at når eg hørde framandfolk tale, syntest eg at dei enten “tala rart” eller så “språka dei”.

Også i Romsdal var det klare dialektskilnader bygdene imellom. Me trong ikkje reise lenger enn til Eresfjorden før folk tala litt annleis. Når me sa *ei lekse* og *fleire leksu*, eller *ei botte* og *fleire bottu*, så hadde dei o i staden for u i fleirtal. Eresfjordingane tala om hytto, bremsso og bokso, og gjett om me eikesdalingar fekk høyre det når me som 12-13-åringar var på sløyd i Eresfjorden. Eg trur ikkje alle som erta oss, var like gode i grammatikk, men u-endinga i svake hokjønnsord kunne dei, og til styggare hokjønnsordet var, til meir markert vart u-en uttala.

Me kunne sjølvsagt ha erta eresfjordingane med at (mange av) dei sa *Itter-Vike*, *sikkel* og *tite*, men ungane der var i fleirtal, så det våga me ikkje, men me tala om det når me var komne heim att. Vistdalingane plagast også med itakisme (i for y). Merkeleg syntest me også det var at både vistdalingane og eresfjordingane sa *å komme*, *vare*, *gjere* og *grave* der me har a-infinitiv. Eg syntest den gongen at det var noko by-aktig over desse e-endingane.

Ikkje alle likar å bli gjort merk-sam på at dei har itakisme i dialekta si. For å rette på dette *hyperkorrigerer* dei, som det heiter på fint, dvs. dei seier y der det skal vere i. I Eikesdalen heiter det *brynnjeber* sjølv om det



Stille lengde, harahopp og hellebøks er det same. Det kjem an på kvar du bur. Det første er det offisielle namnet på sporten, i Eikesdalen sa me harahopp då eg voks opp, medan isfjordingane sa hellebøks. Kristoffer Austigard demonstrerer eit skikkeleg harahopp med samla føter. Det er tilfeldig at han satsar frå ei troppehelle.



Haren hoppar med samla bakføter. Det er han som har gjeve sporten det lokale namnet harahopp. (Foto Digitaltmuseum/SFJ.13285)

skrivst *bringeber*, og det heiter *byslag* sjølv om det på “rett” heiter *bislag*. Slik er det berre, men det er nok mange som seier *Riabrekkå* når det eigentleg heiter *Ryggjabrekkå*.

Kvar sommar i -50-åra kom det ein gut frå Isfjorden til Austigard, og han var der fleire veker kvart år, så me var mykje saman og vart godt kjent. Han var sportsinteressert, og

me “konkurrerte” m.a. i *stille lengde*, dvs. ingen av oss sa «stille lengde». Me eikesdalingar sa *harahopp*, medan han sa *hellebøks*. For oss var harahopp heilt naturleg, for me hadde mange gonger sett korleis haren hoppa med jamsides bakføter. Ja, me brukte til og med ekte haralabb på skulen når me tørka (kosta) av tavla.

Hellebøks trudde eg kom av (dør-)



Hestehelde/hestehylde eller berre helde. Frå gammalt var dei laga av tre. Ei helde var noko folk sette på framføtene på hestane for å halde dei samla slik at dei ikkje skulle kunne springe. Det verka som eit tjør. Hellebøks er eit byks med samla bein, og det kunne somme hestar gjere sjølv om dei hadde ei 'helde' mellom framføtene. (Foto Tingvoll museum)

helle, altså at ein hoppa frå ei helle som låg på marka. Me hadde John Helde som lærar. Han var svært sportsinteressert, og det var nok somme av oss som trudde at namnet hans var innblanda i sportsgreina hellebøks. Då skulen starta att ein haust, spurde eg læraren vår om namnet hans hadde noko med hellebøks å gjere. Til det svara han at etternamnet hadde han frå Helle i Vistdalen. Gardsnamnet kom av at landskapet hella/halla nedover mot elva. "Namnet burde derfor ha vore skrive med dobbel l og ikkje ld," la han til.

Eg hadde arbeidd fleire år på Romsdalsmuseet før det gjekk opp for meg at hellebøks kom av *hestehelde*, altså det futullbandet (fotbandet) som dei før brukte mellom framføtene på hestane, slik at dei ikkje skulle fare sin veg. Dette kallast å *helde* eller *hylde* hesten, men somme hestar greidde å galoppere med samla føter, og det kallast *heldehopp* eller *helde-*

byks, og båe desse nemningane står i Norsk Ordbok. Den observante lesaren har no for lenge sidan sett at eg har skifta skrivemåte frå *helle-* til *heldebøks*, og det er fordi eg ikkje visste kva namnet kom av då eg var gutunge.

Før me forlèt isfjordmålet, vil eg også ta med ein annan dialektskilnad desse bygdene mellom. No gjeld det lydssystemet. I Eikesdalen spør me: «Villj du vara med på fesketur?» I Isfjorden seier dei (dvs. sa dei i alle fall): «Vell du vare med sta' å feske?». Denne skilnaden på «villj» og «vell» var så markant at alle som hadde litt språkøyre, la merke til det. Når det høvde seg slik, kunne ein faktisk gjere litt narr av den uvanlege uttalen. Eg minnest at når folk var på reinsjakt, og dei såg ein jeger i det fjerne som dei ikkje kjende, kunne dei seie: «Det er sikkert ein vell-du», altså ein isfjording.

Etter å ha skrive dette, funderer eg på om det er rett av meg å skrive

slikt i ei avis i 2016. Det var ikkje mobbing, men det låg litt erting i det. Eg trur knapt nokon nolevande i Isfjorden veit om at eikesdalingane spøkefullt kalla dei for «vell-du-ar», og dersom eg no hadde halde kjeft og ikkje sagt noko om det, vil det heile vore gløymt om ein halv generasjon. Dei som veks opp i dag, har så mange språklege påverknader gjennom fjernsyn og digitale media at dei høyrer knapt språkforskjellar bygdene mellom. Alt medan eg arbeidde på Romsdalsmuseet, såg eg tendensane heilt klart: Ingen under 50 år sa *rivu*, knapt nokon sa *rivo*, somme sa *rive(r)*, men dei fleste sa *rake(r)*, og det er fjernsynsspråk. Eg synest det er litt leitt at slike språklege særpreg forsvinn, men eg høyrde ein gong ein språkforskar seie at «det er interessant», og då er det vel det det er.

«Ho hi ho he»



Hingarden på Gjernmundnes sett frå Heimigarden ein gong mellom 1900 og 1906.

Det er mange ting me romsdalingar seier, men som me ikkje skriv. Det har ikkje noko med at orda er stygge eller uhøveleg på nokon måte, men på 'trykk' kan dei bli liksom framande. Det er småorda 'hin, hi, hitt og hine' eg vil skrive om denne gongen

Etter grammatikken er det tale om eit pronomen som blir bøygd etter kjønn og tal. Ordet betyr rett og slett 'den andre av to', men for dei som ikkje brukar desse småorda, kan overskrifta fort bli litt kryptisk. Eit eksempel vil hjelpe på. Lat oss tenke oss at det står to tauser i vegkanten, og så spør du den eine: «He du rive slik at du kan rake etter meg når eg slår?» «Nei», svarar ho, «men ho hi, ho he (rive).»

Ordgeografi

Hin, hi, hitt og hine trur eg er på veg ut av språket vårt. Sjølv brukar eg dei i dagleg tale, men eg trur ikkje at eg har brukt det i artiklar og bøker. Det har noko med at det er ukjent utover landet m.a. i Trøndelag, og

det er på vikande front på indre delar av Nordmøre også. I Rindalen og Øksendalen er det truleg ingen nolevande som brukar det, og surndalिंगane seier at det var meir brukt før. I Sunndalen snur dei seg framleis 'på hi siå' i senga og dei likar betre 'hin bilen', så der er det i bruk.

Ein prat med yngre lesjingar stadfestar at også der er hin og hi mest berre brukt av gamle folk. Der, slik som her, er det 'andre' i ei eller anna form som har teke over.

Arild Hoksnes

er ikkje redd for å skrive hin eller hi. I boka «Artig og artig» frå 2008 fortel han om sjarkfiskaren som vart så dårleg i magen at han vart sendt nedover til Lillehammer på kur. Målet var å få lagt om kosthaldet til meir 'grønfør'. Ein kompis kom på besøk på kuranstalten: «No, Olav, kor e det?» «Fole far! I he ete tå ei attlege, og begynt på hi!» Meir romsdalsk kan det knapt bli. Hadde det stått «begynt på 'den andre'», kunne kven som helst ha sagt det, og då var vitsen borte.



På denne ølbollen står: «Staa op min ven, jeg dig en taar vil give af Skaalen min den fine og siden alle Hine. 1869»

På leiting i folkeminnelitteraturen

I Romsdal er det trykt fleire folkeminnesamlingar, men for at stoffet skal vere tilgjengeleg for vanlege lesarar, er hin, hi, hitt og hine i dei fleste tilfella bytta ut med 'andre'. Ein finn det sporadisk hos Ola Hola, Olav Rekdal og Mads Hukkelberg, men knappast hos Hans P. Øverås (kanskje har det vore 'konsulentar' inne i bildet?) Derimot er Hinmannen med i fleire oppteikningar, og slik eg kjenner språkutviklinga her lokalt,



Frå Øverlandsvatnet i Molde med fjellet Tussen ruvande i bakgrunnen. På andre sida av vatnet låg i si tid Tøndergardsetra, og bak denne, t.v. for Tussen, ligg først Bergsvatnet der Nøisomhed-garden hadde seter. Bak der igjen ligg Bårdsdalen og Bårdalsvatnet der Lergrovik-garden hadde setra si. Dette var den viktigaste dalen i området. Dalen som går opp t.h., var «hin dalen» – altså Hindalen. (Foto Birkeland)

trur eg snart det er på tide å skrive Djevelen i parentes. Det er knapt nokon som seier Hinmannen (eller Styggemannen) no til dags, men også han er den eine av to.

Hin dagen eller hin kvelden er også på veg ut. 'Hin dagen' betyr 'dagen etter', altså dagen. Kåre Magne Holsbøvåg har komme med dette eksemplet: «Eg kom heim seint på kvelda. *Hin morgon* måtte i stå opp tidleg.» Tilsvarande blir 'hin kvelden = neste kveld'.

Hingarden

I 1989 skreiv eg gardshistoria for den gamle futegarden på Gjermundnes. I 1790 var garden seld og deretter delt i to, men husa vart ståande i første omgang. Etter fleire eigarskifte kjøpte Lars Domaas eine halvparten av garden i 1835, og han flytta ut frå det gamle tunet til dit Landsbrukskulen seinare kom. Det gamle tunet vart kalla Heimigarden i tråd med romsdalsk namneskikk, medan 'den

hin garden' (den andre garden) vart til Hingarden. Dette namnet blir framleis brukt 180 år etterpå.

Det er også Hingarden i Fiksdalen (gnr. 72/2), men her er frådelinga meir uklar, og eg er litt ukjent. Likevel er eg sikker på at Hingarden i Fiksdalen også er frådelt eit anna bruk. Det same gjeld Hingarden på Setnes, bnr. 1 og Hingarden på Bruaset i Måndalen, gnr. 114/1.

Hindalen

Det er to Hindalar i Molde kommune. Den eine går frå Øverlandsvatnet og austover mot Skaret. Den eigentlege dalen (hovuddalen om du vil) er truleg Bårdsdalen. Der var det ei stor seter, noko som Hindalen ikkje hadde. Her har me også relasjonsnamna Hindalsrøra og Hindalslia, skriv Kåre Magne Holsbøvåg i «Stadnamn i Molde kommune».

På Haukabøen er det også ein stad som heiter Hindalen. Den andre dalen her er truleg Ådalen.

På vikande front

Før i tida kunne ein tale om livet etter døden som 'det hinsidige'. Moderne åndemedium påstår at dei har kontakt 'på den andre sida'. Men noko heng att – både eitt og hitt kan vere 'heilt hinsidig'.

Også i dei gamle julesongane finn me hin, hi osv., men også her er desse orda på veg ut. Då eg var liten, song me slik i det siste verset av «O jul med din glede»: «Kom, skynd deg å gi mig den annen. Så knytter vi kjærlighets hellige bånd og lover å elske hinannen.» No er rimorda 'annen' og 'hinannen' skifta ut med 'andre' og 'hverandre'. Julesongen er ikkje dårlegare for det.

Om økser, fotball og butikkspråk

Den 15. oktober 2016 stilte Helge Sandøy spørsmålet: «Kor fort forandrar dialekten seg?» Hans konklusjon var at det skjer heile tida, og at det truleg ikkje er verre no enn før. Generelt sett trur eg han har rett, men for ein museumsmann som har interessert seg for gamle reiskapar og bruksgjenstandar, verkar det som det språklege forfallet har akselerert. Før hadde så godt som alle ting eit namn, medan no blir mykje av det gamle og overflødige rett og slett kalla ein «dings» av den yngre garde. Det smertar!

Eg ønskjer ikkje gamletida tilbake, men den teknologiske utviklinga etter krigen må ta ein god del av skulda for at namn og nemningar har gått – og går – ut av bruk og blir gløynde. Nei, eg meiner ikkje at alt «var betre før», men arven frå forfedrane er god ballast å ta med seg inn i notida og framtida. Det er dette musea våre arbeider med kvar dag, og her kjem eg med nokre døme.

Å skøre ei tolle

Ein augustdag i 1980 besøkte eg samlaren Peder L. Romuld (1909-2002) på Kleive. Han hadde brei arbeidserfaring, og han visste derfor mykje omkring det han hadde samla: Han hadde m.a. tre typar økser: boløks, bile og skørøks. «Boløksa» (som på romsdalsk blir uttala bøløks) er ei vanleg øks som vart brukt til alt slags arbeid. Ho var gjerne litt tung og vart m.a. brukt til å kløyve ved.

«Bila» hadde breitt blad og kort skaft og høvde godt til å «å ry ein tømmerstokk». «Å ry» er her det romsdalske for «å telgje», dvs. det same som å økse tømmerstokken flat slik at han blir like tjukk som dei andre stokkane i veggen. Alle gamle tømmerhus har som regel merke etter bila både på stokksidene og i novene.

«Skørøksa» (uttale: skårøks) had-



Skørøks og tømmerseg. Heilt frå vikingtida til slutten på 1800-talet brukte dei den lange, smale skørøksa når dei felte eit tre. Dei «skøra ei tolle», sa dei gamle, og det uttrykket brukte dei også etter at tømmersegga tok over. (Foto Norsk Skogmuseum)



Denne 1000(?) år gamle rotenden vart funnen i ei myr på Averøya. Dei halvrunde merka i snittflata viser at treet vart felt med ei smal skørøks. (Kjelde: Gamle Kvernes bydemuseum)

Denne plankebiten fann Sverre Tjelle i ei myr ved Skjørsetervatnet. Det skråstilte snittet (som peikar opp), viser at tolla er felt med (skør-)øks. Treet er kløyvd med bleggar, og denne planken er øksa/rydd jamtjukk med bile.



de langt skaft og smalt blad, og ho var nokså lang frå skaftholet til egga. Denne øksetypen var i grunnen ny for meg, men eg visste kva det vil seie «å skøre ei tolle». Det betyr «å felle ei furu», og det vart faktisk sagt i min oppvekst sjølv om det vart slutt på å felle store tre med øks ein gong sist på 1800-talet. Forstmannen og folkeminnesamlaren P. Chr. Asbjørnsen

ivra alt i 1855 for at skogsarbeidarane skulle bruke sag til å felle tre med, men ei god sag var kostbar (= ei halvku). Dei brukte derfor skørøksa som før i meir enn ein generasjon, og uttrykket «å skøre ei tolle» har levd vidare sjølv om både tømmerseg (svans) og motorsag etter kvart gjorde skørøksa overflødig. Det er rart kor enkelte uttrykk kan leve vidare.



Stein Olav Hestad har nettopp «skåra mål» i kampen mot Vålerenga i oktober 1978. Om dei hadde notert måla på gamlemåten, hadde dei sett ei skøre (eit hakk) i treflisa – mest som ei fellingskøre på eit tre. (Foto RB)



Slåttonn i Åramshagen, på nordsida av Langfjorden i 1940-åra. Hilmar Ødegård har ljå, medan Martine Ødegård, Rakel Kristine Gjenstad og Hans Ødegård har kvar si trerive. Å kalle denne reiskapen for 'rake' forstyrrar innhaldet i bildet. (Foto Halvor Gjenstad)

Noko av det same er tilfelle med uttrykk som «tømmerhogst» og «snauhogst». Arbeidet blir gjort utan skørøks eller anna øks, men ordet hogst er med sjølv om det blir brukt berre motorsag eller hogstmaskine.

Å skåre mål

Kåre Magne Holsbøvåg har gjort meg merksam på at «å skåre mål» er akkurat det same ordet, det er berre det at uttrykket har vore innom engelsk før det kom attende til oss. Professor Einar Lundebý skriv i ei bok i 1969 at den engelske versjonen

er «score». «Det er det samme ordet som det en norsk tømmerhogger bruker når han snakker om å «skåre» et tre, dvs. å hugge inn et innsnitt i treet på den ene sida for å få det til å falle den riktige veien. Dette innsnittet kalles 'en skåre', skriv Lundebý. «Den betydningen ordet har i sportspråket er oppstått fordi det har vært vanlig å gjøre innsnitt i et vedstykke for å telle for eksempel poeng i et spill. Når vi sier at en fotballspiller har «skåret et mål», så betyr det altså at et mål er merket med innsnitt i telleflisa.»

Hogge med øksa, rake med riva

Skørøksa har fått namn etter verbet å skøre, men slik er det ikkje alltid. Det mest vanlege er at ein hogg med øksa, derfor heiter det t.d. «å hogge juletre» og «å hogge ved», men det finst tilfelle der det heiter «å økse».

Etter kvart som gamle arbeidsoperasjonar går ut av bruk, blir språket forenkla. Før slo gardbrukarane attlegene sine med ljå og tørka fôret i hesjer, men det skjer snart ikkje meir. Det blir meir og meir vanleg med plen i staden for attlege. Den må dei sjølvsgagt også slå (unnskyld: klippe), og for å bli kvitt graset, må plena sjølvsgagt rakast. Før i tida raka dei med rive, men no er det stadig fleire som «rakar med rake». Eg prøvde ein gong å korrigere ei dame som heldt på å kjøpe seg ei plenrive, men ho meinte at ho i alle fall måtte kunne seie «plenrake», sidan det var plena si ho skulle rake.

«Markedskreftene rår»

I dømet «rake med ei rake» er det verbet som er grunnlaget for substantivet. I andre tilfelle er det motsett. Kven har ikkje sett «kvernet kjøttdeig» i kjølehyllene på daglegvarebutikken? Dette er nok ei språkleg forenkling som handelsstanden driv fram, men som for meg luktar kunstig. Dei fleste av oss som er velvaksne i dag, har sett mange slags kverner. Det kan vere ei gammal bekkvern som det ein gong i tida vart male korn på, ei kjøtkvern som ein måtte dra med hand for å få kjøttdeig, ei kaffikvern til å male heile kaffibønner på osv. Heldigvis har eg enno til gode å sjå «filterkvernet kaffe». Så vidt eg forstår, er det ei motesak å male kaffien sin sjølv, for så å filtrere eller presse fram den perfekte drikk, men for dei som nøyer seg med vanleg koka eller trakta kaffi, står det framleis «kokmalt» eller «filtermalt» på pakningane. Eg spår at når marknadsstyrte reklamebyrå får nokre ti-år på seg, er også kaffien «kvernet».

Å brenne rusk, tran og heimbrent

I gamle dagar kunne ein «brenne» utruleg mange ting. Dei «brente» brennevin og kaffe, kol og pottoske, salt og tang, tjøre og bek, tegl og tran og sikkert endå meir. Saka er den at verbet «å brenne» hadde mange tydingar på 17- og 1800-talet. Er ein pirkete, kan ein – med dagens kunnskapar – seie at «å brenne» i dei fleste av desse tilfella er misvisande og direkte feil, men det skal me ikkje bry oss om.


Det finst mange eksempel på det i språket vårt. Folk seier framleis at «sola står opp i aust» endå alle veit at det er jorda som roterer slik at sola først kjem til syne på den kanten av horisonten, og eg har ofte høyrte sagt at «han far rodde fiske på Finnmarka» sjølv om det ikkje fanst årar i sjarken. No skal me sjå på noko av det dei brente før i tida.

Det vitenskaplege og det folkelege

I 1967 starta eg på realfagstudiet i Trondheim, og eitt av faga mine var kjemi. 6,5 år etterpå tok eg hovudfagseksamen og tenkte meg vel ut i skulen. Som mange av lesarane veit, har eg hatt arbeidsdagen min på Romsdalsmuseet, og etter at eg kom attende til heimtraktene, har innsamling og formidling av kulturhistorie vore arbeidsfeltet mitt. Fleire har sagt, og mange har nok tenkt, at dette var ein merkeleg kombinasjon. Eg vil derfor denne gongen samanhalde kunnskapane mine frå kjemistudiet med det eg som museumsmann har samla om «å brenne» dette og hitt.

Om å koke mat

Før i tida gjorde folk opp varme på grua eller i omnen når dei skulle koke seg mat eller varme opp rommet. Dei fyra med både ved og torv, og med slikt brensel laga dei seg varm mat slik som graut, fisk, kjøt og ball. Og var dei på slåttateigen, koka dei gjerne kaffe eller kanskje graut over eit enkelt bål. Dei tala aldri om å «bren-



Saltbrenning var vanleg mange stader i Romsdal til slutten på 1700-talet. I 1812 var det slutt. Kartet viser kva vi enno i dag finnst stadnamn som fortel om dette arbeidet. Det gjekk med mykje ved til saltbrenninga. (Kart laga av Holsbøvåg/Austigard, RSÅ 1991)

ne mat', men var dei uheldige, kunne dei «svi» grauten.

Brøtebrenning

Når dei brente brøte, rusk eller sengahalm, var det ein måte å rydde opp ved husa og i slåttamarka. Dei brente også St. Hans- eller olsokbål, men då var formålet å feire ein merkedag eller for å more seg. Varmen laga ikkje noko nytt produkt slik som når ein brente t.d. tran, tjøre eller brennevin.

Destillasjon

Det gamle, folkelege uttrykket «å brenne heime» betyr på kjemispråket at ein skil etanol frå ei gjæra blanding ved hjelp av destillasjon. Etanol fordampar ved 78 grader medan vatn blir til damp ved 100. I damle dagar varma dei opp «satsen» ved hjelp av open varme. Etanoldampen (og andre lettfordampelege væsker) vart deretter kondensert i eit kjølesystem, og dropane som kom frå kjølinga, vart kalla heimbrent.

Tørrestillasjon

Å «brenne tjøre» kan gjerast både i mile og i retorte (eit lukka system).

Her er ingen flytande væsker, men spik (feit furuved) inneheld væsker/gassar som luktar godt. Når ein varmar opp spika, forsvinn gassane ut i lufta, medan flytande tjøre renn ut og blir samla opp. Brenner ein tjøre i retorte, kan gassane kondenserast og samlast opp som terpentin – vegetabilsk terpentin.

Dei gamle gassverka som fanst rundt om i somme byar, laga gass ved tørdestillasjon av steinkol. I tillegg til brennbar gass til lys og varme fekk ein (steinkol-)tjøre og koks som biprodukt.

Å brenne pottoske og salt

er rett og slett ein inndampingprosess på line med å koke brunost eller å koke inn ein saus. I alle tilfelle må det varme til. Pottoske er eit gammalt namn på kaliumkarbonat (K_2CO_3) og kaliumhydrogenkarbonat, og dette er lett oppløyslege stoff som ein finn omnsoske. Slår ein varmt vatn over ei gryte med oske, kokar opp og rører rundt, får ein lut (til t.d. lut-fisk). Silar ein frå botnfallet, dampar inn luta og lèt siste skvetten stå til det blir kaldt, kjem pottoska til syne

som krystallar. (Mange romsdalingar seier nok auske, men eg vel her å bruke den normaliserte forma oske.)

Pottoska vart brukt i glasindustrien fram til 1850-talet. Den vart også brukt som hevings-middel i bakverk. Vanleg salt vart framstilt på same måten som pottoske, men då brukte dei sjøvatn. Dei brukte store saltkjarlar/-kar som dei fyra oppunder for å dampe inn vatnet. Saltet vart nokså svart, og kvaliteten litt ymse, men dei brente salt mange stader i Romsdal fram til 1750-åra, og litt i kriseåra 1807-14. Uttrykke «å brenne salt» lever framleis.

Tangoske

fekk dei når dei brente tørka tang. Brenninga vart gjort i groper i terrenget, men ein måtte ikkje fyre for hardt slik at dei verdifulle stoffa i oska forsvann opp i lufta. I åra 1750-1850 gjekk oska til glasindustrien, og frå 1870-åra til jodframstilling. Både industriane betalte godt for tangoska.

Å brenne tran

Frå gammalt framstilte dei tran (lyse) til trankolene sine ved naturmetoden. Dei lét fiskelevra rotne i stamp nedi naustet eller i store kar ute i sola. Den første rå-trana var slett ikkje «så verst», står det i leksikon. I 1854 tok Peter Møller patent på å dampe tran ved ca. 70 grader. Det revolusjonerte industrien, og me fekk yrkestittelen «tranbrennar». Det vart fyra under kjelen for å få opp temperaturen, derfor heiter det å brenne tran. No kan «ein brennar» også vere ein ikkje-person slik som ein kaffebrennar, flatbrennar, rundbrennar m.m., men då gjeld det å gje seg, for snart kjem vi bort i «brennar» i overført tyding og det var meir enn overskrifta var meint som.

Formålet med artikkelen var nemleg å vise at folkelege uttrykk og seiemåtar ikkje alltid samsvarar med vitenskapen, men at me må respektere at det folkelege vart til i ei anna tid og under andre føresetnader. Ingen seier «send meg natriumkloridet» når det var salt du ville ha!



Tjørebrenning i mila på Kleive i 1930-40-åra. Varmen i mila gjer at tjøra renn ut av den feite spika og blir samla opp under mila. (Foto Peder Stokke)



Interiør frå Tranbrenneriet på Fiskerimuseet på Hjertøya. Midt i bildet står leverstampar og levermål. T.h. er omnen som tranbrennaren varma opp levra i slik at trana vart frigjort frå levra.

Om jul og 'juleord'



Besøk av juldissen i 1943. Det er vanleg å skrive juldissen (med bindevokal) i dag, men på bygda-romsdalsk vart det nok sagt juldissen frå gammalt. Denne e-en har no stort sett komme inn i både skrift og tale. Truleg kom denne endringa utanifrå saman med 'juletreet' og 'julefestene' først på 1900-talet. Gjennom skulen har dei nye tradisjonane fått fotfeste.

Julkvelden er kvelden over alle kveldar for dei fleste av oss. Slik har det vore i uminnelege tider, og den tida folk budde og arbeidde rundt om på gardane, var skiljet mellom arbeid og helg mykje meir markert enn det er i dag. Folkeminnesamlaren Ola Hola frå Nesset skriv ein stad at «det siste budeiå gjor' i fjøsa julkveld'n, va' å ga oppi båsen at kvar ku og gje dei kvart sitt kornband, og så sa ho: 'i kveld e det julkveld. Et godt og trivst godt, kua mi'. Med det same ho gjekk ut tu fjøsa sa ho: 'Jesu namn'.»

Jula er eldgammal

Av Norsk Ordbok går det fram at ordet jul (eller jol) har opphavet sitt i norrønt 'jól' som var ein heidensk midtvintersfest i Norderlanda kring vintersolkverv, men det blir no brukt om tida kring minnehøgtida for Jesu

fødsel 25. desember. Dette viser at namnet 'jul' har halde seg temmeleg uendra i meir enn tusen år, men at skikkane har endra seg. Vintersolkverv er mørkaste tida av året, og etter det Ola Hola skriv, hadde dei slik respekt for mørkret i gamletida at julkvelden mjølka dei kyrne enno medan det var dagslys, for svartmakta var ikkje til å spøkje med. At dei sa «Jesu namn» når dei var ferdige og forlét fjøsen, viser vel at den nye trua hadde fått fotfeste hos vanleg folk.

Jul i samansette ord

I Romsdals Budstikkens sin lesekrete seier dei aller fleste 'jul' med tjukk l. Det er berre på grensa mot Sunnmøre – og ein mindre krete (eldre damer) i Molde sentrum – at dei ikkje brukar tjukk l. Det er nok ingen som seier 'jol' her hos oss slik som t.d. i Telemark, Agder og oppover Vestlan-

det eit stykke, men forma 'jol' finst i både salmar og songar, særleg når rimordet i neste line er 'sol'.

Jul- er eit svært vanleg førsteledd i samansette ord. Me skriv juletre, julekveld, juldissen, julegåve, men mange av oss romsdalingar seier jultre, julkveld, juldissen, julgeit, juldissen utan denne e-en mellom første og andre leddet. På fagspråket kallast denne e-en for 'bindebokstav', og dei fleste av oss brukar denne e-en når me skriv normalspråk. Men ein ringerunde (i 2016) til rundt 20 av «den romsdalske urbefolkning» viser at språkkartet er som eit stort, komplisert lappeteppe.

Skriftleg påverknad

Som innfødd eikesdaling seier eg jultre, julkveld, julmat, julgeit, juldissen osv. altså konsekvent utan denne e-en. Informanten min i Aukra kom-

mune sa det same som eg, og det gjorde også ein garva fiksdaling, ein vestnesing og ei frå Tresfjorden. No er det slik at informantar får ein aldri nok av. Eg kontakta derfor ein fiksdaling til for å kontrollere, og det var jamen bra, for han hadde med bindebokstaven i alle jul-orða, ja, til og med i 'juletefest'. Akkurat det same sa ein mann (83 år) på sørsida av Langfjorden, medan ein ny-pensjonert kar litt lenger ute i same fjorden sa juletre med e mellom ledda, men han sa både jultrefest, julsang osv. utan e. Slik veksling fann eg også på Hjelset, i Eidsbygda og i to bygdalag oppi Romsdalen. Det ser ut for meg som at 'alle' som brukar bindevokalen, har han med i juletre, men meir sjeldan i gamle ord som jul(e)mat, jul(e)dag, jul(e)aftan, jul(e)geit og liknande. Mi tru er at juletreet er eit forholdsvis nytt fenomen, og at uttalen derfor er påverka av skriftspråket og skulen.

Kåre Magne Holsbøvåg skriv i ein merknad at han trur på resonnement mitt. Han seier både juletre og juletefest, men han har ikkje med denne bindvokalen i nokan av dei gamle jul-orða.

Då denne artikkelen stod på trykk i Romsdals Budstikke 24.12.2016, oppfordra eg lesarane til å komme med merknader eller «protestar» på det eg skreiv, men det kom ingen. Kanskje er det om lag slik det er?

Frå julafta til julkveld

Ei anna endring som eg trur har med skulen og skriftspråket å gjere, er at det gamle namnet julafta er skifta ut med julkveld. Det finst nokre enno som seier julafta, men dei er i fåtal, og endå lengre er det mellom dei som skriv julafta. Eg har sett litt på dette i lokallitteraturen og folkeminnelitteraturen for Romsdal, og den største brukaren av 'julafta/julaftan' er nok O. Olafsen (1843-1932) i *Veøy i fortid og nutid* (bind 1) som kom i 1926. I Bolsøybøkene, som det kom fire bind av i åra 1939 til 1963, er temaet jul mest ikkje framme, men eg fann 'julfatan' ein gong i bind 4.

Folkeminnesamlaren Ola Hola

(1861-1949) frå Nesset brukar 'julaftan' berre éin gong i alt det han skriv om jula og det som er knytt til den høgtida. Same tendensen ser me også hos måndalingane Asbjørn Sæbø (1898-1986) og Eirik Moen (1912-2002). Dei sa nok julaftan då dei voks opp, men dei var bae ivrige nynorskbrukarar og dermed normaliserte dei språket litt for å nå ut til fleire

I *Jul i Romsdal* frå 2007 har den utflytta måndalingen Kristian Venås (f. 1932) ei gripande skildring om «Å låne julafta», og den forteljinga etterlet ingen tvil om kva som vart sagt der i garden i 1930-åra.

Jul-ord i januar

«– og jula varer helt til påske» heiter det i ein song. Dette er å tøyse det litt langt, men då eg voks opp, vart det sagt at «'n Kyndelsmess-Knut jaga jula ut». Kyndelsmess er 2. februar. Sjølv om det vart sagt slik (mest for rimet sin del, kanskje), var det ingen som praktiserte det.

Romjul eller romhelg

Eg vil tru at uttrykket 'romjul' er velkjent i heile Romsdal, og var det ikkje brukt før, har Alf Prøysen med songen «Romjulsdrøm» sørga for at det vart det. Strofer som «En skulle vøri fire år i jomjul'n da julelysa brente dagen lang», blir spela både før jul og i romjula.

Nemninga romjul er eldgammal. I Norrøn ordbok finn me oppslagsordet 'rúm-heilag' som tyder «ikkje heilag etter lova». I «Nynorsk etymologisk ordbok» av Alf Tørp er romjul forklart med «en dag som er næsten helg (halvhelg).» Somme seier 'romhelg' om tida mellom julehelga og nyårsdagen eller trettan'dagen, og det må vel bety at det var halvt helg alle desse dagane. I praksis vart mest berre nødvendig arbeid gjort. På den måten kunne dei få tid til gjestebod, selskap og festar både for store og små. Namn som romjulsfest, romjulsdans, romjulsbasar, romjulsrenn osv. vitnar om tid med samkome og overskot. I Aukra kommune kalla somme romjulsdagane for

'mylljåjul' (mellomjul, som er den vanlege nemninga i Trøndelag).

Småjul

Uttrykket 'småjul' kjenner eg berre frå Måndalen. Både Asbjørn Sæbø og Eirik Moen brukar dette omgrepet, og slik eg oppfattar det, betyr det det same som romjul. Småjul er oppslagsord i Norsk Ordbok, og truleg er det kjent i fleire romsdalsbygder enn Måndalen, sjølv om ordboka ikkje har registrert det.

Både romjula og småjula varde til langt utpå nyåret. Eirik Moen skriv at «I småjula var ungdomane i gjestebod hjå kvarandre om kveldane. Der dreiv dei med ymse slag leik og moro, men dei vart ikkje sette åt matbordet i slike lag.» Frå ei rettsak i 1841 veit me at det på ein gard på Voll var juleselskap så seint som søndag den 10. januar. «Det hekk nok att noko småjul enno,» skriv Eirik i ein kommentar til drapshendinga som førte til sjølve rettsaka. Eitt av vitna fortalde at han la seg tidleg denne søndagskvelden, for måndagsmorgonen skulle han tidleg opp for å trøske, og det var eit sikkert teikn på kvardag.

Trettan'dag jul og 'gamle juldagen'

Dette er den 6. januar, og det var ein viktig merkedag for nokre generasjonar sidan. Namnet 'gamle juldagen' (langt uti januar) kan synast rart, men i eit samfunn der folk var opptekne av tradisjonar og merkedagar, har namnet si forklaring. Den gamle kalenderen som hadde vore i bruk frå Arilds tid, var unøyaktig og måtte korrigerast. Det vart derfor bestemt at den gregorianske kalenderen skulle innførast, og i år 1700 vart dagane mellom 19. februar og 1. mars sløyfa i kongeriket Danmark/Norge, og dermed var dette året 12 dagar kortare dette eine året. Trettan'dag jul og 'Hellige tre Kongers Dag' som prestane ofte skreiv i kyrkjeboka, var frå gammalt ein og same dag, nemleg den 6. januar, og no kom 'gamle juldagen', den 5. januar, og la seg heilt inntil. På denne tida var det fullt opp med kyrkjelege markeringar alle



Juletreff med gang kring juletreet. I inste ringen syng ungane av full hals. (Foto RB/Romsdalsmuseets fotoarkiv)



Julebasar på bedehuset Eben-Eser, Sylteosen. (Foto RB/Romsdalsmuseets fotoarkiv)

årstider, og dette forstyrta på mange måtar arbeidsdagen eller arbeidsveken for folk. Noko måtte gjerast, og etter reskript av 9. mars 1771 vart

ei rad messedagar i det gamle kyrkjeåret sløyfa. 6. januar, om det var søndag, skulle høgtidast som søndag etter nyttår. Frå då av – om ikkje før

– kalla dei 6. januar også for 'gamle juldagen'. For spesielt interesserte tek me også med at i eit departementsbrev frå 25. april 1917 fekk dagen namnet 'Kristi openberrings søndag'.

Julleik

Julleik var ei samværsform som no er kjent berre frå Nesset, og oppskrivaren er sjølv sagt folkeminnesamlaren Ola Hola, f. 1861. Han hadde ikkje opplevd det sjølv, men høyrte det omtala slik: «Folk kom saman kvar jul og hadde julleik. Det var på gamle juldagen. ... Dei heldt seg til bearlaget med julleiken like eins som med dugnad, bryllaup, gravøl.» Leiken gjekk på omgang 4-5 gardar mellom. Mannen sjølv der leiken var, gjekk ut og helsa på gjestene og ønskte dei velkomne. Det var song og musikk, spel og dans, mat og drikke, morosame talar, styrkeprøver og ymse konkurransar. Det var dette som var sjølve 'leiken'. Professor Olav Bø skriv at tradisjonen med julleik hadde røter attende til middelalderen. «Den siste leiken på gammalt vis vart halden i Brækka i 1856,» skriv Ola Hola.

Trettan'dags-basar

Bestefar Henning, som representerte Det norske misjonsselskap i Eikesdalen, arrangerte støtt basar for Misjonsselskapet den 6. januar. Trettan'dagsbasaren til inntekt for misjonen vart sett på som ein høveleg måte å avslutte julehøgtida på.

Tjuan'dags-Knut

Den 13. januar var etter gammel tidsrekning 'gamle nyttårsdagen'. I min oppvekst var det tale om tjuan'dag jul, men det var berre ein måte å halde orden på dagane og vekene. Under Merkedagar har folkeminnesamlaren Ola Hola notert at både «Trettan'dags-Knut jaga jula ut» og «Tjuan'dags-Knut jaga jula ut», medan me heime i Austigard sa «Kyndelsmess-Knut jaga jula ut». Det er tydeleg at den heilage Knut var heldig som rima på 'ut'.

Ord for slektsgranskarar

I 1930-åra vart det mest som ei motesak å skaffe seg ei slektstavle. William Coucheron-Aamot hadde si klar alt i 1905, men han var no noko for seg sjølv. Det var helst folk på store gardar (eller med fornemme etternamn) som tok seg tid og råd til å skaffe seg ei oversikt over slekta på den måten. Dei som fann noko usømeleg, eller inngifta folk under sin 'stand', gjekk heller stilt i dørene og lét det vere. Eit typisk døme er då professor Daniel Håkonsen spurte forfattaren Arnulf Øverland om slektsbakgrunnen hans. «Mormor var ugift, så det ble ikke ført noen slektstavle i vår familie», var svaret.

Med Statsarkivet som næraste nabo i Trondheim, starta eg med slektsgransking i 1972. Me hadde då rabalderåret 1968 bak oss, og dei fleste heva seg over om dei stamma frå ein husmannsplass, eller om ho tippoldemor hadde barn utanfor ekteskap. Det var ikkje data den gongen, og det var mange ord og vendingar som ein måtte lære seg.

Erfaring frå kurs

Dei fleste slektsgranskarane startar med kyrkjebøkene. Dei ligg i dag digitaliserte på nettet og er lett tilgjengelege. Bøkene heiter eigentleg ikkje kyrkjebøker, men «Ministerialbok» eller «Klokkarbok». Soknepresten var 'minister', og det var hans bok som hadde/har høgst autoritet. Klokkarboka var som ei 'kopibok' å rekne, og den var god å ha i tilfelle ministerialboka gjekk tapt. (Somme meinte at klokkarboka var meir korrekt enn prestens.)

Å starte med ei ministerialbok frå 1800-talet kan vere ei påkjønning. Plutsleg står det «uægte» i ei spalte, og i feltet for «Anmærkninger» kan det godt stå «hendes første, hans andet Leiermål». Det var nok tale om 'ekte' ungar, men dei var ikkje fødte 'i ekteskap'. Presten var moralens

vaktar, og han var pliktig til å påtale slikt. Leiermål betyr samleie utanfor ekteskap, og foreldra til det uekte barnet vart så forhøyrd/eksaminert om forholdet. Fram til 1812 kravde futen inn 'leiermålsbøter', og betalinga gjekk til Reknes hospital. Det var ei 'ripe i lakken' også etter 1812, sjølv om det ikkje var bot.

Kursdeltakarar som eg hadde på 70-talet passa gjerne på at andre ikkje skulle sjå kva dei hadde funne i kyrkjeboka. Når eg var åleine med ein kursdeltakar, fekk eg spørsmålet kva dette eigentleg betydde i praksis, m.a. for arveretten frå faren.

Konfirmeret hjemmedåp og Introd.

Dette er uttrykk slektsgranskaren ofte støyter på i gamle kyrkjebøker. Nyfødde som verka svakelege, vart døypte heime av ein betrudd mann eller kanskje helst jordmora. Men dette var ikkje tilstrekkeleg til å komme med i kyrkjeboka. Derfor måtte dåpen bli «konfirmeret» (altså stadfesta) i kyrkja før 9 månader var gått. Då først vart ungen ført inn i kyrkjeboka.

'Introd.'

Kvinner som hadde fødd, måtte etter gammal skikk halde seg borte frå kyrkja i fem-seks veker etterpå. Ved første kyrkjegang etter fødselen vart dei gifte mødrene møtte med prestens velsigning i kyrkjedøra, og så vart dei førte inn i kyrkja. Presten kunne frå preikestolen fortelje at den og den var tilbake i kyrka, dvs. han 'introduserte' dei for menigheita. I kyrkjebøkene finn ein derfor ofte forkortinga «Introd.» for introduksjon for denne handlinga. Salmeboka hadde eigne salmar ved introduksjon. I Landstads reviderte salmebok, som var autorisert fram til 1984, stod det enno att ein salme under overskrifta «Mødres kirkegang». Presten tok nokre skilling for denne innføringa fordi det vart rekna som ei ministeriell handling.

For ugifte barselkvinner kunne dette vere ei vanskeleg sak fordi dei ikkje alltid fekk vere med på innføringa. Enkelte gammaldagse prestar heldt fram med denne innføringsskikken til i mellomkrigstida.

Forkortingane Hmd og Ind

For å spare plass i tronge rubrikkar, brukte prestane ei rad med forkortingar. Husmann ('Husmand') vart gjerne forkorta til 'Hmd', 'Plasmand' til f.eks. 'Plmand' og 'Inderst' til 'Ind'. Dette siste uttrykket er nærast uforståeleg for nybegynnara i faget, og skilnaden på husmann og innerst har eg forklart tallause gonger. I studietida i Trondheim budde Dagrund og eg hos ei eldre dame med sans gamle ord og uttrykk. Ho leigde ut ein hybel i same etasje som me budde i, og guten som budde der, kalla ho «innersten» sin. I ettertid har eg forstått at dette var heilt i tråd med den gamle nemninga. Han budde nemleg til leige hos henne, men han hadde eige hushald og betalte (husleige) for seg. Ein husmann (med eller utan jord) leigde hus og jord mot arbeidsplikt på garden. Ein innerst hadde ingen arbeidsplikter.

Å kaste jord på

Kyrkjebøkene fekk skjema med rubrikkar først i 1812, og før dette førte prestane inn dei ministerielle handlingane slik dei fann det for godt. Ein gong streva eg med ei lang innføring, og der stod det til slutt: «Kastet Jord paa en gammel Qvd.» Etter ei stund forstod eg at 'Qvd' var forkorting for 'Qvinde' (altså kvinne). Kvifor skreiv han ikkje namnet hennar? Visste han det ikkje?

Her må me då ha klart for oss at død og gravferd på 17- og 18- og langt ut på 1900-talet gjekk føre seg utan prest. Dei næraste la liket i kista, tok opp grav, sette ned kista og grov over. Så fór dei heim og heldt gravøl. Ved første gudsteneste etter dette – ja det kunne gå månadsvis –

tok så presten med seg kyrkjelyden ut på kyrkjegarden og «kasta jord på den døde», altså «foretok jordpåkastelse». Etter kyrkjebokskjemaet frå 1877 er det derfor tre rubrikkar for døde: «Dødsdatum, Naar begravet (og) Naar jordfestet».


Kyrkjeboka for Grytten – eit døme

Hans Jakob Wille gjorde teneste som sokneprest i Grytten i åra 1788-1792. Han hadde vore prest fleire stader m.a. som personalkapellan under Hans Strøm i Eiker, og tilhørde dei lærde. Han hadde mange interesser utanom teologien: topografi, naturhistorie, planter, dyr, statistikk m.m. Han skreiv fleire bøker om desse emna, men ikkje så mykje frå Grytten eller Romsdal. Ministerialboka hans for Grytten ber preg av system og orden, men for oss i dag er det i meste laget med latin mellom alle namna. I margane er det mest berre latinske forkortingar – gjerne med ‘:’ etter, og i det utsnittet eg viser under, har eg valt å ikkje ta det med margane. Kyrkjeboka er ført kronologisk søndag for søndag, og dei kyrkjelege handlingane som er gjort den dagen, står slik han har skrive det inn.



Sokneprest Hans Jakob Wille

Kopi frå ministerialbok for Grytten prestegjeld 1789, folio 260



Wille 1789 (s. 260)

(ved Kors) Niels Endres: Monge og Anne Arnesd: ib: - Introduc: Niels Alnæss Qvinde Aagot Olsd.: Copuleret Soldat og Ungkarl Ørge Jørgenss: Rømmem med Enken Anne Laersd: Stavem. Overstaaet Pigen Elen Knudsd: Røstøl, som blev ihielsslaget af en Steen Skride d. 9. oct: 25 Aar gammel. Kastet Jord paa Almueslemmen Marit Ingebrigtsd:

Kylling, som var verkbruden og d: 11 oct: 70 Aar gammel. Trolovet i Venjestuen Soldat og Ungkarl Hans Olss: Sk:Ving(?) med Pigen Marit Andersd: Sletta. Caut. Morten Venja og Anders Sletta.- Dagen forud catechisered med Ungdommen der, som da commun: 30 i Tallet. Søndagen 59 Communic;- (ved Grytten) Døbt Ole Ericss: Gielden og Kari Rolvsd: Søn: Rolv, fød d: 22 oct: Fadd: Eric Knudss: Gielden. Anders Knudss: Søvingen. Anders Anderss: Hovde. Gunil Sørensd: Søvingen Marit Olsd: Hovde. Marit Joensd: Søvingen. (ved Eid) Introducered min Kone Anne Dorothea Walter, som tillige med mig comunicerede ved Hr. Hans Christopher Lund, Capellean pro Persona til Veedø.

Kommentar til avskrifta:

(ved Kors). 'Niels Endres: Monge og Anne Arnesd: ib:' Dette er namna på to fadrar ved ein dåp same dagen. 'ib:' er forkorting for ibidem, som betyr 'same stad', altså Monge. Etter dette 'introduserte' han Aagot Olsd. Alnæss.

'Å copulere' betyr å 'vie'.

'Overstaaet Pigen Elen Knudsd: Røstøl' som hadde omkomme i ei steinfontn. Dette betyr at Wille var med då den 25 år gamle jenta vart gravlagd. Det vanlege var at familien gravla sine døde sjølv, og så var det jordpåkastning etterpå. Det er dette som er tilfelle for 'Almueslemmen Marit Ingebrigtsd: Kylling'.

'Trolovelse' vart ofte innført i kyrkjeboka på 1700-talet. Dette var på mange måtar eit bindande løfte, likevel ikkje så sterkt ved 'egtevielse'. 'Caut:' er forkorting av kausjonistar, altså vitne, og det var to truverding menn som er nemnde med namn. Frå eiga slekt kjenner eg til at jenta gjekk til retten for å få heva ei tru- loving. Det skjedde, men far hennar måtte nok betale for hevinga.

'Å catechisere' betyr å undervise/ foredra/samtale/overhøyre om det som står i Luthers katekisme, altså førebu konfirmantane til konfirma- sjon. Dette gjorde han dagen før gudstenesta i Kors kyrkje. Det var 30 konfirmantar, og katekiseringa vart

avslutta med nattverd. På gudstenes- ta søndag gjekk 59 til alters. Presten hadde nokre skilling frå kvar for den- ne handlinga, derfor er talet viktig. (ved Grytten). Innføringa startar med dåp, og det spesielle med Wille er at han nemner foreldra før namnet på dåpsbarnet.

(ved Eid). Her har sokneprest Wille engasjert personalkapellanen til Veøy for å introdusere prestefrua og gje presteparet nattverd. Kanskje Wille følte seg inhabil til å introdu- sere si eiga kone?

Omkring rettskriving og den tjukke l-en

På folkeskulen hadde me diktat, attforteljning og stilskriving, og på den måten lærte me både 'å skrive for hand' og å skrive orda rett. Me hadde ordliste til å støtte oss på, for på skulen måtte me lære oss rettskriving. Dvs. rett og rett – det var avhengig av kva ti-år eller hundre-år ein talar om.

Foreldra mine hadde lært å skrive 'opp' med berre ein p (altså 'op'), men dei måtte seinare lære seg å skrive det med to. Dei som derimot hadde eit etternamn på Op-, heldt oftast fram med å skrive det med ein p, medan garden eller bygda som regel følgde rettskrivinga og gjekk over til to p-ar etter kvart som dei vann seg til. Kommunestyret i Oppdal i Trøndelag vedtok i 1946 å tilrå skrivemåtane Oppdal postkontor og Oppdal jernbanestasjon, men vedtaka vart ikkje set i kraft før i 1948. Det var då gått 10 år etter at rettskrivinga var gjeldande. Men skrivevanar er seigliva. I Møre og Romsdal har me to gardar med matrikkelnamnet Opdøl/Oppdøl. Båe stadene har fått vegnamn slik det skal vere i dag, men den ein heiter Opdølvegen og den andre Oppdølvegen.

Rettskriving

Rettskriving er ikkje noko norsk fenomen. Ordet kjem frå tysk «Rechtschreibung», og den dansk-norske administrasjonen 'greip inn' alt sist på 1700-talet for å få ein nærare samanheng mellom det tala morsmålet og skriftspråket, som var dansk. Dette var ei følgje av nye skulelover i dobbelt-riket, men når ein i dag les det byråkratane skreiv for 200-300 år sidan, er det ikkje vanskeleg å sjå at dei hadde utfordringar med å skrive det som vart sagt. Enkelte ting var det nærast bannlyst å skrive, t.d. 'å' sist eit namn. Derfor

21. Male. Udt. *mā'le*. — Male NRJ. II 80. DN. X 802, c. 1550. Melle 1610. Malle 1632. 1633. Male 1669. Malle, Maloe 1723.

* Malir, Flt. af m o l f., Banke af Smaasten, især langs en Strandbred (Indl. S. 68). Der findes her udprægede Morænevolde, især langs Stranden mellem Malefeten og Male. Navnet findes i samme Form ogsaa i Voss.

44. 45. Gule ovre og nedre. Udt. *gū'le*. — Gule NRJ. II 82. Gulle DN. X 802, c. 1550. Øffuergulle, Nedregulle 1610. Gullen 1632. Gulleen 1633. Øffuer, Neder Gule 1669. Øfire, Nedre Gule 1723.

Er vel egentlig Navn paa den lille, fra Gulevand kommende Elv, som gaar forbi Gaarden, og som Schøning kalder Gula. Det maa henføres til Adj. gul r, gul (NE. S. 85).

21. Solsnes. Udt. *sō'lsnæse*. — Sylghsnes DN. X 128, 1438. Sylgisnes smst 129, 1439. Siliesnes AB. 77. Solsniss NRJ. II 91. Selliesznes DN. X 800, c. 1550. Selsnes, Solsnes 1610. Solleþnes 1632. Selliþnis 1633. Soliþnæs 1669. Sollesnes 1723.

Døme på gardsnamn som har vore skrivne med dobbel l. Det var (truleg) for å markere at namnet vart uttala med tjukk l. I nokre tilfelle har denne skrivemåten halde seg inn i vår tid og på den måten forandra uttalen frå tjukk l til dobbel l. (Kopi frå O. Rygh: Norske Gaardnavne, Romsdals amt. 1908)

finn me både Agerø og Acherø for Aukra, Sigre og Sire for Sira, Fiva for Fiva og Halse for Hals. Det merkelege er at somme elskar å bruke desse gamle skriveformene framleis med den grunngevinga at slik var det skrive ein gong, og «då må det vere rett».

Dal og Dahl

Namnordet 'dal' har i uminnelege tider vore uttala med lang a og tjukk l. Det har ført til mange skrivemåtar, især når det er brukt i etternamn/familienamn. Det var i barokken det tok av – dvs. for 300 år sidan og der omkring. Sist på 1600-talet og utover på 1700-talet vart det sett på som fint og fornemt å utbrodere namn med svulstige skrivemåtar. For å markere at a-en var lang, sette dei til ein h framfor l-en, og namn frå denne skriveskikken finn me i Dahl, Dahle, Aandahl, Bredahl osv. og i namn som Mahle og Mæhle.

Gulle og Dalle

Når ein målar hus utvendig, er det vanleg å ha på 'to strøk', for då blir målingslaget 'tjukkare'. Om lag slik

må dei ha tenkt i barokken også, men då galdt det skrivemåten av tjukk l. Éin l blir uttala med vanleg l, to l-ar bli uttala som 'tjukk l'. I alle fall vart det vanleg å skrive dobbel l om ein ville markere tjukk l. Dette er ikkje noko eg trur. Eg har det frå kona mi, som er norskfilolog. Slår du opp i O. Rygh «Norske Gaardnavne. Romsdals Amt» (1907), finst det fullt opp av døme frå denne tida: Gulle for Gule, Kiøll for Kjøl, Fenghoell for Fangholen, Hoell for Hol, Dalle for Dale, Opdall for Oppdalen (Vistdalen), Hellesett for Helset.

På gamle handteikna kart frå sist på 1700-talet finn ein restar av denne skrifttradisjonen m.a. hos kartograf og major Johan Chr. Richelieu (1719-1773). Han skreiv gladeleg både Søllesnes (Sølsnes) og Holle (Hole), men han var av dei siste.

Familienamnet Dahll

I 1880-åra dukka familienamnet Dahll opp i Molde. Det hadde seg slik: Skipper Lars Olsen Dahl frå Merdøy ved Arendal kom til Molde sist på 1700-talet, først som skipper og seinare som kjøpmann. Han en-



Då Anna Margreta Dahl gifta seg med søskenbarnet sitt, Hans Herlof Dahl i Molde i 1879, er skrivemåten i kyrkjeboka Dahl, men brørne Peter Fredrik og Bastian ønskte at barna til Anna Margareta skulle bruke slektsnamnet Dahll. Dei eldste er innførde i kyrkjeboka med namneforma Dahl, men ved folketeljinga i 1891 har barna etternamnet Dahll, like eins ved konfirmasjon. I ettertid har bae namneformene vore brukte i denne familien. Uttalen er likevel «dal» med lang a.



Søskena Peter Fredrik (f. 1854), Bastian (f. 1851) og Anna Margareta Dahl (f. 1859) hadde Dahl som etternamn, men brørne la «press» på søster si i namnesaka, (sjå bilde over).

gasjerte seg i kulturlivet, m.a. sat han i skulekommisjonen då byen fekk ny 'almueskole' i 1795. Kanskje var han interessert i 'rettskriving' for alt me

veit, for medan forfedrane, opprinneleg frå Kragerø, hadde brukt familienamnet Dahll, gjekk han over til å skriv Dahl.

Lars Olsen Dahl vart oldefar til Bastian, Peter Fredrik og (Anna) Margareta Dahl. Den siste av desse – ho som har gjeve namn til Margareta Dahls gate – gifta seg med søskenbarnet sitt, Hans Herlof Dahl. Dei fekk til saman 12 barn i åra 1880-1899, og etter forslag frå Bastian og Peter Fredrik vart alle desse døypte med det gamle familienamnet Dahll. I 100 år var så dette namnet i bruk i Molde, men eg trur ikkje at den barokke skrivemåten hjelpte brukarane med å uttale namnet deira rett. Etter kvart som folk vart vant med nye rettskrivingar på 1900-talet vil eg tru at vanlege folk uttala namnet med kort a og 'tynn l', stikk i mot det som skriftforma frå 1600-talet skulle markere.

Dall i Kristiansund

I Kristiansund har me familienamnet Dall, men det er skotsk og har ikkje noko med Dahl eller Dahll å

gjere, og det blir uttalla akkurat som det skrivst, nemleg Dall med kort a og vanleg l.

Andre familienamn med dobbel l Skriveforma Dahll for familienamnet Dal er ikkje eineståande. Typiske døme er Kjöll som har sitt opphav i garden Kjøl i Eide og Halle som kjem frå garden Hala i Todalen. Litt meir komplisert er det med familienamnet Hollen frå Julsundet. Utgangspunktet her er terrengnamnet hòla som blir uttala 'håla' (med lang o og tjukk l). Høkjønnsord som enda på -a fekk på 1800-talet nesten alltid felleskjønn-forma -en. I matrikkelen frå 1907 står det at «Gaardens navn» er «Haalen», men i merknadsfeltet er lagt til «Alm. skr. Hollen».

Formålet med å skrive dobbel l kring 1700 har i mange tilfelle hatt sin pris. Uttalen på familienamna har fortrent den opphavlege tjukke l-en i gardsnamna.

Mange slags hus

Av og til har ein meir på skrivebordet enn godt er. Det kan verke forstyrrende på dei som ikkje kjenner systemet, men eg har også opplevd at det har komme til nytte. Ein gong hadde eg ein dreia tre-sylinder med «lokk» liggande mellom papirhaugane. Ein eldre mann som kom innom for ein prat, såg på sylinderen og sa: «Ta e' de' dei kalla griffelhus, det.» Han var så gammal at han hadde brukt griffel og tavle på skulen. For at griffelane ikkje skulle brytast av i veska eller ranselen, hadde ein dei oppbevarte i griffelhuset attmed tavlå.

Griffelhus, pennhus og nålhus

Griffelhus var eit nytt ord for meg den gongen, men etter den tid har eg i grunnen bevisst samla på ord med -hus. Det viser seg då at det er mange av dei, og desse «husa» kan igjen delast inn i grupper. På skulen hadde me «pennhus» sjølv om me dei første åra berre oppbevarte blyantar og viskelær der. Eg minnest også at somme kvinner oppbevarte synåler og stoppenåler i spesielle esker, og desse vart kalla «nålhus».

Norsk Ordbok i 12 bind har sjølv sagt fått med seg at både griffelhus, pennhus og nålhus er ein spesiell type hus, og ordboka karakteriserer desse som «futtal, hylster eller øskje». Nåler på avveggar kan lett skape vanskar. «Brillehus» kjem i same kategori. Formålet er å beskytte innhaldet (mot t.d. brekkasje) og å halde orden på sakene. Eit «navarhus» derimot beskyttar det kvasse skjeret på navaren, samstundes hindrar det at folk skadar seg.

Naturskapte hus

Eple og pærer har «kjernehus» (kjenghus, kjennhus). Dette er naturen sin måte å beskytte kjernane (kjengane, kjennan) på til dei er mogne. Mogen frukt er mat for både dyr, fuglar og menneske, og på den måten spreier frøa seg. Eit anna ord for kjernehus



Tre griffelhus. To av den av runde typen. Nålhusa var mindre enn griffelhusa. (Foto Tingvoll Museum). Det tredje er heimelaga og i privat eige på Årø.

er «frøhus», og Norsk Ordbok omtalar denne hustypen som ei «gøymse for frøa».

Somme sniglar lagar eige snigelhus som dei tek med seg på ryggen. Ein snigel i eit snigelhus er beskytta mot ytre farar – nesten som griffelen i griffelhuset.

Blekkhus og sandhus

Eg minnest godt då me i 4. klasse fekk utdelt penn (pennesplitt), penneskift og blekkhus. Blekkhuset vart fylt opp med blekk frå ei blekkflaske, og me vart åtvara mot å søle både i skriveboka, på pulsten og på oss sjølve. Å velte blekkhuset var nærast sett på som skandale. Dei fleste blekkhusa var av glas. I praksis var

det i grunnen ei lita flaske med skru-lokk, men det fanst blekkhus av både sølv, blick og porselen.

Me brukte trekkpapir for å fjerne overflødig blekk i skriveboka. Før trekkpapiets tid hadde dei fin sand som dei strødde utover det som var skrive. Sanden hadde dei i «sandhus», ein liten kopp eller beger med små hol i lokket, mest som ei saltbøsse. Når sanden hadde trekt til seg overflødig blekk, bretta dei litt på dokumentet og rente sanden attende på sandhuset. Uttrykket «å strø sand på» betyr at no er dokumentet/avtalen signert, blekket er tørt, og det som står der, er bindande.

I norske museum finst det mange sandhus bevarte frå 1800-talet og



Brillehus av tre. Lesebriller var dyrebare greier når Romsdals Budstikke skulle lesast.



Navarhuset beskytta navaren. Det var helst dei store navarane som hadde eige hus.



Blekkhusa var helst i glas, og dei fanst i mange fasongar. På dette har det vore to korker.



Kjennhus eller kjenghus (kjernehus) er skapt av naturen, men heiter likevel «hus».



Hus for snepberten, eller er dette like gjerne eit etui? (Sjå meir s. 76)

hundreåra før. Embetsmennene hadde eigne oppsatsar med skrivesaker, og der hørde sandhuset naturleg med.

Krithus

Krithuset var opphavleg ein liten metallsynder eller blikkeske med eitt rom for skrivekrit og eitt for pengar. Det er slutt på den slags krithus for lenge sidan, og eg har aldri sett noko slikt, men eg kjenner uttrykket «å vere i krithus med». Det betyr «å vere godt likt», eller at ein «kjem godt overeins med nokon», men opphavleg hadde det altså med

pengar å gjere. «Å handle på krita» i tydinga «på borg» eller «ikkje betale kontant» er ein etterlevning frå det gamle krithuset. Uttrykket kjem frå eldre dansk, står det på nettet, og der står elles fleire forklaringar.

Spesielle hus

Til denne kategorien kan ein rekne opp mangt og mykje: posthus, bedehus, gudshus, uthus, litthus, staurhus ... og heilt til sist, likhus. Førsteleddet forklarar i grunnen bruken. Mange av desse husa har elles andre ord for det same, t.d. gudshus og kyrkje.

Det er ikkje så mange som går på «litl-huset» no for tida, når dei skal på do. Utedo (som eige hus) kom til Romsdal kring 1850-60, og namna på dette unemneleg huset har vore mange. Det tyske «das Häuschen» betyr rett og slett «litl-huset», men for å gjere det meir diskret vart det berre sagt «das ...», og med tida vart dette det mindre fine ordet «dass».

Det var embetsmenn, kjøpmenn og storfolk som først fekk slike hus. I branntakstar og andre offentlege dokument er det gjerne kalla «Vandhus» (Neset prestegard 1853), «Privet» (Nøisomhed og Årønes 1868),



Huse på Harøya 1954. «Har vel været den første Gaard paa Øen.», skriv O. Rygh (Digitaltmuseum)

«Locum» eller «Lokum» og «Sekret». Først etter at det vart lagt inn vatn i huset, kom forkortinga WC.

Under kategorien spesielle hus må me også ta med smurninghus, hjulhus, maskinhus og mange andre.

Husby, Huse og Hustad

Dei to første er gamle gardsnamn der førsteleddet som oftast kjem av «hus». Husby-namnet finst rundt 50 stader i Norge og betyr «garden med mange hus». Huse på Harøya og Husøya ved Ona blir av Oluf Rygh forklart med at det kanskje var der det først kom hus på desse øyane, men dette er helst mat for spesialistar. Hustad er mykje meir komplisert enn ein skulle tru. Namnet Hustad finst mange stader, men tydinga er usikker.

Ei gåte frå barndommen

Kva for eit hus er fullt med mat, men har inga dør? (Egget)



Litlhuset på hjørnet av Hammervolløa. Denne hustypen har elles svært mange andre namn.

Gamle gåter

Å gjette gåter er ei gammal form for tidtrøyte. Dei gamle (eller dei vaksne) sa fram gåtene, og så skulle ungane gjette på løysinga. Slik gjekk dette folkeminnestoffet i arv. Lars O. Skjægstad (1831-1909), som var lærar i Tomrefjorden først på 1850-talet, er ein av svært få som gjev oss eit lite gløtt inn i denne kulturformidlinga for 175 år sidan. I livsminna sine frå Tomrefjorden skriv han at når ungdommen samlast om kveldane, brukte dei tida til «lek, gåtegjetting og fortelling av eventyr og skrøner osv.» Det var andre tider den gongen.


Svært mange av dei gamle gåtene gjekk på rim, og for å få innhaldet til å rime, vart det ofte brukt ord og vendingar som slett ikkje var så lette å forstå. Den materielle og kulturelle utviklinga det siste hundreåret har gjort at fleirtalet av dei gamle gåtene rett og slett er gløymde. Innhaldet eller bildebruken er heilt framand.

15 gåter

Agnar Skeidsvoll frå Tresfjorden interesserte seg for mange ting, m.a. skreiv han opp gåter han hadde samla i bygda. 15 av desse gåtene fekk han trykt i Romsdal sogelag, årsskrift 1928. Sjølv kjente eg 3-4 variantar av dei, men dei fleste er nærast uløyslege sjølv for ein museumsmann som nesten heile livet har interessert seg for gamle handverk og bruksgjenstandar. Her er ei av dei meir forstålege:

Hesteselen

«I skogja e de runne,
i hatla e de funne,
i smien e de smidd, barka og beitt
smurt med feitt,
hoppa på ein hårpung.»
Svaret er altså 'hesteselen', men i dag må det litt fantasi til for å sjå for seg dette. Mi tolking er at 'bogtrea' er laga av hatl (hassel) som har vakse i skogen, alt av jarn er smidd i ei smie,



Gåta om hesteselen er ikkje så lett. For dei fleste er ein sele, ein sele. Det er greitt at det er både tre, smidd jarn og lær, men å kalle hesteryggen ein 'hårpung' gjer det heile mystisk.

medan lærreimene er barka og beitt (beit: kjøpestoff brukt ved garving?) og deretter smurt med tjøre tilsett sauefeitt. Hårpungen er då sjølvsagt hesteryggen.

Bjørn E. Moen, Sylteosen i Fræna, har ein litt annan versjon av den

same gåta, etter Johan Sylte «på Gaddhauga»:

«Hogde i skogja,
smidd i smien,
barka og beitt,
smurt med feitt,
hoppa på ein hårpung.»



Nype, eller «knupe» som eg seier, er verkeleg fine. Det var ein ressurs før i tida. Me plukka knupe og tok ut steinen med ei teskei. Me fekk då knupelus på oss som kleia. Mor koka knupesylte om haustane.

Kvenn med kvennarenne i Oppigard, Eikesdalen. Kvennsteinane som dansa rundt og kvad (dvs. laga lyd), er inni huset, medan ho «Lange-Mari» er vatnet i bekken som dreg kvenna.

Den første gåta eg kan minnst, trur eg var henta ut frå ei (lese-)bok. Her er ord og uttrykk normaliserte til nynorsk, og gåta er slik:

«Fire hangande, fire gangande,
to peikar opp mot sky, to viser veg
til by
og ei diltar etter.»
At dette er 'kua' med spenar, føter,
horn og augo, forstår også dei min-
ste. Det som 'diltar etter', er sjølvsgt
ku-rumpa, som no blir kalla 'halen'.

Kverna er meir fjern enn kua

For 100 år sidan fanst det bekkverk-
ner på svært mange gardar. I Veøy
herad t.d. var 70 bekkverkner i drift
i 1919, og då vil eg tru at så godt som
alle ungar hadde sett ei gardskvern
som var i bruk. For desse var følgjan-
de gåte nokså lett:

«Stuttstakken dansa og Kvint-Ola
kvad,
etter kom ho Lange-Mari spurde kva
det va'.»

Når oppåsteinen på kverna går rundt,
liknar han eit kort skjørt som dansar.
Den monotone lyden frå steinane er

som eit 'kvad', og ho 'Lange-Mari' er
ein metafor for vatnet i kvennarenna.

Ei anna gåte som me kunne, men
som truleg ikkje stod i noka lærebok,
var denne:
«Svart hatt,
raud stakk
står på trebein
full tå småstein.
Svaret er: Knupå (nypa).»

Det tvitydige og pikante

Det finst mange gåter der enkelte
metaforar peikar på ting som ikkje
har noko med det rette svaret å gjere.
Gjennom åra har eg høyrte mange sli-
ke, men denne gongen skal eg prøve
lesarane med ei gåte frå Boggestran-
da. Den 25. mars 1999 hadde eg
ein lang og interessant samtale med
gardbrukar Hans K. Bugge (1930-
2014). Formålet mitt med samtalen
var å klargjere nokre nemningar inn-
afor skogbruket, og det fekk eg, men
så ramsa han opp følgjande gåte:

«Det er ein rill og ein rall,
og ein snekkardall,
ein lærlekkar

og ein myllåstekkar
og ein rå ball.

- Kva blir laga her?»

Gåta var ny for meg, og løysingsordet
kom svært overraskande: 'flatbrød',
men når ein veit at 'den råe ballen' er
emnet til ein brødleiv, så er det letta-
re å sjå for seg kjevlinga og steikinga.
'Rill og rall' er kjevlet som går att og
fram på bakstefjøla, 'snekkardallen'
er mjølkoppen, og 'myllåstekkaren' er
speia (spildra) som ein legg på og snur
leiven med på takka. Det nylaga(?)
ordet 'lårlekkaren' som ikkje finst i
norske ordbøker det eg veit, forklarte
Hans var 'rullen, trinsa eller slettaren'
som bakstekjerringane brukte når dei
glatta jarane på leiven etter at dei had-
de kjevla ferdig (sjå foto).

I mange år hadde eg mykje kon-
takt med Johan A. Friisvold (1897-
1996) i Eidsbygda. Han hadde eit
svært godt minne, og på oppfordring
skreiv han fleire artiklar i Romsdal
sogelags årsskrift. Ein gong spurde eg
rett fram kva slags 'seksualundervis-
ning' som fanst i hans ungdom. Han
tenkte seg litt om, og så sa han: «Det
var noko dei kalla 'markaprat' før i



Aase Tøndel bakar flatbrød. Her er det både kjevle, snekkardall (mjølkopp bak t.v.) og mange råe ballar. Det er «lårlekkaren» og «myllåstikkaren» som gjer gåta pikant.



Rullen (trinsa, slettaren) blir kalla 'lårlekkar' i gåta. Det er vel helst berre eit rim-ord.



Jenny Øveraas spinn for publikum på Romsdalsmuseet 1981. Ho har 'tullane' på fanget (låret), og etter kvart som tråden er høveleg tvinna, går han inn gjennom rokkepipa ('hølet') og inn på snella.



Speiå er sjølvforklarande.

tida, og det var helst gamle ungarar som stod for den.»

Begrepet 'markaprat' treng litt forklaring i vår tid. Det var nemlig litt strengare moralnormer som rådde grunnen heime ved husa enn ute i skog og mark og på setra. Markaprat var på grensa til det somme kalla usømmeleg «styggeprat», og dei to gåtene som kjem no, er av dette slaget, men merk deg: Det er din fantasi som blir sett på prøve.

Kva er det som dilla og dåra
Og hoppa på låra
Og som blir stivar til nærare det
kjem hølet?
(Svar: Ull-tullane som blir spunne til garn på rokken. Sjå bildetekst.)

Ku-raut og vår
Hesthovan slår
Og skumhatten står
Mellom pikenes lår.
(Svar: Seterjenta som mjølka på setra.)

PS. Folkeminngranskarane seier at gåter er ein vestlandstradisjon framfor andre sjangrar i folkediktinga. Det er då ikkje så merkeleg at Arne Garborg har ein slik gåte-episode i Haugtussa. KMH

Rim og regler

For vel 100 år sidan skreiv Nils Magerøy (1883-1961) ned viser, regler og rim som han hadde lært i ungdommen. Alt i 1908 stod nokre på trykk i heftet «Nokre visestubbar ifrå Nordmøre og Romsdal», men han samla vidare, og i 1943 gav han ut «Gamle visor og kvedor» saman med broren Arne.

Mykje vatn har runne i havet etter 1943, og i dei drygt 75 åra som har gått, har berre ein brøkdel av dette materialet overlevd gjennom munnleg overlevering.

Ein og to gjorde sko

I dette stykket vil eg sjå på to regler som eg lærte i barndommen, men også desse er no på veg ut. Den første går slik:

Ein og to gjorde sko
tri og fire tenda rive
fem og seks dro te vegg
sju og åtte bytte våtte
ni og ti bygde smi
elløv – tølv la gølv
tretten – fjorten bytte skjorten
femten – seksten erta kveksten
søtten – atten mett på natten
nitten – tju stal ei rompelaus ku,
og det va' i og du!

Mange variantar

I 2006 spurde eg medlemmene i Romsdal sogelag om dei kjente denne regla. Det kom inn fleire svar, men rimorda var delvis ulike sjølv om tal-para var dei same. Eg la dette materialet berre til sides i håp om å få kunne bruke det ein gong, og no synest eg det er på tide.

Dei to første linene er så godt som like hos alle, og tydinga her er klar for dei fleste (sjå bilde). Men kva betyr så «fem og seks drog til vegg»? I Vestnes har dei varianten «køyrde til vegg» i staden for «drog til vegg», og eg trur det betyr å få skaffe «til veies», altså «få heim» til (hus-)veggen om du vil.

Sju og åtte rima sjølvst på



Å tinde rive var noko alle måtte gjere før slåttonna. Her er det Ole Sæbø frå Rødven som demonstrerer det på Romsdalsmuseet 1980.

«potte», så her er det mange variantar. Det same gjeld ni og ti som «bygde smi», «rente på ski» eller «skulle ri». Her er dei heldige dei som sa «nie – tie bygde smie», for det rimar betre.

Nordmørsk vri

«Ellev - tolv la (ned) golv» eller «vaska golv» er stort sett likt hos alle, men dårlege rim kjem alt ved tretten – fjorten. Eresfjordingen Olaug Øverås fortel at dei brukte nordmørsforma «trettå - fjortå bytte skjortå» og slik fekk det til å rime. Det same gjorde

også Helma Misund frå Vestnes og Marit Talberg Aarset på Vågstranda. På Tornes løyste dei rim-problemet med å seie «sprang i skjorten» skreiv Niels Drejer i 2006.

«Femten – seksten lærte leksen» eller «skodde hesten». Båe to går godt i ei regle som dette, men somme sa «femtå – sekstå» og det rima på både «sprang på lestå» og «bytte på hestå».

Sytten – atten rima på både «gjekk på gaten», «bar inn vatn» og «tok tå hatten». Her har Hans Mundal nordmørsvarianten «Syttjå - atjå baka kakå».



Kanskje kan dette vere ei høveleg møsrømkrukke? (Foto Romsdalsmuseet)

Martha Gunnerød kokar prim i Danielbua ein olsokdag på Romsdalsmuseet. Prim og myseprim (møsrøm) er nesten det same. For 100 år sidan brukte 'alle' møsrøm på brødskiva, og då hadde denne regla eit innhald alle forstod. Er det rørespaden som er 'møsrømkroken'?

Kua hans Ola i Bud

Det toppar seg i siste lina. Borghild Bugge seier «nitten – tju fór te Bud og stal ei rompelaus ku frå 'nå Ola Bud, og det var verken i enn du», medan Marit Aarset dramatiserer det heile med å seie at du «stal ei rompelaus ku frå 'nå Ola i Bud. Det va'kje i, men **du din åpenbarlege ku-tju!**» og så plutseleg peike på den du les regla til.

Hans Mundal har ein nordmørsversjon som sluttar slik: «Nittjå – tju leid ei ku over ei raudmåla bru. Det var e og du og Abelfru.» Andre har også med namngjevne kyr i denne lina.

Ola dilt, Ola dalt

Denne regla lærte eg slik i 1950-åra:

Ola dilt, Ola dalt
 Ola spikjisild og salt,
 Ola rømme, skjør og kokk
 Ola utskjeta brok
 Ola bæ-hæ-hæ

Som ungar hadde me ikkje lov å seie dette høgt fordi tredjelina er mindre fin. «Kokk» (med normalisert skriveform 'kukk') betyr rett og slett mannskit, og det ville ikkje dei vaksne at vi skulle seie. Ein telefonrunde viser at ordet er velkjent i mi aldersgruppe over heile Romsdal, men det er ikkje med i det aktive ordforrådet lenger. Ei skreddartaus frå Nordland fortalde at «ungen hadde kokka i bleien», og eg kan ikkje skjønne at det er verre enn å seie «bæsja i bleien».

Eg har i vinter spurt jamaldringar om dei kan denne regla, og då viser det seg at 'alle' kan line 1, 2 og 5 (Ola bæ-hæ-hæ), men ikkje 3 og 4. Det er nok line 3 som er problemet.

Vistdalsvarianten

Ola dilt, Ola dalt
 Ola spikjisild og salt,
 Ola møsrømkrok
 Ola utskjeta brok
 Ola bæ-hæ-hæ

Denne har god rytme, og rimet er godt, men kva er så 'møsrømkrok'? Møsrøm er myse som er innkoka til myseprim, ein slags graut som vart brukt til pålegg. Først tenkte eg at møsrømkrok var namnet på den røresleiva som dei brukte når dei 'koka inn' primen, men i ein versjon i Norsk ordbok (frå Frøya), lyder tredjelina slik: Ola møsrøm i krok', altså ei krukke med møsrøm, og det gjev mening, men om dette får fart på magen, skal vere usagt.

Ord frå åker og trøskarlåve

I ein tidlegare artikkel skreiv eg om vår og våronn, og då er det vel naturleg at eg held fram med nokre ord og uttrykk som har med moden åker, innhausting og trøsking å gjere. Før i tida var dette eit viktig og svært krevjande arbeid, og reiskapane som vart nytta og måten det vart gjort på, var nærast uendra i generasjonar. Mange av orda har derfor rot i norrønt språk.

Innhausting

Når halmstrå og aks hadde gulna, tala dei om at kornet eller åkeren var 'skjær', dvs. at han var moden for skjering. Til dette arbeidet brukte dei 'sigd' – ein halvmåneforma ljå-liknande reiskap med kort skaft. Dei 'skar' kornet, dei 'slo' det ikkje, og i kornåkeren stod kar og kvinne side om side. Dei vart alle støle og stive i ryggen og på baksida av låra, og det var vondt å bøye seg. Desse smertene kalla dei 'skorabrok'. Eg har aldri skore korn med sigd, men eg har plukka potet i potetonna og veit godt kva skorabrok er. Uttrykket skorabrok er nok mykje eldre enn potetdyrkinga, men namnet er overførbart frå kornåkeren til potetåkeren. Norsk Ordbok har oppslagsordet 'skurdbrok', og det er velkjent nordover til Trøndelag.

Bendel og band

Eit kornband har 'aksløt' og 'rotløt', og det blir halde saman med ein 'bendel' av halm. Ettersom eg sjølv aldri har skore korn med sigd, vil eg sitere kva Knut R. Nerheim (f. 1904) skreiv i Romsdal sogelags årsskrift 1991: «Dei skar på bendel, som dei sa. ... Ein tok eit grep halm i handa og skar so av med sigden. Hengde

To som stilte opp for fotograf Lindahl då han kom til Reitan hausten 1885. Guten var rorskaren hans, medan Mildrid Eriksdtr. Sæter kom i arbeidskledda og det utstyret ho brukte i åkeren. (Foto Axel Lindahl)



Skuronn på Mittet kring 1910. Kar og kvinnfolk stod side om side og skar. Banda la dei bak seg etter kvart.





Reitan i Eikesdal ca. 1890. Kornbanda er samla i 'raukar' til kvelden. Når alt var skore, sette dei banda på staur. (Foto Kirkhorn)



so sigden over aksla medan ein laga bendelen. Dette gjorde ein på den måten at ein laga eit 'snar' på bendelen mest oppunder aksløyten. La so 'snaret' (knuten) oppunder arma medan ein delte rotløyten av bendelen i to deler. Bendelen vart so lagt med aksløyten oftast peikande opp til venstre, og med knuten opp. Rotløyten av bendelen vart peikande i retning mot den som skar.» Dei som skar korn, la kornet oppi bendelen og gjekk så vidare til neste. Dette kallast 'å skjere på bendel'. Det var gjerne småungar som kom etter og 'batt' bandet, dvs. knytte bendelen og dermed gjorde arbeidet ferdig.

Treve og rauke

Alt korn som var skore ein dag, vart samla saman før dei tok kvelden. Som mål på kor mykje dei hadde skore, brukte dei det gamle omgrepet 'treve', dvs. 24 band. I dagbøkene til lærar og gardbrukar Christian O. Steinsvoll i Eresfjorden er det nesten alltid notert kva dag han sådde og kor mange trevar korn han hausta. I 1893 hausta han t.d. 204 trevar og

Det var helst dei vaksne som sette kornet på staur. Ungane nådde ikkje opp. Kornstaurane var kvesste i toppen slik at det var lett å tre banda nedpå. (Foto Birkeland)



Detalj av ei sloge. I enden på skaftet er det som ei kule. Slagvolen på sloga er festa med eit tau eller ei skinnreim bak kula, og når ein trøskar, går slagvolen i ei sirkelrørsle rundt kula.

året etter 212. Avlinga varierte sterkt frå år til anna. I 1895 hausta han 268 trevar medan han i tørkeåret 1901 fekk berre 121. «Trævetallet er lidet, da agrene er tynde,» skriv han.

Var dei redd for nattefrost, sette dei kornbanda i 'raukar', dvs. dei tok nokre kornband i kvar hand og sette dei opp mot kvarandre med aksløten opp. Dei skara band inntil rauken til han var så stor dei ville ha han, og så spila dei ut rotløten på tre andre band og sette over.

Kornstaur eller hes (hesj)

I gammal tid 'staura' dei kornet, dvs. dei tredde kornbanda ned på ein staur som var spiss i toppenden. Staur som var spiss i toppenden, kalla dei rett og slett kornstaur. Dei snudde banda slik at aksløten peika mot sola eller mot den tørraste vinden, og så håpa dei på god 'kornterre'. I min barndom var det slutt på å staure kornet. Eg minnest at me 'meia' åkeren med 'meicapparat' som var påmontert slåmaskina, og så vart kornet hesja på dobbel streng. Me 'braut' halmen litt under akset,



Trøsking med sloge på trøskarlåven på Hammervoll-løa, Romsdalsmuseet. Låven var laga for trøsking med tett golv og med 'brik' i kvar ende. Hausten 2018 kjøpte eg ein treve korn (24 band) for å vise korleis dei viktigaste reiskapane vart brukt når dei trøska i gamle dagar. Det som var lagt på golvet for kvar omgang dei trøska, kallast 'ei berje'.

og så snudde me banda slik at kornet peika austover – altså mot sola og austavinden.

På Solomdalen hadde dei eit uttrykk som heiter 'martnasskjelle'. Dette var ein tørr, varm vind som kom ned Romsdalen, ut Rødvenfjorden og til Solemdalen gjennom Breiskaret mellom Skåla og Horga. Denne skjellå kom altså ved dei tider at Romsdalsmartnan var halden, og dermed har namnet ei naturleg forklaring.

Kornstålet

Tørre kornband køyrde dei inn på låven på langvogn og lagra dei i 'støer' og 'floer' i 'kornstålet'. Dei hadde ein heimlaga tre-gaffel med to tindar som dei kalla 'neip', og denne bruk-

te dei til å sende banda oppi stålet til han som la floene. Arbeidet vart gjort etter eit fast mønster slik at kornbanda skulle bli lette å ta att. Samstundes måtte ein passe på slik at aksløten ikkje kom ned på golvet, og at rotløten vendte ut mot ytterveggen. Det var viktig å hindre kornet i å mygle, og musa i å finne fram til det dyrebare kornet.

Trøskinga

Når alt var i hus, kunne trøskinga starte. Somme la kornbanda i ein sirkel på trøskargolvet, andre i ein halvsirkel alt etter kva plass ein hadde. Det som slik var lagt fram til trøsking i ein omgang, kalla dei ei 'berje'. Dette merkelege ordet har eg høyrte mange bruke, men det er først



Dei løyste bendilen på kvart band og trøska berja ein omgang til. For å få laus dei siste korna etter andre omgang 'skeia' dei bandet med ein trekam som dei kalla 'kornskei'.



Etter skeiinga låg det ein haug med halmrestar, agner og korn på golvet. Det grøvste «raka dei tå» med rive. Det som då låg att, kallast 'drøsen', og den samla dei i ein haug som vart reinska med hæråld saman med drøsen frå neste trøsking.



Til venstre: Dei kosta golvet reint, og så sette dei seg på ein krakk eller liknande og 'kasta kornet' med eit kastespjeld på langs etter golvet mot brikja i andre enden.

Over: Bordveggen i enden på trøskarlåven kallast 'brika'. Det beste kornet blir kasta lengst. Der tok dei såkorn til neste år.



Før tørking og maling vart kornet 'drøfta' med drøfting. Drøftingen var som eit flatt, vidt trau med ei metallplate med fleire små hol i. Ved å kaste kornet opp i lufta med ei brå rørsele, fekk dei fjerna støv, ugrasfrø og slikt som dei ikkje ville ha i maten.



Ein typisk drøfting med ei blikkplate/sinkplate med hol i botnen. Slike drøftingar er ofte svært gamle, velbrukte og bømte.


det siste halvåret at eg har forstått kvifor. Å 'berja' på gammalnorsk betyr 'å slå', og det er nettopp det som skjedde når dei trøska. Dei slo med 'sloga' for å få kornet laust frå halm, agner og snerp. For å få laus dei siste korna brukte dei 'kornskei' – ein grov kam av tre. Etter at halmen var borttraka, låg 'drøsen' att på golvet. Denne 'hæra' dei med 'hærsåldet', og til slutt 'kasta' dei kornet med 'kasteskuffa' eller 'kastespjeldet'.

Sloge, kornskei, hærsåld og kastespjeld heng framleis rundt om på

gardane, men dei fleste veit ikkje kva det er. Hausten 2017 sikra eg meg ein treve korn frå Eresfjorden slik at eg kunne få vist korleis reiskapane vart brukt. Den 3. november same året kom ein skuleklasse frå Kvam skole for å sjå og prøve å trøske på gamlemåten. Trøskargolvet på Hammervolløa var rydda og kosta, reiskapane funne fram og museumsfotograf Johnny Bratseth stod klar slik at denne artikkelen kunne illustrerast.

Demonstrasjonen på Hammervol-


løa slutta her, men livet og arbeidet med å skaffe mat til seg og sine gjekk vidare. Alt i andre halvdel av 1800-talet kom det mekaniske trøskemaskiner og kastemaskiner til å reinse kornet. Dette kravde meir energi enn eit menneske kunne levere, og slik kom vasskrafta, vindkrafta, hestekrafta og motorkrafta inn og både letta og kompliserte arbeidet. I det følgjende har eg teke med nokre bilde som viser utviklinga.




Trøskargolvet på løa i Oppigard var bygd opp i fleire lag slik som vist på skissa: (1) Sjølvje trøskargolvet var 5 cm tjukt og felt inn i vegg (2). (3) er golvåsane som held golvet oppe. (4) undergolv som held «isolasjonen» på plass, dvs. 3 cm tjukke bord, (5) er to lag (brukt) never, (6) to lag med 7-8 cm tjukke torver der grassida snudde ned, og oppå der (7) agner og rusk frå trøskinga.



Heimlaga 'trøskemaskine' frå Horne, Eresfjorden. Somme brukte vasskraft, andre hestevandring til å dra slike maskiner. Den første maskina av denne sorten vart laga til Vorpenesgarden i 1842. Året etter vart det laga ei til sokneprest Bjørnson.



Heimlaga kastemaskine/droftemaskine på Løvikremma, Aukra. Inne i den runde delen t.v. er det ei slags vifte som blæs luft bakover t.h. Ureinsa korn frå toppen (1), renn sakte forbi luftstrålen slik at agner og rusk blæs bort og reint korn kjem ut nede ved (2)



Frå Nordigarden på Taurå 1911-12. Mellom stua og løa står ei vindmaskine. Dei monterte trerammer med seglduk på kvar av dei fire armene, og dermed gjekk maskina rundt i vinden. Frå det det 2 m store hjulet var det snoroverføring inn på løa der trøskemaskina stod. (Når maskina var i bruk, måtte ungane vere inne.)





Eikesdal redskapslag («Trøskarlaget») kjøpte trøskarverk frå Edv. Bjørnrud i 1919. Til å dra verket kjøpte dei ein ein-sylindra Trygg-motor slik at dei slapp å bruke både hestevandring og vasskraft. Motoren er i dag på Gjermundnes landbruksmuseum. Bildet er frå ei trøsking i Utigard (bnr. 5) ca. 1926. Ståande f.v. Henning Østigård, Peder A. Oppigard, Edvard Utigard og Ingvald Kvisvik. Framme f.v. Torstein H. Oppigard, Ole A. Oppigard, Halvdan Østigård, Peder T. Utigard, Henry Finnset og Asbjørn Utigard. Verket var i bruk til ca. 1953, men dei siste åra vart det bruka elektrisk motor eller traktordrift. Foto Knut Finnset.

T.v.: Frå Tollåsen på Solomdalen sist på 1800-talet. Mellom husa står ei delvis demontert hestevandring. Stativet som held vandra opp, er fastmontert i jorda, og det stod der heile året. Den loddrette 'stolpen' hadde lager både opp og nede. Når maskina skulle brukast, monterte dei på eit stort horisontalt hjul (2-3 m i tverrmål) på toppen av stolpen, og frå dette gjekk det snordrift inn på løa. (Dørene stod opne). Eit stykke nede på stolpen var ei ca. 3 m lang, horisontal arm som hestedraget var festa i. På marka under stativet ser me sirkelen (pila) der hesten har gått i ring.

Løging og lyster

Det har vore teke laks og sjøaure med ljøster (lyster) i Litlvatnet og 'Storvatnet' i Eikesdalen i uminnelege tider, og ord og uttrykk er så gammeldagse at for uinnvigde kan det vere vanskeleg å forstå kva som vart sagt. Her er ein liten gjennomgang frå tida før petromax-lampene vart tekne i bruk i 1940-åra.

Å løge med spik

Å løge var noko av det mest spennande ein unge kunne få vere med på. Bilda som er med her, er nærast sjølvforklarande, så eg går ikkje inn på fangstmetoden. Det er det som vart sagt og gjort eg tek med her. No er det ingen som løgar lenger, så språkleg held eg meg til fortid her.

Det heitte altså å løge. Utstyret som måtte til utanom ein (lett) færing, var *ei ljøster* med eit 4 m langt *ljøsterskaft*, og for å få skikkeleg arbeids-ljøs måtte ein ha *eit løg-jarn* ('lågjeinn') til å leggje *løgspikja* oppi (sjå foto korleis dette er organisert frammi båten). Han som *stod* (med ljøster'n) måtte ha skikkeleg tjukke vadmålsklede som tolde at det spratt ei glo frå *løgja*, og mange brukte ein breibremma hatt for å sleppe å få *ljøset frå løgja i auen*. Han som *hamla*, brukte det attaste åreparet. Det vart best balanse i båten slik. Å løge med mange passasjerar i båten var tungt, men ungar skreik seg gjerne til å få vere med.

Det var vanleg å ordne seg til i skyminga, og så var det å vente til det vart *løgjør(k)t*, og var det ein liten trekk på vassflata måtte ein vente i høg om at det vart *løgstilt*.

Ein løg

Det var alltid spennande å sjå om det var fleire som skulle løge same kvelden. Såg ein at det var ljøs ved stranda ein annan stad, vart det t.d. sagt «Det er ein løg oppå Flu'n» (på Litlvatnet) eller «Det er ein løg på Øver-Vike». Ein 'løg' var altså meir



Frå ein demonstrasjon på dagtid med Tor og Henning Austigard kring 1970. Det er langt frå lögstilt. Oppi lögjarnet brente dei revil-spik (sjå s. 104-5) fordi ho var lettast å få tak i, og 30 cm lange spikskier låg best i jarnet. Han som 'stod' bestemte retninga ved å «styre med ljøster'n», og hamla måtte følgje godt med.



Ljøstra hans Edvard Osa (Edvard E. Hånde 1873-1957). Både ljøstra og lögjarnet er gjeve til Romsdalsmuseet.

enn sjølv løgen frå spika, men det var også dén som viste at det var fleire som var ute og løga den kvelden.

Slik båten var utrusta, var det naturleg å løge langs stranda same vegen som sola går, men det gjekk an å snu og løge heim att same vegen. Då løga ein rangselt (rangsoles) som ein sa, altså mot sola. Då kom båtstammen i vegen for han som stod.

Kongeleg resolusjon

Som sagt har folk rundt Eikesdalsvatnet løga i uminnelege tider for å



skaffe seg mat. Fangstmetoden var omstridd, og det kom eit generelt forbod m.a. i 1930. Då vart det søkt om unntak i lova, og ved kgl. resolusjon datert 20. mars 1936 vart det fastsett:


I medhald av lov um laks- og sjøørretfiskeriene m.v av 27. februar 1930 § 39 e, jfr. siste leden, vert fastsett: Det skal til vidare vera tillate i tida frå 10. august til og med 14. oktober å nytte lyster til fengd av fiske i Litlevatn og den del av Eikisdalsvatn i Eresfjord og Vistdal herad, Møre og Romsdal fylke, som ligg millom ei rett line frå ytste odde av Storhammaren til Røndola elv og ei rett line frå Katthamaruri til Karlsteinen.

SETRER OG SETERDRIFT I EIKESDALEN



Setrer og seterdrift i Eikesdalen

Minne frå ei gløymd tid



Finnset i Eikesdalen ein ettersommar eller tidleg haust kring 1950, kyr og hestar går på beite oppi Finnsetgjerdet. Det er nokså 'nedbeitt' som det heiter, dvs. det er ikkje mykje mat att å finne. Tre og busker kring steinar og røyser er borte. Den tida folk hadde buskapen sin på ei seter, vart slike stader som dette nytta til utslåttar, men det er lenge sidan.

Elverhøi Hotel vart opna her i 1901. Det hadde då vore husmannsplass der i to-tre generasjonar før det. (Foto Birkeland)

Innleiing

I Romsdal sogelag, årsskrift 1950 har Trond Utigard (1870-1960) ein artikkel med tittelen «Setrar i Eikesdal». Han startar artikkelen slik: «Det er ikkje mykje å skriva om seterbruk i Eikesdal. For tida er ikkje nokre setrar i bruk.» Samanlikna med det som er – og har vore – i Eresfjorden og Vistdalen, har han heilt rett, men etter tallause spørsmål om kva eg veit om den eine eller andre setra i Eikesdalen, finn eg det naturleg å lage eit oversyn over det eg har notert gjennom åra. Eg vil her først og fremst konsentrere meg om kvar dei ulike setrene låg, kva som fanst av hus og kva periode dei var i bruk. Eg vil berre i liten grad skrive noko om sjølve mjølkestellet, matstellet og avdråten fordi dette har eg berre generelle opplysningar om. Dette er elles omtala av fleire i Årsskrift 1950.¹

Vikesetra og Hoemsetra

Som namna fortel, ligg desse setrene på kvar si side av Eikesdalsvatnet, men kor gamle dei er, veit ein lite eller ingenting om. I forarbeidet til ny matrikkel i 1723 står det at gardane har skog nok til ved, men dei har ikkje seter. I Meringdalen derimot var det «1 Seter straks ved Gården», så dersom Vikesetra og Hoemsetra


hadde eksistert på dette tidspunktet, hadde det nok vore med i matrikkelforarbeidet. Eg trur at båe desse seternamna er yngre enn 1723. Helst har dei vore det som i mange bygder vart kalla «heimesetrer», dvs. at dei har rodd dit og mjølka om kvelden, overnatta på setra og så mjølka neste morgon før dei rodde heim att.

Vikesetra vart skilt ut frå bnr. 3 (på Ytter-Vike) i 1863, og kjøparen var Torstein Torsteinsen Vike, f. 1825 på Bjorli i Lesja. Han kom til Øver-Vike saman med foreldra Torstein Kristoffersen og Guri Knutsdotter i 1835. På stranda mellom bnr. 5 på Øver-Vike og Vikesetra ligg både Reitan og Steingjerdet, men desse plassane har ikkje tradisjonar knytt til setring. Torstein Torsteinsen Hattrem frå Lesja kjøpte halvparten av Øver-Vike og sette opp hus på Steingjerdet i 1832. Mindre enn tre år etterpå kom ei snøfonn og tok med seg husa, og Eli på 1 ½ år omkom i fonna. Etter dette har det ikkje budd folk der.

Til no har eg ikkje funne dokumentasjon på tradisjonell setring på Vikesetra. Truleg har dei berre rodd eller gått dit kveld og morgon og så teke med seg mjølka heim slik det er omtala over. Mor, Gunnvor Austigard f. Vike 1913, fortalde i



Stua på Vikesetra vart bygd av Torstein Torsteinsen Vike og kona Mildrid i 1860-åra. Seterdrifta må vere eldre enn det. (Romsdalsmuseets fotoarkiv)



Kart over Eikesdalsvatnet. Tala viser stader der det har vore ei eller anna form for setring. 1: Meringdalsetra nemnt alt i 1723; 2: Vikesetra; 3: «Myllå Urå»; 4: Hoemsetra; 5: Hoemdalen; 6: Seterbusteinan (Mardingalen); 7: Brautstølen; 8: Ljåstranda. (Kart: Statens kartverk/Nesset kommune 1:80 000)



Hoemsetra med Hoem i bakgrunnen. Ein familie frå Hoem slo seg ned her i 1870-åra. Først på 1900-talet budde det tre familiar her side om side. (Foto Bjørn Austigard 1981)

1998 at ho og søstera Edvarda fekk som ungar vere med Aneus Vike og Henning Vike på mjølking på eit sommararbeite dei kalla «Myllå urå» opp for (sør for) Vikesetra. Dette må ha vore først i 1920-åra, for søskenbarna Elen f. 1914 og Aslak Vike f. 1915 var også med i båten. Kanskje var det på den måten Vikesetra også fekk namnet sitt?

Eg trur at Hoemsetra har ei liknande historie som Vikesetra. «Krøtera vart leidde etter ein stig til sommararbeite der inne» står det i *Bygdeboka*, bind 7. Det var neppe seterhus for folk på Hoemsetra heller, men kanskje hadde dei ein sommarfjøs eller høyløe der. Då slapp dei å frakte mjølka heim til Hoem morgon og kveld. Jon Aslaksen Hoem fekk skøyte på bnr. 3 «Hoemsetra» i 1873, og etter det budde det folk fast der til 1990.

På det meste var det tre familiar som livnærte seg på Hoemsetra. Dei rydda og dyrka jord så godt dei kunne, og spor etter seterdrift finst berre att i namnet.

Hoemdalen

Hoemdalen er kjent for sitt gode beite fordi dalen stig sakte oppo-

ver frå Eikesdalsvatnet heilt opp til Hoembreen oppunder Gjuratinden. Folk har budd her frå mellomalderen og gjort seg nytte av dette. Det finst korkje skriftleg eller munnleg tradisjon om setring oppi dalen, men i avisa *Driva* skriv Georg Meringdal følgjande den 28.11.1987: «Inne på Fagerhaugen i Hoemdalen ved Eikesdalsvatnet fant vi sommeren 1936 rester etter en stokk med flere ringer festet rundt den. Stokken var 4-5 m lang og med en diameter på ca. 15 cm. Den lå på en flate et stykke nedenfor den kjente dyregrava der. Stokken var mye rotten etter å ha ligget i mange tiår og jernringene var mest avrustet, så det var vanskelig å få noe skikkelig bilde. Da jeg kom hjem og fortalte om stokken og hvordan den så ut, mente de gamle at den måtte ha vært brukt til å tjore kyrne til under melking, da det ikke fantes seterhus her. Muligens ble de satt i band om kvelden og lå så her til om morgenen da de skulle melkes og så slippes på beite. Henning Vike (1867-1948) var en av dem som hadde den teorien og han trodde at Guri Kylling (1853-1930), senere gift med sønnen på gården, var en av



Stokken som Georg Meringdal og brøne hans fann frammi Hoemdalen 1936. Har det vore ei seter der på 1800-talet? (Teikning G. Meringdal/*Driva* 28.11.1987)



Det er også registrert små hustuffer oppi Hoemdalen. (Foto Henning Austigard)



Ytste Mardalen sett frå Seterbuflata 1885. Her er slåttemark, rydningsrøyser, to utløer og friske almar som er pila for berre 4-5 år sidan. Mardalen må ha vore meir som ei vårseter for Austigard og Utigard. (Foto Lindahl/Romsdalsmuseets fotoarkiv)

gjeter-budeiene. Hun hadde vært her oppe med buskapen i siste halvdel av 1800-åra.»

Georg Meringdal spurte om det var nokon som kjente til setring i Hoemdalen, men det kom ikkje noko svar i avisa. Etter avisartikkelen har Kristian Austigard (f. 1943) leita etter stokken og ringane fleire gonger utan å finne noko, men han har registrert restar etter steinmurar (eller små hustuffer) i området. Stokken og murane kan tyde på at det ein gong i tida var ei form for seterdrift i Hoemdalen – kanskje på 1800-talet. Også Georg Meringdal har vore der og leita utan å finne att stokken.

Mardalen og Ljåstranda

Strendene langs Eikesdalsvatnet har vore gode beiteområde i uminnelege tider. Hans Peter Schnitler skriv om dette i 1768:² «Uti Eikesdalen bruker bøndene straks om våren å føre deres store og små fe, hester og svin, langt opp i fjelldalen, hvor de kan finne gressganger for dem på en eller annen flatslette uti avhuller, hvor myr- og annet kjær-gress kan vokse, og hvor kreaturene ikke kan komme videre hele sommeren formedelst omkring-



Seterbusteinan sett frå aust. Det er god plass (ly) under desse steinane. Bente og John Arne Vaagsæter har hytte på Seterbuflata på andre sida av steinane. (Foto John Arne Vaagsæter)

liggende høye og bratte fjell.» Han skriv altså at dei jaga krøtera «opp i fjelldalen», men dei mest typiske «avhola» finn ein helst langs Eikesdalsvatnet. Eg tenkjer her på Ljåstranda (som oftast berre vart kalla Stranda), Inste og Ytste Bjørk, Gunnhildfløten og Mardalen, men det er berre i Mardalen at det finst noko som minner om seterdrift. I Ytste Mardalen er det to store steinar som heiter Seterbusteinan, og ved desse ligg Seterbuflata

der Bente og John Arne Vaagsæter har hytta si i dag. Om det ein gong har stått ei seterbu der, eller om desse steinane har vore bruka som ei «seterbu», skal vere usagt, men eg trur mest på det første. Det merkelege er at Trond Utigard ikkje nemner Mardalen i det heile i artikkelen sin i 1950. Derimot tek han med ei segn om at det kanskje har vore setring i Mardalsbotnen, noko som for meg er heilt urimeleg.³

Men Trond hadde ein 11 år eldre bror, Ole (f. 10.04.1859), som reiste til Amerika. Han har skrivne ei bjønnahistorie som fortel noko om «seterlivet» i Mardalen, og den tek vi med her.⁴ Han opplevde det ikkje sjølv, men han hadde det etter bestefar sin, Ola Tronsden Utigard (1798-1884), og han kallar forteljinga «En dag av bjørnenes saga», og det må ha hendt ein gong mellom 1804-1810 vil eg tru.:

Vinteren hang så lenge i utover den tid, da der oftest var løv på skogen og gress på bakken. Været hadde holdt seg så stadig surt, grått og kaldt ifra nord-vest. Snøen var borte ifra dalbunnen og oppover liene et stykke. Marken var begyndt å grønnes, men den grønne gro var tynn og kort. Alt høy og halm var oppbrukt og 'brøt og gnag' var eneste redningen for buskapen. Da bestemtes å jage krøtera til Ytre Mardal. Det var meget almeskog der, så slapp man all transporten. Med krøtera ble det sendt 2 à 3 gjeterer fra hver gård. Fra hjemme var det «Mass-Anne», meg og bestefar. Bestefar gikk ut på Andersfonnhjellen for å smikke(?). Krøtera hadde vi drevet ut på Mardalssletta, men de var så urolige – bare rennte og slikka etter gro som enda var så kort. Så hørte vi et fryktelig brøl og så at alle krøtera galopperte fra alle kanter og samlet seg i en klynge midt på Sletta. Anne som var noen år eldre enn meg, hauket, skrek og sprang foran og jeg etter opp til Seterbusteinan. Fra den øvre flata tok vi ned i ura, og der kløv vi opp på høyeste steinen der. Anne kom opp på toppen før meg – må vite – og kommet dit, satte hun i et hvinende skrik og stirret og pekte nedfor steinveggen. Da jeg kom opp til henne, og så hvor hun pekte, så jeg like ned i gapet på en bjørn, der med vidåpent gap stirret på oss. Jeg hørte en lyd som ifra en fresende katt og utav det gruelige gap skjøt en strøm av store bloddråper, hvorav samme kloss(?) imot steinveggen tett ved våre føtter. Udyret stod på ei sonderrevet ku. Vi hylte, hauket, skreik og sprang derifra. Jeg tenkte ikke på noen fare for meg selv, men jeg ble engstelig for gamle bestefar. Han kunne ikke springe. Jeg måtte finne og advare han.



Ola Utigard (1798-1884) var berre gutungen då han opplevde dramatikken i Mardalen kring 1804. I panna hadde han arr av bjønnaklør etter eit møte med ein bjønn utpå Skothammaren. Vi møter han att som gammal mann med raud topphue side 76. Kona Brit var frå Austigard, og dei gifta seg i 1834. (Romsdalsmuseets fotoarkiv)

Da jeg var kommet over bekken og til stien utover Andersfonnhjellen, sprang en bjørn over stien foran meg. Jeg lyttet og skreik, men så hørte jeg øksebugg tett ved, og der var bestefar i god behold., gudskjelov! Da jeg hadde fortalt han alt, kom han med meg, og på veien til Sletta inntil vi nådde bekken, så vi tre bjørner springende over stien foran oss. Alle kom ifra vannkanten og sprang opp i ura. Bestefar reiste hjem og ikke lenge (etter) kom melkerne og med dem Erik Østigård. Han hadde både borse og økser med seg, og så var det bedre for bjørnen om den aktet seg. Erik skulle være der over natta for å hjelpe ungeflokken redde krøtera. Til den ende (dvs. formål) hugde han ned en hel del skog, der ble brakt ned på Sletta. Det ble dratt og båret i sammen ved nok til å ha et bål gående hele natta. Krøtera ble holdt rundt bålet, men ei sulten ku så sitt snitt og kom seg opp til hasselkjerrene der øverst på Sletta, og der var også bjørnen. Den slo kua ihjel. Gjeterne hørte et jammers brøl, og de forstod hva det betydde. Da sa Erik med en dyp neselyd: 'Gange de fære de



Piksteinen i Mardalen sett frå Ljåstranda. Hit opp drog bjørnen ei ku han hadde slege i hel. (Foto Hans Erik Oppigard)

no, so ska I komma ette, I, so ska de få sjå kor dinna kulå ska ga!' Straks etter kom det menn ifra gardene. De la den drepte kua på ei slo og drog den ned til vatnet, hvor de senket både ku og slo på dypt vatn og holdt det hele nede med



Sommarfjosen på Strandstølen, Ljåstranda. Fjosen vart flytta hit frå Brautstølen i Inste Mardalen i 1916. Bilvegen langs stranda kom i 1990. (Foto Bjørn Austigard 1991)

stein som de veltet på. Siden holdt de vakt oppå Sletta. Om morgenen fant de at bjørnen hadde snuset opp sin ku, og båret den opp til Piksteinen, hvor der fantes noen små rester av den.»

Ole Utigard kallar denne dramatiske forteljinga for «Ifra 'Uttai Aan' Vaaren 1804». Åa det er tale om, må vere Mardølå, men om året er akkurat 1804, er ikkje så sikkert. Ola (bestefaren) var i så fall berre fem og eit halvt år då han opplevde dette. Ytste Mardalen var ikkje seter i tradisjonell forstand på denne tida heller, men ein kan kalle det ei vårseter. Trond Utigard skriv at «det var eit sikkert merke at når det grønte på Mardalsura, kunne dei jage nauta til Mardalen». ⁵ Det er elles tydeleg at alle som hadde rettar i Ytste Mardalen, hadde krøter der den våren, men mjølkarane rodde heim med mjølka kvar dag.

Meir om Mardalen og årbyttet på Ljåstranda

Etter det som står i matrikkelforarbeidet frå 1723, var det ikkje seter under matrikkelgarden Eikesdal på

det tidspunktet, men namnet Seterbusteinan i Mardalen kan vere eldre. Det er i alle fall klart at det i uminnelege tider har vore mykje inngjerda slåttemark der. Før utskiftinga i 1870-åra var det kompliserte eigedomstilhøve, og vi veit ikkje noko sikkert om korleis slåtte- og beiterettane var før jordskiftet, men desse har truleg vore under Utigard og Austigard slik som det vart etterpå. Dette galdt på bae sider av Mardølå. På Brautstølen (stølen ned for Brauta) i inste Mardalen stod det ein sommarfjøs fram til 1916. Fjosen var felleseige, men dette året vart han flytta over til Ljåstranda på andre sida av vatnet. Der står han framleis. Det var austigardingane og utigardingane som opphavleg åtte fjosen. Mjølkarane rodde både kveld og morgon både til Stølen og til Ljåstranda der det var betre vårbeite enn i sjølve dalbotnen. Ressursane var begrensa, så på Ljåstranda var det årbyte: Bnr. 3, 8, 34 og 38 hadde mjølkekyrne sine på Stranda i oddetalsår, medan bnr. 4, 5, 6 og 7 hadde beiteretten i partalsår. I dårleg vêr var det godt å kunne

mjølke under tak, spesielt om morgonen fordi morgonsola kjem seint på Stranda.


Under ein stor stein inst på Ljåstranda laga Knut Finnset eit primitivt tak med fleire båsrom innunder. Restar er enno synlege. Det er også murane etter ei lita høyløe, 3 x 4 m, i teigen til bnr. 12.

Sjølv om både Mardalen og Ljåstranda var viktig for både mjølkekyr og husdyrhald, kan det likevel ikkje reknast som ei seter. ⁶

Seter-gardane og seterdrifta

Namnet Seter eller Setra fortel at dette området ein gong har vore seter for eikesdalsgarden, men alt for 400 år sidan var det tre gardbrukarar der, så setringa var slutt lenge før det. Dei mange gravrøysene på garden viser elles at det også var fastbuande der lenge før svartedauden, så når Setra var seter, veit eg ikkje, men truleg må det ha vore ein periode på 14- og 1500-talet.

I matrikkelforarbeidet frå 1723 var det tre sjølvveigande bønder på Setra, og dei hadde ei (felles) seter



Kart over området frå Setra/Finnset til Aursjøen. Tala viser stader der det har vore ei eller anna form for setring. 9: Gamle Gravdalssetra; 10: Gravdalssetra; 11: Botnasetra; 12: Finnsetsetra; 13: Stordalsåsetra; 14: Aurstølen. (Kart: Statens kartverk/Neset kommune 1:80 000)


som låg 1 mil frå garden. Ei «landmil» var 18.000 alner, dvs. 11,3 km, og det kan vel stemme med at setra låg i Gravdalen. Tufta til Gravdalssetra er godt synleg den dag i dag ettersom det er bygd ein stor varde der, men Kristian Sæter (1918-2016) fortalde meg i 1983 at far hans, Jonas Sæter (1885-1975), viste han tuftene av ei eldre seter på utsida (vestsida) av Breimegå i Gravdalen. Om desse tuftene let seg påvise i dag, skal vere usagt, men Marit Kvisvik (1867-1954) har fortalt at dei gjekk opp på utsida av Breimegå for å komme dit.⁷ Dette høver godt med det Bård Bårdsen Oppigard (1832-1919) fortalde i eit vitneopptak for Høg fjellkommisjonens femte grenseoppgangsfelt i 1914.⁸ Han var gardbrukar på Setra, bnr. 1, i åra 1864-66. Dei to åra han dreiv Seter-garden, setra han i Botnen, og han opplyste at det var lauskrøter på beite i fjellet mange stader. «Han tilføier, at Bottensæter også hadde været i bruk længe før vidnets tid. Hans formand på Sæter (Tore Toresen, 1793-1875)



Murar etter seterhus på utsida (vestsida) av Breimegå. Desse må vere frå 1700-talet. (Foto John Arne Vaagsæter)



Ein høg varde er reist på tuftene til Gravdalssetra (på austsida av Breimegå). Setra vart lagt ned kring 1820. Kafferast ved varden ca. 1935: f.v. Signe Sæter Nerem, Arthur Nerem, Emma Sæter (framme) og Ildrid Kvisvik. (Foto Romsdalsmuseet)



Frå Gravdalssetra 15. august 2020, om lag 200 år etter at det var slutt på setringa her. Gudbjørg Frisvoll sit på muren til eine seterbua. Innvendig mål ca. 2,5 x 6 m, men me veit ingen ting om bruken. Varden som markerer kvar stølen var, har kanskje har stått der i 100 år.

T.v. Seterbua er graven inn i bakken, og her står eg ved inngangen. Døropninga er bak meg.

Over: Murrestar etter eit hus av noko slag. Det er to slike i området, men bruken er uviss.



Den andre seterbua i Gravdalen er også graven inn i bakken. Her er restar etter ei grue (?) og ein mur som kanskje var sett der for å halde taket oppe. Ved inngangen veks mykje bjørk.



Kristian Austigard ved ei tuft på Finnsetetra 15. august 2020. Dette er truleg det einaste som er bevart frå denne setra.

hadde været med å flytte den ned fra Gravdalen. I det hele tat har denne sæter vært flyttet tre ganger, og opsitterne på Sæter har drevet sæterbruk i fjeldet fra Arilds tid, såvidt vidnet har hørt. Det første sted hvor sæteren stod på, var i nedre ende av Gravdalsvatnet, (så) på vestre siden av Breimegå, omtrent ret ovenfor der hvor den senere Gravdalsseter lå. Grunden til at sæteren blev flyttet så mange ganger var, at der blev litet skog til vedfang.»

Kva år dei flytta frå utsida av Breimegå til austsida, veit vi ikkje noko sikkert om, og ein veit heller ikkje noko om seterhusa som stod der. Ein høg varde har stått på den gamle seterstølen i meir enn hundre år. No er det frodig bjørkaskog der, men etter tradisjonen måtte dei altså flytte frå Gravdalen fordi all skogen var brukt opp som brensel. Etter flyttinga har det berre vore beitedyr i Gravdalen.



Botnasetra


Hans Sæter (1913-2000) fortalde meg ein gong at setringane kjøpte seterområde i Botnen av finnsetingane, og så bygde dei opp ein ny seterstøl der. Det var Gammel-Jo Seter (Jo Eriksen, 1790-1878), som sette opp seterhus her først, og det må ha vore kring 1820. Ikkje lenge etter kom dei to andre brukarane på Sætra etter.⁹ Det var tre seterbuer og tre fjøsar, og alle husa var bygd av stein. Gamle flyfoto viser korleis dei stod i høve til kvarandre.

Eg var på synfaring på Botnasetra saman med Hans Sæter i september 1982. Då målte eg opp og fotograferte det som enno stod. Steinbuene målte innvendig 8x7,4 m. Dei hadde to rom: frambu og mjølkebu, og rett inn for døra i frambua var det grue. Fjøsane målte 8x5 m. Det var ikkje vindu i korkje buer eller fjøsar.

Både bua og fjøsen som han Gammel-Jo bygde, stod høveleg bra i 1982. Dei tilhøyrrer Jon Sæter, bnr. 4 i 2018. Jon Sæter (f. 1951) er tipp-tippoldebarn til Jo Eriksen (f. 1790).

Dei andre seterhusa på den gamle Botnasetra var sterkt prega av forfall

Ortofoto frå 2008 (over) og 1971 (t.h.) som viser korleis seterbuene og fjøsane låg i høve til kvarandre på Botnasetra. **1:** seterbua til bnr. 1 og 2; **2:** bnr. 4; **3:** bnr 3. På denne tufta bygde bnr. 3 og 4 ei tømra seterbu som står enno. **4:** fjøsmurane til bnr. 3; **5:** fjøsmurane til bnr.1 og 2; **6:** fjøsen til bnr. 4 som enno står. Dei to steinbuene som stod i 1982, målte ca. 8 x 4,7 m utvendig, og fjøsen til bnr. 4 målte ca. 8 x 5,9 m. Framrommet i bua var dobbelt så stort som inste rommet. Dei budde framme ved døra, og innafor grua var det ein brisk (sengeplass) Dei oppbevarte avdrotten (mjølk, rømme, smør, ost, møssmør og liknande) i mørkret inst inne. (Kjelde: Norgeskart)



Under: inngangspartiet til bua hans Hans Sæter, bnr. 4. (Foto Bjørn Austigard 1982)







Over t.v.: Seterbua frå 1923 står på tufta til Kristen Sæther si seterbu, bnr 3. Han hadde den enden som snur bort frå fotografen. Jonas Sæter (bnr. 4) hadde den næraste enden av bua og det er hans gamle steinbu vi ser nede i bakken.

Under t.v. Hans Sæter (bnr. 4) restaurerte steinbua si i 1982. Dette bildet og bilda på denne sida, er frå dette arbeidet. Bua hadde ikkje vindu, berre døra sleppte inn lys.

Bilda t.h. viser takkonstruksjonen. Det var brukt mest berre virke av lauvtre, dvs. skog som voks på staden. Dei brukte runde stokkar av bjørk, osp og rogn. Tjukkare stokkar var kløyvde etter margen. Oppå «troet» var det lagt never og torv. Buene hadde såleis mønsås og sidåsar, men ikkje sperrer. Byggeskikken har altså klare trekk frå Lesja og Gudbrandsdalen. (Foto Bjørn Austigard/Romsdalsmuseets fotoarkiv)





Eldbjørg og Jonas Sæter framfor fjøsen til bnr. 4 sist i 1930-åra. Fjøsen står framleis. (Romsdalsmuseets fotoarkiv)



Steinfjøsen til bnr. 4 hadde båsrom intakt i 1982, men det er truleg av nyare dato. (Foto Bjørn Austigard/Romsdalsmuseet fotoarkiv)



Det er hogd inn initialar og årstal på fleire steinar i bua til bnr. 4.

i 1982. Setringa med mjølkekyr tok slutt før 1900, fortalde Elen Kristensdtr. Sæter i vitneopptaket sitt i 1914. «I de senere år har der ikke været drevet regelmessig sæterbruk i Botten, fordi der har været vanskelig for folk, liksom husene på sæteren begynner at bli dårlige. Det har dog så sent som i sommer været tale om at de burde begynde at bruke sæteren igjen.»¹⁰

Kring 1920 tok dei opp att setringa i Botnen, og i 1923 bygde brukarane på bnr. 3 og 4 ei tømra seterbu der dei hadde kvar sin ende. Bua vart sett opp utmed bekken, men eit forferdeleg uver ein av dei første vintrane velta bua på taket ned i bekken. Etter det vart ho flytta til tufta etter den nedfalne steinbua til bnr. 3, og der står ho framleis. Kring 1980 vart tømmerbua noko ombygd. Tradisjonell setring kom likevel ikkje i gang att på Botnasetra.

Finnetsetra

Om Finnetsetra fortalde Nils Nilsen Finset følgjande i vitneopptaket i 1914: «I hans tid har der ikke været sæterbruk i fjeldet fra Finsetgårdene. Den gamle Finsetsæteren har således ikke været i bruk i den tid vidnet mindes; men der var ruiner efter de gamle sæterhuser, og han har snakket med gamle folk som har været på sæteren mens den var i bruk. Således var der for lang tid tilbake en legdekone her i dalen som kaltes Gamle-Anne, som fortalte at hun hadde været budeie på Finsetsæteren.»¹¹ Nils N. Finset var fødd i Austigard i 1836 og gift med Guri Finset i 1863. Legdekona «Gamle-Anne» må vere den før omtala Mass-Anne, som hadde eit langt og litt omflakkande liv. Etter Gards- og ættesoge for Nesset, bind 7, hadde ho tre barn med tre ulike menn i åra 1805 til 1816, og i 1827 gifta ho seg med Erik Jonsen Austigard – den før omtala bjønnajegeren i Mardalen. Erik, som var ein litt vanskeleg mann, måtte forlate Austigard lenge før dette, og han og Anne budde på ein plass under Ner-Slenes i Eresfjorden så lenge Erik levde. Under folketel-



Aurstølen og Aurå sett frå Seljefonnene/Brønnhøbrøstet. X viser kvar seterbuua står. Før ryddinga i 2016 var både steinmurane og stølen nedgrodd med bjørkaskog. Både Aurstølen og Stordalsåsetra ligg på bortsida av elva fordi beitelandskapet var best der. (Foto Bjørn Austigard 2017)

jinga i 1865 var Anne «legdslem» i Oppigard, og der døydde ho også den 19. mars 1873. Ho er då kalla «Anne Madsd. Slenæs, Enke».

Ut frå vitneutsegna frå Nils Finset – med Mass-Anne som kjelde – var Finnsetsetra i bruk i første halvdel av 1800-talet. Ho «Gamle-Anne» må ha vore med på det meste, og det var også mor hennar, Gjertrud Olsdtr. Grytosen, som skal ha høyrte fortalt at det var setring oppi Mardalsbotnen for lenge sidan.¹² Det er klart det dreier seg om usikre opplysningar.

«Innmed Auren»

Området langs Aurå, frå Aurstaupe til Aursjøen, blir ofte omtala som «innmed Auren». Her er brattlendt, men frodig, og så lenge folk veit, har det gått ungdyr og hestar på beite der. Dei første som starta

med seterdrift her, var Ola Trondsen Utigard (den yngre) f. 1810¹³ og Knut Torsteinsen Østigard f. 1820¹⁴. I vitneopptaket frå 1914 fortalde Halvor Knutsen Finnset (f. 1835) at dei starta opp då han var i konfirmasjonsalderen, altså kring 1850. «Disse bygget sig en hytte i Stordalen ved sammenløpet mellem elvene og drev der sæterbruk med kreaturer som de kjøpte sammen. Til dels lå de der også med driftefæ.» Torstein O. Utigard meinte i 1914 at «det nu er 65 år siden der første gang optokes sæterbruk i Stordalen», altså i 1849. Når Torstein Utigard kan tidfeste dette så nøyaktig, kan det forklarast med at han i ungdommen var gjetar der for onklane sine, og han var også med ei krøterdrift til Trondheim. På den turen kjøpte han ein liten bismar som han tok med seg heim att.

Om slektskapsforholda til dei som dreiv innmed Stordalsåna, sjå eiga rame på neste side. Det er tre bruk som var involverte, og folket på desse bruka var i nær slekt. Knut vart sjuk og døydde 1857, medan Ola (d.y.) dreiv nokre år til, men slik som dette har vore framstilt av andre, var det ikkje tale om tradisjonell setring med mjølkekyr dei dreiv, men oppkjøp av ungdyr som dei selde til Vågå i Gudbrandsdalen eller til Trondheim. Ola T. Utigard (d.y.) drukna på Eikesdalsvatnet i 13.02.1864.

Stordalsåsetra – «innmed Stordalså'n»

Tradisjonell setring med mjølkekyr starta opp «innmed Stordalså'n» i 1860-åra. Det fortalde Halvor K. Finnset i vitneopptaket frå 1914.

Slektsskap og hopehav på Stordalsåsetra

Austigard bnr. 8 Torstein og Ingrid Østigård	Håka f. 1804 Brit f. 1807 Tore f. 1812 Peder f. 1816 Marit f. 1816 Knut f. 1820	→ Torstein (1835-1901) → Tobias Vike (1845-1935)	→ Henning (1867-1954) og Marit (1861-1950)
Utigard bnr. 3 Trond og Anne Utigard	Ola f. 1798 Bård f. 1801 Søgni f. 1804 Gunni f. 1808 Ola (d.y.) f. 1810 Mildrid f. 1814 Gjertrud f. 1817	→ Torstein (1835-1919) → Ola (Damp-Ola) (1851-1929)	
Utigard bnr. 4 Knut Eriksen og Mildrid Utigard	Erik f. 1826 Aslak f. 1828 Bård f. 1830 Maren f. 1832 Halvor f. 1835 Knut f. 1837 Marit f. 1841 Petter f. 1844	→ Håka (1845-1909) → Knut (1873-1957)	

Både Knut og Ola (d.y.) var då døde, men Ole Olsen Østigård (Damp-Ola) som var son til Ola (d.y.), passa seterrettane etter far sin. Han vart med litt seinare.

Det var Torstein H. Østigård, brorson til Knut, og Erik K. Utigard, svogeren til Knut, som starta opp att. På auksjonen etter Knut kjøpte nemleg Erik K. Utigard seterrettane Knut hadde innmed Stordalså'n. «Disse bygde ny seterbu og nyt fjøs og drev almindelig sæterbruk fra sine gårde. De tok også tildels med kreaturer fra andre gårdbrukere i dalen, og vidnet erindrer ialfald at Arne Nilsen Østigård, hadde buskap det oppe. ... De sæterhuser som blev sat op i 1860-årene, var en sæterbu delvis av tømmer og delvis av sten og en fjøsbygning sat på stolper og med almindelig tak, mens veggene allene var et tæt risgjerde,» sa Halvor K. Finnset i 1914, og han la til at tømmeret i seterbu kom frå ei seterbu på



Frå Austigard, bnr. 8, 1899 eller 1900. Framme sit Torstein (1835-1901) som tok oppatt setringa på Stordalsåsetra og kona Peternille (1833-1909). Bak står Marit (f. 1861) budeie to sesongar, Henning (1867-1954) gjetar m.a. i 1880 på Buvollen, dotterdotra Anna Sæmundsdotter (1887-1941, g. Finnset), Ole Olsen Østigård (Damp-Ola, 1851-1929) søskenbarn med Torstein, driftekar, og Paula (1875-1963). (Romsdalsmuseet fotoarkiv)



Marit T. Østigård og Anna S. Østigård fiskar med rognetrøer i Stordalsåhølen kring 1911. Seterbua er så vidt synleg mellom steinane i bakgrunnen. Marit var budeie her i 1880-åra, og den tida hadde dei ein båt liggande her. (Foto Knut Finnset/Romsdalsmuseets fotoarkiv)

Geitvollen ved Aursjøen. No er det ikkje tømmer i den seterbua som står der inne, berre reisverk (grindbygd). Det kan hende at Halvor Finnset blanda litt saman her. Det ser ut for meg som at tømmeret frå Geitvollen ikkje kom dit før sommaren 1881. Ola Olsen Østigård – son til Ola Trondsen Utigard (d.y.) – var godt kjent der inne, og han fortalde retten at han hadde vore med far sin med krøterdrift heilt til Vågå i 10-11-årsalderen. Han opplyste vidare at han hadde rettar i Stordalsåsetra etter far sin. Saman med dei andre som hadde setra der inne (dvs. Erik Utigard/Hååkå Utigard og Torstein Østigård/Henning Østigård), fortalde han om planane dei hadde på den tida. I 1880 leigde dei seter på Buvollen ved Aursjøen av Per Nordsletten medan dei venta på å få bygd høveleg seterhus. Det tømmeret som dei kjøpte på Geitvollen og fløta ned til Stordalsåhølen i 1881, vart ikkje bygd opp att,



Knut Finnset og Anna S. Østigård (g. Finnset 1915) ved seterbua til Stordalsåsetra kring 1911. (Foto Knut Finnset/Romsdalsmuseets fotoarkiv)



Anne-Lise Finnset, Paula Utigard og Bjørg Anne Bugge ved Stordalsåsetra ca. 1954. (Foto Henry Finnset/Romsdalsmuseets fotoarkiv)



Tobias Toresen Østigård/Vike voks opp i Geilan og var søskenbarn med Torstein (sjå s. 12). Han var gift med Kari Torsteinsdotter Oppigård (1857-1934) og dei flytta til Vike. Kari var buedeie både på Stordalsåsetra og på Aurstølen, fortalde Tore under vitneopptaket i 1914. Truleg hadde Tobias også vore gjetar der. (Romsdalsmuseet fotoarkiv)



Seterbua ved Stordalsåhølen vart restaurert i 1989 av eigarane på bnr. 4 og 8. Henning Austigard (bnr. 8) slår setervollen med ljà nesten kvart år, og på den måten hindrar han gjengroing. (Foto Henning Austigard)

og synlege tømmerrestar ligg nedst på stølen framleis.

Det er ikkje mange opplysningar å finne om buedeiene og gjetargutane som oppheldt seg på Stordalsåsetra, men Marit Torsteinsdotter (Østigård) Nerem f. 1861, fortal-

de i vitneopptaket at ho var buedeie der i 1884 og eitt år litt seinare. Ho skar namnet sitt og årstalet inn i ein stokk, og det er framleis synleg inne i bua. Marit kom seinare i teneste hos sokneprest Steen i Nesset, og det var nok meir attraktivt.

Like eins var Kari Torsteinsdotter Oppigård (f. 1857) buedeie både inn- med Stordalsåna og på Aurstølen nokre somrar. Det opplyste Tobias T. (Østigård) Vike i vitneopptaket sitt. Av «Høifjellskommisjonenens kjennelse av 1. ste juli 1927» (Oslo 1927) s. 77-82 går det også fram at Torstein O. Utigard (f. 1835), Tobias Toresen Østigård (Vike) (f. 1845), Ole O. Østigård (f. 1851), Henning Østigård (f. 1867) og Kristian Vike (seinare Finset, f. 1870) alle hadde vore gjetarar på Stordalsåsetra, men det må også ha vore mange anonyme.

Då eg voks opp i 1950-åra, vart det sagt at setringa tok slutt i 1903. Det kan ha samanheng med at bestefar Henning gifta seg i oktober det året. Elles «levde» det enno eit vårteikn knytt til setringa: «Når isen he gått øvst i Rangån er det tid for å fløtte innåt Stordalsån.» I ettertid kan det synast som dette måtte ha vore i tidlegaste laget.

Seterbua vart restaurert med m.a. nytt torvtak av folk frå bnr. 8 (Henning Austigard) og delvis bnr. 4 i 1989.

Aurstølen

«Allerede fra ældgammel tid har det vært almindelig at ligge ved Aurstølen med ungfæ og hest. Det har været snart den ene og snart den anden gård i Eikesdalen, som har ligget der på den måte, undertiden alle.» Det sa Halvor Finnset i vitneopptaket sitt i 1914. I 1872 gjekk oppigardingane saman om å bygge den steinbua som vart restaurert 2017-18. Med på bygginga var Peder Aslaksen Oppigard, Bård B. Oppigard og Hans Pedersen Oppigard. Halvor Finnset meinte at Halvor Reitan var med. Bård fortalde i vitneopptaket sitt at oppigardingane var «innover» fjellet på førehand for sjå kvar dei kunne finne eit «sæterbol, som ikke var op-tat av nogen anden».

Byggeåret 1872 var ikkje tilfeldig. Dette året vart nemleg brua over Løypåna¹⁵ og kløvvegen innover Brønnhøbrøstet¹⁶ ferdig, men dette er noko vi kjem attende til.

Fleire av vitna frå 1914 fortalde at tradisjonell setring på Aurstølen varde ikkje så lenge fordi det «stadig blev vanskeligere for folk». Ungdommen reiste heller til Amerika enn å ta på seg slitsam teneste. Trond Utigard (1870-1960), som var gjertargut på Aurstølen to somrar først i 1880-åra, meinte at setringa tok slutt i 1885. Lange, tungvinte setervegar og mangel på arbeidshjelp var grunnen til at



Bård B. Oppigard (1832–1919), Hans T. Oppigard (1838–1888) og Peder A. Oppigard («Stor-Oppigard'n», 1805–1891) midt på bildet framme, fekk bygd seterbua på Aurstølen i 1872. Først i 1880 delte Peder garden mellom sønene Aslak (f. 1834–1891) bak t.v. og Peder (1840–1932) t.h. slik at det vart fire eigarar av seterbua. Døtrene er f.v. Elen (1841–1927), Anne (1847- og Gunni (1851–1897). (Romsdalsmuseet fotoarkiv)



Seterbumurane var heilt nedgrodde etter 130 år ute av bruk. I 2016 var det stor skog både utvending og innvendig. (Foto Tor Austigard)



Torstein Oppigard og Tor Austigard har grave opp ei stor bjørkarot frå inne i bua. (Foto Bjørn Austigard)



Tor Austigard inspiserer murane sommaren 2017. (Foto Bjørn Austigard)



Hans Erik Oppigard og Tor Austigard tek matpause inne i bua. Jarngrøtta har tolt 130-140 år under skiftande tilhøve. Gryta stod opphavg i ei steingrue ute. (Foto Bjørn Austigard)



Tor Austigard, Hans Erik Oppigard og Kristian Austigard måtte grave laus mange bjørkarøter og trille ut mykje jord før dei kom ned på den delvis hellelagte tufta. (Foto Bjørn Austigard)



Gudbjørg Frisvoll og Kristian Austigard ved den nye døra han har laga. Det var Kristian Austigard og Torstein Oppigard som tok initiativ til at dei fire Oppigardsbruka skulle restaurere steinbua og dermed redde det forfedrane hadde bygd. (Foto Bjørn Austigard)

dei slutta. Etter dette vart området ved Aurstølen berre brukt til beite for ungrøter, hest og sau. Det Trond elles fortel om forholda på Aurstølen, er å finne som bildetekster i denne artik-

kelen. Utanom Trond har vi namnet på berre ein person til som arbeidde der inne, nemleg Kari Torsteinsdotter Oppigard (gift Vike, f. 1849).

Aurstølen slik Trond Utigard min- test seterlivet der inne

Opp frå Finnset og til fjells, ja heilt inn til Aurstølen var det arbeid ein slags veg so ein kunne fara der med naut og



For at prosjektet skulle vere overkommeleg både praktisk og økonomisk, vart det lagt eit «moderne» sperretak på murane. Materialar og utstyr vart frakta frå Brønnhøbrøstet ned på Aurstølen med helikopter. Terje Utigard (bildet) med fleire vart hyra inn for å få tømrararbeidet fort unna. Opphavleg hadde det nok vore eit tak av same type som på Botnasetra s. 225. T.h. for døra stod ei nedramla grue. (Foto Hans Erik Oppigard)



Torstein Oppigard laga, og sette inn, to nye vindu med 4 og 6 ruter. Med shingeltak, vinds kier, ny dør og alt synleg trevirke beisa, var prosjektet ferdig. (Foto Bjørn Austigard 2018)

hest. Det var ikkje rare vegen der han krøkte seg fram mellom djupe gjel og bratte randar. Frå Løypåna og opp på Brønnhøbrøstet hadde dei bygd mange høge murar for å koma seg fram. Men

verst var elvane Løypåna og Aurå. Over Løypåna hadde dei ei smal klopp av stokkar eller plankar, men ho var bratt og sleip så det alltid var farleg å fara ho. Det hendte dei miste krøter

der, og somtid heile kløver med ost og smør. Over Aurå var det ikkje bru. - Der måtte ein jage krøtera på elva som gjekk strid og farleg. Dette hadde med seg at ein ikkje kunne reisa med buska-



Torstein og Kari Utigard med delar av familien ca. 1892. Olav Utigard, som var med far sin på leiting etter ungdyr i 1883-84, reiste til Amerika i 1890 og er derfor ikkje med på bildet. Trond Utigard (1870-1960) t.v. bak var gjetar på Aurstølen to somrar. T.h. for Trond står Georg (1875-1966), Tobias (1865-1956) fjellfører i fleire år og Beret Anna (1877-1962). T.h. for mor si: Anne (g. Oppigard, 1863-1946) og framme Olga (1884-1965) og Torvald (1880-1960). (Romsdalsmuseets fotoarkiv)



Minnesteinen ved «Inste muren» etter ei lita oppretting i 2017. (Foto Sigmund Austigard)

pen inn til Aurstølen før flauamen var over på føresommaren.

Det bars då gjerne av stad ein av første dagane i juli. Var ein først skikkeleg framkomen, var det herlege dagar både for fe og folk. Der var overflod av hamn, og bjørkeskogen stod stor og frodig rundt stølen på alle kantar. Hamnegangen var felleseige, og alle eikesdøler hadde buskapen sin der. Aurstølen ligg omlag 600 m over havet, men hamnegangane – på Bukkeskreaane – ligg eit par hundrad meter høgre. Der var berre ei seterbu. (Sjå bilde og bildetekster.) Ho var stor etter måten

og delt i to. Den eine delen til mjølk og smør og ost, og den andre delen til daglegstue der setergjentene og gjetarane budde. Det var to setergjenter som stelte for alle mann. Bua var bygd av stein, men det var gode murar som står like gode endå. Tåket var av bjørkestrangar som var dekt med never og torv.

Fjos til kyrne fanst ikkje. Ungnauta jaga dei til Ramnåbotnen der dei gjekk for seg sjølv. På stølen kunne det vera 30 til 40 mjølkekyr, so det var strevsamt å vera budeior. Kvar mann hadde sine serskilde koppar og kar – som kakkar, dallar, mjølkeringer og stampar;

men det var ikkje meir enn ei kinne, som hørde fellesskapet til. Kvar mann hadde soleis sitt for seg sjølv. Mjølka vart soleis ikkje samanblanda.

Separator var det ikkje tale om endå. Utfor døra var storgryta innmura i ei grue med eit skråtak over. Der koka dei osten – gamalosten. Når han var passeleg koka, auste dei osten



Med midlar frå engelske fiskarar og jegerar vart det arbeid kløvveg opp Finnsetlia, bru over Løypåna og «murar» over tre tverrhamrar på Brønnhørbrøstet. Bildet er frå «Inste muren». Der reiste dei tre murarane ein stein med initialane sine på: HK (Halvor Knutsen Finnset), OG (Ole Guttormsen) og HG (Hans Guttormsen) 1872. Meir om dette på neste side. (Foto Bjørn Austigard 1983)

opp i eit ostekjørel; men først måta dei ein osteklut ned i kjørelet soleis at osten vart inne i kluten. Og so bretta dei endane av kluten over osten, la ein fjolende over og so ein stein oppå til press. Når osten var aust opp av gryta, var mysa att. Den koka dei so i hop til brim, mosebrom – som me kalla det. Smøret la dei i dallar som var passeleg store til å leggja i kløvmeisa. I midten av september reiste dei so heim att. Dei tordde ikkje vera lenger, endå hamna kunne vera like god. Dei var redd at snøen kunne legge seg i Brønnhørbrøstet, og so vart det kaldt om netene for buskapen som låg ute.

Seterbua var som før sagt delt i to med ein solid bordvegg med dør mellom frambu og mjølkebu. Tufta var dekt med steinheller. Det var to vindauge, eit noko større i frambua med 6 ruter, og eit mindre i mjølkebua. Grua var i eine hjørnet. Jarnomn fanst ikkje, men ein jarnskjerding i grua til å hengja gryter i.

Dei slutta å setra på Aurstølen i 1885 trur eg. Orsaka var dei lange og tungvinte vegane og so tok det då til å bli lite hjelp på gardane. Ungdomen reiste til Amerika etter kvart dei slapp fram for presten, og foreldra gjekk att åleine heime på gardane og hadde meir enn nok å gjera der. Setersmøret selde vel dei fleste, men dei fekk liten pris, og oftast laut dei taka varer til betaling. Osten og mosebromet fekk dei ikkje selja, det vart brukt heime på garden. Kor mykje smør dei kunne avla på setra ein sommar, veit eg ikkje, kanskje 40-50 kg på dei som hadde gode kyr. På alle gardar hadde dei 2-3 kyr heime for ikkje å bli smør- og mjølkelaus i slåttonn og skuronn. Men feite og fine var dyra når dei kom or fjellet. Det var stor skilnad på heimekrøter og fjellkrøter i so måte. ...

Liksom Aurstølen ligg også Stordalsåsetra på austsida av elva so der òg måtte buskapen symja over elva, men der var elva stillare so dei kunne bruka

båt, og det gjorde ein stor skilnad. Dei kjøpte nokre gamle hus av lesjingane og sette dei opp på Stordalsåseterstølen – både seterbu og fjøs. Dei hadde separator den siste tida der, men elles var drifta den same som på Aurstølen, og hamnegangane var dei same. Orsaka til at det vart slutt der og etter 20-30 års drift, var den same som ved Aurstølen: lange, tungvinte vegar og mangel på arbeidshjelp.

(Teksta er litt normalisert. B.A.)

På krøterleiting i 1880-åra

Olav Torsteinsen Utigard, f. 1872, reiste til Amerika 1890. Han skreiv heim til bror sin, Trond Utigard, sist i 1920-åra, og der fortel han følgjande om ein tur han hadde saman med far sin, Torstein O. Utigard¹⁷:

Næste høst bliver det 44 år siden jeg første gang så Fagerbotten og Brynberget hans Håka Austigard. Der fandt man også «Bøins»(?) ben, der i et skrin som jeg så, blev bragt igjennem dalen



Brørne Arne og Nils Nilsen var på leiting etter unghestar «innmed Auren» kring 1883-4. Då dei ikkje fann hestane, gjekk dei ned Aurstien til Finnset, dvs. dei gjekk ned på Finnsetsida av Aurstaupet. For oss i dag ser det nærast umogleg ut å komme seg ned her. Arne Nilsen var gardbrukar i Austigard. (Foto Sigmund Austigard 2018)



Olav T. Utigard reiste til Amerika 18 år gammal.

de i trav ustandseligt, antagelig sprang den slig for hilsens skyld. Jeg husker så mange af skytterne fortalte den høst, at de havde seet en enslig og altid travende renskalv. Vi havde Hågens hund «Alfa» med os, og fader «drog på smilen» til en bemerkning af mig om, at den så ikke ud til at være nogen videre god «rønshond».

Vi gik over Gjernerberget, ytre Ravnåhøen – Troldvassosen – Kjøtåmyrene og Rangåfjeldet, hvor vi gik ned, efter at fader havde udpeget Syver Leiras gamle kjødgrav, og jeg igjennem kikernten havde seet bestefar i skjorteermer og rauhue gå udover Bogan bærende en rive. Jeg husker også, da vi kom hjem, at far fortalte om min ringe mening om Hågens hund. Da lo bestefar og mindtes hvad Torstein Finset en gang sagde til Endre Austigard (1803-1876) i anledning en lignende bemerkning af ham om hunden de havde med: I ska fortelja de de, at han e monge gångu bære skjyttar ein du da, sa Torstein.¹⁸

Kløvvegen Finnset – Aursjøen

Kring 1850 kom det velstående engelskmenn i området vårt for å fiske laks. Litt seinare begynte dei også å jakte i fjella våre, og dei leigde med seg lokalkjente folk som kløvja utstyret deira opp i fjellet.¹⁹ Den Norske Turistforening, som vart stifta i 1868, starta straks med å få utbetra fjellstiane rundt om i landet vårt, og stien opp frå Finnset var ein av dei som interesserte foreninga. I ein notis i Årbok 1873 står følgjande²⁰: «Fra den øverste beboede plads, Finsetgjærdet, bærer fjeldveien brat opover. Eikesdølerne have imidlertid forpagtet

til Erisfjord kirke og jordfestet der. Jeg husker skrinet, da fader udpegede Fagerbotten til mig og jeg og Johan Oppigard som fulgte med ham på den, min første fjeldtur.

Det var bortkomne ungfø vi lette efter. De var sluppet på havning i Seljefonnerne, og borte blev de. Fader havde Engelsriflen med, og ved Rundkjøinnå, husker jeg han sa: her e de go rønsvon.

Vi så ingen rensdyr den dagen, men vi så en snehvid ørn og alle fjellene – høerne – flyerne – telerne – tjern og vatn som far fortalte navnene på. «Den store svarte hammeren der er Truhammeren,» sa han. Da, husker jeg, at jeg stundet hjem igjen så jeg kunde fortælle kammeraterne hvor uhyre langt jeg

hadde gået medens de neppe havde været mere end «midtlies».

Henimod kveldingen fandt vi på sydsiden av Bolhøen (Bollå) en større flok af de ungfø vi ledte efter. Langt utpå natten kom vi ned i lien midt imod Aurestølen, og der tog vi læge under en venlig berghammer.–

Neste dag var Arne Nilsen (Østigård f. 1829) og Nils Finset (Østigård f. 1836) i følge med far og mig og lette efter unghester i Bukkeskreerne. Hester så vi ikke. Arne og Nils hadde sine rifler med, og de skiltes med os for at se efter hesterne udover til Aurstien. Da vilde de gå ned og hjem. Fader og jeg gik over den indre Ravnåløift, gjennom Snehullet til den ytre, og der så vi en enslig renskalv springen-



bort elven til Engelmænd for 100 Spd, og disse penge have de anvendt til at forbedre den fjeldvei, så at den nu i tidsmessige slynger bugter sig opover den bratte li, der fører op på fjeldplateauet. ... Over en strid bi-elv til Aurå, der kaldes Laup-åna, fører nu en bro, og så går veien langs med fjeldkammen med Aurstaupenes vilde styrtinger bent under os.»

Kristian Finset fortel (2018) at stien opp Brattbakken er 1,5-2 m brei, og den var ferdig sist i 1860-åra. Brua over Løypåna og dei tre

murane over dei vanskelegaste partia på Brønnhørbøstet vart gjort ferdig i 1872, og minnesteinen ved «inste muren» viser at det var Halvor K. Finnset og brørne Ole Guttormsen og Hans Guttormsen Finnsetgjerdet som gjorde arbeidet.²¹

Trass i betre sti til setrene «innmed Auren», tok seterdrifta slutt på bae stølane, men den godt oppvorda stien innover til Aursjøen fekk mykje å seie for turisttrafikken og Aurutbygginga i åra som kom.

Engelskmennene Charles og Fred Oldfield inviterte Tobias Utigard (1865-1955) med som kjentmann frå Eikesdalen til Lesja i 1897. Dei gjekk nok turiststien som landsmennene deira hadde finansiert 25 år før. Opp-pakninga si kløvja dei på to merrer, og den eine hadde følet gangande etter seg. (Foto utlånt av Steinar Melkild)

Fotnotar

- 1 Endre Stranden skriv om både setrer, setertausar og seterslått i Vistdalen i Romsdal sogelag, årsskrift 1950 og 1951, og i *Romsdalsmuseets årbok 2001* har Turid Leirvoll Øverås ein artikkel med tittelen «Om seterhus, seterveggar og setring i Eresfjord».
- 2 Hans Peter Schnitler: *Beskrivelse over Romsdals Fogderie 1768 og 1789*. Molde 1974, s. 31
- 3 Det er ho Mass-Anne (Anne Madsdotter Reitan, f. 1786-) og mor hennar som skal vere opphavet til opplysninga om setring i Mardalen. Sjå *Høifjeldskommisjonens forhandlinger forsaavidt angaar 5te*

- grænseopgangsfelt. 1. utskrift av retsboken, Kristiania 1914. Anne Massdotter står også omtala i Bjarne Skorgen: Gards- og ættesoge for Neset. Bind 7, 1991, s. 139. Sjå vidare note 12*
- 4 Dette materialet er samla i Romsdalsarkivet, O 7.
- 5 Trond Utigard i *Unge Romsdal*, Julenummeret 1933, s. 366
- 6 Meir om dette i *Eikesdalen. Det finst berre ein*, 2016, s. 117
- 7 Bjørn Austigard: Feltbok 17.01.1983.
- 8 Sjå *Høifeldskommissionens forhandlinger forsaavidt angaar 5te grænseopgangsfelt. 1. utskrift av retsboken, Kristiania 1914, s. 28*
- 9 *Mottmjøl-Nytt* 2/1982
- 10 Note 8 s. 34
- 11 Note 8. s 32
- 12 Bjarne Skorgen: *Gards- og ættesoge for Neset. Bind 8*, 1996, s. 168
- 13 Dette er Ola T. Utigard (1810-1864), som seinare vart husmann i Holå under Reitan. Han var far til Ole Olsen Østigård («Damp-Ola»). Sjå note 3, s. 208-09.
- 14 Sjå note 3, s. 141
- 15 *Romsdal sogelag, årsskrift 1922*, s. 22
- 16 *Romsdal sogelag, årsskrift 1983*, s. 76
- 17 Avskrift av eit brev som manglar både start og slutt. Inga Berit Utigard og Kari Johanne Kvernberg Dajani har kopiar av brevet.
- 18 Bestefar Ola Trondsen Utigard døydde 1. oktober 1884, og brevskrivaren var fødd 1872, så dette må ha vore ein gong mellom 1882 og 1884.
- 19 *Jakt og fangst i Neset*. Tingvoll 2004, s. 90-102
- 20 *DNTs årbok 1873* s. 168-69
- 21 *Romsdal sogelag, årsskrift 1983*, s. 76-78



FRÅ ARKIV


Geistl. Præstegaard i Hornsdal

Sett og samla frå arkiv

Dei 2-3 første åra eg arbeidde med lokalhistorie, var eg svært oppteken av gamle arkivsaker. Det starta i Statsarkivet i Trondheim og heldt fram i det som no heiter Gunnerusbiblioteket. I magasinerna der var det samla både topografisk litteratur og handskrivne dokument frå Romsdal, og eg oppfatta snart at mykje av dette var det berre dei færreste som hadde sett. For meg var jakta på stadig eldre materiale – trykt eller handskrive – kjelde til spenning og begeistring, og eg vart meir og meir oppteken av å få dette ukjente på trykk i lokale publikasjonar.

Ein av dei store forfattarane på 1700-talet var professor Gerhard Schøning. Han reiste rundt i landet vårt for å samle stoff om Norge, og i 1773 kom han til Romsdal. Han reiste i følgje med biskop Gunnerus, og slik var det naturleg at dei høge herrar budde på prestegardane rundt om i distriktet. Schøning inviterte «utplukka» folk til å vise, fortelje og skrive om historiske minnesmerke og «Mærkværdigheder» som dei viste om, og slik vart boka *Reise som giennem en Deel af Norge i de Aar 1773, 1774, 1775 paa Hans Majestæt Kongens Bekostning er gjort og beskrevet af Gerhard Schøning* eit faktum. I Romsdal møtte Schøning folk som holzførster Hans Peter Schnitler, personalkapellan Henrich Lind, futen Jacob Andreas Eeg og sokneprestane Erik Røring og Jonas Jacob Schanke med fleire. Fleire av desse sende brev til Gerhard Schøning i 1774, og ein god del av desse breva med vedlegg er i dag arkiverte i Det kongelige bibliotek i København.

I 1970-åra skreiv eg av fleire dokument og publiserte stoffet i Romsdal sogelag sine bøker, Romsdalsmuseets årbok og diverse blad og aviser. Dette er å finne i bibliografien bak i boka side 259 (først og fremst i åra 1973-1977). Eg oppfatta nokså fort



Omslaget på brevet som Jonas Jacob Schanke sende til Gerhard Schøning kort tid etter besøket i 1773: Høy-Velædle og Berømmeligste Høylærde Mag. Gerhard Schøning Professor Historiarum et Antiquitatum ved Sorøe Ridderlige Academie. Brevet skulle gå først «til Molde». I venstre hjørne står: «Hosfølger en Fugl i Buur og en liden Steen», og desse skulle til Trondheim. Brevet kom fram, men ornitologar meiner at fuglen (ein åkerrikseungen) dauda fort. Det kan vere krevande å tolke både handskrifta og innhaldet i det Schanke skriv.

at det var ikkje så mange som las desse avskriftene. Det var to grunnar til det: Språkføringa og rettskrivinga på 1700-talet er ikkje så lett å lese for moderne folk, og dei som lever no, synest det er meir interessant å lese om ting dei kjenner til og kan leve seg inn i. Frå slutten av 1970-åra konsentrerte eg meg derfor meir om å samle opplevingar og opplysningar frå gamle folk som levde då (eller no), enn å skrive av gamle arkivstykker. Den som studerer bibliografien min, vil fort sjå at eg har gjort bådadelar, men det er nokså klart at dei fleste artiklane eg har skrive i årbøker, blad og aviser, i stor grad byggjer på munnleg tradisjon. Noko av det artigaste eg arbeider med, er å kombinere arkivstoff med munnleg tradisjon.

Denne boka har tittelen *Sett og samla*, og det meste byggjer på opplysningar frå folk eg har møtt. Samstundes har eg hatt liggande ting eg har henta frå arkiv, men som ikkje har vore trykt før. Noko av dette kjem her, men for å gjere det lettare tilgjengeleg er både rettskrivinga og delvis setningane forsiktig moderniserte.

Eg startar med to bidrag om vêret i Grytten, skrivne av sokneprest Jonas Jacob Schanke i 1774. Det

første dokumentet er om vêret vinterstid for åra 1750 til 1774. Han skriv mest om vind, snø og kulde, og så endar det opp i åkerpløyinga (og fôrmangelen) i april og mai. Det er vemodig å lese om kor hardt dei sleit. Den mannsalderen han skriv om, var ein svært kald periode i landet vårt. Det er velkjent frå andre kjelder, men eg har ikkje sett nokon som har så konkrete opplysningar som Schanke. Samstundes flettar han inn andre ting som vêret hadde innverknad på slik som Romsdalsmarten, svolten hos folk og dyr, ulykker og så gleder over at auriklane blomstrar.

Når det gjeld sommarvêret, skreiv ikkje Schanke så mykje om det, men han sette i staden opp ein tabell som viste kva han sådde av ulike kornslag kvart år, og så kva avlingar han fekk. (Sjå neste side). Av denne «fortegnelsen» kan «man nogenlunde slutte hvordan sommer-veiret her har faldt i de åringe, helst av høy-avlingen». Skal vi tru på dette, var 1747, 1755, 1759, 1768, 1773 og 1774 gode år, medan 1748, 1761 og 1770 var svært dårlege år, vêrmessig sett. Kornavlingane var utruleg dårlege mange år, men dette er omtala etter at tabellen er vist. (side 152-153)

Jonas Jacob Schanke:

Kort beskrivelse over vinterværet her på Grytten i de år fra 1750 til 1774 inklusive, undtagen 1751, -52 og -53


Vinteren til 1750 var såre merkelig, i henseende til, at ingen tele var i jorden og ikkun en snedynk ved juletider, som her ei lå stort over en måned. Men 14 dager før jul florerte endnu nellikene i haven, og den 8. februar var igjen alt auriklene i flor, såvelsom løv utsprunget på hyld-trærne. Men sterke sydvestlige vinder kontinuerte fast hele vinteren igjennem; så at adskillige begynte at pløye i april måneds begyndelse. Men på prestegården ble ei begyndt at pløye førend den 15. april da sne forhindret såingen til den 17. samme måned.

Om vinterværet 1751, -52 og -53 kan jeg intet visst berette; alene det har jeg optegnet, at 1751 ble her på prestegården begyndt den 22. april. 1752 den 24. samme måned og 1753 den 13. ditto.

Vinteren 1754 var så hård med sne, kulde og stormvind kontinuerlig, som ingen gammel mand kunde mindes. Og kunde ei begyndes med pløyningen førend den 9. mai, da sneen endnu lå tyk på de fleste akre hvor ei var muldet.

1755 var vinteren av den beskaffenhet at før Kyndelsesmes var her faldt ganske lite sne, men kulde. Derefter faldt en så stor snedynk især Fastelavenssøndag at mange gårder gik under av sneskred på Søndmøre, helst i Hjørundfjorden, og mange mennesker omkom. Siden var sterk kulde til først i april, da såre godt og mildt sydlig vær indfaldt, så at mange straks begyndte at pløye, ja havde avpløyet før den 15. april, da igjen sne, kulde og nordvestvinder kontinuerte derfra til den 5. mai, da her ble begyndt med pløyningen.

1756 var vinteren end blandt de merkeligste. Ti, uten at berøre de forskrekkelige jordskjelv og de prektigste steder og landskaps omkastelse i andre langt fra liggende land. Ikke heller det at Dominica




Tjellafonna som gjekk ned i Langfjorden den 22. februar 1756, er det største fjellskredet i Norge i historisk tid. 32 menneskeliv gjekk tapt. Kaptein Johan Chr. Richelieu målte opp skredsåret i fjellsida i august 1761. Det er naturlig at sokneprest Schanke skreiv om hendinga. (UBIT, Gunnerusbiblioteket)

Sexagesima den 22. februar faldt en klippe ut i Nessets prestegjeld ikke langt fra hovedkirken, som ved sjøens opveltelse omkom 32 mennesker, borttok fast alle sjøhus og alle båter på 3 miles distanse, 2 undtatt; samt fra grunden i sjøen opskyldte såvel døde mennesker som alle slags store og små fisker langt op på landet. Men alene at fra 5. mars til vårjevndøgn kontinuerte med idel sydlige og vestlige vinder og i al den tid ei noen nordenvind mere enn 1 ½ jevndøgn. Hvilket og var den naturlige årsak til bemeldte fjelds utfald, i det da kontinuerlig i 3 dager, og især samme søndag hadde faldt et forskrekkelig isende regn. Derimot fra jevndøgn av indtil den 13. mai var bestandig såre kald luft, sne og nord-nord-vestlige vinder som forårsagte at her på prestegården /;da dog mange for før-trangs skyld mest hadde avpløyet:/ for sne og teles

skyld ei kunde bli begyndt at pløye førend bemeldte 13. mai.

Vinteren til 1757 var bemerkelig i henseende til at alle fjorder herfra til Molde i november 1756 ble lagt med sjø-is, og lå fast indtil april måned så man kunde gå og kjøre derover fra Hovde til Gridset i Indfjorden, og fra Hegerholm til Nes i Isfjorden. Samme is begyndte at legge seg over fjorden fra Eidsbygden til Måndalen den 5. november så jeg den dag med stor møye kunne komme fra det første til det andet sted. Men end besværligere ble det siden søndagen derefter den 6. samme måned at komme fra Volds kirke over fjorden til Torvik, da all fjorden lå over med is hvorigjennem man med store stenger og meget arbeid måtte slå seg fart. Dagen derefter den 7. i samme måned forsøkte jeg på med 2 båter og 5 mand i hver båt at slå isen for at komme fra Torvik til Hegerholm 1 fjerding mil,



Indre delar av Romsdalsfjorden. Alt i november 1756 la det sjø-is heilt til Molde, skriv Schanke. Folk kunne gå og køyre på isen fleire stader «indtil april måned», m.a. mellom Griset og Hovde og Hegerholmen og Nes. Det skapte problem for presten å ferdast til gudsteneste.

men førend vi var komne halvveien var begge båtene sundskårne av isen. Så vi måtte gå landeveien Bjørgen kaldet, hvor ugjengelig den end var, idet alle klipper, bekker og elver var opsvulne av is, såsom forhen var faldt en hopen regn. Den 8. ditto var isen over fjorden fra Hegerholm til Nes så frossen at den hverken brast eller bar, men var dels åpen ved landet på begge sider av flø-sjøen. Her var så intet andet råd på ferde, end at jeg poster-te 8 mand med en line og ordinerte 3 favner imellem hver karl, og derforuden 2 mand på hver side av en liten båt, som jeg selv holdt i bakstavnen. Da alle sporenstreds med linen trak båten over fjorden og isen 1 fjerding mil til den andre siden. Imens de så i hast trak båten over bugnet vel isen efterhvert, men brast dog ei i stykker førend ved landet på den andre siden, da en mand kom i sjøen under armene, men jeg og de 2 med båten berget os deruti.

Men liksom denne vinterreise til sjøs var bemerkelig, så indtraf en ei mindre betydelig for meg til lands fra Kors kirke den 2. januar, som var søndagen efter nyårsdagen, hvor jeg begge dager hadde foreståt Guds-tjenesten. Ti da jeg alene kjørendes

